

Møteinnkalling

Utval:	Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Møtestad:	Digitalt, ekstra møte
Dato:	26.11.2021
Tid:	13:00

Lenke for oppkopling kjem i møteinnkalling outlook

Program

- 13:00 Opning av møtet
- 13:05- Saksbehandling til møtet kan avsluttast

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Larisa Hollund (A) stiller som vara i ledig verv.

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i hovudutval for samferdsel og mobilitet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Jannicke Bergesen Clarke
utvalsleiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 23/21	Godkjenningssaker Godkjenning innkalling og sakliste		
PS 96/21	Politiske saker Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 5/21	2021/50332	

Godkjenningssaker
GK 23/21 Godkjenning innkalling og sakliste
Politiske saker
PS 96/21 Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 5/21

 Saksnr: 2021/50332-1
 Saksbehandlar: Ingrid Kristine Holm Svendsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Finansutvalet	6/21	24.11.2021
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		26.11.2021
Hovudutval for næring	80/21	26.11.2021
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	96/21	26.11.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse	66/21	26.11.2021
Administrasjonsutvalet		29.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 5/21

Forslag til vedtak

1. Dokumentet «Budsjett 2022 / økonomiplan 2022-25» utgjør det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2022-25.
2. Driftsbudsjettet for 2022 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Rammetilskot	6 274 479
Inntekts- og formuesskatt	4 580 289
Andre generelle driftsinntekter	334 099
Sum generelle driftsinntekter	11 188 867
Sum løyvingar drift, netto	9 325 300
Brutto driftsresultat	1 863 567
Renteinntekter	55 800
Utbytte	7 000
Gevinst og tap finansielle omløpsmidlar	
Renteutgifter	265 100
Avdrag på lån	800 000
Netto finansinnt./utg.	-1 002 300
Netto driftsresultat	861 267
Disponering / dekking av netto driftsresultat: Overføring til investering	615 000

Nto avsetjing / bruk av bundne driftsfond	
Nto avsetjing / bruk av disposisjonsfond	246 267
Dekking av tidlegare års meirforbruk	
Sum disponering/ dekking nto driftsres	861 267

Netto driftsbudsjett pr sektor	1 000 kr
Politisk styring	52 820
Kontrollutval	10 580
Politisk styring, kontrollutval	63 400
Eigedom - drift og vedlikehald	550 140
Administrasjon av organisasjon og økonomi	179 760
Org. og økonomi	729 900
Plan, analyse, klima og folkehelse	45 553
IKT og digitalisering	145 307
Administrasjon av strategi og digitalisering	6 540
Strategisk utvikling og digitalisering	197 400
Pasientbehandling	267 920
Administrasjon	13 680
Tannhelse	281 600
Arkiv	9 563
Bibliotek	12 152
Kulturformidling	21 362
Kulturarv	108 014
Idrett og friluftsliv	34 852
Inkludering, strategi, analyse	20 381
Kunst og kulturutvikling	109 748
Administrasjon av kultur og idrett	7 728
Kultur, idrett og inkludering	323 800
Veg-, drift og vedlikehald	1 212 290
FTU - midlar	17 150
Administrasjon av infrastruktur og veg	30 615
Andre tiltak - infrastruktur og veg	1 045
Infrastruktur og veg	1 261 100
Buss	1 082 556
Bane	64 722
Ferje	938 024
Båt	280 025
Fellestenester	213 786
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	110 987
Mobilitet og kollektiv	2 690 100
Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	11 202
Verdiskaping i byar/regionar	16 770
Naturressursar, landbruk og reiseliv	33 006
Forskning, kompetanse og internasjonalisering	36 805
Grøn vekst, klima og energi	15 735
Utviklingsmidlar	37 282

Innovasjon og næringsutvikling	150 800
Vidareg. oppl. i skule inkl særskilt tilrettelagt oppl	2 834 827
Vidaregåande opplæring for vaksne	68 595
Fagskule	20 979
Andre føremål opplæring	64 803
Opplæring i bedrift	597 387
Administrasjon av opplæring & kompetanse	30 809
Opplæring og kompetanse	3 617 400
Sum sektor	9 315 500
Lønsavsetjing, premieavvik	9 800
SUM Netto Drift	9 325 300

3. Investeringsbudsjettet for 2022 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Investeringar i varige driftsmidlar	5 618 100
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	5 618 100
Kompensasjon mva	826 122
Tilskot frå andre	1 735 348
Sal av varige driftsmiddel	15 700
Bruk av lån	2 390 380
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	4 967 550
Overføring frå drift	615 000
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond	35 550
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	
Dekning av tidlegare års udekket beløp	
SUM Overføring frå drift og netto avsetjing	650 550
Framført til inndekking seinare år	-

Investeringar pr sektor

	1 000 kr
Fellesfunksjonar	528 700
Opplæring	1 004 100
Tannhelse	31 600
Regional utvikling	10 600
Kultur	23 700
Fylkesveg	2 771 100
Kollektiv	1 248 300
Sum investeringar varige driftsmiddel	5 618 100

- Fylkestinget godkjenner nye låneopptak på 2 390,38 mill. kr.
- Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
- Fylkestinget godkjenner økonomiplanen sine rammer for 2023-25. Rammene vert lagt til grunn ved utarbeiding av økonomiplan for perioden 2023-2026.

Samandrag

Finansutvalet har det politiske ansvaret for budsjettprosessen, og utarbeider framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune. Det vert lagt fram eit samla budsjettdokument som vedlegg til arbeidsdokument 5/21. Dette er i stor grad ei samanstilling av tidlegare framlagde arbeidsdokument i finansutvalet, og tilhøyrande prosessvedtak.

I tillegg til det som er presentert i tidlegare arbeidsdokument, er budsjettdokumentet supplert med innleiing, klimabudsjett, økonomiplan, budsjettreglement og finansielle måltal. Nytt i år er eit eige kapittel som omhandlar kopling mellom ulike plantypar og budsjett/økonomiplan. Det vert og peika på sektorane sine innarbeidde salderingstiltak. Som vedlegg til saka er det utkast til eit meir detaljert budsjett for kultur, idrett og inkludering. Her er det vist forslag til korleis tilskota i sektoren kan fordelast på ulike mottakarar.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:
Arbeidsdokument 5
Vedlegg til arbeidsdokument 5 - Budsjettdokument
Vedlegg - Sektorbudsjett Kultur, idrett og integrering (versjon 2)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I det femte arbeidsdokumentet til finansutvalet i 2021 presenterer fylkesdirektøren følgjande moment:

- Budsjettdokument 2022 - økonomiplan 2022- 2025
- Handsaming av arbeidsdokument 5
- Oppfølging førre finansutval - arbeidsdokument 4
 - Ferjeavløysing
 - Pensjon - premieavvik
- Drifts- og investeringsbudsjettet arbeidsdokument 5
 - Driftsbudsjett
 - Investeringsbudsjett
- Nye moment arbeidsdokument 5
 - Konesjonskraft
 - Statsbudsjett 2022

Vurderingar og verknader

Økonomi:	Særs viktig dokument for økonomiutviklinga i fylkeskommunen
Klima:	Tiltak i økonomiplanen kan påverke klima
Folkehelse:	Tiltak i økonomiplanen kan påverke folkehelse
Regional planstrategi:	Utviklingsplan/ regional planstrategi er ein viktig premiss for tiltak i økonomiplanen

Budsjett 2022/ økonomiplan 2022- 2025 - Arbeidsdokument 5/21**Budsjettdokument 2022 – økonomiplan 2022- 2025**

Som vedlegg til dette arbeidsdokumentet er eit samla dokument for budsjett 2022 – økonomiplan 2022- 2025.

Neste års budsjett og kommande økonomiplan for Vestland fylkeskommune er utarbeidd av finansutvalet gjennom 2021. Budsjettarbeidet har vore gjennomført med eit arbeidsdokument til kvart møte, der finansutvalet suksessivt har teke stilling til delar av budsjettet. I tilknytning til arbeidsdokumenta har finansutvalet gjort prosessvedtak, og på denne måten har ein fått framdrift i budsjettarbeidet.

Det har vore fire møte i finansutvalet til no i 2020. Fylkesdirektøren har på bakgrunn av finansutvalet sitt arbeid og prosessvedtaka som er gjort så langt, utarbeidd eit samla budsjettdokument.

Sektorane sine budsjett er basert på det som tidlegare er presentert, og supplert med utfyllande innhald. I tillegg inneheld budsjettdokumentet desse nye kapitla;

- Innleiing
- Klimabudsjett
- Økonomiplan
- Budsjettreglement
- Finansielle måltal
- Kapittel som ser på samanhengar mellom økonomiplan og fylkeskommunalt planarbeid

Handsaming av arbeidsdokument 5

Budsjettprosessen går no inn i den politiske slutthandsaminga i november og desember. Saka skal handsamast i følgjande politiske møte:

Politisk møte	Møtedato
Finansutvalet	24.11.2021
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	26.11.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse	26.11.2021
Hovudutval for næring	26.11.2021
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	26.11.2021
Administrasjonsutvalet	29.11.2021
Fylkesutvalet	30.11.2021
Fylkestinget	15.12.2021

Budsjettopplegget for komande årsbudsjett og økonomiplan vert no lagt fram av finansutvalet for slutthandsaming. Deretter går saka vidare til administrasjonsutvalet og dei fire hovudutvala. Handsaminga vert gjort i samsvar med utvala sin vedtakskompetanse, jamfør reglement for folkevalde organ og delegering;

- Dei fire hovudutvala kan kome med tilråding innanfor dei respektive utvala sine område.
- Administrasjonsutvalet kan kome med tilråding på område i budsjettet som vedkjem tilhøvet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarane.

I tillegg er saka sendt til handsaming i medverknadsorgana og arbeidsmiljøutvalet for uttale. Deretter går budsjettsaka vidare til fylkesutvalet som kjem med si innstilling til fylkestinget; som gjer endeleg vedtak i saka.

Oppfølging av sist finansutval – arbeidsdokument 4

Det vert synt til at det vart gjort slikt prosessvedtak ved handsaminga av arbeidsdokument 4 i møte 28. oktober;

Ferjeavløysing

«Tillegg til prosessvedtak punkt 3 – ferjeavløysing vert omtala særskilt i eige avsnitt.»

I vedlagte budsjettdokument er det under investeringsprogram for fylkesveg ein eigen del som gjer greie for gjeldande retningslinjer for ferjeavløysingsordninga.

Pensjon - premieavvik

I møtet vart det etterspurd ei utdjuing som kan forklare korleis premieavviket på pensjonsområdet er rekna ut, og kva økonomiske effektar dette gjev. Fylkesdirektøren har gjort dette i vedlagte budsjettdokument i kapitlet som tek for seg fellesinntekter- og utgifter; under delen Pensjonspremie og pensjonskostnader.

Drifts- og investeringsbudsjettet arbeidsdokument 5

Driftsbudsjettet

I budsjettdokumentet er det på driftssida ei samanstilling av det som tidlegare er presentert for dei ulike sektorane.

Innarbeidde salderingstiltak

Som følge av handsaming av arbeidsdokument 4, og prosessvedtaka som er gjort tidlegare, har følgjande sektorar presenterte budsjett som er saldert og i balanse med innarbeidde salderingstiltak;

- Politisk styring
- Organisasjon og økonomi
- Strategisk utvikling og digitalisering
- Tannhelse
- Kultur, idrett og inkludering
- Infrastruktur og veg
- Mobilitet og kollektiv
- Innovasjon og næringsutvikling
- Opplæring og kompetanse

Det går fram av dei ulike sektorbudsjetta i vedlagte budsjettdokument kva reduserande tiltak som det vert lagt opp til å gjennomføra i 2022. For mobilitet og kollektiv er det spesifisert eit moment – ny takst- og sonestruktur i tidlegare Sogn og Fjordane – som ikkje er innarbeidd i budsjettet.

Kultur, idrett og inkludering

For kultur, idrett og inkludering er det i tillegg til presentert sektorbudsjett i budsjettokumentet, vedlagt ei referatsak. Her er det framlegg om ei vidare spesifisering av løyvingsnivåa, og det vert synt til korleis dei ulike tilskota innanfor sektoren kan fordelast.

Det er lagt opp til at sektorbudsjettet vert vedteke på løyvingsnivå av fylkestinget i desember, medan den vidare tildelinga til spesifiserte mottakarar og summar vert gjort i fyrste møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering i 2022.

Klimabudsjett

I tråd med verbalpunkt i budsjettvedtak for 2021 så er klimakomiteet utvida.

Verbalpunktet har slik ordlyd:

Fylkestinget ber om at fylkeskommunen sitt klimabudsjett og klimarekneskap skal omfatte heile det geografiske området Vestland.

Utover framstilling og vurdering av utsleppa i det geografiske området Vestland, er det for eiga drift konkretisert tiltak som skal gjennomførast slik at dei fylkeskommunale utsleppa vert vidare reduserte.

Investeringsbudsjett

I budsjettokumentet er det ei samanstilling av det som tidlegare er presentert i arbeidsdokumenta for Vestland fylkeskommune sine investeringar.

Det vert poengtert i budsjettokumentet at presentert opplegg på investeringssida gjev Vestland ei monaleg gjeldsoppbygging. Fylkesdirektøren vil i byrjinga av 2022 kome med vurderingar av gjeldande handlingsregel på dette området; handlingsregelen tilseier maksimal gjeldsgrad på 115 %.

Nye moment arbeidsdokument 5

Etter handsaminga av arbeidsdokument 4 er det fleire nye vesentlege moment i budsjettprosessen, og desse vil følgjeleg spele inn i slutthandsaminga av budsjettet.

Konsesjonskraft

Det har kome nye prognosar for konsesjonskrafta som Vestland fylkeskommune får levert til sjølvkost, og som vert seld i kraftmarknaden. Dei høge prisane, kombinert med høg grad av sikring av volumet, gjer at ein får ei meirinntekt på om lag 100 mill. kr i 2022 samanlikna med det som tidlegare var lagt til grunn. I presentert opplegg er desse midlane plassert som overføring til fond som aukar med 100 mill. kr.

Statsbudsjett 2022


Gjennom framlegget til tilleggsproposisjon frå regjeringa Støre, er det fleire endringar i proposisjonen som verkar inn på budsjettopplegget til Vestland fylkeskommune. Følgjande moment er innarbeidd i presentert opplegg;

Fellesinntekter/ Vekst i frie inntekter

Tilleggsproposisjonen frå Støre- regjeringa inneber ein auke i dei frie inntektene til Vestland på 125,1 mill. kr. Dette samanlikna med det som låg inne i budsjettopplegget til den no avgåtte Solberg- regjeringa.

Mobilitet og kollektiv

I den nye regjeringa sin tilleggsproposisjon vert det lagt opp til ein reduksjon i ferjetakstane på 30 % i 2022; dette samanlikna med det som var prisenivået 1. januar 2021. Dette er ein auke i høve til reduksjonen på 17,5 % som låg inne i opplegget til regjeringa Solberg. Mobilitet og kollektiv sitt budsjett er styrka med 30 mill. kr for å kompensere for det lågare nivået på inntektene som takstreduksjonen medfører.



Budsjett 2022 / økonomiplan 2022–2025

Den 2,9 kilometer lange gang- og sykkel tunnelen gjennom Løvsakken blir Europas lengste og verdens nest lengste. Det vil ta 45 minutt å gå gjennom, men med sykkel tek turen berre 10 minutt.

Illustrasjon: Light bureau.

Innhold

1	Innleiing	5
2	Fellesinntekter og -utgifter	9
3	Sektorbudsjett	15
3.1	Politisk styring og kontrollorgan.....	19
3.2	Organisasjon og økonomi.....	23
3.3	Strategisk utvikling og digitalisering	29
3.4	Opplæring og kompetanse	37
3.5	Mobilitet og kollektiv	53
3.6	Infrastruktur og veg	71
3.7	Kultur, idrett og inkludering	79
3.8	Tannhelse.....	91
3.9	Innovasjon og næringsutvikling.....	97
4	Økonomiplan 2022–2025.....	113
5	Investeringsbudsjett 2022–2025.....	121
6	Klimaomstilling	145
7	Økonomi og planlegging – koplingspunkt.....	163
8	Finansielle måltal	167
9	Budsjettreglement.....	171

1

Innleiing



Løftar verda frå forureining på ViVite. Foto: Jennifer Fossnes/Vestland fylkeskommune.

Innleiing

Budsjettmodell

Budsjett 2022 for Vestland fylkeskommune er utarbeidd under leiing av finansutvalet gjennom året. Budsjettarbeidet har vore gjennomført ved at fylkesdirektøren har lagt fram eit arbeidsdokument til kvart møte i finansutvalet. I tilknytning til arbeidsdokumenta har finansutvalet gjort prosessvedtak og på denne måten sikra framdrifta i budsjettarbeidet.

Budsjettprosessen har gått frå handsaming av overordna rammer til detaljering av budsjettområda med innarbeiding av tiltak for å saldere budsjetta.

Det har vore fem møte i finansutvalet til no i 2021. Fylkesdirektøren har på bakgrunn av finansutvalet sitt arbeid og prosessvedtaka som er gjort gjennom året, utarbeidd eit samla budsjettdokument.

Samanlikna med det som er presentert i arbeidsdokumenta til no, er budsjettdokumentet supplert med følgjande avsnitt:

- Innleiing
- Kopling mellom økonomi og planlegging
- Klimabudsjett
- Økonomiplan
- Budsjettreglement og finansielle måltal

Strategiarbeid

Utviklingsplan for Vestland fylke

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 – regional planstrategi er vedteken av fylkestinget. Vestland fylkeskommune skal vere ein pådrivar for berekraftig utvikling i ein styrka region. Utviklingsplanen for Vestland er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova som regional planstrategi for Vestland.

Utviklingsplanen er utarbeidd med bakgrunn i regjeringa sine nasjonale forventningar til regional og kommunal planstrategi, der planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling er sentrale stikkord.

Berekraftig og nyskapande

FN sine 17 berekraftsmål er sentrale i utviklingsarbeidet og førande for samfunnsutviklinga i Vestland.

Utviklingsplanen har følgjande hovudmål for arbeidet:

- Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Kvart hovudmål er knytt opp mot dei mest relevante av berekraftsmåla til FN. I tillegg er det knytt strategiar til arbeidet med hovudmåla for å setje nærare retning om korleis måla kan oppnåast.


Utviklingsplan – økonomiplan

Utviklingsplanen gjev felles retning for Vestland fylkeskommune som organisasjon, og for vestlandssamfunnet som heilskap fram til 2024. I følgje kommunelova §14-1 skal fylkeskommunen utarbeide samordna og realistiske planar for eiga verksemd og økonomi, og for lokalsamfunnet eller regionen si utvikling. Ein tydeleg samanheng mellom utviklingsplanen og økonomiplanen er avgjerande for om plansystemet er velfungerande og i praksis vert lagt til grunn for økonomiske prioriteringar. I utviklingsplanen går det fram at alle regionale planar skal ha fokus på korleis dei kan bidra til å støtte opp om hovudmåla, dette gjeld også økonomiplan for Vestland fylkeskommune.

Gjennomføring av utviklingsplanen inkluderer også underliggande regionale planar, strategiar og temaplanar. Handlingsprogramma i planane er sentrale grunnlag for budsjett. I eit eige kapittel i dette budsjettdokumentet går ein nærare inn på denne samanhengen og arbeidet som er i gang for å få til gode koplingar mellom i første rekkje handlingsprogramma og årsbudsjetta.

Utviklingsplan for Vestland prioriterer planprosessar som skal skje i perioden fram til 2024. Årlege budsjett bør sikre tilstrekkelege ressursar til å gjennomføre gode, kunnskapsbaserte og inkluderande planprosessar.

Dette vil gje grunnlag for rapporteringa i fylkeskommunen si årsmelding. På denne måten vert ei heilskapleg og oversiktleg tilnærming til rapporteringsarbeidet sikra og i kombinasjon med vidare oppfølging av utviklingsplanen.



Samfunnsoppdrag, visjon og verdiar

Fylkeskommunen har fått ei tydelegare rolle som samfunnsutviklar. Dette viser att i samfunnsoppdraget. Visjonen stakar ut den langsiktige kursen for den regionale politikken og den ligg til grunn for utarbeidinga av Utviklingsplanen.

Visjonen spelar godt i lag med målsettingane i utviklingsplanen. I utviklinga av Vestland fylkeskommune har verdiane ei viktig rolle.

Det er arbeidd vidare med verdiane slik at dei legg føringar for det daglege arbeidet og samspelet både internt i eigen organisasjon og med omverda. På denne måten går Vestland fylkeskommune frå ord til handling.

KOMPETENT

- Vi utviklar og deler kompetanse
- Vi ser heilskapen og prioriterer
- Vi tek brukaren sitt behov på alvor og søkjer effektive løysingar

OPEN

- Vi er nysgjerrige på nye perspektiv og idear
- Vi involverer og søkjer dialog og samarbeid
- Vi er ærlege, og alt vi gjer skal tole dagens lys

MODIG

- Vi vågar å utfordre oss sjølve og andre
- Vi tek kunnskapsbaserte val og står for det vi meiner
- Vi tør å gå føre og lærer av fella våre

Budsjettutgangspunkt

Finansutvalet gjorde i juni prosessvedtak om budsjetttramme for 2022 både for drifts- og investeringsbudsjettet og dette har vore styrande for budsjettprosessen i hausthalvåret.

Ved oppstart av Vestland fylkeskommune i 2020 var det økonomiske utfordringar i drifta. Fylkestinget vedtok å løyse utfordringa over tid med fordeling av tiltak i perioden fram til 2024. Det vart vedteke å gjennomføre årlege innsparingstiltak i perioden på 100 mill. kr for å tilpasse drifta til tilgjengeleg budsjettramme. Dette vedtaket har vore bakteppet for budsjettarbeidet i Vestland fylkeskommune frå starten.

Situasjonen i 2021

I tertialrapportane til fylkestinget – handsama i juni og september – er det orientert om den økonomiske stoda inneverande år. Etter 2. tertial er det prognose om mindreforbruk på knapt 200 mill. kr, der ein viktig grunn til den positive prognosen er statleg kompensasjon av inntektstapet i kollektivtransporten som følgje av pandemien.

Fylkesdirektøren har no gjennomgang med avdelingsdirektørane av rapportar pr 3. kvartal. Gjennomgangen tyder på at prognosen kan betrast ytterlegare og fylkesdirektøren ser difor ikkje bort frå at det kan gå mot eit mindreforbruk i drifta for 2021 minst på nivå med resultatet for 2020.

Budsjett 2022

Budsjettdokumentet er utarbeidd i samsvar med prosessvedtak i finansutvalet gjennom året. Regjeringa Solberg sitt forslag til statsbudsjett vart lagt fram 12. oktober og verknadene av dette er teke med i arbeidsdokument 4/21 som finansutvalet handsama 28. oktober.

Finansutvalet legg fram budsjettinnstilling i møte 24. november.

Økonomiplanperioden

Driftsramma for budsjettet for 2022 er redusert med 100 mill. kr samanlikna med 2021 i samsvar med fylkestinget sitt vedtak ved starten av Vestland fylkeskommune, jf. ovanfor.

Finansutvalet har i arbeidsdokument 2/21 i juni slutta seg til eit justert opplegg for driftsreduksjonar i komande økonomiplanperiode. Det vert no lagt opp til redusert driftsramme med 70 mill. kr frå 2022 til 2023 og ytterlegare reduksjon på 50 mill. kr frå 2023 til 2024 for deretter å halde 2024-nivået uendra til 2025.

Bakgrunnen for at driftsreduksjonen vert lågare framover er dei samla økonomiske utsiktene. Opplegget må likevel vurderast fram til neste rullering av budsjetttrammene våren 2022. Ein viktig faktor i vurderinga vil vere kor fort samfunnet kjem att til normal drift, ikkje minst innanfor kollektivtrafikken i og med at det ikkje er varsla vidare statleg kompensasjon utover 2021. Den økonomiske situasjonen i samfunnet spelar også inn på skatteinntektene for fylkeskommunen.

Rekneskapen for 2020 viste mindreforbruk på 216 mill. kr og som nemnt ovanfor, kan det gå mot eit like godt resultat i 2021. Begge åra har vore prega av ekstraordinære tilhøve som følgje av pandemien. Driftsresultata for sektorane har i stor grad vist balanse og det endelege resultatet for 2021, vil telje med i vurderinga av opplegget for 2023-budsjettet og økonomiplanen vidare.

Investeringsplanane i Vestland fylkeskommune er høge. Ved starten vart i stor grad investeringsplanane for dei to fylkeskommunane tekne inn, men prosjektgjennomføringa vart tilpassa vedteke handlingsreglar. Fylkestinget si handsaming av Regional transportplan i tida fram til juni 2022 er viktig for å få eit investeringsopplegg som er tilpassa den økonomiske situasjonen. Vestland fylkeskommune har høg og veksande lånegjeld og handlingsrommet på driftsbudsjettet vert tilsvarande svekka ettersom kapitalutgiftene tek ein stigande del av den samla økonomiske ramma. Utviklinga her vil også spele inn når driftsrammene for åra etter 2022 skal vurderast.

Klimabudsjett


Klimabudsjettet for Vestland er stadig viktigare, og ein freister å vidareutvikle denne delen; både i samband med utviklinga på området og politiske signal. I fylkestinget si handsaming av budsjett 2021 vart følgjande verbalpunkt vedteke:

Fylkestinget ber om at fylkeskommunen sitt klimabudsjett og klimarekneskap skal omfatte heile det geografiske området Vestland.

Klimabudsjettet for 2022 følgjer opp dette ved å utvide perspektivet for klimabudsjettet, og også peike på relevante klimamoment i Vestland utafor eiga drift. I tillegg er det i kapittelet ført opp 19 klimatiltak som ein tek sikte på å gjennomføre i 2022.

2

Fellesinntekter og -utgifter



Illustrasjon viser lyskonseptet for gang- og sykkel tunnelen gjennom Løvstakken. Illustrasjon: Light bureau.

3 Fellesinntekter og -utgifter

Som fellesinntekter og –utgifter reknar ein alle inntekter og utgifter som ikkje er budsjetterte på sektornivå.

Fellesinntektene skal finansiere fylkeskommunen sine driftsutgifter på sektornivå (netto driftsutgifter), renteutgifter, avdrag og eventuell avsetjing til fond.

mill. kr

	2021	2022
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamning	-10 279 928	-10 854 768
Andre generelle statstilskot	-27 529	-30 000
Konsesjonskraftinntekter	-152 000	-282 000
Kapitalinnt/utg, utbytte	852 400	980 200
Lønsavsetjing/premieavvik	14 900	9 800
Bruk/avsetning til fond	51 948	246 267
Overføring til investering	552 500	615 000
Sum felles inntekter og utgifter	-8 987 709	-9 315 500

Skatt og rammetilskot

Grunnlaget for fylkeskommunane sine frie inntekter er Stortinget sitt rammevedtak i statsbudsjettet. Dette er delt i to deler – skatt og overføringar gjennom inntektsystemet (rammetilskot).

For Vestland fylkeskommune hadde regjeringa Solberg sitt framlegg til statsbudsjettslikt overslag:

mill. kr

	2021	2022
Fylkesskatt og inntektsutjamning	4 439,2	4 562,5
Rammetilskot	5 840,7	6 167,1
Sum frie inntekter	10 279,9	10 729,6

Nærare om tillegget til statsbudsjettet frå regjeringa Støre

Frie inntekter

Frie inntekter, skatt og rammetilskot, for Vestland fylkeskommune utgjer i tillegget frå regjeringa Støre 10 854,8 mill. kr. Dette er 125,2 mill. kr meir enn i forslaget frå regjeringa Solberg der den oppførte summen var 10 729,6 mill. kr.

Auken på 125,2 mill. kr skuldast i hovudsak følgjande:

Generell vekst

Generell vekst i frie inntekter til fylkeskommunane med 500 mill. kr samanlikna med forslaget frå regjeringa Solberg. For Vestland fylkeskommune utgjer dette ein auke på 68,7 mill. kr.

Til veksten er å merke at fylkeskommunane har inntektsbortfall i kollektivtransporten og dei auka midlane er meint å gå til kompensasjon for dette. Regjeringa Støre har ikkje forslag om eiga kompensasjonsordning for kollektivtransporten slik ein har hatt i 2020 og 2021.

Redusert ferjetakst

Rammetilskotet er auka med 241,6 mill. kr for å kompensere for takstreduksjon for ferjer på 30%. Regjeringa Solberg foreslo takstreduksjon på 17,5% og kompensasjonssummen gjeld endringa frå 17,5% til 30%. Vestland fylkeskommune sin del av denne summen er 61,8 mill. kr.

Gratis ferje på trafikksvake samband

Skjønstilskotet til fylkeskommunane er auka med 30 mill. kr for å leggje til rette for innføring av ordning med gratis ferje på trafikksvake samband. Regjeringa Støre foreslår at denne ordninga vert innført frå 2. halvår 2022.

Redusert kompensasjon CO₂-avgift

Vegbruksavgifta er foreslått redusert og rammetilskotet for fylkeskommunane er samla redusert med 29,4 mill. kr som følgje av dette. Reduksjonen for Vestland fylkeskommune sin del utgjer knapt 3,5 mill. kr.

Det er budsjettert med 10 729,6 mill. kr i samla frie inntekter for 2022. Dette er overslaget ein finn i statsbudsjettet (Grønt

hefte). Av dette utgjør fylkesskatt m/inntektsutjamning 4 562,5 mill. kr og rammetilskotet 6 167,1 mill. kr. I regjeringa Støre sin tilleggsproposisjon er inntektsoverslaget auka med 125,2 mill. kr, til 10 854,8 mill. kr, jf. ovanfor.

Nærare om inntektssystemet

Inntektssystemet består av tre hovudkomponentar:

- Inntektsutjamning
- Innbyggartilskot og utgiftsutjamning
- Overgangsordning

Inntektsutjamning

Føremålet med inntektsutjamninga er å utjamne skilnader i fylkeskommunane sin skatteinngang. Utjammingsgraden er sett til 87,5 %.

Innbyggartilskot og utgiftsutjamning

Innbyggartilskotet er ein lik sum per innbyggjar. Summen av tilskotet vert berekna ut frå folketalet i kvart fylke. For Vestland fylkeskommune vert innbyggartilskotet 4 072,1 mill. kr.

Utgiftsutjamninga er ei omfordelingsordning der midlar vert omfordelt frå fylkeskommunar med lågt berekna utgiftsbehov til fylkeskommunar med høgt berekna utgiftsbehov. Målet er at fylkeskommunane skal settast i stand til å yte likeverdige tilbod til innbyggjarane. Utgiftsbehovet vert rekna ut frå ein kostnadsnøkkel, samansett av delkostnadsnøklar for samferdsle, vidaregåande opplæring og tannhelse.

Vestland fylkeskommune sitt utgiftsbehov er berekna til å vere om lag 13,54 % høgare enn landsgjennomsnittet. Utgiftsutjamninga utgjør 972,5 mill. kr.

Inkludert i rammetilskotet er saker med ei særskilt fordeling. For 2022 får Vestland fylkeskommune ei samla overføring på 1 044 mill. kr knytt til saker med særskilt fordeling. Dei største summene gjeld rassikring, opprusting av fylkesveggar og tunnelsikkerheit. Av andre tilskot med særskilt fordeling kan nemnast ferjeavløysingsmidlar, ikkje-statlege lufthamner, fiskerihamner, null- og lågutsleppsferjer og -hurtigbåtar.

Overgangsordninga

Ved større endringar i inntektssystemet vert det gjerne innført overgangsordningar, slik at endringane vert sett i verk gradvis over fleire år. Endringane som følgde av nytt inntektssystem i 2020 vert fasa inn gjennom ei overgangsordning på 4 år, slik at dei først får full verknad frå 2023. I 2022 er det innført ei overgangsordning som fordeler verknaden av tre endringar over 2 år. Dei tre endringane gjeld ny båt- og ferjenøkkel, innlemming av vegadministrasjon og ny modell for vedlikehaldsbehov for fylkesveggar. For Vestland er samla verknad av overgangsordningane 4,1 mill. kr i 2022.

Skjønstilskot

Det skjønsmessige tilskotet i 2022 er 74,4 mill. kr – ein reduksjon på 5,6 mill. kr frå 2021.

Samla rammetilskot for 2022 kan oppsummerast slik:

mill. kr

Rammetilskot	2022
Innbyggartilskot utan utgiftsutjamning	4 072,1
Utgiftsutjamning	972,5
Saker med særskilt fordeling	1 044,0
Overgangsordning	4,1
Skjønstilskot	74,4
Sum rammetilskot	6 167,1

Andre generelle statstilskot

Frå 2022 vert det store endringar i utbetalingane frå havbruksfondet. Tidlegare har 80 % av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyve vorte fordelt til kommunar og fylkeskommunar. Frå 2022 vert denne delen sett ned til 40 %. I staden skal kommunar og fylkeskommunar få inntekter frå ei produksjonsavgift.

Ein ventar at Vestland sin del av produksjonsavgifta vil utgjere vel 13 mill. kr. Sals- og auksjonsinntektene vil kunne variere mykje frå år til år. Som eit forsiktig overslag fører ein opp ei samla inntekt på 30 mill. kr.

Konsesjonskraft

Vestland Fylkeskommune har tilgang på om lag 705 Gwh. konsesjonskraft frå ulike kraftselskap i 2021. Krafta vert levert til sjølvkost og seld i kraftmarknaden.

Volumet fylkeskommunen har rett på vert justert årleg, basert på utviklinga til allmenn forsyning i kommunane. Det er forbruket i allmenn forsyning i den einskilde kommunen som regulerer fordelinga av tilgjengeleg konsesjonskraft mellom kommunane og Vestland fylkeskommune. Kommunen får eit volum som samsvarar med forbruket til allmenn forsyning i kommunen medan fylkeskommunen får det resterande.

Ein kjenner ikkje til vesentlege endringar i konsesjonskraftvolumet frå 2021 til 2022.

I 2021 har kraftprisen vore høg, og særleg i haust. Ein kan neppe vente at dette vil bli det normale nivået framover, men for 2022 har ein sikra 90 % av volumet som Fjordkraft forvaltar til gode prisar. Restvolumet vert levert i spotmarknaden til den daglege marknadsprisen gjennom leveringsåret.

I tillegg kjem «verdien» av Eidfjordavtalen som Hordaland fylkeskommune inngjekk på 1980-talet.

Dette gjev følgjande prognose for kraftinntektene:

	<i>mill. kr</i>	
	2021	2022
Kraftinntekter		
Konsesjonskraftinntekter	130,0	260,0
Eidfjordavtalen	22,0	22,0
Sum kraftinntekter	152,0	282,0

Totale driftsinntekter

Inntektene som er omtalt framfor summerer seg til knapt 11 167 mill. kr. I tillegg er det budsjettert med inntekter på sektorane på totalt 2 877 mill. kr. Sum budsjetterte driftsinntekter kjem då opp i 14 024 mill. kr.

Med fondsavsetjinga som er foreslått, er netto driftsresultat rekna å bli om lag 861 mill. kr. Dette utgjer 6,1 % av budsjetterte driftsinntekter. Tilrådd nivå for fylkeskommunar er 4 %.

Renter og avdrag

Renteinntekter

Renteinntektene er avhengig av fylkeskommunen sin likviditet og rentenivået på innskott i året. Likviditeten vert mellom anna påverka av utviklinga i fondsmidlar. For utrekning av renteinntekter har ein lagt til grunn at likviditeten vil utvikle seg slik:

	<i>mill. kr</i>	
	2021	2022
Snittlikviditet	2 400	3 000

På bakgrunn av den gode likviditeten fylkeskommunen har hatt i 2021, har ein justert opp overslaget over gjennomsnittleg likviditet i 2022 til 3 mrd. kr.

Vestland har utlån til nokre fylkeskommunale selskap. Dei viktigaste er HFK Bussanlegg AS, Bybanen AS og Valen kraftverk AS. På desse utlåna får fylkeskommunen renteinntekter i samsvar med utlånsavtale.

Rentekompensasjon

Det er rentekompensasjonsordningar både for skulebygg og veginvesteringar. I 2022 har ein rekna med ein rentesats på 1 %.

Renteføresetnader

Føresetnadane for renteinntektene er basert på marknaden sine forventingar til 3 mnd. Nibor, pluss Vestland fylkeskommune sin margin på bankinnskott. Det er rekna med følgjande innskotsrente:

	2021	2022
Innskotsrente	0,92 %	1,71 %

Endringar i marknadsrentene vil påverke både renteinntekter og –utgifter. I oppfølginga av budsjettet vert dette å sjå i samanheng.

Med dei renteføresetnadane som er lagt til grunn er renteinntekter og rentekompensasjon berekna som vist i tabellen nedanfor:

	<i>mill. kr</i>	
	2021	2022
Renteinntekter	25,2	55,8
Rentekompensasjon	0,0	22,1
Utbytte	11,5	7,0
Sum	36,7	84,9

Utbytte

Det er budsjettert med 7 mill. kr i utbytte. Dette er om lag det same som ein har fått i 2021.

Renteutgifter

Føresetnadane for lånerenta er basert på følgjande komponentar:

Marknaden sine forventingar til 3 mnd. Nibor, marginar på eksisterande og nye lån og Vestland fylkeskommune sine fastrenter/rentesikringar.

I byrjinga av oktober var marknaden si forventning til 3 mnd. Nibor slik:

	2021	2022
	0,32 %	1,15 %

For nye lån er det lagt inn ein margin på 0,5 %.

Med desse føresetnadene vil renteutgiftene utvikle seg slik:

	<i>mill. kr</i>	
	2021	2022
Renteutgifter	214,1	265,1

Avdrag

Ein måte å bremse gjeldsveksten er å trappe opp betaling av avdrag. I 2022 er det foreslått å betale 800 mill. kr i avdrag.

	<i>mill. kr</i>	
	2021	2022
Avdrag	700	800

Samla kapitalutgifter kan oppsummerast slik:

	<i>mill. kr</i>	
	2021	2021
Renteinntekter / kompensasjon/utbytte	36,7	84,9
Renteutgifter	214,1	265,1
Avdrag	700,0	800,0
Sum renter og avdrag	877,4	980,2

Driftsmidler til investering

Det er budsjettert med overføring av driftsmidler til investering med følgjande beløp:

	<i>mill. kr</i>	
	2021	2022
Driftsmidler til investering	552,5	615,0

Fond – bruk og avsetjing

Driftsrekneskapen

Budsjettet er saldert ved å avsetje eller bruke av disposisjonsfond. Slik budsjettet no ligg føre vert det avsett 246,3 mill. kr til disposisjonsfond. Den relativt høge fondsavsetjinga har samanheng med at konsesjonskraftinntektene er

justert opp i 2022 og auka inntektsoverslag i tilleggsproposisjonen frå regjeringa Støre.

Ufordelte fellespostar

Lønsavsetjing

Statsbudsjettet legg til grunn ein kommunal deflator på 2,5 %. Lønsveksten er forventa å bli 3,2 %.

Midlar til å kompensere for lønsveksten i 2022 vert sett av samla. Det er lagt til grunn 3,2 % årslønsvekst, i tråd med statsbudsjettet. Det er avsett 73 mill. kr til å kompensere for verknaden av lønsoppgjera i 2022. Midlane vert fordelt når forhandlingane er avslutta.

Pensjonspremie og pensjonskostnader

Pensjonsordningane i offentleg sektor er slik at pensjonspremien kan variere mykje frå år til år. Pensjonspremien vert rekna ut basert på føresetnader om mellom anna lønsvekst, utvikling i grunnbeløpet i folketrygda og forventa avkastning på midlar hos pensjonsselskapa.

Tidleg på 2000-talet auka pensjonspremiene mykje. Kommunesektoren kravde då at staten måtte gje kompensasjon for auka kostnader. Løysinga vart i staden at det vart fastsett nye reglar for føring av pensjonskostnader. Tanken var å jamne ut svingingane i kostnad mellom åra. Ein skulle ikkje lenger belaste årets rekneskap med betalt premie, men med ein «langsigtig kostnad», rekna ut etter føresetnader som Kommunal- og Moderniseringsdepartementet fastset for kvart år.

Skilnaden mellom betalt premie og bokført kostnad vert kalla premieavvik. Skilnaden vert utlikna over 7 år, slik at ein på sikt endar opp med å rekneskapsføre betalt premie. Tabellen nedanfor gjev ein spesifikasjon av premieavviket som er ført opp i budsjettet for 2022. Tala byggjer på oppgaver frå selskapa:

	<i>mill. kr</i>		
	Storebrand	SPK	Total
Prognose pensjonspremie	273,7	226,8	500,5
Netto pensjonskostnad	151,6	190,3	341,9
Administrasjonskostnad	13,2	5,5	18,7
Sum kostnad i rekneskap	164,8	195,8	360,6
Differanse (premieavvik)	-108,9	-31,0	-139,9
Arbeidsgjevaravgift (13,2 %)	-14,4	-4,1	-18,5
Premieavvik inkl. arb.g.avg.	-123,3	-35,1	-158,4

Samla prognose for pensjonspremie i Storebrand og Statens pensjonskasse er 500,5 mill. kr. Kostnaden som skal først i rekneskapen dette året er rekna til 360,6 mill. kr. Differansen, 139,9 mill. kr er premieavvik. Når ein legg til arbeidsgivaravgift, kjem premieavviket opp i 158,4 mill. kr.

Gjennom året bokfører ein premien som vert betalt. Ved årsavslutninga fører ein premieavviket som ein korreksjonspost. Dei etterfølgjande 7 åra må premieavviket belastast rekneskapen med ca. 22,6 mill. kr kvart år.

Fylkeskommunen betaler altså fullt ut premien som vert fakturert, men får utsetjing med å belaste heile summen i driftsrekneskapen. I prinsippet kan differansen også gå andre vegen; at ein skal kostnadsføre ein høgare sum enn betalt premie. Men dette har berre vore tilfelle nokre få år. Amortisering av tidlegare premieavvik vert budsjettert med 95,2 mill. kr i 2022.

Budsjettskjema 1A

1A (tal i 1 000 kr)	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Rammetilskot	5 840 646	6 274 479
Inntekts- og formuesskatt	4 439 282	4 580 289
Andre generelle driftsinntekter	179 529	334 099
Sum generelle driftsinntekter	10 459 457	11 188 867
Sum løyvingar drift, netto	9 002 609	9 325 300
Brutto driftsresultat	1 456 848	1 863 567
Renteinntekter	25 200	55 800
Utbytte	11 500	7 000
Gevinst og tap finansielle omløpsmidlar		
Renteutgifter	214 100	265 100
Avdrag på lån	675 000	800 000
Netto finansinnt./utg.	- 852 400	-1 002 300
Netto driftsresultat	604 448	861 267
Disponering / dekking av netto driftsresultat:		
Overføring til investering	552 500	615 000
Nto avsetjing / bruk av bundne driftsfond		
Nto avsetjing / bruk av disposisjonsfond	51 948	246 267
Sum disponering/ dekking nto driftsres	604 448	861 267

3

Sektorbudsjett



Voss vidaregåande skule 2021. Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.

Driftsbudsjett per sektor og totalt

Alle tal i 1000 kr

Avdeling		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Politisk styring og kontrollorgan	Brutto driftsutgifter	70 529	65 659
	Driftsinntekter	-2 259	-2 259
	Netto driftsutgifter	68 270	63 400
Organisasjon og økonomi	Brutto driftsutgifter	772 564	786 666
	Driftsinntekter	-59 261	-56 766
	Netto driftsutgifter	713 303	729 900
Strategisk utvikling og digitalisering	Brutto driftsutgifter	202 990	208 307
	Driftsinntekter	-12 845	-10 907
	Netto driftsutgifter	190 145	197 400
Opplæring og kompetanse	Brutto driftsutgifter	3 826 031	3 969 375
	Driftsinntekter	-335 959	-351 975
	Netto driftsutgifter	3 490 072	3 617 400
Mobilitet og kollektiv	Brutto driftsutgifter	4 370 543	4 441 428
	Driftsinntekter	-1 816 671	-1 751 328
	Netto driftsutgifter	2 553 872	2 690 100
Infrastruktur og veg	Brutto driftsutgifter	1 230 380	1 261 100
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	1 230 380	1 261 100
Tannhelse	Brutto driftsutgifter	420 004	427 458
	Driftsinntekter	-149 898	-145 858
	Netto driftsutgifter	270 106	281 600
Kultur, idrett og inkludering	Brutto driftsutgifter	612 648	668 063
	Driftsinntekter	-290 698	-344 263
	Netto driftsutgifter	321 950	323 800
Innovasjon og næringsutvikling	Brutto driftsutgifter	346 358	334 357
	Driftsinntekter	-196 747	-183 557
	Netto driftsutgifter	149 611	150 800
Sum	Brutto driftsutgifter	11 852 047	12 162 414
	Driftsinntekter	-2 864 338	-2 846 914
	Netto driftsutgifter	8 987 709	9 315 500
2022 kr	Netto driftsutgifter	9 270 551	9 315 500

Tabellen viser samla oversyn over sektorbudsjetta som ein går nærare inn på vidare i dokumentet.

Finansutvalet har gjort prosessvedtak om reduksjonar i budsjettet for administrative kostnader der reisekostnader er peikt på særskilt. Samla medfører prosessvedtaket at

budsjettet skal reduserast med 40 mill. kr i 2022 samanlikna med budsjettet for 2021, fordelt med 25 mill. kr i reisekostnader og 15 mill. kr i administrative effektiviseringar elles.

Tabellen nedanfor viser reduksjonen fordelt på dei ulike avdelingane.

Tal i 1000 kr

	Reiser	Adm.	Tot
Opplæring og kompetanse	-8 179	-1 121	-9 300
Innovasjon og næringsutvikling	-1 000	-1 000	-2 000
Mobilitet og kollektiv	-1 550	-1 450	-3 000
Infrastruktur og veg	-5 776	-3 060	-8 836
Kultur, idrett og inkludering	-769	-1 231	-2 000
Tannhelse	-500	-	-500
Strategisk utvikling og digitalisering	-1 020	-520	-1 540
Politisk styring og kontrollutval	-4 000	-2 982	-6 982
Organisasjon og økonomi	-3 000	-7 000	-10 000
	-25 794	-18 841	-44 158

Budsjettet for 2022 er, i tillegg til sektorinndelinga som går fram av tabellen, også delt inn i nokre kostnadsgrupper. Tabellen nedanfor viser samla budsjettsummar for dei ulike gruppene. Tilsvarende tabell er å finne under kvar sektoromtale.

Tal i 1000 kr

	2021	2022
Reise og kurs	78 663	53 826
Konsulenttenester	54 524	50 984
Administrasjonsutgifter	108 310	111 906
Ordinære driftsutgifter	6 905 931	7 114 632
Lønsutgifter og -refusjonar	4 089 952	4 260 717
Ordinære inntekter	-2 707 155	-2 815 616
Andre utgifter og inntekter	457 484	509 608
Netto driftsutgifter	8 987 709	9 315 500

Omtale av artsgruppene

Artsgrupper er eit rammeverk til bruk i budsjettering og økonomioppfølging. Artar er ei inndeling av ulike typar utgifter og inntekter. Desse utgiftene og inntektene er gruppert i nokre få artsgrupper.

Reise og kurs

Denne gruppa set fokus på alle utgifter i samband med møte og kurs, både på eigen lokasjon og ved reise. I gruppa er det m. a kursutgifter, mat i samband med møte og reise, servering og representasjon.

Konsulenttenester

Konsulenttenester vert kjøpt inn anten fordi ein ikkje har denne kompetansen internt eller fordi ein ikkje har kapasitet til å utføre arbeidet sjølv.

Administrasjonsutgifter

Administrasjonsutgifter er utgifter som i større grad vert kategorisert som laupande fellesutgifter og ikkje utgifter direkte knytt til den tenesta eininga skal levere. Dette inkluderer ulike typar kontingentar, som til dømes medlemskontingen

tar i ymse lag og foreiningar. Andre døme på typiske utgifter i denne gruppa er kontormateriell, frankering, gåver til tilsette og mobilabonnement for tilsette.

Resterande artsgrupper

Ordinære driftsutgifter: Resterande utgifter (eksl. løn). Dette er i hovudsak utgiftene knytt til drifta av einingane i samband med tenestene som vert levert.

Lønsutgifter og -refusjonar

Løn er den største utgiftsposten i budsjettet og det er difor praktisk å skilje dette i ei eiga gruppe. Samstundes er

lønsinntekter òg gruppert her (typisk refusjonar frå Nav f.eks. i samband med permisjon/sjukemelding) slik at ein får eit betre totalbilete over dei faktiske lønsutgiftene per eining.

Ordinære inntekter

Resterande inntektstypar som ikkje gjeld løn.

Andre utgifter og inntekter

Rekneskapstekniske artar som vert nytta i samband med årsavslutting, i tillegg til fondsfø ringar.

3.1

Politisk styring og kontrollorgan



Fylkesting 29. september 2021 i Sogndal. Foto: Birthe Johanne Fredheim Finstad/Vestland fylkeskommune.

1 Politisk styring og kontrollorgan – løyvingsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Politisk styring	Brutto driftsutgifter	58 021	52 820
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	58 021	52 820
Kontrollutval	Brutto driftsutgifter	12 508	12 839
	Driftsinntekter	-2 259	-2 259
	Netto driftsutgifter	10 249	10 580
Sum	Brutto driftsutgifter	70 529	65 659
	Driftsinntekter	-2 259	-2 259
	Netto driftsutgifter	68 270	63 400
	Netto driftsutgifter 2022-kroner	70 382	63 400

For politisk styring er budsjettet redusert med 3 mill. kr då det ikkje er val i 2022. Det er og redusert med 4 mill. kr knytt til reiser og møte.

Endringer:

Løyvingsnivå	Moment	Endring
Politisk styring	Reiser og møte	-4 000
Politisk styring	Ikkje val i 2022	-2 982
Total endring		-6 982

2 Omtale av løyvingsnivåa

Politisk styring

Politisk styring omfattar utgifter til politiske utval, gjennomføring av møte i folkevalde organ, partistønad og diverse godtgjersle til folkevalde i ulike organ. Fylkeseldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og medverknadsorgan for ungdom vert også budsjettert her.

	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Brutto driftsutgifter	58 021	52 820
Driftsinntekter	-	-
Netto driftsutgifter	58 021	52 820
Netto driftsutgifter 2022-kroner	59 802	52 820

Kontrollutval

Løyvingane omfattar kontrollutvalet, sekretariat for kontrollutvalet og kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalet har ein sum på 0,5 mill. kr som kan disponerast dersom det dukkar opp uføresette forhold som gjer at det må kjøpast meir ekstern bistand for å utføre kontrollarbeidet.

Kontrollutvalet handsama budsjettforslaget for sitt ansvarsområde i møtet den 22. september.

Det er budsjettert med 5 årsverk for sekretariatet. Sekretariatet har pr. i dag avtale med 15 kommunar og Bergen

Kirkelige Fellesråd om å vere sekretariat for deira kontrollutval. Avtalane med nokre av kommunane nærmar seg utløp. Budsjetterte inntekter er justert litt ned, for å synleggjere risikoen for at avtalar kan bli sagt opp.

Klimavurdering sektorbudsjett

Politiske organ gjer vedtak som er viktige for klimaet. Men budsjettet for den politiske verksemda har liten innverknad. Ein har vist i 2020–21 at det er mogleg å gjennomføre godedigitale møte. Eit positivt bidrag for klimaet ville vere om ein held fram med å gjennomføre nokre av møta digitalt. Dette kan gje reduksjon i reiser, noko som er positivt både for økonomien og miljøet.

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Kontrollutval	Brutto driftsutgifter	12 508	12 839
	Driftsinntekter	-2 259	-2 259
	Netto driftsutgifter	10 249	10 580
	Netto driftsutgifter 2022-kroner	10 580	10 580

3 Kostnadsgrupper

Finansutvalet har gjort prosessvedtak om reduksjonar i budsjettet for administrative kostnader med 40 mill. kr i 2022 samanlikna med budsjettet for 2021, fordelt med 25 mill. kr i reisekostnader og 15 mill. kr i administrative effektiviseringar. For Politisk styring og kontrollutval utgjer budsjettreduksjonen 7,0 mill. kr.

Tabellen nedanfor viser reduksjonen på 7,0 mill. kr for Politisk styring og kontrollutval fordelt mellom reiser og administrativ effektivisering.

Tal i 1000 kr

Reiser	Adm.	Tot
-4 000	-2 982	-6 982

Finansutvalet gjer prosessvedtak knytt til sektorbudsjetta og for summene til dei ulike løyvingsnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsgrupper.

	2021	2022
Reise og kurs	10 847	6 847
Konsulenttenester	550	550
Administrasjonsutgifter	4 896	4 896
Ordinære driftsutgifter	16 421	14 480
Lønsutgifter og -refusjonar	37 756	38 827
Ordinære inntekter	-2 200	-2 200
Sum	68 270	63 400

Kort omtale av grunnlag for artsnivå

Fordelinga av budsjettet på artar er i hovudsak vidareført frå budsjettet 2021. Som for dei andre sektorane, har ein lagt til grunn ei monaleg innsparing i reiseutgifter.

4 Ytterlegare spesifikasjon

Tabellen gjev eit overslag over kostnadsfordelinga mellom dei ulike folkevalde organa og tilskotsordningar.

	2021	2022
Fylkesting	17 491	16 390
Fylkesutval	10 350	9 700
HU samferdsel og mobilitet	2 275	2 125
HU opplæring og kompetanse	2 275	2 125
HU næring,	2 275	2 125
HU kultur, idrett og integrering	2 275	2 125
Fylkeseldrerådet	520	490
Rådet for menneske med nedsett funksj.evne	520	490
Medverknadsorgan for ungdom	520	490
Andre møte og utval	3 100	2 900
Frikjøpsordning	1 000	1 030
Partistønad	11 420	11 800
Val	3 000	0
Tillegsløyving fylkesutvalet	1 000	1 030
Total	58 021	52 820

3.2

Organisasjon og økonomi



Bygging av fylkeshuset i Bergen. Foto: Jennifer Fossnes/Vestland fylkeskommune.

1 Organisasjon og økonomi – løyvingnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Eigedom – drift og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	586 391	598 506
	Driftsinntekter	-52 461	-49 566
	Netto driftsutgifter	533 930	550 140
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Brutto driftsutgifter	186 173	186 960
	Driftsinntekter	-6 800	-7 200
	Netto driftsutgifter	179 373	179 760
Sum	Brutto driftsutgifter	772 564	786 666
	Driftsinntekter	-59 261	-56 766
	Netto driftsutgifter	713 303	729 900
	Netto driftsutgifter 2022-kroner	735 293	729 900

Endring frå 2021 til 2022

Totalt er budsjettet for reiser og møte redusert med 3 mill. kr. Effektivisering av løns- og driftskostnader er knytt til fleire seksjonar som reduserer sine kostnader i 2022, men dei største reduksjonane er effektivisering innan økonomi, HR og juridisk seksjon med til saman 1,8 mill. kr. Det er også innarbeidd salderingstiltak på 1 mill. kr knytt til fylkeskommunale bilar og 1 mill. kr som gjeld kontorutstyr og rekvisita for fellestestene ved administrasjonslokasjonane. Det er og budsjettet med mindre bruk av konsulentar i 2022. I samband med sentralisering av felles postmottak er det lagt inn

utgifter til felles porto på 0,8 mill. kr (halvårseffekt). Ny avtale for forvaltning av konsesjonskraft gjev ein samla innsparing på 1,8 mill. kr i 2022.

Omstillingsmidlar er lagt inn som del av løyvingnivået administrasjon av organisasjon og økonomi.

Administrasjon av eigedom er flytt frå løyvingnivået «administrasjon av organisasjon og økonomi» til «eigedom – drift og vedlikehald»

Løyvingsnivå	Moment	Beløp
Eigedom – drift og vedlikehald	Effektivisering driftsmateriell	-2 000
Eigedom – drift og vedlikehald	Husleige overføring andre einingar	2 979
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Reduserte lønnskostnader – effektivisering	-2 400
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Ny avtale forvaltning konsesjonskraft	-1 800
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Redusert bruk av konsulenter	- 800
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Sentralisering av felles postmottak	800
Løyvingsnivå for eigedom og administrasjon	Redusert reise- og møteaktivitet	-3 000
Løyvingsnivå for eigedom og administrasjon	Andre endringar	828
Sum		- 5 393

2 Omtale av løyvingnivåa

Eigedom – drift og vedlikehald

Dette løyvingnivået omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av eigedomsmassen til Vestland fylkeskommune. Løns- og personalkostnader er også budsjettert i dette løyvingnivået. Overordna mål for den fylkeskommunale eigedomsforvaltninga er at verdien av eigedomsmassen ikkje skal forringast, eigedomane skal vere tilpassa dagens behov

og utviklast med omsyn til framtidige behov og mål fastsett i regionale planar og strategiar. Eigedomsavdelinga er ein del av organisasjons- og økonomiavdelinga og organisert som «ei avdeling» i avdelinga. Eigedomsavdelinga har ansvar for driftspersonell, medrekna reinhaldspersonell, for heile den fylkeskommunale bygningsmassen.

Løyvingnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Eigedom – drift og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	586 391	599 706
	Driftsinntekter	-52 461	-49 566
	Netto driftsutgifter	533 930	550 140
	Netto driftsutgifter 2022-kroner	549 374	550 140

Administrasjon av organisasjon og økonomi

Organisasjons- og økonomiavdelinga skal levere gode felles-tenester og sikre forsvarleg drift av Vestland fylkeskommune. Det inneber å drive sentrale service-, støtte- og fellesfunksjonar i organisasjonen, i tillegg til å utarbeide informasjon og kunnskapsgrunnlag som medverkar til toppleiinga og lineorganisasjonen sine avgjerder.

Ansvar for organisasjonsutviklinga i fylkeskommunen ligg også under denne avdelinga, i tillegg til å sørge for at det er effektive, velfungerande og gode støttesystem på plass.

Samla har avdelinga om lag 450 årsverk, der rundt 330 arbeider innan Eigedom og 120 innan dei andre fagområda.

Avdelinga omfattar følgjande seksjonar:

Juridiske tenester
Økonomi
Innkjøp
HR
Kommunikasjon
Politisk sekretariat

Løyvingnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Brutto driftsutgifter	186 173	186 960
	Driftsinntekter	-6 800	-7 200
	Netto driftsutgifter	179 373	179 760
	Netto driftsutgifter 2022-kroner	185 919	179 760

Klimavurdering sektorbudsjett

Det er seks hovudoppgåver knytt til klima som drift i eigedom kan og skal fokusere på; avfall, kjemikalie, transport, vedlikehald, energibruk og utstyr til å utføre driftsarbeid.

Plassering og tal sorteringspunkt er viktig for å leggje til rette for sortering i så mange fraksjonar som er hensiktsmessig, dette skal vurderast fortløpande for å unngå restavfall i størst mogeleg grad. I dette ligg og handtering

av komponentar som vert skifta ut i ein driftssituasjon og bygningselement som inngår i eksisterande bygningsmasse.

Drift skal syte for å ha oversyn over førekomst av kjemikalie i alle bygg, fornuftig og forskriftsmessig oppbevaring og bruk av kjemikalie, samt endeleg levering av farleg avfall til renovasjonsselskap.

I størst mogleg grad skal reiser og materialtransportar planleggjast og koordinerast slik at ein kan unngå unødvendig køyring. Alternativ transport med lågare klimabelastning skal alltid undersøkast og prioriterast.

For vedlikehald av fylkeskommunal bygningsmasse skal material med låg klimabelastning prioriterast. I tillegg skal løysingar som er effektive, treng lite eller har enkelt vedlikehald og som er forventa å ha lang levetid føretrekkast.

Bruk av energi i fylkeskommunal bygningsmasse skal ha kontinuerleg tilsyn og optimaliserast, identifisering av mogleg forbettringspotensiale ved både enkle justeringar og ved investering som fører til redusert klimabelastning skal og ha høg prioritet.

Avdelinga skal ha oversyn over tilgjengeleg utstyr brukt i drifta, samt geografisk plassering, for å sikre gode tilhøve for koordinering av naudsynt transport. Eige utstyr skal slik som for tekniske løysingar prioriterast etter behov for vedlikehald, samt naudsynte innleigde ressursar, lokale og regionale behov, levetid og tilknytt bruk av kjemikalie/drivstoff.

For organisasjons- og økonomiavdelinga utanom eigedom er dei viktigaste tiltaka på klimasida redusert reiseverksemd og endra møteform med stor grad av digitale møte. Pandemien endra arbeidsforma i stor grad og ein god del av endringane tek ein med seg på varig basis.

3 Kostnadsgrupper

Finansutvalet har gjort prosessvedtak om reduksjonar i budsjettet for administrative kostnader med 40 mill. kr i 2022 samanlikna med budsjettet for 2021, fordelt med 25 mill. kr i reisekostnader og 15 mill. kr i administrative effektiviseringar. For Organisasjon og økonomi utgjer budsjettreduksjonen 10,0 mill. kr.

Tabellen nedanfor viser reduksjonen på 10,0 mill. kr for Organisasjon og økonomi fordelt mellom reiser og administrativ effektivisering.

Tal i 1000 kr

Reiser	Adm.	Tot
-3 000	-7 000	-10 000

Budsjett delt opp i kostnadsgrupper:	2021	2022
Reise og kurs	10 365	7 365
Konsulenttenester	9 933	9 292
Administrasjonsutgifter	29 091	29 663
Ordinære driftsutgifter	337 310	350 048
Lønsutgifter og -refusjonar	380 892	389 974
Ordinære inntekter	-53 461	-54 641
Andre utgifter og inntekter	-827	-1 800
Sum	713 303	729 900

Kort omtale av grunnlag for artsnivå

Fordelinga av budsjettet på artar er i hovudsak vidareført frå budsjettet 2021. Som for dei andre sektorane, har ein lagt til grunn ei monaleg innsparing i reiseutgifter.

Reise og kurs: Største delen er knytt til reiseverksemd, då avdelinga er spreidd i heile det nye fylket. Det er og naudsyn-te samlingar for avdelinga.

Konsulenttenester

Eigedom: Om lag halvparten er knytt til bistand innan innkjøp og entrepriserett. Bistand entrepriserett er ved kontraktsmessige ueinigheiter i byggeprosjekta. For begge delar vil rammeavtalar bli nytta. Eigedomsavdelinga har overtatt mange nye avtalar frå mellom anna infrastruktur og veg, oppdragsmengda for forvaltningsseksjonen har derfor auka. Eigedomsavdelinga jobbar framleis med nytt system for Facility Management (FM). Det er inngått avtale med eksterne

konsulentar, om lag halvparten av konsulentkostnaden er sett av til dette.

Konsulenttenester

Organisasjon og økonomi: Det er lagt til grunn lågt budsjett for konsulentar. Her ligg og nokre midlar for naudsynte juridiske utgreiingar, i tillegg til finansielle tenester for å sikre beste rentebetingelser i markedet og rådgjeving knytt til forvaltning av konsesjonskraft.

Administrasjonsutgifter: Dette inkluderer ulike typar kontingentar, som til dømes medlemskontingentar i ymse lag og foreiningar. Andre døme på typiske utgifter i denne gruppa er kontormateriell, frankering, gåver til tilsette og mobilabonnement for tilsette.

Ordinære driftsutgifter: Største postar er energi, ekstraordinært vedlikehald, drift, kommunale avgifter og renovasjon, reinhald og husleige.

Lønsutgifter og -refusjonar: Lønskostnader til alle tilsette i organisasjons- og økonomiavdelinga.

Ordinære inntekter: I all hovudsak knytt til inntekter på utleige av lokale, nokre mindre inntekter er det også knytt til refusjon av energi.

4 Ytterlegare spesifikasjon

Løyvingsnivå: Eigedom – drift og vedlikehald

Dette løyvingsnivået omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av heile eigedomsmassen til Vestland fylkeskommune. Løns- og personalkostnader er og budsjettet her. Overordna mål for den fylkeskommunale eigedomsforvaltninga er at verdien av eigedomsmassen ikkje skal forringast, eigedomane skal være tilpassa dagens behov og utviklast med omsyn til framtidig behov, og mål fastsett i regionale planar og strategiar.

Ansvarsområde

Avdelinga har budsjettansvar knytt til forvaltning og drift av alle fylkeskommunale eigedommar. Mellom anna inneber dette vedlikehald, energi, reinhald og husleige for skulesektoren og for tannhelse. Avdelinga har også ansvar for drift og fellestenester på administrasjonslokale. I tillegg til dette har avdelinga fått ansvar for fiskerihamner i Vestland fylke.

Dei største postane i budsjettet er knytt opp møt følgjande tenestekområde:

- Skulelokale
- Næringsverksemd – utleige

- Tannklinikkar
- Kollektiv
- Administrasjonslokale

I tillegg er det og ansvar og oppfylgning knytt til mellom anna rettleiingstenesta, kulturbygg, fiskerihamner og hurtigbåtkaier.

Driftsseksjonen

Posten utgjør den største delen av avdelinga sitt driftsbudsjett på om lag 370 mill. kr i 2022. Den omfattar driftsleiarsteneste, reinhaldsteneste, vedlikehald, kartlegging og energi.

Forvaltings- og stabsseksjonenseksjonen

Posten er på om lag 140 mill. kr i 2022 og omfattar husleige-kostnader og inntekter, eigedomsskatt, forsikring av eigedomsmassen og fellestenester for alle administrasjonslokala.

Posten omfattar løns- og personalkostnader til sentrale roller i eigedomsavdelinga, budsjettet omfattar også bistand innan innkjøp. Budsjettet er på om lag 10 mill.kr i 2022

Utbyggingsseksjonen

Poster er på om lag 20 mill. kr i 2022 og omfattar løns- og personalkostnader for prosjektleiarar, fagressursar og økonomistøtte. Den inneheld også budsjett til lisensar som det er behov for i forbindelse med prosjektstyring.

System og utviklingsseksjonen

Denne seksjonen har hovudansvaret for system som er naudsynte for at eigedomsavdelinga skal kunne utføre oppgåvene sine. I tillegg jobbar seksjonen med utvikling av eigedomsavdelinga. Budsjettet er på om lag 10 mill. kr i 2022, og omfattar løns- og personalkostnader og systemkostnad.

Løyvingsnivå: Administrasjon av organisasjon og økonomi

Seksjon for juridiske tenester

Seksjon for juridiske tenester har ansvar for oppfølging av fylkeskommunen sin eigarskap i ulike typar selskap, inkludert utarbeiding av årleg eigarskapsmelding. Seksjonen førebur også saker om val til eksterne organ, m.a. selskap, råd og stiftingar.

I tillegg yter seksjonen juridisk støtte til alle einingane i fylkeskommunen i ulike typar saker og held oversikt over rettstvistar fylkeskommunen til ei kvar tid er involvert i.

Sekretariatet for varslingsutvalet ligg til seksjonen. Personvernombod, mobbeombod og elev- og lærlingombod høyrer også inn under seksjonen sine ansvarsområde.

Seksjon for politisk sekretariat

Politisk sekretariat har ansvar for førebuing, gjennomføring og oppfølging av møte i folkevalde organ. Sekretariatet har også ansvar for å førebu og ivareta fylkeskommunen sine oppgaver ved gjennomføring av stortingsval og kommune- og fylkestingsval.

Seksjonen har ved Dokumentsenter det faglege ansvar for arkivdanninga i Vestland fylkeskommune samt ansvar for dokumentasjon/arkiv i fylkesadministrasjonen. Seksjonen er systemeigar for saks- og arkivsystemet og har ansvar for sentralt postmottak og spørsmål om innsyn.

Seksjon for økonomi

Seksjon økonomi arbeider med budsjett og rekneskap. Seksjonen har ansvar for sakshandsaming av økonomisaker til politiske organ, der budsjettarbeidet peikar seg særleg ut. Rekneskapsføring og utarbeiding av fylkeskommunen sin rekneskap er ei sentral arbeidsoppgåve. Rapportering av den økonomiske situasjonen gjennom året ligg også til seksjonen sitt ansvarsområde. Andre arbeidsoppgåver er likviditetsstyring og finansiering av investeringar gjennom låneopptak. Seksjonen står også for forvaltinga av fylkeskommunen si konsesjonskraft.

Seksjon for HR

HR skal syte for at Vestland fylkeskommune er ein profesjonell og attraktiv arbeidsgjevar. Seksjonen har utstrekt samarbeid med fylkeshovudverneombodet og dei hovudtillitsvalde. HR har oppgåver innan personalforvaltning, HMS og kvalitetsarbeid, løn samt kompetanse-, organisasjons- og leiarutvikling.

Seksjon for kommunikasjon

Kommunikasjonsseksjonen har ansvar for drift og innhald på Vestland fylkeskommune sine digitale flater og kanalar.

Kommunikasjonsseksjonen har òg ansvar for intern kommunikasjon og legg til rette for bruk av nye digitale kommunikasjonsflater. Tilsette ved seksjonen hjelper avdelingane i deira arbeid på nettsidene, med kampanjar eller merksemd i sosiale media. Alt arbeid knytt til bruk av den grafiske profilen ligg til seksjonen. Det gjer òg ansvaret for førstelinetenesta, med sentralbord og resepsjon på fylkeshusa i Bergen og Leikanger.

Seksjon for innkjøp

Innkjøpsseksjonen har ansvar for å leggje til rette for gode innkjøpsprosessar og sikre godt samarbeid mellom dei ulike innkjøpsmiljøa i Vestland fylkeskommune. Innkjøpsseksjonen skal syte for at styringsystem for Kvalitet og HMS er oppdatert med godkjente prosedyrar og malar for konkurransegjennomføring og for handtering av bestillingar og faktura. Alle kjøp er underlagt offentleg lov- og regelverk samt interne fylkeskommunale retningslinjer og skal gjennomførast ved hjelp av gjeldande innkjøps- og konkurransestyringsverktøy.

Viktige hovudmål som innkjøpsseksjonen skal arbeide for å oppnå gjennom fylkeskommunens sine innkjøp er knytt til miljø og berekraft, samfunnsansvar, løns- og arbeidsvilkår, innovasjon, integritet, kostnadseffektive kjøp, kontraktsoppfølging og leverandørutvikling.

3.3

Strategisk utvikling og digitalisering



Plastrydding/rydding i strandsona ved Fjordane friluftsråd. Foto: Thea Båtevik/Vestland fylkeskommune.

1 Strategisk utvikling og digitalisering – løyvingsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter

Tal i 1000 kr.

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Plan, analyse, klima og folkehelse	Brutto driftsutgifter	56 135	55 148
	Driftsinntekter	-11 545	-9 595
	Netto driftsutgifter	44 590	45 553
IKT og digitalisering	Brutto driftsutgifter	140 513	146 619
	Driftsinntekter	-1 300	-1 312
	Netto driftsutgifter	139 213	145 307
Administrasjon av strategi og digitalisering	Brutto driftsutgifter	6 342	6 540
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	6 342	6 540
Sum	Brutto driftsutgifter	202 990	208 307
	Driftsinntekter	-12 845	-10 907
	Netto driftsutgifter	190 145	197 400
	Netto driftsutgifter 2022-kr	195 778	197 400

Endring frå 2021 til 2022

Sektoren har innarbeidd reduserande tiltak i budsjettet på 1,54 mill. kr, og dette er fordelt på fire tiltak. Dette samsvarar med sektoren si budsjettutfordring. Desse er omtala under, og finansutvalet har tidlegare gjort prosessvedtak knytt til desse tiltaka. Samla sett går budsjettet opp med 1,622 mill. kr grunna tekniske endringar og flytting av budsjettmidlar.

Tre endringar for budsjett 2022 kjem av at det i 2021 vart gjennomført ei standardisering av personleg IKT-utstyr og sentralisering av IKT-innkjøp. I samband med dette vart det overført 12 mill. kr til IKT-seksjonen frå dei andre avdelingane; som ei varig budsjettauke. Midlane er difor teke med i budsjettet for løyvingsnivået for IKT i 2022. I tillegg er same løyvingsnivå styrka med 3,06 mill. kr som følgje av auka kostnader til IKT-fellessystem. Sistnemnde styrking kjem

av mellom anna auka lisenskostnader grunna auka tal på brukarar etter fylkessamanslåinga. Vidare er det planlagt ei folkehelseundersøking som gjer at det for 2022 skal leggest inn 1,5 mill. kr på løyvingsnivået til plan, analyse, klima og folkehelse. Desse endringsmomenta er omtala under.

På inntektssida er totale inntekter gått ned ein del. Årsaka er at det i budsjett for 2022 berre er teke med inntektene vi er sikre på at vi får i 2022; altså eit meir konservativt anslag enn det inntektsnivået som ein tidlegare har budsjettert med.

Det er elles små justeringar i budsjettala til sektoren, og desse skuldast løn- og prisjusteringar mellom åra. Tabellen under summerer opp sektoren sine endringane frå 2021 til 2022.

Sektortabell endringer frå 2021 til 2022

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå	Moment	Endring frå 2021 til 2022
IKT og digitalisering	Auka kostnader fellessystem	3 060
Plan, analyse, klima og folkehelse	Plaststrategi	102
IKT og digitalisering	Reduksjon bemanning	-520
Administrasjon av SUD	Reduksjon reiser	-49
Plan, analyse, klima og folkehelse	Reduksjon reiser	-212
IKT og digitalisering	Reduksjon reiser	-759
Total endring		1 622

Innarbeidde salderingstiltak 2022

Av tabellen over går det fram at sektoren har reduserande tiltak på samla 1,54 mill. kr. Desse er igjen fordelt på løyvingsnivåa;

IKT og digitalisering

Løyvingsnivået vert redusert frå 2021 til 2022 med 1,279 mill. kr. Reduksjonen vert gjennomført ved at ein ikkje erstatar årsverk som går ut, og at det er mindre reiseverksemd som følgje av digitale alternativ til fysiske møte.

Plan, analyse, klima og folkehelse

Løyvingsnivået vert redusert med 0,212 mill. kr. Reduksjonen er knytt til; mindre reiseverksemd.

Administrasjon av strategi og digitalisering

Løyvingsnivået vert redusert med 0,049 mill. kr. Reduksjonen er knytt til; mindre reiseverksemd.

2 Omtale av løyvingsnivåa

Plan, analyse, klima og folkehelse

Tal i 1000 kr

	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Brutto driftsutgifter	56 135	55 148
Driftsinntekter	-11 545	-9 595
Netto driftsutgifter	44 590	45 553
Netto driftsutgifter 2022-kr	45 663	45 553

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnader knytt til seksjonane plan, klima og folkehelse, og statistikk, kart og analyse. Utover dette skal budsjettet nyttast til aktivitet og tiltak på følgjande område:

- Folkehelse
- Klima
- Plan og utviklingsarbeid
- Senter og stadutvikling

Innan stadutvikling, klima og folkehelse er det etablert tilskotsordningar som støttar opp om prosessar og prosjekt i kommunane som fylgjer opp overordna mål i Utviklingsplanen, regionale planar og strategiar. Ramma for tilskotsordningane i 2022 er 9,5 mill. kr.

Løyvingsnivået vil få 1,5 mill. kr til ei folkehelseundersøking som skal gjennomførast av seksjon for statistikk, kart og analyse. Denne folkehelseundersøkinga er kvart fjerde år, og det vil difor ikkje vere ein varig auke.

I 2021 fekk løyvingsnivået 0,476 mill. kr frå Kultur, idrett og inkludering for å dekke 60 % av eit vikariat på 1 år ved SUD. Desse midlane er ikkje med i tala for revidert budsjett 2021 eller budsjett 2022. Midlane er sett på fond, og vert gjort bruk av på SUD i løpet av 2022.

På inntektssida er totale inntekter gått noko ned. Årsaka er som nemnt over at ein i budsjettet har eit konservativt inntektsanslag.

IKT og digitalisering

Alle tal i 1000 kr.

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
IKT og digitalisering	Brutto driftsutgifter	140 513	146 619
	Driftsinntekter	-1 300	-1 312
	Netto driftsutgifter	139 213	145 307
	Netto driftsutgifter 2022-kr	143 526	145 307

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnader knytt til seksjonane IKT og digitalisering. Sektoren spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med digitalisering i fylkeskommunen. Dette er eit satsingsfelt i økonomiplanperioden.

Digitaliseringsseksjonen skal bidra til å digitalisere fylkeskommunen gjennom fornying, forenkling og forbedring. Dette skal gjerast på ein slik måte at vi både effektiviserer prosessar og nyttar ressursane meir føremålstenleg. Digitaliseringsseksjonen har laga ein digitaliseringsstrategi med klare målsetjingar og årlege tiltak som skal sikre best mogleg digitalisering og effektivisering i organisasjonen. Dette skal igjen mogleggjera gevinstar i form av økonomisk innsparing eller betra kvalitet.

Ein føresetnad for å lukkast med digitaliseringsarbeidet er at IKT-seksjonen sikrar ein stabil og framtidretta digital grunnmur, og gjev brukarane IKT-støtte når det er trong for det.

Budsjettet skal og dekke utgifter knytt til drift og vedlikehald av IKT-system og IKT-infrastruktur, lisenskostnader for sentrale IT-system, sambandskostnader, internettlinjer og M2M-abonnement. Løyvingsnivået vert stryka med 3,060 mill. kr som følgje av auka kostnader til fellessystem som mellom anna kjem av auka lisenskostnader. Dette heng saman med auka tal på brukarar etter fylkessamanslåinga.

I samband med rekneskapsavsluttinga for 2019 sette fylkestinget av 15 mill. kr som skal støtte opp om digitaliseringsarbeidet i organisasjonen. Midlane skal og bidra til å sikre ei trygg og god implementering av større IKT-prosjekt dei næraste åra. Strategisk utvikling og digitalisering administrerer denne ordninga.

I løpet av 2021 vart det flytta totalt 12 mill. kr frå andre avdelingar til IKT-seksjonen i samband med standardisering av personleg IKT-utstyr og sentralisering av innkjøp. Dette er ei varig endring av korleis ein budsjetterer desse midlane.

IKT-investeringar er eit verktøy for å sikre effektive og gode tenester. Framover vil dei ikkje nødvendigvis vere knytt til fysiske einingar ein kan peika på. Difor skal fleire av kostnadene knytt IKT-investeringar kome til uttrykk på driftsbudsjettet i form av for eksempel lisensar i staden for på investeringsbudsjettet. Det å «leige» vil kunne vere meir aktuelt i staden for det å «eige». Endringa innanfor IKT med overgang frå investeringsløyvingar til t.d. lisenskostnader på driftsbudsjettet, vil auke i tida framover. Dette vil få innverknad på budsjetteringa med behov for gradvis aukande driftsbudsjett og mindre behov for investeringsløyvingar.

Administrasjon av strategi og digitalisering

Alle tal i 1000 kr.

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Administrasjon av strategi og digitalisering	Brutto driftsutgifter	6 342	6 540
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	6 342	6 540
	Netto driftsutgifter 2022-kr	6 589	6 540

Løyvinga til administrasjon av sektoren skal dekke løns- og personalkostnader knytt til leing og stabsfunksjonar.

Klimavurdering sektorbudsjett 2022

Avdelinga sine klimagassutslepp heng i hovudsak saman med innkjøp og bruk av elektronisk utstyr. I tillegg dreier utsleppa seg om reiser i eiga drift. Indirekte har avdelinga påverknad gjennom planlegging og tildeling av tilskot, og intern miljøleing i eigen organisasjon.

Klima- og miljøkrav i anbod, spesielt for elektronisk utstyr som PC, og retningslinjer for innkjøp og drift som tek omsyn til gjenbruk og sirkulær økonomi kan gi klimaresultat. Seksjon for digitalisering har i stor grad lagt til rette for gjennomføring av digitale møte og konferansar.

Seksjon for IKT har hatt tre ressursar som har jobba mykje for at alle politiske møte og ein del plankonferansar har vore mogleg å gjennomføre digitalt. Dette, i tillegg til digitale møte mellom tilsette og mot eksterne, gjer at vi framover kan ha betydeleg lågare reiseaktivitet både på politisk og administrativt/ operativt nivå enn vi hadde før pandemien. Dette har ført til at det er mogleg å samhandle med mindre miljøavtrykk.

Seksjonen for IKT har nyleg teikna avtale med Greentech for avhending av IKT-utstyr. Alle avdelingar og einingar vil nytte ordninga for avhending av IKT-utstyr.

Gjennom tilskotsordningane til seksjon for Plan, klima og folkehelse støttar fylkeskommunen prosessar og prosjekt i kommunane som fylgjer opp dei overordna måla i Utviklingsplanen, gjeldande regionale planar, og strategiar, overordna føringar, inkludert FN sine berekraftsmål. For 2021 har det vore tre tilskotsordningar knytt til klimaomstilling. Det var øymerka totalt 2,6 millionar til desse tre tilskotsordningane.

Fylkestinget vedtok Utviklingsplan for Vestland i september 2020. Denne planen set strategisk retning for utviklinga av fylket dei neste fire åra, og definerer kva planar som skal gjelde og verte utarbeidd i fylkestingsperioden. Ein ny regional plan for klima er ei prioritert oppgåve, og Fylkesutvalet vedtok planprogrammet i møte 24.08.2021 (PS 164/2021). Regional klimaplan 2022 – 2033 skal gi grunnlag for klimaomstilling av Vestland fylke for å nå målet om nullutsléppssamfunnet. Den er planlagt ferdig hausten 2022.

Avdelinga bidreg til utvikling i kunnskapsgrunnlaget innan klima og miljø gjennom arbeid med statistikk, kart og analyse, samt årleg miljørekneskap for fylkeskommunen og utvikling av klimabudsjett som styringsverktøy for klimagassreduksjon.

Vestland fylkeskommune har som målsetting å jobbe systematisk med intern miljøleing og klimaarbeid i alle einingar som del av dei ambisiøse klimamåla sett i Utviklingsplanen og regionale planar. Fylkesdirektøren har delegert ansvaret for arbeidet med miljøleing til avdelingsdirektør for strategisk utvikling og digitalisering.

3 Kostnadsgrupper 2022

Finansutvalet har gjort prosessvedtak om reduksjonar i budsjettet for administrative kostnader med 40 mill. kr i 2022 samanlikna med budsjettet for 2021, fordelt med 25 mill. kr i reisekostnader og 15 mill. kr i administrative effektiviseringar. For Strategisk utvikling og digitalisering utgjer budsjettreduksjonen 1,5 mill. kr.

Tabellen nedanfor viser reduksjonen på 1,5 mill. kr for Strategisk utvikling og digitalisering fordelt mellom reiser og administrativ effektivisering.

Tal i 1000 kr

Reiser	Adm.	Tot
-1 000	-500	-1 500

Finansutvalet gjer prosessvedtak knytt til sektorbudsjetta og for summene til dei ulike løyvingnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadsstypar vil vere ein viktig del av fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane for sektor og løyvingnivå er faste som vert endeleg vedteke, medan summar for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa si.

Tabell pr. sektor:

Tal i 1000 kr

Budsjett delt opp i kostnadsgrupper:	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Reise og kurs	4 581	3 893
Konsulenttenester	1 500	1 517
Administrasjonsutgifter	17 448	16 806
Ordinære driftsutgifter	76 448	78 773
Lønsutgifter og -refusjonar	102 620	107 318
Ordinære inntekter	-12 605	- 10 667
Andre utgifter og inntekter	-240	- 240
Netto driftskostnader	190 145	197 400

Kort omtale av dei ulike artsgruppene

Det er ingen vesentlege prosentvise endringar frå 2021 til 2022.

Sektoren har redusert reise og kurs med om lag 1,0 mill. kr. Det er og lagt inn 0,5 mill. kr knytt til redusert bemanning.

Sektoren sine administrasjonsutgifter, konsulenttenester og over halvparten av ordinære driftsutgifter er knytt til utgifter som løyvingnivået IKT og digitalisering har til drift og vedlikehald av IKT-system og IKT-infrastruktur, lisenskostnader for sentrale IT-system, sambandskostnader, internettlinjer og M2M-abonnement. Dette er utgifter som gjeld heile fylkeskommunen, men som er innanfor sektoren sitt budsjett.

4 Ytterlegare spesifisering av sektorbudsjettet

Strategisk utvikling og planlegging

Utviklingsplanen for Vestland vart vedteken i fylkestinget i september 2020. Utviklingsplanen skal gi fylket ei fellesretning for vidare utvikling av eit berekraftig og nyskapande Vestland. Dette arbeidet må gjerast i samarbeid med kommunar, statlege etatar og andre aktuelle samarbeidspartar.

For 2022 skal midlane gå til oppfølging av Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi), utarbeiding av regionale planar som er fastsett i utviklingsplanen, og å følgje opp tiltak i handlingsprogram knytt til regionale planar seksjonen har ansvar for. I tillegg vert det jobba med å styrke plan- og styringssystemet til fylkeskommunen.

Sektoren skal rettleie og gje fagleg støtte til kommunar og internt i fylkeskommunen innan samfunns- og arealplanlegging. I det står rolla som samfunnsutviklar og det å gje fagleg støtte i planarbeid sentralt. Dette inneber mellom anna å rettleie og gje uttaler til kommunale planar, drift av planforum, arrangere samlingar og webinar. I tillegg har vi etablert ulike nettverk knytt til regional og kommunal planlegging.

Folkehelse

Føremålet med folkehelsearbeidet er å fremje gode levekår og god livskvalitet for innbyggjarane. Dette omfattar lovpålagde oppgåver i folkehelseleva, og statlege og fylkeskommunale satsingar. Innan folkehelsearbeidet går midlane til å følgje opp satsingane i folkehelseplanane, drift av samarbeidsfora og det å arrangere ulike samlingar og nettverk. Det vert utarbeidd eit nytt felles handlingsprogram for folkehelseplanane i 2021 og 2022. Det nye felles handlingsprogrammet vert gjeldande for perioden 2022–2025. Ei viktig oppgåve elles er å støtte opp om folkehelsearbeidet i kommunane gjennom tilskotsmidlar, prosjekt og utvikling av møteplassar.

Innan folkehelse deltek sektoren i ei større programsatsing – «Program for folkehelsearbeid i kommunane, barn og unges psykiske helse og livskvalitet 2017–2027». Denne satsinga er støtta med om lag 54 millionar kroner over statsbudsjettet i perioden. Hovudinnretninga for programmet er samfunnsutvikling for god folkehelse og inneber i denne samanheng befolkningsretta arbeid og merksemd mot påverknadsfaktorar på helse. Utjamning av sosiale forskjellar i barn og unge si helse og livskvalitet er ein sentral ambisjon i satsinga. I tillegg har vi ansvar for forvaltning av tilskot til etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstilbod.

Klima

Fylkeskommunen skal vere initiativtakar og nøkkelaktør i arbeidet med ei klimavenleg og berekraftig samfunnsutvikling. Satsingane omfattar både utsleppsreduksjonar og klimatilpassing. I dette arbeidet tek vi utgangspunkt i gjeldande klimaplanar. Midlane skal styrke den strategiske utviklinga til Vestland på vegen mot eit nullutsleppssamfunn. Ei viktig område er å skape gode arenaer for samhandling mellom aktørar på regional- og kommunalt nivå. Andre satsingar er strategiske tilskotsordningar, det å arrangere konferansar

og arrangement og å etablere nettverk som bidreg til auka kunnskap og breidde innanfor klimaarbeidet.

Ein felles og oppdatert klimaplan er vesentleg for å nå målsettingane i utviklingsplanen. Arbeidet med ein regional klimaplan for Vestland er i gong, og planen vert vedteke hausten 2022. Den interne miljøleiinga og miljøstyringa skal òg styrkast. Fylkeskommunen må fungere som eit førebilete ved institusjonalisering av klimaarbeidet i den fylkeskommunale verksemda.

Det er sett av 1 mill. kr i budsjettet til å følgje opp plaststrategien som vart vedteken av fylkestinget i 2020.

Senter og stadutvikling

Utvikling av byane og tettstadane er ein sentral del av den regionale utviklinga av fylket. Attraktive og klimavennlege tettstader er viktige for sikre identitet, trivsel, bulyst og aktivitet. Satsingar og tiltak i dei regionale senterplanane vert følgd opp gjennom samarbeid, prosjektdeltaking eller leiing. I tillegg bidreg sektoren fagleg i arbeidet med stadutvikling i kommunane, og gir tilskot til prosjekt innan stadutvikling og planlegging.

Det skal utarbeidast ein regional plan for senterstruktur for Vestland, og arbeidet vart starta opp i 2021. Planen skal

mellom anna vere eit strategisk verktøy for å vurdere korleis ein best legg til rette for ein balansert vekst i heile fylket.

Statistikk, kart og analyse

Arbeidet innanfor statistikk, kart og analyse skal stø Vestland fylkeskommune si rolle som ein sterk og aktiv aktør innan regional utvikling. Seksjonen skal vere i front på kommunale og regionale analyser for å stø kommunar, fylkeskommunen og politikarar innan utviklingsoppgåver, og løfte fram viktige samfunnsutfordringar.

Vidare skal ein sørge for offentleg tilgjengeleg kartdata og statistikk til regionalt og kommunalt arbeid med plan- og byggjesaker, og med folkehelse. Dette inkluderer drift og vidareutvikling av eit geografisk informasjonssystem og ein digital statistikkportal.

5 Bindande føresetnader

Det er ikkje sett opp bindande føresetnader for dette sektorbudsjettet.

3.4

Opplæring og kompetanse



Vitensenteret ViteMeir på Kaupanger er samlokalisert med nasjonal linje for transport og logistikk ved Sogndal vgs.
Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.

1 Opplæring og kompetanse – løyvingnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	Brutto driftsutgifter	2 823 645	2 930 932
	Driftsinntekter	-93 761	-96 105
	Netto driftsutgifter	2 729 884	2 834 827
Opplæring i bedrift	Brutto driftsutgifter	603 923	624 217
	Driftsinntekter	-26 176	-26 830
	Netto driftsutgifter	577 747	597 387
Vidaregåande opplæring for vaksne	Brutto driftsutgifter	68 590	68 595
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	68 590	68 595
Fagskule	Brutto driftsutgifter	166 857	177 685
	Driftsinntekter	-145 452	-156 706
	Netto driftsutgifter	21 405	20 979
Andre føremål opplæring	Brutto driftsutgifter	131 980	137 137
	Driftsinntekter	-70 570	-72 334
	Netto driftsutgifter	61 410	64 803
Administrasjon av opplæring og kompetanse	Brutto driftsutgifter	31 036	30 809
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	31 036	30 809
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	3 826 031	3 969 376
	Driftsinntekter	-335 959	-351 976
	Netto driftsutgifter	3 490 072	3 617 400
	Netto driftsutgifter 2022-kr	3 606 400	3 617 400

Endring frå 2021 til 2022

Budsjettramman for sektoren er auka med netto 11,0 mill. kr samanlikna med 2021. Nettoendringane kan oppsummerast slik:

- netto reduksjon med 9,0 mill. kr knytt til administrativt innsparingsprogram. I tillegg er det

gjort omdisponeringar mellom løyvingnivåa for å finansiere meirbehov og satsingar i sektoren

- auke med 10,0 mill. kr som kompensasjon for auke i pensjonspremie i Statens pensjonskasse frå 10,13 til 10,59%
- auke på 10,0 mill. kr knytt til auke i rammetilskotet for tiltak i fullføringsreforma

Tabellen under syner endringar for sektoren samla fordelt på løyvingnivå:

Vidaregåande opplæring i skule inkludert spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring	3 048
Opplæring i bedrift	11 000
Vidaregåande opplæring for vaksne	-2 480
Fagskule	-1 000
Andre føremål opplæring	1 732
Administrasjon av opplæring og kompetanse	-1 300
Sum	11 000

Nærare omtale av endringane på løyvingnivå:

Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring:

Endringar for løyvingnivået:

Auka pensjonspremie	+9,8 mill. kr
Fullføringsreforma	+10,0 mill. kr
Auka klassetal	+7,1 mill. kr
Nettskule	+ 1,0 mill. kr
Redusert tilskot NDLA	-2,6 mill. kr
Heilårseffekt tidlegare vedtak	-2,1 mill. kr
Administrativ effektivisering og vakansar	-3,7 mill. kr
Bortfall skulefrukost	-10,1 mill. kr
Bortfall meningokokkvaksine	-2,1 mill. kr
Reduserte reiser og adm. kostn skular	-4,3 mill. kr
Sum endring	+ 3,0 mill. kr

Opplæring i bedrift: auke i tilskot til lærebedrifter (5,0 mill. kr), auka løyving til fagprøvar som følgje av auke i tal fagprøver og etterslep grunna korona (6,0 mill. kr).

Vidaregåande opplæring for vaksne: vøreffekt av redusert løyving til vidaregåande opplæring for vaksne (-2,7 mill. kr), kompensasjon for auke i pensjonspremie i Statens pensjonskasse frå 10,13 til 10,59% (0,2 mill. kr)

Fagskule: redusert fylkeskommunalt tilskot Fagskulen Vestland (-1,0)

Andre føremål opplæring: auka løyving omorganisering privatisteksamen (2,0 mill. kr), redusert tilskot til Manger folkehøgskule (-0,3 mill. kr).

Administrasjon av opplæring og kompetanse: redusert løyving til avdeling for opplæring og kompetanse som følgje av digitalisering og administrativ effektivisering (-1,3 mill. kr).

Budsjettprofil

Fylkeskommunen har ansvar for å gje vidaregåande opplæring til ungdom og vaksne. Vidaregåande opplæring er vegen til mange ulike former for kompetanse og bindeleddet mellom 10-årig grunnskule og høgare utdanning og yrkesliv. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma skal ruste elevane og lærlingane til å møte arbeidslivet og gje relevant fag- og yrkeskompetanse, Dei studieførebuande utdanningsprogramma skal legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.

Fylkestinget vedtok i desember 2020 temaplanen «Fornye og forbetre – Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021–2025. Planen skal vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanperioden.

Planen skal vere eit styringsdokument som skal implementerast i sektoren og i skulane sine utviklingsplanar. Hovudutval for opplæring og kompetanse skal i sitt arbeid legge temaplanen til grunn i sine prioriteringar for sektoren.

Temaplanen har følgjande mål:

1. Elevar og lærlingar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.
2. Eit godt lag utviklar eleven, lærlingen og skulen.
3. Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskule og er heilskapleg, fram til arbeidsliv eller høgare utdanning.
4. Vidaregåande opplæring i Vestland er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeids- og samfunnsniv.

Hovudutval for opplæring og kompetanse skal i november 2021 handsame tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2021–2025 der tiltak og prosessar er tidfesta og kostnadsrekna. Handlingsprogrammet skal innehalde konkrete tiltak som sikrar eit likeverdig tilbod i alle delar av fylket. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

Grunnlaget for prioriteringane i budsjett 2022 er lovpålagde oppgåver (kjerneverksemda) og målsettinga om auka gjennomføring i vidaregåande opplæring – læring og utvikling for den enkelte elev og lærling.

2 Omtale av løyvingnivåa

Løyvingsnivå : Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	Brutto driftsutgifter	2 823 645	2 930 932
	Driftsinntekter	-93 761	-96 105
	Netto driftsutgifter	2 729 884	2 834 827
	Netto driftsutgifter 2022-kr	2 831 779	2 834 827

	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Vidaregåande skular	1 987 265	2 082 434
Spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring	413 939	431 052
Landsliner	11 645	12 083
Kantiner og internat	1 748	1 813
Gardsdrift	7 872	8 168
Rettleiingstenester	107 929	111 987
Produksjonsskule	12 965	12 965
Fellesutgifter og administrasjon	186 521	174 324
	2 729 884	2 834 827

Vidaregåande skular

Løyvinga omfattar midlar til pedagogisk leing, pedagogiske fellesutgifter, drift av utdanningsprogramma, gratis læremiddel og eleveksamen. For 2021 er budsjettmodellane i tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane vidareført. Budsjettmodellane er ulike, men begge er basert på tildeling etter klassar. Frå 2022 skal ny budsjettfordelingsmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune takast i bruk. Budsjetta for dei vidaregåande skulane vert utarbeidd på grunnlag av vedteke opplæringstilbod. Det er lagt til grunn at skular som ikkje får skulepsykologtenester frå rettleiingstenestene skal vidareføre ordninga med miljøkoordinator og at desse ordningane skal vidareførast innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Ved inngangen til 2022 har Vestland fylkeskommune 44 vidaregåande skular. Frå hausten 2022 vert tal skular redusert til 43, som følgje av samanslåing av Bømlo og Rubbestadnes vidaregåande skular.

Skuleåret 2021–2022 vart det teke inn 19 164 elevar (med og utan ungdomsrett).

Frå hausten 2021 er det oppretta 982 ordinære klassar. Den økonomiske ramma for opplæringstilbodet for skuleåret 2021–2022 er auka tilsvarende om lag 4,75 klassar som følgje av endringar samanlikna med igangsett tilbod skuleåret 2020–2021.

Det er lagt til grunn for salderinga av budsjett 2022 at den økonomiske ramma for opplæringstilbodet skuleåret 2022–2023 vert vidareført på same nivå som skuleåret 2021–2022.


Den økonomiske heilårsverknaden av auken i klassetal er rekna til om lag 7,1 mill. kr. Saka om opplæringstilbodet vert lagt fram for hovudutval for opplæring og kompetanse i november 2021, og justert etter søknadsfristen i mars 2022. I samsvar med vedtak i sak 36/21 til hovudutval for opplæring og kompetanse har fylkesdirektøren fullmakt til å justere

tal klassar ved den ein skule på grunnlag av søkjartala fram mot endeleg inntak dersom det er nødvendig. Føresetnaden er at dette ikkje fører til oppretting eller nedlegging av utdanningsprogram eller programområde. Arbeidslivet sitt behov og tilgjengelege læreplassar skal som vanleg vere styrande for eventuelle justeringar.

Vestland fylkeskommune gir opplæring i alle utdanningsprogram. Figuren under syner fordeling av elevane (vg1-vg3) på utdanningsprogramma skuleåret 2021–2022:

Skuleåret 2021–2022 byrja om lag 58% av elevane på vg1 på eit yrkesfagleg utdanningsprogram.

Elevar (vg1-vg3) fordelt på utdanningsprogram



Forkortingar

ID	Idrettsfag	BA	Bygg- og anleggsteknikk	NA	Naturbruk
KD	Kunst, design og arkitektur	EL	Elektro og datateknologi	RM	Restaurant- og matfag
ME	Medier og kommunikasjon	FD	Frisør, blomsterdekoratør, interiør og eksponeringsdesign	SR	Sal, service og reiseliv
MD	Musikk, dans og drama	HS	Helse- og oppvekstfag	TP	Teknologi- og industrifag
ST	Studiespesialisering	PB	Påbygging		
DH	Design og håndverk	DT	Håndverk, design og produktutv.		
		IM	Informasjonsteknologi og medieproduksjon		

Dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune tilbyr opplæring i følgjande utdanningsprogram:

Skule	Utdanningsprogram																
	ST	ID	KD	ME	MD	PB	DH	BA	EL	FD	HS	DT	IM	NA	RM	SR	TP
Amalie Skram videregående skule	x			x		x							x			x	
Arna vidaregåande skule	x			x			x				x						
Askøy vidaregåande skule	x					x		x	x		x						x
Austevoll vidaregåande skule											x			x			x
Austrheim vidaregåande skule	x					x		x			x						x
Bergen Katedralskole	x																
Bømlo vidaregåande skule	x					x					x						
Dale vidaregåande skule	x					x		x			x						x
Eid vidaregåande skule	x					x			x	x			x				x
Firda vidaregåande skule	x	x			x												
Fitjar vidaregåande skule						x				x					x		
Flora vidaregåande skule	x	x				x		x	x		x					x	x
Fusa vidaregåande skule	x					x					x			x	x		x
Fyllingsdalen videregående skule	x					x		x			x						
Hafstad vidaregåande skule	x					x											
Høyanger vidaregåande skule	x								x		x						x
Knarvik vidaregåande skule	x					x		x	x		x					x	x
Kvam vidaregåande skule	x								x		x						x
Kvinnherad vidaregåande skule	x					x		x	x		x						x
Laksevåg og Bergen Maritime vidaregåande skule						x		x	x								x
Langhaugen vidaregåande skule	x																
Mo og Øyrane vidaregåande skule						x		x	x		x			x	x		x

Skule	Utdanningsprogram														TP		
	ST	ID	KD	ME	MD	PB	DH	BA	EL	FD	HS	DT	IM	NA		RM	SR
Måløy vidaregåande skule	x					x		x			x		x	x	x		x
Nordahl Grieg vidaregåande skule	x			x		x		x			x					x	
Odda vidaregåande skule	x	x						x			x						x
Olsvikåsen vidaregåande skule	x					x					x				x		
Os gymnas	x																
Os vidaregåande skule						x		x		x						x	x
Osterøy vidaregåande skule	x									x							x
Rubbestadnes vidaregåande skule																	
Sandsli vidaregåande skule	x					x									x		
Slåtthaug vidaregåande skule						x		x		x							x
Sogndal vidaregåande skule	x	x		x				x		x					x	x	x
Sotra vidaregåande skule	x	x				x		x		x					x	x	x
Stend vidaregåande skule		x				x		x							x		x
Stord vidaregåande skule	x	x		x		x		x								x	x
Stryn Vidaregåande skule	x							x		x							x
Terthnes vidaregåande skule	x																
Voss gymnas	x	x			x	x				x							x
Voss vidaregåande skule								x							x		
Årdal vidaregåande skule	x					x											x
Årstad vidaregåande skule	x					x				x							x
Åsane vidaregåande skule		x				x		x			x						x

ST Studiespesialisering
ID Idrettsfag
KD Kunst, design og arkitektur
ME Medier og kommunikasjon
MD Musikk, dans og drama
PB Påbygging
DH Design og håndverk
BA Bygg- og anleggsteknikk
EL Elektro og datateknologi
FD Frisør, blomsterdekorator, interierør og eksponeringsdesign
HS Helse- og oppvekstfag
MD Håndverk, design og produktiv.
DT Informasjonsteknologi og medieproduksjon
IM Naturbruk
NA Restaurant- og matfag
RM Sal, service og reisellv
SR Teknologi- og industrifag
TP

Tabellen under syner tal ordinære klassar skuleåret 2021–2022, tal elevar pr. 01.10.2021 og indikativt nivå på økonomisk ramme basert på klassetalet skuleåret 2021–2022 for dei vidaregåande skulane, inkludert søkbare tilbod tilpassa opplæring. Summen er henta frå budsjettet for vidaregåande skular og særskilt tilrettelagt opplæring. Desse budsjett-postane inneheld i tillegg midlar til m.a. toppidrett/spissa

idrettstilbod, særskilte tiltak tilpassa opplæring, særskilt språkopplæring, kombinasjonsklassar og eksterne kjøp tilpassa opplæring, som ikkje er medrekna. Skulane vil først få tildelt budsjett for 2022 etter ny budsjettfordelingsmodell når fylkestinget har vedteke budsjett og økonomiplan.

Tal i tusen kr

Skule	Tal klassar	Tal elevar pr 01.10.21	Budsjett 2022
Amalie Skram videregående skole	40	1015	91 000
Arna vidaregåande skule	13	229	30 000
Askøy vidaregåande skole	25	513	60 000
Austevoll vidaregåande skule	13	185	30 000
Austrheim vidaregåande skule	11	165	26 000
Bergen Katedralskole	25	761	63 000
Bømlo vidaregåande skule	9	164	25 000
Dale vidaregåande skule	11	198	26 000
Eid vidaregåande skule	21	373	46 000
Firda vidaregåande skule	13	326	44 000
Fitjar vidaregåande skule	10	180	26 000
Flora vidaregåande skule	26	449	60 000
Fusa vidaregåande skule	15	309	45 000
Fyllingsdalen vidaregåande skole	22	557	61 000
Hafstad vidaregåande skule	17	478	44 000
Høyanger vidaregåande skule	8	114	20 000
Knarvik vidaregåande skule	40	857	112 000
Kvam vidaregåande skule	13	211	29 000
Kvinnherad vidaregåande skule	20	358	44 000
Laksevåg og Bergen Maritime vidaregåande skole	28	413	54 000
Langhaugen vidaregåande skole	21	610	60 000
Mo og Øyrane vidaregåande skule	36	449	78 000
Måløy vidaregåande skule	23	321	51 000
Nordahl Grieg vidaregåande skole	36	913	98 000
Odda vidaregåande skule	16	203	36 000
Olsvikåsen vidaregåande skole	23	546	60 000
Os gymnas	6	168	16 000

Skule	Tal klassar	Tal elevar pr 01.10.21	Budsjett 2022
Os vidaregåande skule	28	438	51 000
Osterøy vidaregåande skule	10	172	28 000
Rubbestadnes vidaregåande skule	11	156	22 000
Sandsli vidaregåande skule	24	565	58 000
Slåtthaug vidaregåande skule	33	499	58 000
Sogndal vidaregåande skule	41	709	89 000
Sotra vidaregåande skule	41	737	97 000
Stend vidaregåande skule	24	543	94 000
Stord vidaregåande skule	39	740	99 000
Stryn vidaregåande skule	12	227	29 000
Tertnes vidaregåande skule	18	512	44 000
Voss gymnas	28	529	71 000
Voss vidaregåande skule	25	364	61 000
Årdal vidaregåande skule	10	159	25 000
Årstad vidaregåande skule	55	852	119 000
Åsane vidaregåande skule	48	897	110 000
ikkje fordelt innsparing knytt til generelt nedtrekk og redusert rådgjevarressurs			-4 800
Sum	982	19 164	2 385 200

Endring frå 2021 til 2022:

- Budsjettramma for opplæringstilbodet er auka med om lag 7,1 mill. kr tilsvarande om lag 4,75 klassar frå hausten 2021
- Det er i budsjettet for 2022 innarbeidd 1,0 mill. kr til finansiering av prosjektorganisasjon for utvikling av framtidig nettopplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune. Dei økonomiske konsekvensane av nettskulen frå 2023 må avklarast som ein del av prosjektarbeidet med å utvikle nettskulen.
- Utfasing av ekstra tilskot til digitale læremiddel NDLA i perioden 2020–2022, som følgje av fagforyninga, legg grunnlag for å omdisponere innanfor den økonomiske ramma tilsvarande 2,6 mill. kr i 2022.
- Reduksjon i tilskot til toppidrett/spissa idrettstilbod med 0,6 mill. kr i 2022. Tiltaket er heilårsverknad av salderingstiltak iverksett frå hausten 2021.
- Det er i budsjettet for 2022 innarbeidd reduksjon av rådgjevarressurs (ut over avtalefesta nivå) med 0,5 mill. kr i 2022, og er heilårsverknad av salderingstiltak iverksett frå hausten 2021.
- Løyvinga til omstillingstiltak pedagogisk personale er redusert med 1,0 mill. kr årleg frå 2022
- Det er lagt til grunn i budsjettet at tilbodet om gratis skulefrukost for elevane vert teke bort frå 2022, dette gir ei innsparing på 10,1 mill. kr årleg.
- I budsjettet for 2022 er det foreslått løyvinga til vaksine for elevar vert teke bort og at kommunane ikkje får fylkeskommunalt tilskot til vaksinerings av elevar, årleg innsparing 2,1 mill. kr.
- Den økonomiske ramma for dei vidaregåande skulane er redusert med eit generelt nedtrekk på 4,3 mill. kr for å møte salderingsutfordringa i sektoren.
- Kompensasjon for auke i pensjonspremie i Statens pensjonskasse frå 10,13 til 10,59% (9,8 mill. kr)
- Tiltak i fullføringsreforma (10,0 mill. kr) knytt til:
 - meir fleksible og betre tilpassa opplæringsløp og å styrke opplæringa for elevar som stryk eller står i fare for å ikkje bestå fag
 - tiltak for den psykiske helsa til barn og unge

Spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring

Løyvinga omfattar midlar til tilpassa opplæring, spesialundervisning og ekstra språkopplæring for elevar i eigne vidaregåande skular og private skular, kjøp av spesialundervisning utanfor eigne institusjonar, innføringsgrupper for minoritetsspråklege og kombinasjonsklassar (grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom).

Skuleåret 2021–2022 er det i gang 4 innføringsgrupper og 10 kombinasjonsklassar for minoritetsspråklege elevar.

Landslinjer

Løyvinga omfattar fylkeskommunalt og statleg tilskot til landslinjetilboda:

Skule	Tilbod
Os vidaregåande skule	Yrkessjåfør Anleggsmaskinførar
Odda vidaregåande skule	Smed
Stryn vidaregåande skule	Skiskyting
Sogndal vidaregåande skule	Yrkessjåfør Anleggsmaskinførar
Sogn jord- og hagebruksskule	Økologisk landbruk

Internat

Fylkeskommunen driv internat ved Mo og Øyrane og Voss vidaregåande skular og Sogn jord- og hagebruksskule. Løyvinga omfattar fylkeskommunalt tilskot til internatdrifta.

Gardsdrift

Løyvinga omfattar gardsdrift ved Mo og Øyrane, Voss og Stend vidaregåande skular.

Rettleiingstenester

Rettleiingstenesta skal gi elevar, lærlingar, lære kandidat, ungdom og vaksne tilgang til aktuelle fagtenester i sine læringsmiljø. Tenesta omfattar pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), oppfølgingstenesta (OT), oppfølging av lærlingar, lære kandidat og lærebedrifter og rettleiing i vidaregåande opplæring for vaksne.

Rettleiingstenesta skal samarbeide med skular, arbeidsliv, offentlege instansar, opplæringskontor og lærebedrifter.

Det er løyvd 6,5 mill. kr til skulepsykologar. Skulepsykologane skal vere eit lågterskeltilbod til elevane og gje behandling. Det er lagt til grunn at skular som ikkje får skulepsykologtenester frå rettleiingstenestene skal vidareføre ordninga med miljøkoordinator og at desse ordningane skal vidareførast innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Produksjonsskule

Produksjonsskulen gjev alternative tilbod til ungdom med rett som ikkje er i eit opplæringsløp.

Fellesutgifter og administrasjon

Løyvinga omfattar midlar til omstilling, system- og informasjonskostnader, rekruttering og kompetanseutvikling, fellesutgifter, gjesteelevoppgjer og drift av sentraladministrative funksjonar.

Endring frå 2021 til 2022:

Pandemien har bidrege til digitalisering, utvikling av nye arbeidsmåtar og redusert reiseverksemd. Det er som følge av dette lagt til grunn ei varig innsparing på avdeling for opplæring og kompetanse.

Løyvingsnivå: Opplæring i bedrift

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Opplæring i bedrift	Brutto driftsutgifter	603 923	624 217
	Driftsinntekter	-26 176	-26 830
	Netto driftsutgifter	577 747	597 387
	Netto driftsutgifter 2022-kr	586 387	597 387

Opplæring i bedrift

Løyvinga omfattar midlar til tilskot til lærebedrifter, vg3 i skule som alternativ til opplæring i bedrift, instruktøropplæring, restteori for lærlingar og lærekandidatar, stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa og tilpassa opplæring i bedrift.

For 2022 er det for Vestland fylkeskommune stipulert om lag 6 800 løpande og om lag 3 800 nye lærekontraktar.

Endring frå 2021 til 2022:

Budsjettet er auka med 5 mill. kr samanlikna med budsjettet for 2021. Budsjett 2022 er basert på prognosen for 2021 ved andre kvartal, justert for verknaden av mellombels auka satsar på lærlingtilskot våren 2021 og med føresetnad om

statleg finansiering av tilskot til lærebedrifter for lærlingar med fleire fagbrev.

Fagprøvar

Løyvinga omfattar midlar til opplæring av prøvenemnder, fag- og sveineprøvar og kompetanseprøvar. Vestland fylkeskommune hadde i 2020 om lag 3 600 fagprøvar. Årsprognosen for 2021 pr 3. kvartal er om lag 4 300 fagprøvar.

Endring frå 2021 til 2022:

Løyvinga er auka med 6 mill. kr samanlikna med budsjett 2021. Budsjett 2022 er basert på prognosen for 2021 ved andre kvartal, justert for forventning om at deler av etterslep på fagprøvar som følgje av Koronapandemien vert teke att i løpet av 2021.

Løyvingsnivå Vidaregåande opplæring for vaksne

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Vidaregåande opplæring for vaksne	Brutto driftsutgifter	68 590	68 595
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	68 590	68 595
	Netto driftsutgifter 2022-kr	71 076	68 595

Løyvinga omfattar midlar til vidaregåande opplæring for vaksne.

Opplæringslova gjev vaksne rett til vidaregåande opplæring frå det året dei fyller 25 år dersom dei ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare. Vidaregåande opplæring for vaksne kan føre fram til fagbrev, yrkes- eller studiekompetanse. Det er ei målsetting å oppfylle rett til opplæring og bidra til å møte behovet for arbeidskraft og kompetanse i regionen. Opplæringa er lagt til vidaregåande skular.

Omfanget av fagtilbod og tal klassar/deltakarar varierer mellom skulane, frå ei klasse til fleire hundre deltakarar. Skuleåret 2020–2021 deltok til saman om lag 1 460 vaksne i opplæringstilbod tilrettelagt for vaksne. Rettleiingstenesta

har ansvar for rettleiing om vidaregåande opplæring for vaksne.

Endring frå 2021 til 2022:

Som ein del av budsjett 2021 vart det vedteke å redusere tilskotet til vidaregåande opplæring for vaksne med 2,3 mill. kr frå 2021. Reduksjonen vart effektuert ved redusert tal klassar frå hausten 2021. Heilårseffekten av tiltaket frå 2022 er 5 mill. kr, altså ein reduksjon på 2,7 mill. kr samanlikna med løyvinga i 2021.

Budsjettet er auka med 0,2 mill. kr i kompensasjon for auke i pensjonspremie i Statens pensjonskasse frå 10,13 til 10,59%

Løyvingsnivå: Fagskule

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Fagskule	Brutto driftsutgifter	166 857	177 685
	Driftsinntekter	-145 452	-156 706
	Netto driftsutgifter	21 405	20 979
	Netto driftsutgifter 2022-kr	21 978	20 979

Løyvingsnivået omfattar fylkeskommunalt tilskot til eigen fagskule. I tillegg kjem statleg tilskot til eigen og eksterne fagskular.

Fagskuleutdanning er høgare yrkesfagleg utdanning på nivået over vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse og som har eit omfang tilsvarende minimum eit halvt studieår og maksimum to studieår. Fagskuleutdanning skal sikre naudsynt kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt. Frå 01.01.2022 er Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane slått saman til ei eining; Fagskulen Vestland. Skulen gjev tilbod til om lag studentar (om lag 1 300 heilårsekvivalentar).

Vestland fylkeskommune er eigar av den fylkeskommunale fagskulen, medan styret for Fagskulen Vestland er øvste styringsorgan. Fagskulestyret har fullmakt og mynde innanfor den årlege økonomiske ramma.

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgere utdanning (Diku) fordeler driftstilskot til fylkeskommunane. I framlegget til statsbudsjett er samla budsjetttramme til fagskuleutdanning i Vestland – grunntilskot, resultatbasert tilskot, vidareføring og opptrapping av tilskot til nye studieplassar frå hausten 2020 – 156,7 mill. kr.

Den statlege tilskotsramma skal fordelast til eigen og eksterne fagskular. Det resultatbaserte tilskotet for 2022 er justert etter tal produserte studiepoeng i 2020.

I tillegg til statstilskotet gjev fylkeskommunen tilskot til drift av eigen fagskule.

Tilskot til eigen fagskule

Det er i 2022 sett av slik løyving til Fagskulen Vestland: 131,3 mill. kr i statleg tilskot og 21,0 mill. kr i fylkeskommunalt driftstilskot, til saman 152,2 mill. kr.

Endring frå 2021 til 2022:

I budsjettet for 2022 er det innarbeidd ein reduksjon i det fylkeskommunale driftstilskotet til Fagskulen Vestland på 1,0 mill. kr samanlikna med løyvinga i 2021.

Tilskot til eksterne fagskular

I framlegget til statsbudsjett er 6,8 mill. kr av tilskotet til Vestland fylkeskommune øyremerka Kunstskolen i Bergen.

Fylkesdirektøren vil fordele det statlege tilskotet til eksterne fagskular når grunnlaget for dette er klart.

Løyvingsnivå: Andre føremål opplæring

Løyvinga omfattar midlar til opplæring i sosiale og medisinske institusjonar, grunnskuleopplæring for barn og ungdom som bur i institusjon, privatisteksamen, fylkeskommunalt

driftstilskot til Manger folkehøgskule, Elevorganisasjonen og «PitStop».

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Andre føremål opplæring	Brutto driftsutgifter	131 980	137 137
	Driftsinntekter	-70 570	-72 334
	Netto driftsutgifter	61 410	64 803
	Netto driftsutgifter 2022-kr	63 071	64 803

	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Opplæring i sosiale og medisinske institusjonar	42 700	43 824
Privatisteksamen	-11 700	-9 955
Opplæring i kriminalomsorga	-	0
Manger folkehøgskule	1 074	827
Andre løyvingar	29 336	30 108
	61 410	64 803

Opplæring for elevar i sosiale- og medisinske institusjonar

Løyvinga omfattar driftsmidlar til opplæring for elevar i sosiale- og medisinske institusjonar.

Privatisteksamen

Løyvinga omfattar midlar til gjennomføring av privatisteksamen.

Opplæring i kriminalomsorga

Vestland fylkeskommune har ansvar for opplæring i kriminalomsorga. Sogndal og Åsane vidaregåande skular har ansvar for opplæring i kriminalomsorga. Tilboda er statleg finansierte.

Manger folkehøgskule

Vestland fylkeskommune eig og driv Manger folkehøgskule. Skulen har om lag 60 elevplassar og fem ulike musikktilbod.

I samsvar med vedtak i FT-sak 149/20 Eigarskap til Manger folkehøgskule er det lagt til grunn at tilskotet til Manger folkehøgskule vert fasa ut over ein periode på 4 år, frå 2021. Skuledrifta er i hovudsak finansierte med statleg tilskot og elevbetaling.

Det er i 2022 budsjettert med eit fylkeskommunalt driftstilskot på 0,827 mill. kr, ein reduksjon på 0,25 mill. kr samanlikna med budsjett 2021.

Andre løyvingar

Løyvinga omfattar budsjett for grunnskuleopplæring til barn og ungdom som bur i institusjon, jf. oppl. lova §13-2 og diverse tilskot m.a. til elevorganisasjonen, og PitStop.

Løyvingsnivå: Administrasjon av opplæring og kompetanse

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Administrasjon av opplæring og kompetanse	Brutto driftsutgifter	31 036	30 809
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	31 036	30 809
	Netto driftsutgifter 2022-kr	32 109	30 809

Løyvinga omfattar drift av leiings- og stabsfunksjonar i avdeling for opplæring og kompetanse.

Endring frå 2021 til 2022:

Pandemien har bidrege til digitalisering, utvikling av nye

arbeidsmåtar og redusert reiseverksemd. Det er som følgje av dette lagt til grunn ei varig innsparing på avdeling for opplæring og kompetanse. Tiltaket er innarbeidd på løyvingsnivå administrasjon av opplæring og kompetanse med 1,3 mill. kr.

Klimavurdering sektorbudsjett 2022

Opplæringssektoren sitt klimaavtrykk kjem i hovudsak frå bygg og infrastruktur (30%) og forbruksmateriell og utstyr (30%). Sterkare klima- og miljøkrav kan redusere klimafotavtrykket frå desse to punkta. Auka bruk av miljømerka produkt og sirkulær økonomi kan få ned utslepp frå forbruksmateriell.

Transport med eigne køyretøy står for 7 % av klimafotavtrykket. Dette gjeld både persontransport, båt, tyngre køyretøy og anleggsmaskiner. Samla dieselforbruk for dei vidaregåande skulane utgjorde i 2020 84 % av Vestland fylkeskommune sitt totale dieselbruk, og tilsvarar 868 tonn CO₂-ekvivalentar. 76 % av den totale køyretøyparken til Vestland fylkeskommune tilhøyrer vidaregåande opplæring. Det vil seie at av den totale køyretøyparken på 548 køyretøy, er 419 av dei knytt til bruk i dei vidaregåande skulane. 308 av dei 419 køyretøya nyttar fossilt drivstoff og omfattar både persontransport, båt, tyngre køyretøy og anleggsmaskiner.

Auka bruk av nullutsleppsteknologi kan redusere desse klimagassutsleppa og bidra til nullutslepps målet i Vestland. Overgang til nullutsleppsteknologi vil krevje investeringar i nytt materiell.

Det er lagt til grunn i budsjettet at auka bruk av digitale møteplassar og andre former for digitale verktøy fører til redusert reiseverksemd både for skulane, rettleiingstenestene og for tilsette i avdeling for opplæring og kompetanse.

Skuleruta og skuleskyss er samordna med kommunane i fylket, noko som bidreg positivt i arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå kollektivtransport.

Miljøfyrtårnsertifisering er ei forplikting til å jobbe systematisk med å redusere klimagassutslepp og negativ påverknad på det ytre miljøet. Vestland fylkeskommune jobbar med å miljøsertifisere alle einingar, og til no er 20 av dei vidaregåande skulane Miljøfyrtårn. Skulane jobbar i samband med dette med tiltak innan fleire område som transport, innkjøp, elevmedverknad, mat og avfall.

Innan transport gjeld tiltaka i stor grad å fase ut fossile køyretøy der det er mogleg og leggje til rette for sykkel som transportmiddel til og frå skulen. I tillegg jobbar skulane mellom anna med å legge til rette for god kjeldesortering, reduksjon av matsvinn og meir berekraftig mattilbod, utfasing av eingongsartiklar i plast og trygg kjemikaliehandtering.

Berekraftig utvikling er vidare løfta fram som eit av tre tverrfaglege tema som er styrka i dei nye læreplanane og er eit prioritert tema i læreplanverket, overordna del. Opplæringa i dette temaet skal i tråd med formålsparagrafen bidra til at elevane lærer å tenke kritisk og handle etisk og miljøbevisst.

Energibruken står for 12 % av klimafotavtrykket.

For nærare vurdering av klimaeffektar knytt til bygg og energibruk viser vi til omtale under Eigedom.

3 Kostnadsgrupper 2022

Finansutvalet har gjort prosessvedtak om reduksjonar i budsjettet for administrative kostnader med 40 mill. kr i 2022 samanlikna med budsjettet for 2021, fordelt med 25 mill. kr i reisekostnader og 15 mill. kr i administrative effektiviseringar. For Opplæring og kompetanse utgjør budsjettreduksjonen 9,3 mill. kr.

Tabellen nedanfor viser reduksjonen på 9,3 mill. kr for Opplæring og kompetanse fordelt mellom reiser og administrativ effektivisering.

Tal i 1000 kr

Reiser	Adm.	Tot
-8 179	-1 121	-9 300

I denne delen er sektorbudsjettet fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar vil vere ein viktig del av fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane for sektor og løyvingsnivå er faste som vert endeleg vedtekne, medan summar for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa si.

Tabell opplæring og kompetanse:

	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Reise og kurs	24 014	15 835
Konsulenttenester	1 535	1 585
Administrasjonsutgifter	27 206	29 757
Ordinære driftsutgifter	926 860	959 788
Lønsutgifter og -refusjonar	2 846 416	2 962 411
Ordinære inntekter	-335 959	-351 976
	3 490 072	3 617 400

Kort omtale av dei ulike artsgruppene

Fordelinga på artsnivå er berekna ut frå netto rekneskap og budsjett i 2021 og justert for kjende endringar i føresetnader.

Reise og kurs: Artane omfattar kostnader relatert til fylkeskommunalt finansierte reiser og kurs. Eksternt finansierte reiser og kurs er ikkje tekne med. Reise og kurs omfattar også reiser og kurs for prøvenemnder.

Konsulenttenester: Utgifter knytt til det nasjonale inntakssystemet Vigo (inkl IST) er ikkje rekna inn i arten konsulenttenester.

Ordinære driftsutgifter: Arten omfattar m.a. tilskot til lærebedrifter og kjøp av opplæringstenester frå andre. Det fylkeskommunale tilskotet til fagskulane og til Manger folkehøgskule er rekna som tilskot og inngår også i arten ordinære driftsutgifter.

Lønsutgifter- og refusjonar: Artane omfattar lønsutgifter til egne tilsette. I tillegg kjem honorar m.a. til prøvenemnder.

Ordinære inntekter: Arten omfattar m.a. statleg tilskot til fagskuleutdanning og sal av opplæringstenester.

4 Bindande føresetnader

På løvingsnivå: Fagskule

Det vert gitt følgjande tilskot i 2022:

- Kunstfagskulen i Bergen: 6,790 mill. kr
- Fagskulen 152,2 mill. kr

På løvingsnivå: Andre føremål opplæring

Det vert gitt følgjande tilskot i 2022:

- «Pit-stop» 0,6 mill. kr
- Manger folkehøgskule på 0,827 mill. kr

3.5

Mobilitet og kollektiv



Den elektriske ferja Kommandøren som går mellom Halhjem og Våge. Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.

1 Mobilitet og kollektiv – løyvingnivå

Tabell med brutto driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Tal i 1000 kr

Løyvingnivå		Budsjett 2021 (Rev.bud)	Budsjett 2022
Løyvingnivå Buss	Brutto driftsutgifter	2 313 305	2 285 119
	Driftsinntekter	-1 173 700	-1 202 563
	Netto driftsutgifter	1 139 605	1 082 556
Løyvingnivå Bane	Brutto driftsutgifter	217 610	235 722
	Driftsinntekter	-166 800	-171 000
	Netto driftsutgifter	50 810	64 722
Løyvingnivå Ferje	Brutto driftsutgifter	1 066 669	1 120 264
	Driftsinntekter	-275 800	-182 240
	Netto driftsutgifter	790 869	938 024
Løyvingnivå Båt	Brutto driftsutgifter	341 562	373 430
	Driftsinntekter	-91 860	-93 405
	Netto driftsutgifter	249 702	280 025
Løyvingnivå Fellestenester	Brutto driftsutgifter	323 393	315 906
	Driftsinntekter	-107 161	-102 120
	Netto driftsutgifter	216 232	213 786
Løyvingnivå Administrasjon	Brutto driftsutgifter	108 004	110 987
	Driftsinntekter	-1 350	0
	Netto driftsutgifter	106 654	110 987
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	4 370 543	4 441 428
	Driftsinntekter	-1 816 671	-1 751 328
	Netto driftsutgifter	2 553 872	2 690 100
	Netto driftsutgifter i 2022 - kr	2 632 672	2 690 100

Endring frå 2021 til 2022

Det er ei auke i kontraktsutgiftene på buss, bane, båt og ferje. I tala er det tatt høgde for ei auke i vedlikehaldsutgifter på bane; samt oppstart og drift av linje 2 til Fyllingsdalen frå og med desember 2022. For linje 2 til Fyllingsdalen er dette ein budsjettføresetnad. Dato for oppstart og drift er ikkje bestemt enno. Nedtrekk av den totale budsjetttramma for 2022 på 60 mill. kr er dessutan innarbeidd i løyveområde buss.

Utgiftene til løyveområde fellestenester er redusert. Arbeidskøyring er teke ut av budsjettet for 2022. Desse

utgiftene skal overførast til kommunane. TT-transport er auka med 4 mill. kr på grunn av auka utgifter etter samanslåinga av fylka.

Løyve administrasjon er vidareført på same nivå i 2022 som i 2021. Budsjett for reiseverksemd, kurs og konsulenttenester er redusert frå 2021 til 2022.

Det er budsjettert med prisvekst på 2,5% for billettinntekter på buss, bane, båt og ferje. Endeleg prisnivå for ferje vil vere

lik som for riksveg (Statens Vegvesen). Passasjervekst for buss, bane og båt er uendra i 2022 som for 2021. Takst på ferje vart sett ned med 25% frå 01. juli 2021

I tilleggsproposisjonen frå den nye regjeringa vart det lagt inn ein ytterlegare reduksjon på 5 %; som gjev ein samla reduksjon på 30 %.

Ny takst- og sonestruktur for buss i tidlegare Sogn og Fjordane vert lagt fram til politisk handsaming i 4. kvartal 2021. Årleg reduksjon i billettinntekter er rekna til 10 mill. kr. Budsjet 2022 inneheld førebels ikkje finansiering for tiltaket. Anten må budsjetttramma aukast for å innarbeida tiltaket, eller så må det gjerast ei ytterlegare saldering eller omprioritering.

Tal i 1000 kr

Namn	Moment	Endring frå 2021 til 2022
Buss	Reduksjon ramme 2022	-60 000
Buss	Reduserte kontraktsutgifter totalt, men meir ruteproduksjon i Bergen (heilårsverknad) og utgifter til lovpålagt skuleskyss.	-35 112
Bane	Auka kontrakts- og vedlikehaldsutgifter, samt ruteproduksjon ny linje 2.	11 468
Ferje	Auka kontraktsutgifter og auke i utbetalingsplan til operatørar. Korrigert for reduserte takstar	124 299
Båt	Auka kontraktsutgifter og auke i utbetalingsplan til operatørar.	23 082
Fellestenester	Auke TT- transport. Innbakt rammetrekk på 3 mill. kr som del av administrativt innsparingsprogram.	-6 770
Administrasjon		461
Total endring		57 428

Innarbeidde salderingstiltak

Berekna auke i kontraktsutgifter (indeksar) til operatørar, utgifter til bonusar og skuleskyss gjev samla reduksjon på 55 mill. kr.

Det er lagt inn ei inndekking av Korona-effektar i budsjettet på 36,7 mill. kr.

Vidare er det teke ut 33,5 mill. kr. Dette er salderingstiltak som gjeld høvesvis TT-reiser, 10 mill. kr, fleire reduserande tiltak, 20 mill. kr og reduksjon i nye stillingar, 3,5 mill. kr.

mill. kr

Løyvingsnivå	Buss	
	Auka risiko kontraktskostnad og mål om meir effektiv drift av skuleskyss	- 40,0
	Effektar knytt til pandemien som vert dekkja	- 36,7
	Sum	- 76,7
Løyvingsnivå	Ferje	
	Auka risiko kontraktskostnad	- 15,0
	Sum	- 15,0
Løyvingsnivå	Fellestenester	
	Avslutte ordninga med arbeidsreiser for TT-brukarar	- 10,0
	Redusering av tiltak (omprofilering av transportmidlar til felles merkevarer), effektivisering av driftsavtalar teknologi, o.a.	- 20,0
	Sum	- 30,0
Løyvingsnivå	Administrasjon	
	Reduksjon i nye stillingar som var planlagde	- 3,5
	Sum	- 3,5
	Sum salderingstiltak	- 125,2

Meirbehov ikkje innarbeidd i budsjett 2022

mill. kr

Løyvingsnivå 1	Buss	
Tiltak		
Ny takst- og sonestruktur for buss i tidlegare Sogn og Fjordane (Politisk handsaming i oktober/november)		10,0

Eit vedtak som gjer at dette meirbehovet vert innarbeidd i budsjettet for 2022, vil måtte løyast anten ved styrkinga av sektoren sitt budsjett eller ei omprioritering innanfor eiga ramme.

2 Omtale av dei ulike løyvingsnivåa

Løyvingsnivå buss

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Løyvingsnivå Buss	Brutto driftsutgifter	2 313 305	2 285 119
	Driftsinntekter	-1 173 700	-1 202 563
	Netto driftsutgifter	1 139 605	1 082 556
	Netto driftsutgifter i 2022 kr	1 177 668	1 082 556

Løyvingsnivå buss inneheld største delen av sektoren sine driftsutgifter, over 50% av totalen for mobilitet og kollektiv. Kontraktutgiftene til buss inneheld prisvekst knytt til løn, drivstoff (diesel, biodiesel, naturgass og elektrisitet), kapitalrente, vedlikehald og administrasjon. Det som og påverkar utgiftene i 2022 er auken i ruteproduksjon i Bergen, vognutgifter nye bussar, veibruksavgift på all biodiesel og CO₂. Løyvingsnivået inneheld dessutan nedtrekk av ramma på 60 mill. kr. Bruk av biodiesel i busskontraktane i Vestland vart handsama i Fylkesutvalet, PS 202/2021. Fylkesdirektør fekk fullmakt til å forhandle ut kravet om biodiesel i busskontraktane. Dersom kravet ved forhandling fell bort, kan dette frigjere midlar i budsjettet.

I samanheng med at ny E39 mellom Svevatjørn og Rådal vert opna hausten 2022 vert det etablert ny regionstamlinje mellom Bergen og Os. Linja vil gi kortare reisetid enn dagens sentrumsretta tilbod. I tillegg vert det gjort nokre tilpassingar i det lokale busstilbodet i Bjørnafjorden, og dette skal gjere det enklare å nytte kollektivtransport for fleire. I samband med opning av bybanelinje til Fyllingsdalen (linje 2), vert det gjort tilpassingar i busstilbodet i Bergen sør. Dette vil stette og styrke tverrgående reisemoglegheiter som den nye bybanelinja vil gi. Desse tiltaka er ei oppfølging av

Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden (FUV PS 107/2021). Finansiering skjer gjennom statlege belønningmidlar.

Det er og budsjettert med midlar til årlege ruteendringstiltak for byvekstavtaleområdet (FUV PS 188/2020). I dette ligg årleg ruteendingsprosess og rammer for bruk av belønningmidlar. Dersom det vert gitt tilslutning til å betre kollektivtilbodet i område i Bergen sentrum med lågare kollektivdekning, vil det og vere behov for bruk av belønningmidlar. (Eiga politisk sak til handsaming hausten 2021).

Servicelinjene i Bergen og tilbodet "HentMeg i Odda" inngår i løyvingsnivå buss. Elles inneheld løyvingsnivået dessutan drift (piloting) av ulike tiltak innanfor fleksibel transport, autonomi og mikromobilitet som til dømes gjennomføring av pilot for aldersvennleg transport i Bergen (FUV PS 76/2021).

I budsjettgrunnlaget er det teke høgde for ein vidare auke i utgiftene til i den lovpålagde skuleskyssen. Det er likevel usikkerheit knytt til utgiftene, særleg utgifter i distrikta; samt endringar i utgiftsdeling for elevvar som ikkje går på nærskulen (SAMO RS 45/2021).

Føresetnader for driftsinntekter for buss

I budsjettet er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg takstauke på 2,5% (KPI). Passasjervekst for buss (og bane) er uendra i 2022 som for 2021. Staten har så langt følgt opp med kompensasjon for passasjeredgang (inntektstapet) ein har hatt i kollektivtransporten som følge av pandemien. Det er knytt usikkerheit til korleis pandemien vil påverke reisevanar i 2022. Dette er tidlegare omtalt i arbeidsdokument 2/21 (Finansutvalet PS 3/2021).

For september og oktober 2021 utgjer inntektstapet om lag 20% av totale billettinntekter. Dersom dette vedvarer inn i 2022, så vil fylkeskommunen få ein budsjettmessig inntektsvikt som må kompenseres; anten med omstillingsmidlar frå staten eller tidlegare mindreforbruk under pandemien i 2020 og 2021. Dette er nærare omtala under mobilitet og kollektiv i kapittelet for økonomiplan 2022–2025.

Som for 2021, er det i 2022 budsjettet med 51,6 mill. kr (tilskot frå staten gjennom byvekstavtalen) i reduserte billettinntekter (gjev reduserte takstar for periodebilletter).

Budsjettet for 2022 inneheld også inntekter frå belønningsmidlar gjennom byvekstavtalen på 265 mill. kr.

Takstkompensasjon Buss

Skyss har samarbeidsavtaler med alle ekspressbussoperatørane. Det er i dag ti ekspressbussruter som har haldeplassar i Vestland fylke. Før Covid-19 hadde ekspressbussaktørane eit omfattande tilbud med opptil 560 avgangar per veke i fylket.

Frå gammalt har Skyss inngått avtalar for rutene med haldeplassar i tidlegare Hordaland, og Kringom har inngått avtalar for rutene med haldeplassar i tidlegare Sogn og Fjordane. Fleire av avtalane dekkjer same ekspressrute, som til dømes Fjordekspresen frå Bergen til Førde og vidare nordover mot Ålesund/Trondheim.

Etter samanslåinga til Vestland er det trong for å samordne avtalane for å gi eit best mogeleg tilbud til våre kundar, og for å sikre like vilkår for alle partar innanfor gjeldande lovverk. Auka differanse mellom våre takstar og prisar på

ekspressbussar, vil gjere eventuelle kjøp av seter frå ekspressbussoperatørane dyrare. Dette på grunn av at mellomlegget mellom våre takstar og operatørane sine prisar minus ein framforhandla rabatt på dekkast.

Takst/soner harmonisering – buss

Per i dag er det to ulike takststrukturar i Vestland. I tidlegare Hordaland er det ein sonemodell med sju store soner (innført 1. august 2018). I tidlegare Sogn og Fjordane er det ein kilometerbasert prising, der takstane er inndelte i avstandsgrupper på tre kilometer under 100 kilometer reise og seks kilometer etter 100 kilometer. Ein billett gjeld her for ei spesifikk reise mellom to haldeplassar, og gjeld ikkje tur/retur. Unntaket er bybussane i Førde og Florø; der det gjeld egne prisar.

Mandat til ny sonemodell vart gjeve av Fylkesutvalet (PS 103/2020). Sonemodellen skal ha ein heilskapleg struktur og byggje på prinsippa som gjeld for tidlegare Hordaland, mellom anna at ein skal kunne reise fritt innanfor ei sone i den tida billetten gjeld, at det er påslag per sonepassering, og at ein deler fylket inn i større geografiske soner. Sonegrensene bør følgje fjord og fjell der det er råd, og helst verte trekte i område der det bur lite folk.

Modellen som vert tilrådd er ein modell med sju nye soner, og dermed totalt 14 soner for heile Vestland. Billetter og reglar knytt til desse vil vere like i heile fylket, og harmonisert med reglar og vilkår som i tidlegare Hordaland. Ei utviding av sonemodellen vil gi årlege reduserte inntekter på 10 mill. kr.

Ny takst- og sonestruktur for buss i tidlegare Sogn og Fjordane vert lagt fram til politisk behandling i oktober/november. Så langt er ungdomsbillett samordna (Fylkestinget PS 137/2020), og vert innført frå og med 15. januar 2021.

Tog

Skyss og Vy har sidan 2017 hatt billettsamarbeid om periodebilletter på lokaltog mellom Bergen og Arna/ Trengereid. 13. desember 2020 vart samarbeidet utvida til å gjelda enkeltbilletter og 24-timersbilletter til Arna/Trengereid; samt periodebilletter til Voss. Kostnaden i 2022 for denne ordninga er rekna til om lag 30 mill. kr per år.

Løyvingsnivå bane

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Løyvingsnivå 2 – Bane	Brutto driftsutgifter	217 610	235 722
	Driftsinntekter	-166 800	-171 000
	Netto driftsutgifter	50 810	64 722
Netto driftsutgifter i 2022 kr		53 254	64 722

Utgifter til bybanen går i dag til linje 1 som er traséen mellom Byparken i Bergen sentrum og til Bergen Lufthavn Flesland. Oppstarts- og driftsutgifter knytt til ny linje 2 til Fyllingsdalen er tatt med. Dette vil medføre auke i dei samla utgiftene til bane.

Det planlagde tilbudet for den nye bybanelinja er ein basisproduksjonen på åtte avgangar i timen, med 7,5 minutt frekvens største delar av dagen, og 10 og 15 minuttar frekvens for høvesvis tidleg kveld og sein kveld. Dette vil gje god korrespondanse i kollektivnettet, god kapasitet og kvalitet på dette tilbudet.

Dato for oppstart og drift av linje 2 er ikkje avgjort enno. Det vil verte gjennomført naudsynte oppstartsførebuingar; mellom anna testkøyring og prøvedrift av linja.

Forutan dagens 28 bybanevogner er det tinga seks nye vogner. Desse skal dekke tilbudet på begge bybanestrekningane.

Føresetnader for driftsinntekter for bane

For bane gjeld same føresetnader som for buss.

Løyvingsnivå ferje

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Løyvingsnivå Ferje	Brutto driftsutgifter	1 066 669	1 120 264
	Driftsinntekter	-275 800	-182 240
	Netto driftsutgifter	790 869	938 024
Netto driftsutgifter i 2022 kr		813 725	938 024

Med 24 samband langs fylkesvegane er Vestland eit av dei aller største ferjefylka i landet. I 17 av desse ferjesambanda er det elektriske hybridferjer, som primært vil køyra med elektrisk drivstoff. Dette har stor positiv klimaverknad gjennom vesentlege kutt i Co₂-utsleppa.

Alle ferjekontraktane i tidlegare Hordaland (17 ferjesamband) er bruttokontraktar, der Skyss sit på ansvaret for inntektene og operatør utfører drift etter gitt kontrakt. Ferjekontraktane i tidlegare Sogn og Fjordane (sju ferjesamband) er alle nettokontraktar der operatør har inntektsansvar.

Det er ingen vesentlege endringar i tilbudet på ferje, men utgiftene aukar likevel. Det ligg ein auke i utbetalingsplanen i bruttokontraktane til operatørane. Planane for utbetaling varierer frå år til år. I 2021 gjekk dei ned, men i 2022 vil dei

auke igjen. Ordinære indeksreguleringar kjem i tillegg til dette for både brutto- og nettokontraktane.

Føresetnader for driftsinntekter for ferje

Vestland fylkeskommune følger staten sitt regulativ (Auto-pass-regulativet for ferjetakstar) og bruker statens billetteringsløyvsningar. Det er budsjettert med prisvekst på 2,5% for billettinntekter på ferje, og ingen inntektsvekst frå auka trafikk. Endeleg prisvekst for ferje vil vere lik som for riksveg (Statens Vegvesen).

Takst på ferje vart sett ned med 25% frå 1. juli 2021. I tilleggspolisjonen frå den nye regjeringa vart det lagt inn ein ytterlegare reduksjon på 5 %; som gjev ein samla reduksjon på 30 %.

Løyvingsnivå båt

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Løyvingsnivå Båt	Brutto driftsutgifter	341 562	373 430
	Driftsinntekter	-91 860	-93 405
	Netto driftsutgifter	249 702	280 025
Netto driftsutgifter i 2022 kr		256 943	280 025

Forutan å vere ein stor aktør på ferjesida har Vestland og ein stor del båtruter; både lange ekspressruter og meir lokale ruter.

Det er ikkje lagt opp til vesentlege endringar i rutetilbodet for båtsambanda til neste år.

I 2022 startar ny kontrakt for båtruta Bergen–Nordfjord/Sogn. Kontraksperioden er 1.05.2022–30.11.2024; med moglegheit for opsjon. Turistruta Bergen–Flåm, som er ei sommarrute, er i den nye kontrakten utvida med ein månad i kvar ende av sesongen. Vidare startar ny kontrakt for lokalbåt i Gulen og Solund, med kontraksperiode 1.05.2022–24.06.2029; pluss moglegheit for opsjon. Det ligg her ei mindre endring i rutetilbodet; reduksjon av tilbodet til Utvær til 12 veker om sommaren. Dette er i tråd med vedtak i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Ny kontrakt for lokalbåt i Vik/ Høyanger og Florabassenget startar opp tidlegast hausten 2023. Det er inngått avtale om forlenging av dagens kontraktar frå 1.05.22 til 31.10.2023;

med opsjon på ytterlegare forlenging til 30.04.2024. Dette inneber ei endring i rutetabellen for sambandet Kaupanger–Frønningen. Sambandet vil ikkje lenger verte trafikkert av ei bilferje, men av den bilførande hurtigbåten som opererer Vik–Ortnevik og Ortnevik–Måren–Nordeide. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i 2019 at båtruta Flåm-sekspressen (sommarruta Flåm – Balestrand) vert lagt ned frå 2022, og at innsparinga av nedlegginga skal nyttast til å utvide sesongen på sommarruta Bergen–Flåm–Bergen. Dette vedtaket vert følgd opp i budsjettet for 2022.

Lik som for ferje, er det for nokre av båtkontraktane lagt opp til varierende utbetalingsplan til operatørane. Også her er det ein auke i 2022 samanlikna med 2021. Ordinære indeksreguleringar kjem i tillegg.

Føresetnader for driftsinntekter for båt

I budsjettet er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg takstauke på 2,5% (KPI). Det er ikkje lagt opp til inntektseffekt gjennom passasjervekst.

Løyvingsnivå fellestenester

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Løyvingsnivå Fellestenester	Brutto driftsutgifter	323 393	315 906
	Driftsinntekter	-107 161	-102 120
	Netto driftsutgifter	216 232	213 786
Netto driftsutgifter i 2022 kr		220 557	213 786

Løyveområde Fellestenester inneheld driftsoppgåver i Skyss som er naudsynte for å kunne tilby kollektivtransport. Dette inkluderer:

- tenester knytt til kundeservice
- informasjon og marknadsføring
- billettkontrollar
- drift og vedlikehald av IT-system og tekniske installasjonar
- innhenting av kundeinnsikt gjennom ulike undersøkingar
- digitale kundetenester som reiseapp og mobilbillett med vidare
- midlar til innovasjon.

Løyvingsområdet inneheld og midlar til TT-køyning og lovpålagd skuleskyss for elevlar i vidaregåande skule.

Samanslåing av Skyss og Kringom til ein merkevare

Det er vedteke at Skyss skal vere merkevarenamnet for mobilitetstenestene i Vestland (FUV PS 213/2020). Det vart

samstundes vedteke at omprofilering av transportmidla vert gjennomført over ein periode på 12 månadar. Kostnadar til omprofilering av bussar frå Kringom til Skyss er estimert til om lag 7,5 mill. kr. Omprofilering av bussar frå Kringom til Skyss er foreslått utsett til 2023 som eit salderingstiltak.

Inntektssikring

Skyss har både i 2020 og 2021 gjennomført færre billettkontrollar enn i tidlegare år, men omfang av kontrollar har auka noko etter opninga av samfunnet i september 2021. Tellekontrollar viser tilsynelatande at det har vorte fleire ikkje-betalende passasjerar under pandemien. For å redusera talet på ikkje-betalende passasjerar anbefaler fylkesdirektøren å auka kontrollverksemda i 2022. Fylkesdirektøren tilrår å bruke 12 mill. kr til kontrolltiltak. Dette er same budsjetterte nivå som 2021, og denne utgifta vil i stor grad hentast inn gjennom gebyr frå dei ikkje-betalende passasjerane. Ho- vudgevinsten vil likevel vera fleire selde billetter, og dermed sikring av dei billettinntektene og økonomien i Skyss.

Digitalisering (inkludert salskanalar)

Digitalisering handlar om å nytte teknologi til å fornye, forenkle og forbetre tenester, og er eit samla omgrep

for overgangen frå analoge og papirbaserte løysingar til elektroniske og digitale løysingar. Når transportsystem vert digitalisert og kopla med andre tenester, vil det oppstå nye moglegheiter for koordinering og styring. Slike samanknytte tenester vert gjerne kalla digitale økosystem. Kollektivbransjen har sine eigne system for kunderegistrering, betaling, ruteinformasjon, køyretøyregistrering og liknande.

Samstundes nyttar køyretøya datadrivne tenester i stadig større grad. Sensorar, GPS, kartdata og kommunikasjon med fabrikanten sine eigne system for vedlikehald, veghjelp og assistanse vert stadig meir vanleg. Fleire aktørar tilbyr mikromobilitet eller delingstenester, der all interaksjon skjer digitalt og sjølve utføringa av tenestene er styrt av brukaren sjølv.

Ein føresetnad for suksess innan digitalisering er ein kombinasjon av kompetanse, økonomi og løysingar. Skyss er avhengig av operasjonelt, taktisk og strategisk samarbeid med kommersielle leverandørar av løysingane ein har i dag. Samstundes er det naudsynt å byggje eigen kompetanse på korleis ein utnyttar moglegheitene som kjem med teknologi.

Det er eit pågåande arbeide med å digitalisere grensesnittet mot våre leverandørar av transporttenester gjennom BaaS («Bus/Boat as-a-service»), og tilrettelegging av digitaliserte kundeflater og salskanalar. Ein fasar også ut dagens billettmaskiner for bussar og båtar i tidlegare Hordaland med nye løysingar. Vidare ferdigstiller ein arbeidet med digital salsplattform for desse transportmidla. Målsetninga er å legge til rette for at heile Vestland fylke har dei same digitale tenestene. Dette mellom anna for å kunne levere integrerte mobilitetstenester gjennom ei MaaS løysing («Mobility-as-a-service»).

Den nye strategien til Skyss heng saman med ny Regional transportplan. Den nye strategien set søkelys på berekraftig mobilitet og utvikling av mobilitetssystem. Denne strategien er vesentleg meir ambisiøs enn tidlegare strategiar, og vil krevje at organisasjonen vert tilført meir utviklingsressursar og annan digital kompetanse enn det ein tradisjonelt har hatt. Omfanget og kompleksiteten til digitale prosjekt vert forventa å auke med tilhøyrande behov. Skyss har ambisjonar om å fylla strategiske roller med fast tilsette. I dette arbeidet må ein ta høgde for noko innleige av arbeidskraft og konsulentbruk.

Innovasjon og utviklingsaktivitetar 2022

For at eit offentleg finansiert mobilitetssystem skal vere attraktivt for dei mange reisande, må ein bruke dei teknologiske endringane som kjem raskare og meir omfattande enn nokon gong tidlegare. Kollektivreisa slik ein kjennar den vil vert endra av nye transportformer, ny teknologi og krav til berekraft. Framtidas mobilitetssystem vil vere integrert gjennom digital samhandling mellom brukaren og dei ulike tilbydarane av transport. Tilbodet vil variere mellom system i byar og system på mindre stader. Data og innsikt om reisepatrøn, reisemønster og tilgjengelege løysingar for mobilitet vil gi ytterlegare handlingsrom.

Samstundes som ein går i retning av meir individualiserte tenester og eit digitalt grensesnitt mot dei reisande, ligg det ein fast infrastruktur og eit kollektivtilbod som effektivt flytter store mengder menneske mellom reisemål. Covid-19 pandemien har endra reisemønster som følgje av meir heimekontor. Kva som vert den nye normalen for reisemønster etter pandemien er usikkert. Truleg vil pandemien og verknadene av denne forsterke dei pågåande trendane.

For 2022 planlegg Skyss å fortsetja innovasjonsarbeidet gjennom uttesting av nye transportløysingar innanfor fleksibel transport, autonomi og mikromobilitet, samt gjennom ulike pilotar for MaaS («Mobility-as-a-service»). Utvikling vil skje i tett samarbeid med næringsaktørar, kommunar i Vestland, andre fylkeskommunar og gjennom MUST (mobilitetslaboratoriet for utvikling av smartare transport).

Transportordninga for funksjonshemma

TT-ordninga har omlag 15 700 brukarar. Frå 01.01.2021 har det vore ei felles organisering av denne oppgåva for heile det nye fylket.

I tillegg til den fylkeskommunale løyvinga får fylket statlege midlar som skal gå til dei tunge brukarane (blinde/ sterkt svaksynte og rullestolbrukarar). Det er budsjettert med 83,4 mill. kr i statlege midlar. I tillegg er det budsjettert med 47 mill. kr i fylkeskommunale midlar.

For 2022 er budsjettet for arbeidskøyninga redusert med 10 mill. kr. Dette er i tråd med sak i fylkesutvalet om bortfall av fylkeskommunalt ansvar for arbeidskøyning for TT-brukarar (FUV PS 146/20). Dei 10 mill. kr er foreslått nytta i salderinga av budsjettet.

Prosjekt og konsulentkostnader

Løyvingsnivået dekkjer og konsulentkostnader til prosjekt. I tillegg ligg her og midlar til ymse kontingentar som går til interesseorganisasjonar.

Innfartsparkering

Det er budsjettert med leige av innfartsparkeringsplassar på Os, Straume, Skogsskiftet, Flesland kai og Knarvik. Det er og sett av midlar til vidare tilrettelegging av innfartsparkeringsplassar i samsvar med den vedtekne handlingsplanen for innfartsparkering 2018–2029. Det er budsjettert med 3,4 mill. kr.

Vidaregåande skuleskyss

Vidaregåande skuleelevar som har rett på fri skyss får tildelt skulereisekort. I tidlegare Hordaland får skuleelevar som har eit godt rutetilbod på ettermiddag/kveldstid ikkje gratis skulereisekort, men det er mogleg for dei å kjøpa ungdomsbillett. Det er budsjettert med 43,9 mill. kr.

Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)

LTU er ei tilskotsordning i tidlegare Sogn og Fjordane der kommunane kan søka om midlar til fleksible skyssløysingar til og frå fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveldstid. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år. Det er budsjettert med 1,0 mill. kr.

Sykelbyavtalar

Det er sett av 0,2 mill. kr i tilskot til sykkelbyen Florø.

Tilskot til lufthamner

I forslag til statsbudsjett 2022 er det lagt inn 23,4 mill. kr til Vestland som skal dekke tilskot til drift av Stord lufthamn.

Einerettar for drosje

I løpet av 2022 kan det verta aktuelt å lysa ut anbod om einerett for drosje i kommunar i Vestland. Ein vil kome attende til dette når ordninga med einerettar for drosje er nærare avklara.

Løyvingsnivå administrasjon

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Løyvingsnivå Administrasjon	Brutto driftsutgifter	108 004	110 987
	Driftsinntekter	-1 350	0
	Netto driftsutgifter	106 654	110 987
Netto driftsutgifter i 2022 kr		110 526	110 987

Budsjettområde administrasjon omfattar i hovudsak lønskostnader til alle tilsette innan drift og administrasjon i Skyss og i avdeling for mobilitet og kollektivtransport.

Tal i 1000 kr

Tekniske endringar	
IKT- midlar som er overført frå MOK til IKT/SUD	- 700
60 % stilling som er overført SUD	- 540
Sum	- 1 240

Klimaomtale Skyss/MOK**Klimavurdering drift****Mobilitet og kollektiv**

Transporttenestene innan kollektiv står for størstedelen av klimagassutsleppa frå fylkeskommunen. Samstundes kan fylkeskommunen med satsing på desse tenestene bidra til meir berekraftig mobilitet, og til at nullvekstmålet vert oppnådd. Endringar i rutetilbodet kan difor gje større utslepp i kollektivdrifta, men samstundes mindre bruk av privatbil. Med teknologitiltak og fornybar energi kan utsleppa frå kollektivdrifta reduserast.

Bybane og endringar i rutetilbod

Bybanen står for nesten 25 % av kollektivreisene i Vestland. Banen køyrer elektrisk og bidrar til fortetting og kortare reisevegar. Klimagassutslepp frå sjølve utbygginga av Bybanen

ligg ikkje til dette løyvingsområdet; det er del av investeringsprogram for kollektiv. Etter planen startar drift av den nye bybanelinja til Fyllingsdalen ved årsskiftet 2022/2023. Linja vil både styrke det sentrumsretta tilbodet for planlagde byutviklingsområde i Bergensdalen, og vil samstundes utgjere eit nytt tilbod med potensiale for fleire kollektivreisande på tvers av bydelane sør for Bergen sentrum.

Skyss utviklar kontinuerleg tilbodet ut frå mål om nullvekst i persontrafikken i byområda. Det vert og gjort tilpassingar og justeringar i tilbodet i fylket slik at det vert enklare for fleire å nytte kollektivtransport. Av større ruteendringar for 2022 er det i budsjettet planlagt ein produksjonsauke i tråd med den nyleg vedtekte trafikkplan for Bergen sør og Bjørnafjorden (FUV PS 107/2021).

Tiltaket gjeld etablering av regionstamlinje for den såkalla «sørkorridoren» mellom Halhjem/Osøyro og Bergen busstasjon i samband med opning av ny E39 Svegtjørn-Rådal i 2022. I tillegg omfattar det einskilde justeringar i det lokale busstilbodet. Dette vil gje ei mindre auke i utslepp frå kollektivdrifta. Men den nye regionstamlinja vil gje raskare reiser mot Bergen og gode omstigingsmoglegheiter mot begge dei to bybanelinjene. Pendlingstal og -mønster gjev potensiale for at fleire vel å reise kollektivt mellom Os og Bergen. Effekten av tiltaket på utsleppa frå transportsektoren vil vere avhengig av fleire forhold og verkemiddel frå ulike aktørar.

Framdriftsteknologi på buss, båt og ferje

Det er ikkje planlagt nye tiltak for framdriftsteknologi for buss, ferje eller båt i 2022.

Ved hjelp av biodrivstoff og elektrifisering vart utsleppa frå bussdrifta monaleg redusert mellom 2019 og 2021. Om lag 10 % av bussane er no elektriske. Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar i tidlegare Hordaland legg opp til innfasing av biodrivstoff innan 2025. Førebels er det ikkje tilsvarende vedtak for tidlegare Sogn og Fjordane. Dei neste kontraktfornyningane for buss i Nordfjord, Sunnfjord, Sogn, Hardanger og Voss, og Modalen og Vaksdal finn stad i 2024 og 2025. Miljødirektoratet har peikt på at kjøp av 100 % biodrivstoff i transportkontraktar ikkje gjev Co₂-kutt utover det nasjonale omsettingskravet for drivstoff til vegtransport. Innkjøparar bør heller satse på elektrifiseringstiltak. Det er difor tilrådd å forhandle ut krav om biodrivstoff frå busskontraktane (FUV PS 201/2021). På Co₂-rekneskapen til fylkeskommunen vil dette medføre ein utsleppsauke frå 2021 til 2022.

For ferje vart elektrifiseringa på 17 samband gjennomført i 2020 og 2021. 22 av 28 ferjer er hybridelektriske. Dei neste kontraktfornyningane for ferje i tidlegare Sogn og Fjordane finn stad mellom 2023 og 2027. For ferjesambanda er utsleppa drastisk redusert mellom 2018 og 2020 gjennom krav i dei nye kontraktane i tidlegare Hordaland.

Dei neste båtkontraktane i fylket vert fornya mellom 2023 og 2028. Det er vedteke å elektrifisere båtsambandet mellom

Bergen og Askøy. Vidare vert det etterspurd hybridelektriske løysingar på lokale båtruter i tidlegare Sogn og Fjordane frå 2023/ 24. For båtsambanda mellom Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm vert det arbeidd med å etterspørje nullutsleppsteknologi. Status for teknologisk utvikling og modning på området er uavklart. Det same gjeld for finansieringssituasjonen. Tiltaket vil truleg ikkje gjennomførast før 2025. Vestland fylkeskommune samarbeider med andre fylkeskommunar i eit pilotprosjekt for utvikling av nullutsleppsfartøy, og det vert arbeidd for å få fram eit pilotfartøy frå 2024.

Skyss rapporterer per no ikkje klimagassutslepp frå individuelt tilrettelagt skuleskyss med drosje.

Oppsummert vil prognosen for Co₂-utsleppet frå kollektivtrafikken i Vestland vere avhengig av teknologiutviklinga på sjø, bruk av biodrivstoff og eventuelle elektrifiseringstiltak i staden for biodrivstoff. Fyrst er biodrivstoff og elektrifisering av ferje forventa å gje vidare Co₂-kutt på 7 000 tonn i 2021. Men med fjerning av biodrivstoff frå busskontraktane vil dette talet truleg stige med om lag 10 000 tonn Co₂ frå 2021 til 2022. Elektrifiseringa i båtkontraktane kan deretter gje 5 500 tonn Co₂-kutt frå 2025. Eventuelle ytterlegare Co₂-kutt krev elektrifisering i buss- og båtdrifta.

Konkretisering av tiltak som bidreg til reduksjon av klimagassar

Tabell 1: Aktuelle tiltak som avdelinga har vedteke eller har under planlegging, og som kan bidra til reduserte klimagassutslepp

Namn tiltak/prosjekt	Ansvarleg for gjennomføring (avd.-nivå)	Konkretisering av tiltak	Årleg kostnad i 2022–2025 (tall i 1000 kr)	Kryss av om tiltaket er:	
				Innanfor vedtatt kostnadsramme	Tilleggsforslag (behov for finansiering)
1. Elektrifisering og biodrivstoff lokale båtruter tidlegare Sogn og Fjordane	Skyss	Hybridelektrifisering og biodrivstoff	3 300 tonn Co ₂ / år	32-48 MNOK frå november 2023 eller mai 2024	X
2. Elektrifisering Askøy sambandet	Skyss	Elektrifisering	2 200 tonn Co ₂ / år	Tidlegare oppgitt til 17 MNOK, (under utgreiing på ny)	X
3. Pilotfartøy nullutslepp	Fylkeskommunalt samarbeid			2,5 MNOK	X

3 Kostnadsgrupper 2022

Finansutvalet har gjort prosessvedtak om reduksjonar i budsjettet for administrative kostnader med 40 mill. kr i 2022 samanlikna med budsjettet for 2021, fordelt med 25 mill. kr i reisekostnader og 15 mill. kr i administrative effektiviseringar. For Mobilitet og kollektiv utgjer budsjettreduksjonen 3,0 mill. kr.

Tabellen nedanfor viser reduksjonen på 3,0 mill. kr for mobilitet og kollektiv fordelt mellom reiser og administrativ effektivisering.

Tal i 1000 kr

Reiser	Adm.	Tot
-1 550	-1 450	-3 000

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summene til dei ulike løyvningsnivåa.

I denne delen er sektorbudsjettet vidare fordelt på utgiftsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike utgiftstypar vil vere ein viktig del av fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane for sektor og løyvningsnivå er å sjå på som endeleg vedteke, medan summar for utgiftsgrupper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan dermed verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa si.

Tal i 1000 kr

	Budsjett 2021 (i 2021 kr)	Budsjett 2022
Reise og kurs	4 407	2 857
Konsulenttenester	20 109	16 998
Administrasjonsutgifter	14 955	15 438
Ordinære driftsutgifter	4 132 736	4 323 026
Lønsutgifter og -refusjonar	107 386	113 109
Ordinære inntekter	-1 673 460	-1 728 028
Andre utgifter og inntekter	-52 261	-53 300
Netto driftsutgifter	2 553 872	2 690 100

Kort omtale av dei ulike artsgruppene

Reise og kurs

Utgifter til reise, opphald og kursutgifter ved å deltaking på kurs, konferansar og møter.

Konsulenttenester

Vert brukt ved behov for auka kapasitet, spisskompetanse på eit fagfelt eller til prosjektleiing. Desse midlane vil hovudsakleg gå til utgreiingar i samband med RTP; samt til andre påkomande konsulent/juridiske tenester. I tillegg ligg her og midlar til kontingentar til interesseorganisasjonar.

Hos Skyss vil ein ha konsulentutgifter knytt til prosjektleiing og til støtte i samband med anskaffingar. Andre område er støtte til utvikling av fagsystem, juridiske tenester og konsulenttenester knytt til innovasjon og MUST (Mobilitetslaboratorium for smarte transportløyningar).

Administrasjonsutgifter

Gjeld transaksjonskostnader ved kjøp av billettar frå mellom anna mobil. Desse utgiftene er volumbaserte, og det gjer at auka inntekter ved billettsal aukar salsutgiftene.

Ordinære driftsutgifter

Hovuddelen av desse utgiftene gjeld kontraktutgifter til buss, bane, båt og ferje.

Lønsutgifter- og refusjonar

Lønsutgifter inkl. sosiale utgifter, og refusjonar knytt til tilsette i heile sektoren.

Ordinære inntekter

Gjeld mellom anna billettinntekter, refusjonsinntekter og statlege overføringar som belønningmidlar knytt til ruteproduksjon.

Andre utgifter og inntekter

Tildelte statlege midlar, regulering bundne fond til bruk i komande budsjettår.

Utfyllande om inntektstypar

I 2021 har pandemien gjort at kollektivsektoren har hatt eit vesentleg bortfall av billettinntekter. Denne endringa slo inn frå det tidspunktet då dei nasjonale tiltaka som bidrog til stenging av samfunnet vart innført i mars 2020, og har fortsett under periodar med lokale og nasjonale restriksjonar gjennom året.

Kollektivsektoren har før pandemien budsjettert med 3,5% inntektsauke som følgje av passasjervekst. Det vil ikkje vere realistisk å budsjettere med ei auke i 2022. Årsak til dette er at pandemien har skapt nye og endra reisevanar som gjer seg gjeldande i «den nye normalen» som er venta etter at samfunnet er gjenopna. Det vil ta tid å byggja opp igjen marknaden, og igjen kunne ta høgde for passasjervekst i same skala som ein har hatt dei siste åra.

Billettinntekter og belønningmidlar utgjer ein viktig del av finansieringsgrunnlaget for kollektivtrafikken. I budsjettet for 2022 er den samla inntekta til sektoren fordelt slik:

mill. kr

Inntekter	
Billettinntekter buss	684,8
Billettinntekter bane	171,0
Billettinntekter ferje	179,7
Billettinntekter båt	72,3
Skuleskyss	185,0
Belønningsmidlar	265,0
Bompengeforlik	51,6
TT-ordninga statlege midlar	83,4
Andre inntekter	58,5
Totalt	1 751,3

Billettinntekter

Det er samla lagt inn 1 107,8 mill. kr i billettinntekter.

Skuleskyss

For skuleskyss er det rekna inn 185 mill. kr i inntekter frå kommunar.

Belønningsmidlar frå byvekstavtalen

Det er lagt inn 265 mill. kr for å vidareføre tidlegare iverksette tiltak for styrking av ruteproduksjonen. Midlane skal i tillegg gå til å dekke heilårsverknaden av omlegging av linjenettet i Bergen, årleg ruteendringsprosess og den nye regionstamli- na mellom Bergen og Os.

51,6 mill. kr av belønningsmidlane gjeld ei vidareføring av tiltaket med reduserte billettprisar innanfor buss og bane.

TT-ordninga statlege midlar

Statlege overføringer for TT-transport skal gå til blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar. Vestland fylkeskommune må søkja om midlar kvart år, og det er budsjettert med eit tilskot på 83,4 mill. kr.

Andre inntekter

Andre inntekter er i all hovudsak ulike refusjonsinntekter frå kommunar og inntekter som gjeld tilleggskast. Statlege løyvingar til MUST (Mobilitetslaboratorium for smarte transportløyvingar utgjør 1,5 mill. kr).

4 Ytterlegare spesifikasjon av sektorbudsjettet

Under er ein oversikt over kva som ligg i gjeldane kollektivkontraktar; geografisk område, operatør og kontraktslengd.

Bussoperatørar

Kontraktsområde	Operatør	Kontraksperiode og opsjon
Sunnhordland	Tide Buss AS	02.07.2017–28.06.2026
Hardanger og Voss	Tide Buss AS	16.08.2016–22.06.2025
Modalen og Vaksdal	Modalen-Eksingedalen Billag AS	16.08.2016–22.06.2025
Nordhordland	Vy Buss AS	16.08.2018–15.08.2027
Bergen sør	Tide Buss AS	16.08.2019–25.06.2028+1+1
Bergen nord	Tide Buss AS	01.10.2020–30.06.2030+1+1
Bergen sentrum	Keolis Norge AS	01.12.2020–30.06.2030+1+1
Vest	Tide Buss AS	25.06.2019–25.06.2028+1+1
Nordfjord	Firda Billag AS	23.06.2014–23.06.2024
Sunnfjord	Firda Billag AS	20.06.2016–23.06.2024+2
Sogn	Tide Buss AS	19.06.2017–22.06.2025+2

Alle busskontraktane er bruttokontraktar.

Ferjeoperatører

Kontraktsområde	Operatør	Kontraktstype	Kontraktperiode
Rutepakke 1: Leirvåg–Sløvåg Fedje–Sævrøy Krokeide–Hufthamar* Husavik–Sandvikvåg* Halhjem–Våge Hatvik–Venjaneset Langevåg–Buavåg	Fjord 1 AS	Brutto	01.01.2020 (2018*) –31.12.2029
Rutepakke 2: Skjersholmane–Ranavik Jektevik–Hodnanes–Nordhuglo Tørvikbygd–Jondal Gjermundshamn–Årsnes–Varaldsøy	Fjord 1 AS	Brutto	01.01.2020 – 31.12.2028 +1
Rutepakke 3: Klokkevik–Hjellestad Fjelberg–Sydnes–Utbjoa	Norled AS	Brutto	01.01.2020–31.12.2028+1
Rutepakke 4: Masfjordnes–Duesund	Wergeland AS	Netto	01.01.2019–31.12.2028+1
Rutepakke 5: Kvanndal–Utne Kinsarvik–Utne Skånevik–Matre–Utåker	Boreal AS	Brutto	01.01.2020–31.12.2028+1
Firesamband: Stårheim–Isane Måløy–Oldeide–Husevågøy Rysjedalsvika–Rutledal–Krakhella–Losna Askvoll–Gjervik–Fure–Værlandet	Fjord1 AS	Brutto	01.01.2016 – 31.12.2025+1+1 (oppstart 01.01.2017) (oppstart 01.01.2017) (oppstart 01.01.2018)
Hisarøy–Mjånes ¹	Wergeland AS	Netto	01.09.2013–30.04.2023+5
Barmen–Barmsund	Vidar Hop Skyssbåtar AS	Netto	01.06.2019–31.05.2029+2
Daløy–Haldorsneset	Gulen Skyss AS	Netto	01.01.2020–31.12.2023+5

1) Gulen kommune er med på å betale for dette rutetilbudet

Båtoperatører

Kontraktsområde	Operatør	Kontraktstype	Kontraktperiode
Sunnhordland og Austevoll Sunnhordland–Austevoll–Bergen Lokalbåt Austevoll	Norled AS	Brutto	01.01.2014–31.12.2023+2+2
Espevær og Hernar Espevær–Eidesvik Hellesøy–Lyngøy–Hernar	Gulen Skyss AS	Netto	01.01.2014–31.12.2023+2+2
Kvinnherad–Bergen og Reksteren–Våge–Os Rosendal–Bergen og Reksteren–Våge–Os	L. Rødne & Sønner AS	Netto	01.01.2014–31.12.2023 +2 +2
Turistrute Hardanger	Norled AS	Netto	01.05.2020–31.10.2024 + 1 + 1
Bybåtsambanda: Kleppstø–Strandkaien Knarvik–Frekhaug–Bergen	Norled AS	Brutto	01.01.2018–31.12.2021 + 1 01.01.2019–31.12.2021 + 1

Tabellen held fram på neste side

Kontraktsområde	Operatør	Kontraksform	Kontraksperiode
Ekspressbåt Bergen–Sogn/Nordfjord	Norled AS	Netto	01.05.2012–30.04.2022 01.05.2022–30.11.2024 + 1 + 1
Lokalbåt Gulen, Solund og Askvoll	Fjord1 AS	Brutto	01.05.2012–30.04.2022
	Vidar Hop Skyssbåter AS		01.05.2022–24.06.2029 +1 +1
Lokalbåt Høyanger, Vik og Lærdal	Fjord1 AS	Brutto	01.05.2012–30.04.2022. Forlengt til 31.10.2023 med opsjon til 30.04.2024.
Lokalbåt Flora, Bremanger og Vågsøy	Fjord1 AS	Brutto	01.05.2012–30.04.2022. Forlengt til 31.10.2023 med opsjon til 30.04.2024
Godsbat Bergen–Gulen, Solund og Askvoll	Kyst1 AS	Netto	01.05.2012–30.04.2022. Vilkår for drift resten av året ikkje avklart.

5 Budsjettføresetnadar

- Takstauke på gjennomsnittleg 2,5 % (KPI) for buss, bane og båt.
- Takstauke på gjennomsnittleg 2,5 % (KPI) for ferjeruter. Vestland fylkeskommune følgjer staten sitt Autopass-regulativ for ferjetakstar og Statens Vegvesen sine takstjusteringar for 2022.
- Fylkeskommunale kvotestorleikar i transportordninga for funksjonshemma:
 - Grunnkvote: kr 5.500
 - Kvote for blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar: grunnkvote x 1,3
 - Kvote for brukarar med elektrisk rullestol: grunnkvote x 1,7
 - Brukarar som bur meir enn 20 km frå næraste servicesenter får eit tillegg på 0,2 x grunnkvote

- Indeksar og verknadane på gjeldane kontraktar:

	2021	2022
KPI-JAE	2,1%	2,3%
KPI	3,1%	3,0%
Lønn generelt (avtalt)	3,0%	3,0%
Lønn i samferdsel (avtalt)	3,3%	3,0%
Valuta NOKUSD	-5,7%	1,4%
Olje i USD	42,0%	10,0%
Olje i NOK	34,0%	11,0%
MGO inkl. avgifter	20,0%	16,0%
Bankens utlånsmargin	-4,0%	0%
Autodiesel pumpepris	9,0%	8,0%

Nærare om budsjettføresetnader for utgifter

Kostnadsregulering og kostnadsindeksar i kontraktar

Anbudskontraktane for buss, bane, båt og ferje vert indeksregulert i samsvar med ulike kostnadsindeksar som måler utvikling i lønns-, drivstoff-, vedlikehalds-, administrasjons- og kapitalkostnader, sjå forutsetningar over. I tabellen over viser 2021-kolonnen den årsgjennomsnittlege %-vise utviklinga frå 2020 til 2021, og 2022 kolonnen viser den estimerte endringa frå 2021 til 2022.

Når det gjeld indeksregulering vert det rekna med ein forholdsvis høg kostnadsvekst 2.halvår 2021 og 2022. Dette etter at vi har sett en periode med låg og til og med negativ kostnadsvekst i 2020.

Indeksestimata som ligg til grunn i dette budsjettdokumentet er eit resultat av estimatinnhenting frå eksterne aktørar og kollektiveininga sine egne vurderingar. Følgjande trekk ved utviklinga kan nemnast:

- Gradvis gjenopning og aukande vaksineringsgrad blant befolkninga
- Brot i leveransekjedene slik at varetilbod er redusert
- Varierende vareetterspørsel avhengig av gjeldande restriksjonar lokalt eller nasjonalt
- I takt med gjenopninga fører oppsparte finansielle midlar/konsum til auka etterspørsel og stigande råvareprisar
- Finansielle støttepakker har dempa økonomisk nedgang for bedrifter og gir (fortsett) god likviditet til samfunnet
- Det vert forventa at styringsrenta og følgeleg NIBOR skal begynne fortsett å stige i 2021 og vidare i 2022
- Oljeprisen har stege mykje i 2021 og stiga noko meir i 2022
- Ein generell aukande etterspørsel treff på eit noko redusert tilbod. Det vert forventa auka KPI framover, og dette igjen kan bidra til noko høgare lønsvekst i åra framover

Under er tabell som syner samanhengen mellom indeksar og verknaden på sektoren sine kontraktar:

Indeks	Påverknad
KPI	Påverkar alle kontraktar
Drivstoff autodiesel	Påverkar busskontraktane
Drivstoff marine gassolje	Påverkar maritime kontraktar
Drivstoff biodiesel	Påverkar busskontraktane i Bergensområdet
Drivstoff biogass	Påverkar busskontrakt Bergen nord
Drivstoff el-kraft	Påverkar busskontrakten Bergen sentrum og Bybanen
Vedlikehald	Påverkar alle kontraktar
Løn samferdsel	Påverkar fleire busskontraktar
Lønn 50% buss, 50% privat	Påverkar busskontraktane Bergen nord/sentrum
3 månad nominell NIBOR	Påverkar alle kontraktar
Bankens rentemargin	Påverkar alle kontraktar
Kostnadsindeks ferje/båt	Påverkar maritime kontraktar
Inntektsindeksar ferje	Påverkar alle nettokontraktar

Indeksbruken varierer frå anbudskontrakt til anbudskontrakt. Dette kjem av nye miljøkrav i anbud, utvikling i anbudsutføring over tid og ulikheit i dei gamle kontraktane i dei to fylka.


Kontraktverdiane vert påverka ikkje berre av estimert indeksutvikling, men også av godkjente endrings- og justeringsordrar som følgjer av mellom anna endringar i rutetilbod. I tillegg kjem eventuelle endringar i førehandsavtalte betalingsplanar i einskildkontraktar.

Nærare om budsjettføresetnader for inntekter:

Inntektsbortfall frå billettinntekter er rekna til om lag 350 mill. kr. i 2021. Dette er kompensert frå staten gjennom skjønnsmidlar. Billettinntektene for september og oktober i 2021 er i underkant av 20% etter budsjett kvar måned. Det er om lag 5% betre enn venta tidlegare i haust. Dette utgjer om lag 20 mill. kr. kvar måned, totalt om lag 40 mill. kr.

Det vil bli ein «ny normal» for kollektivsektoren etter pandemien. Både kollektivbrukaren og Skyss treng meir tid til å stadfeste kva tida etter pandemien inneber. Sidan den «nye normalen» ikkje er kjend enno, er forutsetninga i budsjett om passasjervekst uendra i 2022, som for 2021. (2020 og 2021 var bygd på «normalåret» 2019). Vidare er takstauke sett til 2,5%.

Passasjertrafikk på veg mot ny normal er illustrert i følgjande graf:




Det er eit ynskje frå kollektivselskapa i heile Noreg om at staten skal bidra med omstillingsmidlar til ein «ny normal» i 2022. Staten har ikkje gitt signal om slike midlar enno, men har auka dei frie midlane til fylkeskommunane.

Ein varig svikt utan statleg kompensasjon kan gje økonomiske utfordringar som må løysast gjennom tiltak i budsjettet. Om billettinntektene i 2022 endar 10% under budsjett, utgjer dette vel 90 mill. kr. (20% under budsjett utgjer vel 180 mill. kr.). I 2022 vil ein kunne bøta på svikt i passasjertrafikken og tilhøyrande billettinntekter ved hjelp av midlar frå mindre forbruk under pandemien i 2020 og 2021 og/eller auke i frie midlar til fylkeskommunen i 2022.

Samstundes med å sjå på tiltak på kostnadssida for å kompensere for ein betydeleg nedgang på inntektssida, vurderast tiltak for å auka inntektssida. Ein periodebillett på 30 dagar har ein pris mot kunde på kr 735 i dag. Ein må ta 19 turar på buss eller bane for at prisen skal være lik prisen for ein enkeltbillett, eller reise til/frå arbeid 10 dagar i løpet av månaden for å dekke inn kostnadene med billetten sett opp mot prisen på ein enkeltbillett. Med 20 arbeidsdagar (40 turar) i ein måned er billettprisen på vel kr 18 per tur. Dette og redusert pris ved hyppigare bruk av 30-dagars billett og 180-dagars billett er illustrert i graf.

Pris pr.reise med periodebillett



Konkrete vurderingar i høve til tiltak på kostnadssida og inntektssida er under vurdering, men kollektivtrafikken treng meir tid til å kartlegge den «nye normalen» etter meir enn 550 dagar med restriksjonar i samfunnet der ein har fått råd om å ikkje reise med kollektivtransport om ein ikkje må. Tiltak som er under vurdering er:

- Prisnivå
- Prismodellar (Ulike typar billetter (periodebillett, andre fleksible billetter))
- Marknadstiltak
- Bransjesamarbeid også med operatørar
- Frekvens
- Rutetilbod
- Mobilitetsformer

Takstar 2022

Sonebaserte takstar i buss og bybane i tidlegare Hordaland (1 sone)

Takstar er berekna ut frå ein prisauke på 2,5%. Enkeltbillett er utgangspunktet for alle berekningar. Enkeltbillett er avrunda til næraste krone, medan periodebillett er avrunda til næraste fem-krone.

i kr

Billett buss/bane	Takst 2021	Takst 2022
Einskildbillett vaksen	39	40
Einskildbillett barn/honnør	20	20
Einskildbillett kjøpt om bord, vaksen, kontantbetaling	60	60
Einskildbillett kjøpt om bord, barn/honnør, kontantbetaling	30	30
Einskildbillett Militær	39	40

Tabellen held fram på neste side

Billett buss/bane	Takst 2021	Takst 2022
24-timabillett voksen	100	105
24-timabillett barn	50	50
24-timabillett honnør	50	50
Periodebillett 7 dg voksen	230	235
Periodebillett 7 dg barn	115	120
Periodebillett 7 dg honnør	115	120
Periodebillett 7 dg student	140	140
Periodebillett 30 dg voksen	735	755
Periodebillett 30 dg barn	370	380
Periodebillett 30 dg honnør	370	380
Periodebillett 30 dg student	440	455
Ungdomsbillett 30 dg	370	380
Periodebillett 180 dg voksen	3 675	3 775
Periodebillett 180 dg barn	1 840	1 890
Periodebillett 180 dg honnør	1 840	1 890
Periodebillett 180 dg student	2 205	2 265


Kilometerbaserte takstar buss tidlegare Sogn og Fjordane (0-3km).
 Dette vert nytta fram til felles takst/sones buss er innført.

i kr

Billett buss	Takst 2021	Takst 2022
Einskildebillett voksen	34	36
Einskildebillett barn/honnør	17	18
Einskildebillett kjøpt om bord, voksen	34	36
Einskildebillett kjøpt om bord, barn/honnør	17	18
Einskildebillett militær	34	36
Periodebillett 30 dg voksen	650	670
Periodebillett 30 dg barn	330	340
Periodebillett 30 dg student	390	410
Ungdomsbillett 30 dg	370	380
Bybuss Førde/Florø voksen	20	30
Bybuss Førde/Florø barn	10	15
Flybuss Førde/Sogndal voksen	90	90
Flybuss Førde/Sogndal barn	45	45

3.6

Infrastruktur og veg



Fv. 574 Bjørgeveien går mellom Bjørndalen og Straume i Bergen. Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.

1 Infrastruktur og veg – løyvingnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Tal i 1000 kr

Løyvingnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Veg – drift og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	1 183 100	1 212 290
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	1 183 100	1 212 290
FTU-midlar	Brutto driftsutgifter	16 818	17 150
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	16 818	17 150
Administrasjon av INV	Brutto driftsutgifter	29 438	30 615
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	29 438	30 615
Andre tiltak INV	Brutto driftsutgifter	1 024	1 045
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	1 024	1 045
Sum	Brutto driftsutgifter	1 230 380	1 261 100
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	1 230 380	1 261 100
	Netto driftsutgifter 2022-kr	1 263 477	1 261 100

Endring frå 2021 til 2022

Sektoren har reduksjon i administrative kostnader, jf. tabellen under på 8 mill. kr i 2022 i høve 2021. Utover rammereduksjonen har sektoren dekket inn eit meirbehov på 95 mill. kr i budsjettet. Dette meirbehovet er dekket gjennom reduksjonar innanfor dekkelegging/oppmerking, vegutstyr, miljø, andre tiltak og bru/ kai, jf. tabell på neste side (innarbeidde

salderingstiltak under løyvingnivå Veg – drift og vedlikehald.) Vidare er budsjettet tilført løns- og prisvekst. Utgiftene er i hovudsak knytt til kjøp av tenester i entreprenørmarknaden. Erfaring så langt syner at nye kontraktar vert vesentleg dyrare enn dei kontraktane som vi er inne i. Dette verkar inn på dei prioriteringane som er gjort i budsjettet for 2022.

Sektortabell endringar frå 2021 til 2022

Tal i 1000 kr

Løyvingnivå	Moment	Endring frå 2021 til 2022
Veg – drift og vedlikehald	Adm. innsparingsprogram	-8 000
Total endring		-8 000

Innarbeidde salderingstiltak 2022

Løyvingsnivå Veg – drift og vedlikehald

Dette løyvingsnivået er redusert med 95 mill.kr

Tilstrekkelege løyvingar til inngåtte kontraktar er prioritert. Deretter er ulike vedlikehaldstiltak prioritert inn. For å dekke inn auken i inngåtte kontraktar er tiltak på desse områda blitt nedprioritert. Dette i høve til 2021-budsjettet. Fordelinga i reduksjonen er gjort slik:

Dekkelegging/oppmerking:	- 63 mill. kr
Vegutstyr, miljø og andre tiltak:	- 21 mill. kr
Bru/kai:	- 3 mill. kr

Løyvinga til administrasjon er også redusert med 8 mill. kr. Innsparingstiltaka er mindre reiseverksemd og ulike andre effektiviseringstiltak.

2 Omtale av løyvingsnivåa

Infrastruktur og veg (INV) har fire løyvingsnivå; Veg – drift og vedlikehald, FTU-midlar, Administrasjon av INV og Andre tiltak – INV.

Løyvingsnivå Veg – drift og vedlikehald

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Veg – drift og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	1 183 000	1 212 290
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	1 183 000	1 212 290
	Netto driftsutgifter 2022-kr	1 214 468	1 212 290

mill. kr

Drift- og vedlikehald skal sikre at vegnettet er eigna til bruk for trafikantane, og at funksjonen på vegen vert oppretthalde. I tillegg skal drift og vedlikehald sikre at den fysiske infrastrukturen blir teken vare på i samsvar med dei langsiktige måla for bruken av denne.

Drift av vegnettet er oppgåver og rutinar som er naudsynte for å halde vegen open og farbar. Dette kan vere tiltak som til dømes brøyting, strøing, reinhald og drift av rasteplassar.

Vedlikehald omfattar tiltak for å oppretthalde standarden på vegen, og vedlikehald som tek vare på den fysiske infrastrukturen i eit lenger perspektiv. Døme på dette er dekkelegging, skifte av stikkrenner, skifte av delar i elektriske anlegg, skifte av rekkverk og grøfting.

Budsjettet til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet for 2022 er spesifisert nedanfor. .

Veg – Drift og vedlikehald	Budsjett 2022
Drift	768,8
Vedlikehald	
Tunnel – ordinært vedlikehald	79,4
Bru/ ferjekai	77,4
Dekkelegging/oppmerking	108,8
Vegutstyr, miljø og andre tiltak	26,4
Administrasjon – fagseksjonane	151,5
Sum	1 212,3

Drift- og vedlikehaldsarbeidet på fylkesvegane vert utført av entreprenørar etter gjennomførte anbodskonkurransar.

Drift

Fylkesvegane i Vestland vert drifta gjennom driftskontraktar. I tillegg føreligg det nokre avtalar med kommunar om driftsoppgåver knytt til fylkesvegnettet. 2 nye driftskontraktar starta opp hausten 2021, Bergen–Os–Austevoll og Sunnfjord Sør. Hausten 2022 startar dei 2 kontraktane Hardanger og Sogn. Frå hausten 2022 er tal kontraktar redusert med 2 då Indre og Midtre Sogn er slegne saman til Sogn og tilsvarande Indre Sunnfjord og HAFS til Sunnfjord Sør.

Driftskontraktar i 2022:

- DK1105 Indre Ryfylke 2015–2020 (opsjon på del av kontrakt)
- DK1201 ASOLA 2018–2023 (Kommunane Øygarden, Askøy og delar av Bergen)
- DK4604 Bergen–Os–Austevoll 2021–2026
- DK1203 Nordhordland 2019–2024
- DK1204 Hardanger 2016–2021 (opsjon til 31.august 2022)
- DK4602 Hardanger 2022–2027 (oppstart 1.september 2022)
- DK1206 Voss 2016–2024
- DK1208 Sunnhordland 2019–2024
- DK1401 Indre Sogn 2014–2019 (opsjon til 31.august 2022)
- DK1402 Midtre Sogn 2016–2021 (opsjon til 31.august 2022)
- DK4608 Sogn 2022–2027 (oppstart 1.september 2022)
- DK1404 Ytre Sunnfjord 2018–2023
- DK4607 Sunnfjord Sør 2021–2026
- DK1406 HAFS 20017–2022 (vert avslutta 31.august 2022)
- DK1407 Nordfjord 2019–2023

Elektrokontraktar i 2022:

- E1260 Hordaland Vest 2016–2022 (vert avslutta 31.august 2022)
- E1260 Hordaland Vest 2022–2027 (oppstart 1.september 2022)
- E1261 Hordaland Aust 2016–2021 (opsjon til 31.januar 2022)
- E1261 Hordaland Aust 2022–2027 (oppstart 1.februar 2022)
- E1454 Sogn 2017–2022 (vert avslutta 31.mai 2022)
- E1454 Sogn 2022–2027 (oppstart 1.juni 2022)
- E1455 Fjordane 2017–2022 (opsjon til 31.mai 2023)

Andre utgifter er mellom anna straum til veglys og linjeleige på nødkommunikasjonsutstyr.

Det er sett av 768,8 mill. kr til drift i budsjettet for 2022.

Beløpet dekkjer fylkeskommunen sine forpliktingar i høve til inngåtte kontraktar med entreprenørar. I driftskontraktane er det høve til å utføre tilleggstenester, men dette handlingsrommet vert mindre for kvart år då det er ein stor auke i dei faste utgiftene i kontraktane. Det fører til at det meste av det avsette beløpet på 768,8 mill. kr går til kontraktsfesta beløp og forpliktingar.

Vedlikehald

Det er eit stort vedlikehaldsbehov på vegnettet til Vestland fylkeskommune, og det krevst store løyvingar for å ta att vedlikehaldsetterslepet. Løyvinga i 2022- budsjettet er ikkje stor nok til å ta att etterslep. For låg løyving til vedlikehald over tid gjer at installasjonar kan få kortare levetid.

Budsjettet til vedlikehald er delt inn i 4 kategoriar; desse er omtala under. I alle kategoriane er det dei viktigaste tiltaka som vert prioritert.

Tunnel – ordinært vedlikehald

Det vert sett av 79,4 mill. kr til vedlikehaldstiltak i tunnel. I denne summen ligg også fylkeskommunen si forplikting i høve kontrakt DK4611 Vedlikehaldskontrakt tunnel 2021–2025 med 42,2 mill. kr. Tidlegare var det slik kontrakt i Bergen, no blir den utvida med resten av fylket etter kvart som det blir nye driftskontraktar.

Tunnelvedlikehaldskontrakten omfattar reinhald, koordinering av stenging av tunnelar ved arbeid, inspeksjon av installasjonar og bergstruktur, spettreinsk og fjellsikring, vedlikehald av vass og frostsikring og kvitmåling av tunnelprofil etter bestilling.

Utover denne summen på driftsbudsjettet er det også sett av midlar på investeringsbudsjettet. Desse er knytt til oppgradering av tunnelar både som følge av krav i tunnelsikkerheitsforskrifta, samt anna naudsynt oppgradering.

Bru/ferjekai

Det vert sett av 77,4 mill. kr til vedlikehaldstiltak på bruer og ferjekaiar. Det er utfordringar knytt til bruvedlikehald då forfallet knytt til bruer er 3,6 mrd. kroner. Kaiene må fungere og blir fortløpande reparert.

Fagkontraktar bru/kai i 2022:

- Bru Hordaland 2021–2023
- Bru Sogn og Fjordane 2021–2022
- Fagkontrakt kai 2021–2026

Av løyvinga på 77,4 mill. kr er det sett av 71,3 mill. kr til forpliktingar i kontraktane samt bindingar i høve pågåande vedlikehaldsprosjekt.

Dekkelegging/oppmerking

Det vert sett av 108,8 mill. kr til forarbeid, dekkelegging og oppmerking. Med dette nivået vil det ta omlag 70 år før

ein kjem rundt med dekkelegging, noko som er langt over levetida til dekke som er 8-20 år. Konsekvensen kan vere at dekke bryt saman, auke i utgifter til drift og vedlikehald og utfordringar med brøyting og skade/fare for trafikkantar.

Vegutstyr, miljø og andre tiltak

Det vert sett av 26,4 mill. kr til ulike tiltak innan rekkverk, grøfter, murar, skilt og servicebygg.

Administrasjon

Administrasjon – fagseksjonane

Det er sett av 151,5 mill. kr til fagseksjonane i avdeling for infrastruktur og veg. Dette skal mellom anna dekke løns- og personalkostnader, bilutgifter, IKT-/lisenskostnader, konsulentutgifter og reiseutgifter. Løyvinga vert sett i samanheng med løyvinga på løyvingsnivå Administrasjon av Infrastruktur og veg på 30,6 mill. kr.

Løyvingsnivå FTU-midlar

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
FTU-midlar	Brutto driftsutgifter	16 818	17 150
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	16 818	17 150
	Netto driftsutgifter 2022-kr	17 154	17 150

Løyvingsnivået har eit budsjett på 17,2 mill. kr. Midlane vert mellom anna nytta til 3 ulike tilskotsordningar:

- Fysiske trafikktryggingstiltak
- Utarbeiding av kommunale trafikktryggingplanar
- Trafikktryggingaktivitetar

Løyvinga skal også dekke driftskostnader til Trygg Trafikk, jf. samarbeidsavtale mellom Trygg Trafikk og Vestland fylkeskommune. I tillegg ligg det her midlar til trafikktryggingpris for Vestland fylkeskommune.

Løyvinga vert fordelt av hovudutval for samferdsle og mobilitet. Vidare er det Trafikktryggingsutvalet (FTU) som tildeler tilskot til søkjarar på dei 3 tilskotsordningane.

Løyvingsnivå: Administrasjon av INV

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Administrasjon INV	Brutto driftsutgifter	29 438	30 615
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	29 438	30 615
	Netto driftsutgifter 2022-kr	30 745	30 615

Løyvinga på 30,6 mill. kr dekker løns- og personalkostnader knytt til leining og stabsfunksjonar. Løyvinga vert sett i samanheng med midlar til Administrasjon – fagseksjonane

på 151,5 mill. kr som er budsjettert under løyvingsnivå for veg – drift og vedlikehald.

Løyvingsnivå: Andre tiltak – infrastruktur og veg

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Andre tiltak – INV	Brutto driftsutgifter	1 024	1 045
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	1 024	1 045
	Netto driftsutgifter 2022-kr	1 044	1 045

Løyvinga på om lag 1 mill. kr dekkjer mellom anna årleg tilskott til drift av Tindevegen mellom Årdal og Luster (0,6 mill. kr).

Klimavurdering sektorbudsjett 2022

Fylkeskommunen skal tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg vegsystem som dekkjer samfunnet sitt behov for transport og som fremjar regional utvikling. Dette skal mellom anna gjerast ved å redusere klimagassutslepp på vegen til eit lågutsleppssamfunn, og tilpasse infrastrukturen til eit endra klima med mellom anna meir nedbør.

Det vert arbeidd med å stille gode klima- og miljøkrav i kontraktar og anbod. Det er i kontraktar med entreprenørane at ein har høve til å sette krav til klima og miljø. Kvalifikasjonskrav som vert stilt er sertifisering etter ISO 14001 (2015), EMAS (EU EcoManagement and Audit Scheme for environmental management) eller Miljøfyrtårn. Vidare vert det stilt krav til at alle dieseldrivne køyretøy og maskiner som vert nytta i kontrakten, skal ha EURO 6 eller STEG 4 godkjenning og rapportere månadleg på energiforbruket.

I 2021 vart det starta eit forprosjekt for å kartlegge korleis klimafotavtrykket til fylkesvegane kan reduserast og kartlegge moglege løysingar for å nå målet om lågutslepps-fylkesvegbygging. Dette forprosjektet skal vurdere potensialet for reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslepp i ulike fasar og typar vegprosjekt. Fylkeskommunen har fått innvilga 0,225 mill. kr i Klimasatstilskot frå Miljødirektoratet til denne utgreiinga. Ein rapport for forprosjektet er venta å vere klar innan 3. kvartal 2022.

Fylkeskommunen har også fått tildelt 1 mill. kr i Klimasatstilskot til ei 2-årig prosjektstilling som skal arbeide systematisk med klimakrav i anskaffingane. Utgangspunktet for dette arbeidet vil vere resultatata frå forprosjektet for lågutsleppsfylkesvegar.

Drift og vedlikehald av fylkesvegane i Vestland vil med framtidige klimaendringar sannsynlegvis ha auka press i åra framover. Med aukande mengd nedbør og meir ekstremvêr vert vegane enno meir utsett for slitasje. Forsvarleg og berekraftig forvaltning av fylkesvegnettet krev at ein i større grad utbetrar og tek vare på det eksisterande vegnettet. Fylkeskommunen samarbeider med andre vegeigarar, planmyndigheter og forskingsinstitusjonar for å utveksle kunnskap og erfaringar om klimatilpassing av vegnettet.

3 Kostnadsgrupper 2022

Finansutvalet har gjort prosessvedtak om reduksjonar i budsjettet for administrative kostnader med 40 mill. kr i 2022 samanlikna med budsjettet for 2021, fordelt med 25 mill. kr i reisekostnader og 15 mill. kr i administrative effektiviseringar. For Infrastruktur og veg utgjer budsjettreduksjonen 8,8 mill. kr.

Tabellen nedanfor viser reduksjonen på 8,8 mill. kr for Infrastruktur og veg fordelt mellom reiser og administrativ effektivisering.

Tal i 1000 kr

Reiser	Adm.	Tot
-5 776	-3 060	-8 836

Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar vil vere ein viktig del av fylkesdirektøren sin økonomistyring. Summane for sektor og løyvingsnivå er faste som vert endeleg vedteke, medan summar for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa si.

Tabell pr. sektor:

Tal i 1000 kr

Budsjett delt opp i kostnadsgrupper:	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Reise og kurs	15 776	10 000
Konsulenttenester	18 060	15 000
Administrasjonsutgifter	5 522	5 000
Ordinære driftsutgifter	1 084 721	1 114 900
Lønsutgifter og -refusjonar	106 301	116 200
Ordinære inntekter		
Andre utgifter og inntekter		
Netto driftskostnader	1 230 380	1 261 100

Kort omtale av dei ulike artsgruppene

Reise og kurs

Det er budsjettert med 30 000 kr pr. tilsett til dette føremålet. I tillegg er det sett av midlar til ei samling for avdelinga. Budsjettet er redusert i høve til nivået i 2021 som følgje av innsparingskrav på om lag 5 mill. kr knytt til reiser og kurs.

Konsulenttenester

Det er budsjettert med 15 mill. kr knytt til konsulenttenester. Det er vanskeleg å budsjettere nivået på konsulenttenester då dette er avhengig av kva vi vil ha behov for av ekstern bistand når det gjeld eventuelle rettssaker, eller dersom det oppstår usemje mellom fylkeskommunen og entreprenørar. Budsjettet er redusert med 3 mill. kr i høve 2021 som følgje av innsparingskrav.

Administrasjonsutgifter

Budsjettet er basert på budsjett og forbruk i 2021.

Ordinære driftsutgifter og lønsutgifter og -refusjonar. På desse områda er kostnadane budsjettert etter behovet på dei ulike områda.

Bemanning

Når det gjeld status for oppbygginga av avdelinga, så er det slik at bemanninga i det store og heile er på nivå med det som har vore plan for avdelinga. Det er likevel slik at det vil verta noko oppbemanning i høve til det som er tal på årsverk i dag. Tal på årsverk er omlag 330 pr. september 2021. Når det er inngått nye kontraktar på alle område innanfor sektoren, så vil ein del arbeid som vert gjort av eksterne samarbeidsaktørar verte utført av egne tilsette.

4 Bindande føresetnader

Innafor løyvingsnivå veg – drift og vedlikehald er det store økonomiske forpliktingar som følgje av inngåtte kontraktar.

Vestland fylkeskommune skal gi eit driftstilskot til Trygg Trafikk under løyvingsnivå FTU-midlar

Det vert løyvd 0,6 mill. kr i driftstilskott til Tindevegen under løyvingsnivå Andre tiltak – infrastruktur og veg.

3.7

Kultur, idrett og inkludering



Moster Amfi- og kyrkjehistoriske museum, Bømlo. Foto: Åge Avedal/Vestland fylkeskommune.

1 Kultur, idrett og inkludering – løyvingnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Løyvingsnivå		Budsjett 2021 (revidert)	Budsjett 2022
Arkiv	Brutto driftsutgifter	11 782	9 563
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	11 782	9 563
Bibliotek	Brutto driftsutgifter	13 957	14 414
	Driftsinntekter	-2 262	-2 262
	Netto driftsutgifter	11 695	12 152
Kulturformidling	Brutto driftsutgifter	53 701	56 969
	Driftsinntekter	-33 239	-35 607
	Netto driftsutgifter	20 462	21 363
Kulturarv	Brutto driftsutgifter	153 319	192 713
	Driftsinntekter	-48 951	-84 698
	Netto driftsutgifter	104 368	108 014
Idrett og friluftsliv	Brutto driftsutgifter	236 463	250 595
	Driftsinntekter	-200 293	-215 743
	Netto driftsutgifter	36 170	34 852
Inkludering, strategi og analyse	Brutto driftsutgifter	21 584	20 381
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	21 584	20 381
Kunst og kulturutvikling	Brutto driftsutgifter	114 172	115 833
	Driftsinntekter	-5 953	-6 085
	Netto driftsutgifter	108 219	109 748
Administrasjon av kultur og idrett	Brutto driftsutgifter	7 670	7 728
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	7 670	7 728
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	612 648	668 063
	Driftsinntekter	-290 698	-344 263
	Netto driftsutgifter	321 950	323 800
	Netto driftsutgifter i 2022-kr	330 299	323 800

Endring frå 2021 til 2022

Løyvingsnivå	Beløp
Arkiv	-2 735
Bibliotek	63
Kulturformidling	456
Kulturarv	933
Idrett og friluftsliv	-2 172
Inkludering, strategi og analyse	-1 756
Kunst og kulturutvikling	-1 068
Administrasjon av kultur og idrett	-220
Sum	-6 497

Arkiv har gjort ei teknisk og varig overføring av husleige (-2,5 mill. kr) til eigedomsavdelinga frå 2022, og resten utgjør redusert administrative utgifter (-0,2 mill. kr).

Kulturformidling har auka tilskot Distriktsmusikarordninga (0,5 mill. kr).

Kulturarv har reduserte administrative kostnader, men grunna omfordeling av administrativt tilsette i budsjett 2021, vert det ei auke totalt sett på løyvingsnivået i 2022 (0,9 mill. kr).

Idrett og friluftsliv har tatt bort eingongstilskot til EM U23 (-2 mill. kr), og redusert administrative kostnader (-0,2 mill. kr).

Inkludering, strategi og analyse har redusert stillingsbudsjettet (-1,4 mill. kr) og redusert administrative kostnader (-0,3 mill. kr).

Kunst- og kulturutvikling har reduksjon (-1,1 mill. kr), der (-0,7 mill. kr) gjeld tekniske endringar og (-0,4 mill. kr) gjeld reduserte administrative kostnader.

Administrasjon og Bibliotekutvikling har reduserte administrative kostnader (-0,2 mill. kr).

2 Omtale av løyvingsnivåa

2.1 Kort omtale av dei ulike løyvingsnivåa

Løyvingsnivå Arkiv

Arkiv	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Adm. arkiv	11 487	8 952
Digital formidling	295	611
Netto driftsutgifter	11 782	9 563
Sum driftsinntekter	-	0
Netto driftsutgifter	11 782	9 563
Netto driftsutgifter 2022-kr	12 298	9 563

Tekniske justeringar på 2,78 mill. kr med overføring av husleigemidlar til eigedomsavdelinga. Redusert reise og kurs med 0,07 mill. kr.

Oppgåver og tenesteproduksjon

Arkivfunksjonen har ansvar for at arkiva i Vestland vert tekne vare på og formidla som ein del av den samla

samfunnsdokumentasjonen i regionen. Dette omfattar private- og offentlege arkiv, foto, tradisjonsmusikk, stadnamn og audiovisuelt kjeldemateriale. I tillegg kjem munnlege og skriftlege tekstar.

Oppgåvene i 2022 vil i stor grad bestå i kartlegging, nettverksbygging, innføring av nye databaseløysingar for lagring og formidling og sikre gode oppbevaringstilhøve for samfunnsdokumentasjonen til regionen Vestland. Ein vil styrke og bygge ut samarbeidet med frivillig sektor, kommunar, bevaringsinstitusjonar og andre lokale aktørar. Det vil i 2022 vere ei viktig oppgåve å marknadsføre våre tenester til beste for innbygarane i Vestland fylkeskommune.

Meirbehov:

IT og musikkarkiv. Oppfølging av vedtak i KULII, jf PS 130/2020 inneber etablering av samarbeid mellom det profesjonelle og frivillige musikkfeltet, og arkiv og museum med folkemusikk og immateriell kulturarv som arbeidsområde. Satsinga vil vere ein viktig ressurs for folkemusikkmiljøet i Vestland og skal løysast på tvers av seksjonar i KII. Stillingsressursen er lagt på den eksisterande 50%-stillinga til musikkarkivaren og har ikkje andre budsjettkonsekvensar.

Løyvingsnivå Bibliotekutvikling

Adm. bibliotekutvikling	8 784	9 064
Bibliotekprosjekt	1 350	1 350
Tenester til bibliotek	3 823	4 000
Sum brutto driftsutgifter	13 957	14 414
Sum brutto driftsinntekter	-2 262	-2 262
Netto driftsutgifter	11 695	12 152
Netto driftsutgifter 2022-kr	12 089	12 152

Oppgaver og tenesteproduksjon

Etter Folkebiblioteklova §6 skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgaver og regional bibliotekutvikling, medrekna å gi råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Seksjonen initierer, leier og støttar utviklingsarbeid i biblioteka i tråd med Nasjonal bibliotekstrategi 2020 – 2023. Utviklingsarbeidet blir i stor grad utført som prosjekt knytt til kompetanseutvikling og utvikling av bibliotektenester, i eit samarbeid mellom fylket og kommunane.

Fylkeskommunen utjamnar skilnader mellom dei kommunale folkebiblioteka m.a. ved å organisere og delfinansiere ei transportordning mellom biblioteka i fylket og eit konsortium for innkjøp og utlån av e-bøker og andre elektroniske ressursar. Andre bibliotektenester til kommunane er m.a. utvikling av biblioteknettstader, organisering av arrangementsturnear, utlån av classesett og ulike tiltak for å stimulere lesing og leselede. Fylkeskommunen yter også praktisk hjelp til å aktualisere samlingane og utforme biblioteklokale.

Endring i tilskotsordningar:

I 2021 blei det etablert tre tilskotsordningar til interkommunale og kommunale tiltak innan bibliotekfeltet, j.f. vedtak i fylkestinget (PS 50/2020). På bakgrunnen av søknadsmassen for 2021 er det forslag om at to av tilskotsordningane, utvikling av biblioteklokale og mobile bibliotektilbod, blir slått saman til ordninga arenavikling. Det er eit stort meirbehov i ordninga for utvikling av biblioteklokale. Ved å slå saman ordningane vil ein få større handlingsrom i bruken av midlane ut frå behova i sektoren.

Meirbehov:

Fylkeskommunen bidrar med 1/3 av det totale budsjettet til innkjøpskonsortiet for digitale ressursar (PS 45/2020). I budsjettet for 2022 er det funne rom for å styrke dei fylkeskommunale ressursane nytta til digitale ressursar, m.a. ved å flytte midlar frå administrasjon til tenester til bibliotek.

Løyvingsnivå Kulturformidling

Kulturformidling	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Adm. kulturformidling	10 780	11 181
Den kult. Spaserstokken	3 980	3 980
Distriktsmusikarordninga	3 962	4 462
DKS – spelemidlar	33 239	35 607
Ung Kultur Møtast (UKM)	1 740	1 740
Sum brutto driftsutgifter	53 701	56 969
Sum brutto driftsinntekter	-33 239	-35 607
Netto driftsutgifter	20 462	21 363
Netto driftsutgifter 2022-kr	20 906	21 363

Oppgaver og tenesteproduksjon

Utvikling og formidling av kunst- og kulturtilbod til ulike målgrupper i samsvar med nasjonale føringar og regionale planar. Seksjonen har verkemiddel knytte m.a. til Den kulturelle skulesekken, Ung kultur møtast (UKM), Den kulturelle spaserstokken, musikarordningane og fagområdet kultur og helse.

Gjennom Den kulturelle skulesekken skal fylkeskommunen gje elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring eit profesjonelt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod. DKS – ordninga er finansiert av spelemidlar, og Vestland fylkeskommune får overført delar av overskotet til Norsk Tipping til ordninga. I Vestland fylke vil elevar i om lag 300 grunnskular og rundt 60 vidaregåande skular få tilbod gjennom Den kulturelle skulesekken.

Midlar til Den kulturelle spaserstokken skal nyttast til kulturtilbod for eldre. Kommunane får tildelt støtte etter søknad til fylkeskommunen.

Ung kultur møtast (UKM) representerer ein arena der ungdom skal få uttrykkje seg på eigne premisser, lære av kvarandre og få inspirasjon til vidareutvikling. Fylkeskommunen har ansvar for arbeidet på regionalt nivå.

Fylkesmusikarane i Vestland fylkeskommune har oppgaver knytte til undervisning og arkiv i tillegg til utøvande verksemd. Fylkeskommunen har samarbeidsavtale med vertskommunar om distriktsmusikarordninga. Kommunane har arbeidsgjevaransvar for distriktsmusikarane. Dei fylkeskommunale midlane vert dels nytta til samlingar, reiser og kostnader med prøvespel, og dels overførte til kommunane som lønsrefusjon etter retningslinjer i samarbeidsavtalen. Som motyting har fylkeskommunen rett til å nytte ein fastsett ressurs av musikarstillingane til prosjekt og oppsetjingar ein ynskjer å støtte.

Meirbehov:

Jf. vedtak i PS 179/21 i fylkesutvalet skal fylkeskommunen gå i dialog med kommunane som har signalisert interesse for å opprette nye distriktsmusikarstillingar. I saka ligg eit mål om å opprette tre stillingar frå hausten 2022. Samstundes skal inntektsbortfall etter ny organisering av

DKS-arbeidet kompensert for dei eksisterande vertskommunane. Utviding og styrking vil medføre kostnader for fylkeskommunen på inntil kr 500 000 i 2022 og kr 800 000 årleg frå 2023. Auke på kr 500 000 kr er lagt inn i budsjettframlegget.

Løyvingsnivå Kulturarv

Kulturarv	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Adm. kulturarv	26 138	28 322
Arkeologisk registrering	6 985	7 056
Vern av kulturminne	44 300	78 600
Almenne kulturvernføremaal	4 552	5 392
Museum	104 367	108 014
Sum brutto driftsutgifter	153 318	192 712
Sum brutto driftsinntekter	-48 951	-84 698
Netto driftsutgifter nominelt	104 368	108 014
Netto driftsutgifter 2022-kr	107 082	108 014

Kommentarer til tabellen:

Oppgåver og tenesteproduksjon

Vestland fylkeskommune er forvaltingsstyresmakt med mynde heimla i kulturminnelova, og skal ta i vare ei rekkje

statlege og regionale oppgåver innanfor kulturminnevernet. Oppgåver elles er m.a. kulturminne i arealplansaker i fylket, forvaltning av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar, rettleiing og råd til kommunar, organisasjonar og andre. Fylkeskommunen har hovudansvar for å forme museums- og politikken i fylket og utvikle dei konsoliderte musea i Vestland som sterke kunnskapssentera og organisasjonar, og profilerte samfunnsaktørar.

Arkeologiske registreringar vert gjennomført av fylkeskommunane med heimel i kulturminnelova for å avklare om eit tiltak eller ein reguleringsplan vil ha innverknad på automatisk freda kulturminne. Offentlege og større private tiltakshavarar vert, med heimel i kulturminnelova, pålagt å dekke kostnadene med desse registreringane.

Innsparing:

Reduksjon på 0,3 mill. kr i reise og kurs grunna meir bruk av digitale møteplattformer. Det er knytt uvisse til dei varige effektane av det digitale samhandlingsløftet vi har gjennomgått i koronatida og administrasjonen vil gjere ei ny vurdering av omfang i samband med neste års budsjettprosess.

Løyvingsnivå idrett og friluftsliv

Idrett og friluftsliv	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Administrasjon idrett og friluftsliv	6 728	6 727
Tilskot til idrettsarbeid	16 534	15 084
Tilskot til idrettsprosjekt	2 260	2 160
Tilskot spelemidlar	191 793	209 243
Tilskot til friluftsliv (statlege ordningar)	8 500	6 500
Tilskot til friluftsliv	10 648	10 880
Sum brutto driftsutgifter	236 463	250 595
Sum brutto driftsinntekter	-200 293	-215 743
Sum netto driftsutgifter	36 170	34 852
Netto driftsutgifter 2022-kr	37 024	34 852

Oppgåver og tenesteproduksjon

Oppgåvene innanfor fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er heimla i Regional plan for kultur 2019–2027 for Sogn og Fjordane, Regional kulturplan 2015 – 2025 for Hordaland og Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020–2024.

Gjennom forpliktande samarbeid mellom offentlege, frivillige og private aktørar skal fylkeskommunen arbeide for at innbyggerane skal kunne ha ein fysisk aktiv kvar dag. Som samfunnsutviklar vil fylkeskommunen m.a. ta ei tydeleg rolle i kompetanse-/utviklingsarbeid og i kommunal planlegging for å få betre kunnskapsgrunnlag, tverrfagleg involvering, god behovsvurdering og medverknad. Friluftsliva definerer fylkeskommunane sine oppgåver i høve til å fremje allmenne friluftslivinteresser.

Fylkeskommunane fordeler spelemidlane for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Spelemidlar til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet er eit sentralt verkemiddel for å innfri statlege og fylkeskommunale mål for fagområde.

Kulturdepartementet krev at fylka og kommunane har ein planforankra anleggs- og aktivitetspolitikk. Fellesnemnda vedtok i 2019 Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020–2024. I 2021 vart det fordelt vel 209 mill.kr. i spelemidlar til ordinære og nærmiljøanlegg i Vestland fylke, og det vert budsjettert med tilsvarande sum i 2022.

I 2021 var det 676 søknadar frå 42 kommunar i Vestland. Samla godkjent søknadssum var vel 950 mill. kr. 96 av 439 søknadar om spelemidlar til ordinære anlegg og 109 av 237 søknadar om spelemidlar til nærmiljøanlegg vart innvilga. I følgje rapport "Spillemidlar til idrettsanlegg 2020" utgitt av Kulturdepartementet og Norges Idrettsforbund, er det Vestland fylke som har lengst ventetid på utbetaling av spelemidlar i heile landet. I gjennomsnitt må søkarar søkje i 4,7 år før dei får tildeling til ordinære anlegg. For nærmiljøanlegg er ventetida i gjennomsnitt 2,3 år.

Tenesteproduksjon:

- Forvaltning av 11 statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar
- Driftstilskot til regionale samarbeidspartnarar
- Bidra til nasjonalt utviklingsarbeid innan fleire fagområde
- Kompetanseutvikling (m.a. konferansar, kurs, rettleiing og synfaringar i kommunane)
- Legge til rette for aktivitetar for personar med særskilde behov i partnerskap med frivillige organisasjonar, kommunar og Helse Bergen.
- Bidra til å utvikle toppidretten gjennom m.a. støtte til større meisterskap, investeringstilskot til idrettsanlegg og utviklingsstipend.

Løyvingsnivå: Inkludering, strategi og analyse

Inkludering, strategi og analyse	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Administrasjon inkludering, strategi og analyse	6 222	4 842
Statistikk, planarbeid, nettverksmøte/kurs/samarbeid	300	300
Tilskot til Etablereropplæring for innvandrarak	630	630
Tilskot til Inkludering og mangfald	3 612	3 789
Tilskot Mentor- og traineeordning for innvandrarak	1 020	1 020
Tilskot til Jobbsjansen del B	9 800	9 800
Sum brutto driftsutgifter	21 584	20 381
Sum driftsinntekter	0	0
Netto driftsutgifter nominelt	21 584	20 381
Netto driftsutgifter 2022-kr	22 137	20 381

Oppgåver og tenesteproduksjon

Seksjon for Inkludering, strategi og analyse har eit særleg ansvar for oppfølging av fylkeskommunens overordna mål, ansvar og oppgåver innan inkludering og integrering. Medan inkludering handlar breitt om å bygge ned tersklar for deltaking, er integrering avgrensa til innvandring.

Seksjonen koordinerer fleire avdelingsoppgåver m.a. å gje uttale til kommunale planstrategiar og samfunnsdelen i kommunale planer, og deltek på vegner av avdelinga i interne planprosessar. Ei viktig oppgåve i 2022 vil vere knytt til arbeidet med å utarbeide ny regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.

Seksjonen arbeider også med kunnskapsinnsamling, statistikk og analyse på kultur- og idrettsområdet, og legg til rette for, og formidlar relevant styringsinformasjon. Gjennom arbeid med planprogram og utarbeiding av plan er det lagt til rette for å mobilisere kommunar og kulturaktørar i heile fylket til dei ulike fasane i planarbeidet.

Seksjonen koordinerer oppfølging av vedtaket i fylkestinget om Vestland som antirasistisk sone.

Administrasjon

Som effektiviseringstiltak er administrasjonsbudsjettet redusert med ei stilling

Inkludering og integrering

Fylkeskommunen har ansvar for å utvikle den regionale integreringspolitikken. I dette ligg både eigne tenester og

samhandling med regionale aktørar, kommunar og sivilsamfunnet. Sentralt i arbeidet står:

- oppfølging av kommunane med rettleiing i deira kvalifiseringsarbeid
- arbeid mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting
- regional oppfølging av frivillig arbeid og samfunnsdeltaking /integrering via frivillig sektor
- innspel til oppmoding om busetjing i kommunane

Tilskot

Tilskotsordninga etablereropplæring for innvandrarak skal styrke og utvikle det ordinære tilbudet om kva som skal til for at innvandrarak kan etablere si eiga verksemd, slik at det betre kan leggest til rette for gründerverksemd blant innvandrarak, som igjen bidrar til sysselsetjing og vekst. Kommunar og fylkeskommunar kan søkje her. Det same kan verksemdar og organisasjonar i privat og offentleg sektor, og frivillige organisasjonar. Målgruppa for prosjekta er innvandrarak som ønsker å etablere seg som sjølvstendig næringsdrivande. Kvinner med innvandrabakgrunn er ei prioritert målgruppe og. 0,6 mill. kr er sett av til denne ordninga.

Tilskotsordninga til mentor- og traineeordning skal bidra til å betre inkludering av fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarak i arbeidslivet, slik at dei kan bruke kvalifikasjonane sine. Verksemdar i privat eller offentleg sektor kan nytte tilskotsordninga til å etablere og gjennomføre eit mentor- og traineeprogram som styrkjer mangfaldet i bedrifta, slik at dei får ny kompetanse og nye erfaringar. 1 mill. kr er sett av til denne ordninga.

Tilskot til Jobbsjansen – del B skal sikre meir grunnskoleopplæring for ungdom i aldersgruppa 16–24 år, slik at dei betre kan fullføre vidaregåande opplæring. Tiltaket høyrer til fylkeskommunen sine nye integreringsoppgåver, og ordninga har gått frå å vere frivillig til å bli ein obligatorisk

del av fylkeskommunen sine tiltak. Midlane vert forvalta av avdeling for opplæring og kompetanse som utarbeider plan for tiltaket og gjennomfører denne i samarbeid med aktuelle kommunar. 9,3 mill. kr er sett av til dette arbeidet.

Løyvingsnivå: Kunst- og kulturutvikling

Kunst og kulturutvikling	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Adm. Kulturutvikling	6 695	6 760
Kulturelt utviklingsprogram (KUP)	7 200	7 200
Kunstinstitusjonar	49 026	50 409
Stønad etter vedtak	4 210	4 210
Tilskot kulturhus	12 289	12 421
Tilskot til frivillige organisasjonar	16 799	17 152
Vaksenopplæring	634	0
Ymse B/U tilskot	2 172	2 536
Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling	13 647	13 645
Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar	1 500	1 500
Sum brutto driftsutgifter	114 172	115 833
Driftsinntekter	-5 953	-6 085
Sum netto driftsutgifter	108 219	109 748
Netto driftsutgifter 2022-kr	110 816	109 748

Oppgåver og tenesteproduksjon

Seksjonen ivaretek oppgåver innan kunst- og kulturutvikling heimla i delegasjon av statlege forvaltingsoppgåver, og støttar utviklinga av Vestland fylkeskommune sin regionale politikk for eit sterkt og mangfaldig kunst- og kulturliv i heile fylket, både innan frivillig sektor og profesjonell kunst. Seksjonen forvaltar økonomiske tilskot, m.a. faste driftstilskot til organisasjonar og institusjonar, investeringstilskot og prosjektbasert støtte til arrangement, produksjon og infrastruktur. Mottakarane skal vere regionale verksemder som medverkar til kulturelt og kunstnarleg mangfald og kulturell utvikling i fylket.

Seksjonen arbeidar med utviklingsorientert tilrettelegging av fylkeskommunale verkemiddel på kunst- og kulturområdet, og grunnlaget for utviklinga av kunst- og kulturpolitikken i fylket. I tillegg til bruk av økonomiske verkemiddel som driftsstønad, prosjekttilskot og utviklingsmidlar, arbeidar seksjonen med strategi, kompetanse, koordinering og mobilisering på kunst- og kulturområdet, retta mot institusjonar, det frie feltet og frivillig sektor.

Vestland fylkeskommune har motteke søknader om driftsstøtte på til saman om lag 110 mill. kr for 2022 på dette området. Dette inneber ei auke på om lag kr 30 mill. kr frå 2021. Det er ikkje mogeleg å imøtekoma søknadsnivået og prioriteringa har vore streng. Det er føreslått nokre mindre

satsingar der behova er særleg kritiske og der det er i gong utviklingstiltak med stor kulturverdi. Det er lite rom for nye satsingar, og nye mottakarar av driftsstøtte over budsjett har motteke stønad til prosjekt og tiltak over fleire år, i tillegg til å ha søkt driftsstøtte over budsjett utan at det tidlegare har vore funne rom til dette.

Kulturelt utviklingsprogram (KUP) er eit viktig verkemiddel for større satsingar i kulturlivet i Vestland. Programmet støttar nyskapande og målretta utviklingsprosjekt, som er initierte av kulturlivet sjølv. Det er sett av 7 200 000 kroner til ordninga i 2022.

Stønad etter vedtak

I denne posten ligg midlar til ulike tilskotsordningar innan kunst- og kulturutvikling. Tilskotsmidlane vert fordelte gjennom året innanfor ulike ordningar, og er viktige verkemiddel for å støtte opp om kunst og kultur i fylket og for å nå dei kulturpolitiske målsettingane på feltet. Det vert i hovudsak motteke søknader om langt meir enn dei midlane ein har til rådvelde.

For vaksenopplæring er midlane overført til tabell/posten Tilskot til frivillige organisasjonar - Andre kulturaktivitetar og er delt opp i Vaksenopplæringsføremål – tilskotsordning for studieforbund med kr 400 000 og Vaksenopplæringsforbundet VOFO med kr 300 000.

Løyvingsnivå adm./ stab

Stab	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Adm. stab	6 609	6 985
Felles driftsutgifter	1 061	693
Konsulenttenester		50
Brutto driftsutgifter	7 670	7 728
Driftsinntekter	-	0
Sum netto driftsutgifter	7 670	7 728
Netto driftsutgifter 2022-kr	7 948	7 728

Kommentarar til tabellen:

Oppgåver og tenesteproduksjon

I hovudsak er staben sitt arbeid knytt til fellesoppgåver og oppgåver som elles ikkje fell inn under dei enkelte fagseksjonane sitt område.

Støttefunksjonane har som hovudmål å avlaste og forenkle drifta i linja. Dette gjeld oppgåver som felles økonomistyring av rekneskap og budsjett, post/arkivtenester, støtte linjeleiarane i rekrutteringsprosessar, sjå til at aktuelle rutinar og regelverk vert ivareteke, syte for tilskotsoppfølging og støtte arbeidet med bruk av elektroniske verktøy, og at dette vert følgd opp i samsvar med gjeldande retningslinjer.

Klimavurdering sektorbudsjett 2022

FN sine berekraftmål ligg til grunn for alt arbeidet Vestland fylkeskommune gjer og målet er at Vestland skal bli eit nulltsleppssamfunn innan 2030. Fylket skal ta ei pådrivarrolle for det grøne skiftet.

På avdelinga vil klimagassutsleppa gjelde dei aktivitetane som krev vesentleg transport og i nokon grad tilskot der ein kan setje miljøkrav. Det kan vere mindre klimagassutslepp knytt til drift og til at ein del tilsette nyttar eigen bil til og frå arbeid. Seksjon for kunstformidling har ei utstrekt turneverksemnd gjennom Den kulturelle skolesekken, og på seksjon for Kulturarv treng feltarkeologane transport til og frå felt. Indirekte kan seksjon for Idrett og friluftsliv påverke klimagassutslepp knytt til tilskot til idrettsanlegg.

Fokus på berekraftig anleggsutvikling både i høve til nybygg, rehabilitering og drift av anlegg skal styrkast. I tillegg skal det m.a. utviklast ei sertifiseringsordning for grønne idrettsarrangement, med basis i erfaringane frå grøn festival. 11. juni 2021 signerte Vestland fylkeskommune ein 4-årig samarbeidsavtale med Vestland idrettskrets om berekraftig anleggs- og arrangementsutvikling. Kunnskapsutvikling og -deling er sentrale element.

VLFK deltek og i eit nasjonalt utviklingsarbeid knytt til berekraftig utvikling av kunstgrasbaner, saman med fylkeskommunane Trøndelag og Viken, Norges Fotballforbund og NTNU. Det er behov for meir kunnskap om effekten av ulike tiltak her på Vestlandet. Regjeringa vedtok 8. april 2021 «forskrift om endring i forskrift om begrensning av forurensning (utforming og drift av idrettsbaner der det brukes plastholdig løst fyllmateriale)», gjeldande frå 1. juli 2021. Regjeringa innfører overgangsordningar for at det skal vere enklare for kommunar og idrettslaga å gjennomføre tiltaka. EU ser og på ulike tiltak for å redusere bruk av gummigranulat.

Vestland fylkeskommune har og meldt seg inn i International Association for Sport and Leisure Facilities Nordic (IAKS Nordic). IAKS Nordic er ei internasjonal ideell foreining for organisasjonar som arbeider med utvikling, etablering og drift av idrett- og fritidsanlegg. Foreininga har stort fokus på berekraftig utvikling. Gjennom erfaringsutveksling, nettverksbygging og kompetanseheving vil dette vere nyttig for vidare utviklingsarbeid i fylkeskommunen og for kommunar og organisasjonar fylkeskommunen samarbeider med.

Vestkystparken er eit regionalt partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om viktige friluftslivs-områder langs kysten i Rogaland og Vestland. Utfordringar knytt til maritim forsøpling har stort fokus i samarbeidet m.a. gjennom deltaking i strandryddeaksjonar i regi av Hald Norge Rent og engasjement i Rydd Norge Vestland.

Tabellen nedanfor viser aktuelle tiltak som avdelinga har vedtatt eller har under planlegging, som kan bidra til reduserte klimagassutslepp

Namn tiltak/prosjekt	Ansvarleg for gjennomføring (avd.-nivå)	Konkretisering av tiltak	Årleg kostnad i 2022–2025 (tall i 1000 kr)	Kryss av om tiltaket er:	
				Innanfor vedtatt kostnadsramme	Tilleggsforslag (behov for finansiering)
1 Kutte bruk av fossile transportmiddel	Kultur, idrett og inkludering	Stille krav ved bruk av leigebilar	Ingen ekstra kostnad, mogleg innsparing	Ja	Nei

3 Kostnadsgrupper 2022

Finansutvalet har gjort prosessvedtak om reduksjonar i budsjettet for administrative kostnader med 40 mill. kr i 2022 samanlikna med budsjettet for 2021, fordelt med 25 mill. kr i reisekostnader og 15 mill. kr i administrative effektiviseringar. For Kultur, idrett og inkludering utgjør budsjettreduksjonen 2,0 mill. kr.

Tabellen nedanfor viser reduksjonen på 2,0 mill. kr for Kultur, idrett og inkludering fordelt mellom reiser og administrativ effektivisering.

Tal i 1000 kr

Reiser	Adm.	Tot
-769	-1 231	-2 000

I denne delen er sektorbudsjettet fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar er ein viktig del av fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane for sektor og løyingsnivå er faste og vert vedtekne av fylkestinget, medan summane for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa si.

Tabell pr. sektor:

Tal i 1000 kr

Budsjett delt opp i kostnadsgrupper:	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Reise og kurs	2 258	1 489
Konsulenttenester	488	450
Administrasjonsutgifter	2 180	2 180
Ordinære driftsutgifter	6 197	6 197
Lønsutgifter og -refusjonar	84 684	87 225
Ordinære inntekter	-290 698	-344 263
Andre utgifter og inntekter	516 841	570 522
Netto driftskostnader	321 950	323 800

Kort omtale av dei ulike artsgruppene

Artsgruppene Reise og kurs, Konsulenttenester og Administrasjonsutgifter har dei siste åra vorte redusert vesentleg. Då fylkeskommunen endå ikkje har vore gjennom eit normalår grunna koronapandemien, er det vanskeleg å seie om

postane er tilstrekkelege og i tråd med aktiviteten som løyser ut desse kostnadene. Noko innsparing gjennom ny kommunikasjonsteknologi er lagt til grunn.

4 Bindande føresetnader

Det er ikkje bindande føresetnader for dette budsjettkapitlet. Ytterlegare spesifisering av løyvingsnivå vert gjort i hovudutvalet.

3.8

Tannhelse



Premie hjå tannlegen. Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.

1 Tannhelse – løyvingsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Pasientbehandling	Brutto driftsutgifter	13 549	13 680
	Driftsinntekter	-165	-
	Netto driftsutgifter	13 384	13 680
Administrasjon	Brutto driftsutgifter	406 455	413 778
	Driftsinntekter	-149 733	-145 858
	Netto driftsutgifter	256 722	267 920
Totalt	Brutto driftsutgifter	420 004	427 458
	Driftsinntekter	-149 898	-145 858
	Netto driftsutgifter	270 106	281 600
	Netto driftsutgifter 2022-kr	282 215	281 600

Endring frå 2021 til 2022

Tannhelsetenesta har eit budsjettnedtrekk i 2022 på 0,5 mill. kr. Følgjande salderingstiltak er innarbeidd etter prosessvedtak; innsparing på reise, innsparing på møteutgifter og fellesutgifter beredskapsklinikk. Utover desse momenta er alle delar av budsjettet tilført pris- og lønsvekst,

og vidareført på same nivå som 2021-budsjettet. Det er og gjort ei overføring til Organisasjon og økonomi på 0,115 mill. kr gjeldane avslutning med internfakturering av husleige kontor stab.

Sektortabell endringar frå 2021 til 2022

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå	Moment	Endring frå 2021 til 2022
Administrasjon	Reise og møteutgifter	- 100
Pasientbehandling	Reise, møteutgifter og fellesutgifter	- 400
Administrasjon	Flytting av kostnad, husleige	- 115
Total endring		- 615

Innarbeidde salderingstiltak 2022

Løyvingsnivå administrasjon:

Sektoren har gode erfaringar knytt til digital møteverksemd, og opplever det som effektivt. Dette er kostnadsbesparande, og reduserer reise- og møteutgifter.

Dette utgjør 0,1 mill. kr på løyvingsnivå administrasjon.

Løyvingsnivå pasientbehandling:

På den delen av sektoren som høyrer inn under løyvingsnivå pasientbehandling har det vore eit fokus på mindre reiseverksemd, og i tillegg har ein gjennomført mange digitale møte. Dette er noko som sektoren vil halde fram med. Dette

er og tidseffektivt då ein kan ha pasientbehandling både før og etter møta. Dette utgjer ei innsparing på 0,25 mill. kr.

Fana tannklinikkk vart nedlagt i 2020, men i samband med koronapandemien vart klinikken nytta som beredskapsklinikkk. Denne avtalen er no sagt opp sidan behovet ikkje er til stades. Dette er grunna i at ein har hatt ein gjennomgang av den samla beredskapen i sektoren, og kome til ei vurdering som tilseier at talet på beredskapsklinikkar i fylket er tilstrekkeleg. Dette utgjer ei innsparing på 0,15 mill. kr.

Samla vert dette 0,4 mill. kr på løyvingnivå pasientbehandling.

2 Omtale av løyvingnivåa

Tannhelsetenesta har to løyvingnivå; pasientbehandling og administrasjon.

Løyvingnivå: Administrasjon

Tal i 1000 kr

	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Brutto driftsutgifter	13 549	13 680
Driftsinntekter	-165	
Netto driftsutgifter	13 384	13 680
Netto driftsutgifter 2022-kr	13 895	13 680

Løyvinga skal dekke løn, og personalkostnader og andre utgifter knytt til tilsette innanfor økonomi, personal, fagseksjon; samt stabsleiar og fylkestannlege.

Løyvingnivå: Pasientbehandling

Tal i 1000 kr

	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Brutto driftsutgifter	406 455	413 558
Driftsinntekter	-149 733	-145 638
Netto driftsutgifter	256 722	267 920
Netto driftsutgifter 2022-kr	268 320	267 920

Under dette løyvingnivået ligg behandlinga av pasientgruppene som er prioriterte og betalande. I tillegg kjem områdeleiarane, alle yrkesgrupper tilknytt pasientbehandling, tilsette i teknisk eining og alt utstyr som vert brukt på klinikkanne.

Vestland tannhelseteneste utfører lovpålagde oppgåver i samsvar med lov om tannhelsetenester. Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetenester, også spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengelege for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i fylket. Tannhelsetilbodet skal vera regelmessig og oppsøkjande, og førebygging skal prioriterast framfor behandling.

Tannhelsetenesta i Vestland er attende i normal drift etter koronapandemien. Tannhelsetenesta har i 2022 ansvar for å gi eit tannhelsetilbod til om lag 170 000 innbyggjarar som har ein lovfesta rett til tannhelseteneste. Om lag 23 000 vaksne, betalande personar får årleg si tannbehandling i Vestland tannhelseteneste.

Lov om tannhelsetenester § 1-3 definerer dei prioriterte gruppene som:

- barn og unge 0–20 år
- psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon eller i heimesjukepleie

Vestland tannhelseteneste gjev også eit tannhelsetilbod til innsette i fengsel og personar innan rusomsorg. I tillegg får vaksne, betalande pasientar tilbod om behandling der det er kapasitet og behov.

Vestland tannhelseteneste har også ansvar for Tannlegevakta i Bergen, tannbehandling i narkose på Haukeland universitetssjukehus, Førde sjukehus og Stord sjukehus samt eit poliklinisk tilbod om tannbehandling i narkose på Solheimsviken tannklinikkk.

Eit spesialtilpassa tannhelsetilbod til personar som har vore utsette for tortur eller overgrep, eller med sterk angst for tannbehandling blir også gitt. Dette tilbodet inneheld også psykologhjelp.

Tk Vestland

Vestland fylkeskommune har ansvar for drift av Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Tk Vestland. Senteret er lokalisert på Årstadvollen i Bergen, og skal gje tilbod om spesialistbehandling og utføra fagleg rådgjeving til offentleg og privat tannhelseteneste. Senteret har og ansvar for praksisnær klinisk forskning, og bidreg i spesialistutdanninga. TK Vestland har og ein eigen tannklinikkk på Haukeland universitetssjukehus.

Kostnadsnivået dei siste åra har vore for høgt til at senteret oppnår prinsippet om å vere sjølvfinansierende. PwC har laga ein økonomisk rapport på bestilling frå fylkeskommunen, og denne vart ferdig våren 2021. Rapporten syner både kortsiktige og langsiktige tiltak for å betre økonomien.

Tk Vestland har arbeidd med desse tiltaka. Senteret har mellom anna fått betre rutinar når det gjeld internfakturering,

og timetaksten har vorte auka frå 1. juli 2021. Leiinga har hatt fokus på kostnader og inntekter i dialog med dei tilsette. Den einskilde behandlar ved senteret har hatt meir fokus på kostnadane som ei behandling medfører. Behandlaren fastsett honoraret, og dette skal avspegle dei reelle kostnadene ved utført behandling.

Tk Vestland har marknadsført seg, og gjort seg synlege ut mot brukarane sine. Det har og vorte laga ein reklamefilm, og det er gjennomført 11 digitale fagdagar i 2021. I tillegg har dei hatt stand på Den norske tannlegeforening sitt landsmøte. Effekten av marknadsføringa har vore god, og ført til større tilfang av pasientar.

Det har vore eit budsjettmessig meirforbruk på teamet som arbeider med pasientar med problematikk knytt til leppe-, kjeve- og ganespalte. Senteret vil fortsetje arbeidet med å redusere meirforbruket på teamet.

Tk Vestland vil dei neste åra fortsetje arbeidet med kostnadsreducerande tiltak og kontinuerleg vurdere korleis ein kan auke innteninga.

Tannhelsetenesta har laga ein eigen plan for tiltak i tråd med funna i PwC-rapporten.

Klimavurdering sektorbudsjett 2022

Klimaperspektivet er i fokus når det gjeld alle innkjøpsavtalar. Det er tatt omsyn til transport og leveringsmetode samt at ein har gode ordningar for handtering av spesialavfall. Tannhelsetenesta jobbar målretta med folkehelse og helseførebyggjande arbeid. Målet med langsiktig helsefremjande arbeid er at pasientar; særskilt barn og unge, skal få ei god oral helse som vil krevja lite tilsyn og behandling i vaksenlivet. På denne måten vil ein redusere ressursane som seinare går til undersøking og behandling.

Alle prioriterte pasientar vert oppmoda om å nytta seg av offentleg transportmiddel til og frå behandlingstaden. Ordning med reiserefusjon for bil eller drosje kan berre nyttast dersom helsetilstanden til pasienten eller rutetider på offentleg transport tilseier at dette er mest føremålstenleg. Tenesta vil halde fram med digitale møte og kurs der det er føremålstenleg, og slik at ein unngår unødige reiser.

3 Kostnadsgrupper 2022

Finansutvalet har gjort prosessvedtak om reduksjonar i budsjettet for administrative kostnader med 40 mill. kr i 2022 samanlikna med budsjettet for 2021, fordelt med 25 mill. kr i reisekostnader og 15 mill. kr i administrative effektiviseringsar. For Tannhelse utgjer budsjettreduksjonen 0,5 mill. kr.

Tabellen nedanfor viser reduksjonen på 0,5 mill. kr for Tannhelse fordelt mellom reiser og administrativ effektivisering.

Tal i 1000 kr

Reiser	Adm.	Tot
-500	-	-500

Finansutvalet gjer prosessvedtak knytt til sektorbudsjetta og for summane til dei ulike løyvingnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadsstypar vil vere ein viktig del av fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane for sektor og løyvingnivå er faste som vert endeleg vedteke, medan summar for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa si.

Tabell pr. sektor:

Tal i 1000 kr

Budsjett delt opp i kostnadsgrupper:	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Reise og kurs	3 315	2 815
Konsulenttenester	49	701
Administrasjonsutgifter	3 883	3520
Ordinære driftsutgifter	59 466	54 810
Lønsutgifter og -refusjonar	351 446	365 612
Ordinære inntekter	-148 053	-145 858
Andre utgifter og inntekter		0
Netto driftskostnader	270 106	281 600

Kort omtale av dei ulike kostnadsgrupper

Reise og kurs:

Under reise og kurs ligg utgifter som gjeld klinikkleiarsamling, leiarmøte, stabsmøte, besøk på sjukeheimar, ambulering, vernerundar og reiseutgifter i samband med vedlikehald og service ute på klinikkane.

Konsulenttenester:

Her ligg utgifter gjeldane juridisk bistand og tolketenester. Tannhelsetenesta har innkjøpsavtale med tolkenett som bistår klinikkane ute dersom dei treng tolk.

Administrasjonsutgifter:

Utgifter som er budsjettert dreier seg om kontormateriell, gaver til tilsette, sms varsling til pasientar, telefon, stillingsannonser og kostnader som gjeld infoskjerm ute på tanntlinikkanane.

Ordinære driftsutgifter:

Ein av dei største utgiftspostane er medisinsk forbruksmateriell som eingongsutstyr, og anna knytt til behandling av den einskilde pasient. Her ligg og pasientreiser, dentalt utstyr, folkehelseiltak og utgifter knytt opp til vedlikehald og reparasjonar. Utgifter som gjeld henviste pasientar, vert og budsjettert her.

Lønsutgifter og refusjonar:

Under dette artsnivået ligg løn og sosiale kostnader for alle tilsette i tannhelsetenesta.

Ordinære inntekter:

Her vert det i hovudsak budsjettert inntekter for betalande pasientar og tilskotsmidlar frå helsedirektoratet.

4 Ytterlegare spesifikasjon av sektorbudsjettet

Løyvingsnivå : Pasientbehandling

Tabellen gjev eit overslag over fordelte nettobudsjett mellom dei fire tannhelseområda og teknisk avdeling.

Tal i 1000 kr

	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1 Nord tannhelseområde	54 677	54 748
2 Sørøst tannhelseområde	45 033	46 376
3 Sentrum tannhelseområde	78 257	82 882
4 Vest tannhelseområde	66 929	72 124
5 Teknisk avdeling	11 826	11 790
Netto driftsutgifter	256 722	267 920

Løyvingsnivået er inndelt i fire område pluss teknisk avdeling. Kvar område er leia av ein tannlege med tittel områdeleiar. Her ligg løn- og sosiale kostnader til områdeleiarane, tannlegane, tannpleiarane og tannhelsesekretærene. Løyvinga omfattar behandling av både prioriterte og betalande pasientar. Teknisk avdeling er knytt til vedlikehald av tannteknisk utstyr.

Tannhelsetenesta er ein viktig fylkeskommunal aktør med lokasjonar over heile Vestland. Under er ein tabell som syner tal klinikkar pr. område, og korleis desse er lokalisert. Av tabellen går det fram at det samla er 44 klinikkar rundt om i fylket.

Område	Tal klinikkar	Lokasjonar
Nord	13	Måløy, Eid, Stryn, Sandane, Florø, Bremanger, Førde, Askvoll, Hyllestad, Hardbakke, Høyanger, Sogndal, Gaupne.
Sørøst	17	Årdal, Lærdal, Aurland, Vik, Voss, Ulvik, Norheimsund, Odda, Lofthus, Husnes, Rosendal, Etne, Stord, Tysnes, Bremnes, Langevåg, Sveio
Sentrum	11	Øygarden, Askøy, Loddefjord, Laksevåg, Fyllingsdalen, Sælen, Nesttun, Austevoll, Sørås, Os, Eikelandsosen
Vest	13	Eivindvik, Manger, Lindås, Nordhordland, Arna, Osterøy, Hesthaugen, Åsane, Bergen fengsel, Årstad, Tannlegevakten, Solheimsviken, Skuteviken

I budsjettet er det innarbeidd 527 tilsette som samla utgjer 443 årsverk. Under er ein tabell som syner personar og årsverk i tannhelsetenesta fordelt på yrkesgrupper, administrasjon og Tk Vestland.

Grupper/ 2022	Tal*	Årsverk*
Tannlege/ tannlegespesialist	186	170
Tannpleiar	80	64
Tannhelsesekretær	210	172
Tannhelse administrasjon	22	17
TK Vestland administrasjon/ Forskar/ Psykolog	30	20
Totalt	527	443

*Omtrentlege tal

Tannhelsetenesta har erfart at det er vanskelegare med rekruttering av personell til klinikkar utanom dei tettbygde områda i fylket. Dette gjeld for både tannlege, tannpleiar og tannhelsesekretær.


På dei minste klinikkane er det å halde oppe bemanninga særst utfordrande. I bynære områder er rekruttering til tannhelsetenesta ikkje eit problem.

5 Bindande føresetnader

Viser til tabellar og omtale, men for dette sektorbudsjettet er det ikkje sett opp bindande føresetnader

3.9

Innovasjon og næringsutvikling



Robotarm. Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.

1 Innovasjon og næringsutvikling – løyingsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter

Tal i 1000 kr

Løyingsnivå		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Adm innovasjon og næringsutvikling	Brutto driftsutgifter	10 523	11 533
	Driftsinntekter	-319	-331
	Netto driftsutgifter	10 204	11 201
Grøn vekst, klima og energi	Brutto driftsutgifter	23 679	19 985
	Driftsinntekter	-8 066	-4 250
	Netto driftsutgifter	15 613	15 735
Forskning, komp. og internasjonalisering	Brutto driftsutgifter	71 656	67 293
	Driftsinntekter	-37 757	-30 488
	Netto driftsutgifter	33 899	36 804
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Brutto driftsutgifter	56 553	53 315
	Driftsinntekter	-19 062	-20 309
	Netto driftsutgifter	37 491	33 006
Verdiskaping i byar og regionar	Brutto driftsutgifter	146 136	140 920
	Driftsinntekter	-127 514	-124 150
	Netto driftsutgifter	18 622	16 770
Utviklingsmidlar	Brutto driftsutgifter	37 811	41 311
	Driftsinntekter	-4 029	-4 029
	Netto driftsutgifter	33 782	37 282
Sum	Brutto driftsutgifter	346 359	334 357
	Driftsinntekter	-196 747	-183 557
	Netto driftsutgifter	149 612	150 800
	Netto driftsutgifter 2022-kr	154 100	150 800

Endring frå 2021 til 2022

Innovasjon og næringsutvikling har ei budsjettinnsparing på 2 mill. kr. Rammereduksjonen er løyst gjennom innsparingar på løyingsnivåa Forsking, kompetanse og internasjonalisering og Naturressursar, landbruk og reiseliv – sjå nærmare omtale av salderingstiltaka nedanfor. I tillegg til dette er 1 mill. kr til oppfølging av plaststrategien og 0,3 mill. kr som

følgje av sentralisering av IT-utgifter overført til avdeling for Strategisk utvikling og digitalisering.

I 2012 gjorde fylkesutvalet i Hordaland vedtak om å delfinansiere eit prosjekt om nasjonale turistveger i Hardanger med 4 mill. kr årleg over 10 år. Denne forpliktinga enda i 2021, og

dei regionale utviklingsmidlane som har vore bunde opp er flytta til løyvingnivået utviklingsmidlar.

Det vert sett av årleg driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane, på 1 mill. kr (jf. vedtak i hovudutvalet for næring PS 17/2021), og 0,777 mill. kr til fullfinansiering av inngåtte samarbeidsavtaler for perioden 2021–2022 (jf. vedtak i hovudutvalet for næring PS 11/2021 og PS 29/2021). Utviklingsmidlar til mellom anna tilskot og eigeninitierte tiltak vert redusert tilsvarende.

Andre endringar mellom løyvingnivå er i hovudsak av teknisk karakter, til dømes flytting av einingar, fordeling av pris- og lønsvekst og sentralisering av utgifter i organisasjonen.

Sektortabell endringar frå 2021 til 2022

Tabellen nedanfor syner reelle endringstiltak: Innsparingar og omprioriteringar samanlikna med budsjett for 2021. Summen av tiltaka som gjeld innsparingar og omprioriteringar er 2 mill. kr.

Tabell med endringar

Tal i 1000 kr

Løyvingnivå	Namn	Moment	Endring frå 2021 til 2022
Forskning, komp. og internasjonalisering	Internasjonale prosjekt	Innsparing som følgje av kompensasjon for løns- og administrasjonskostnader ved deltaking i eksternt finansierte prosjekt.	-850
Forskning, komp. og internasjonalisering	Digital karriereveiledning	Innsparing som følgje av kompensasjon for løns- og administrasjonskostnader ved eksternt finansierte karriererettleiingstiltak.	-150
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Rådgeving	Innsparing av eit årsverk som salderingstiltak.	-1 000
Utviklingsmidlar	Utviklingsmidlar	Omprioritering av midlar til finansiering av driftsstøtte til Vitemeir, jf. HU NÆRNA PS 17/2021.	-1 000
Forskning, komp. og internasjonalisering	Vitensenter	Driftsstøtte til ViteMeir, jf. HU NÆRNA PS 17/2021.	1 000
Utviklingsmidlar	Utviklingsmidlar	Omprioritering av midlar til fullfinansiering av inngåtte partnerskapsavtaler.	-777
Utviklingsmidlar	Partnerskapsmidlar	Finansiering av toårig partnerskapsavtaler inngått i 2021.	777
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Mineralressursar	Mindre omprioritering av midlar.	-100
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Marine næringar	Mindre omprioritering av midlar.	100
Sum innsparingar og omprioriteringar			-2 000

I tillegg er det gjort endringar av teknisk karakter. Dette gjeld flytting av stillingar mellom budsjettpostar, fordeling av pris- og lønsvekst samt sentralisering av utgifter i organisasjonen.

Summen av dei tekniske justeringane er ein reduksjon på 1,3 mill. kr, som samsvarer med overføring av midlar til andre avdelingar (midlar til oppfølging av plasstrategien og IT-midlar).

Innarbeidde salderingstiltak 2022

Rammereduksjonen på 2 mill. kr er fordelt med reduksjon av eit årsverk og ved reduserte kostnader med å delta i prosjekt med ekstern finansiering.

Naturressursar, landbruk og reiseliv

Reduksjon av eitt årsverk knytt til naturressursforvaltning.
Årsverknad: Om lag 1 mill. kr.

Forsking, kompetanse og internasjonalisering

VLFK deltek i fleire større og mindre internasjonale prosjekt der eigne ressursar vert frikjøpte i mindre stillingsdelar, i tillegg til at statleg finansierte prosjekt gir mogelegheit for å ta ut noko av overføringane til administrasjon. Det vert budsjettet med 1 mill. kr i mindretgifter på dette løyingsnivået.

2 Omtale av løyingsnivåa

Innleiing

Det viktigaste styringsdokumentet for Vestland fylkeskommune sitt arbeid innanfor innovasjon og næringsutvikling er planen «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033» som vart vedteken av fylkestinget 16. juni 2021. Ambisjonane i planen har ein tydeleg raud tråd frå utviklingsplanen til Vestland, og hovudmålet seier at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.

Næringsplanen har fire hovudsatsingar og mål som er bransjenøytrale og gjeld for alle næringane:

- Grøn næringsutvikling: Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030

- Areal til næringsutvikling: Rett areal til rett føremål til rett tid
- Kompetanseutvikling i arbeidslivet: Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse
- Innovative og inkluderande samfunn: Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket

Medan den regionale planen er overordna, skal handlingsprogrammet konkretisere og prioritere tiltak knytt til dei fire satsingane. Handlingsprogrammet vil kome opp som eiga politisk sak til fylkestinget i desember 2021. Prioriterte aktivitetar og tiltak i prosjektet “Grøn region Vestland” vil verte samordna og innarbeidd i handlingsprogrammet.

Delar av midlane som er sett av under løyingsnivået Utviklingsmidlar skal finansiere prioriterte tiltak knytt til regional plan for innovasjon og næringsutvikling, inkludert utlysing av tilskot, eigeninitierte tiltak, ei eventuell program-satsing og andre aktivitetar. Desse midlane utgjer eit viktig handlingsrom for oppfølging av regional plan for innovasjon og næringsutvikling, men det reelle budsjettbehovet til oppfølging av Grøn region Vestland og handlingsprogrammet vil vere større enn det er rom for i dette budsjettet.

Fire fagseksjonar og ein stabsseksjon bidreg til å nå måla knytt til satsingsområda i «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling». Dette skjer gjennom strategisk nærings- og samfunnsutvikling inkludert tilskotsforvaltning, samordning og rådgjeving, og gjennom sakshandsaming etter lov og forskrift. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein plan for heile fylket, ikkje berre for fylkeskommunen. Samfunnsutviklarrolla, med samordning og mobilisering av sentrale partnarar i næringsliv, offentleg sektor og FoU-sektoren, er ei viktig oppgåve for avdelinga på tvers av seksjonane. I budsjettet utgjer kvar seksjon eitt løyingsnivå, samt eit sjettede løyingsnivå «Utviklingsmidlar». Kvart av desse løyingsnivåa er kort omtala nedanfor.

Løyvingsnivå Administrasjon innovasjon og næringsutvikling

Tal i 1 000 kr

Avdeling for innovasjon og næringsutvikling		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Innovasjon og næringsutvikling	Brutto driftsutgifter	4 807	5 606
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	4 807	5 606
Stab innovasjon og næringsutvikling	Brutto driftsutgifter	5 717	5 926
	Driftsinntekter	-319	-331
	Netto driftsutgifter	5 397	5 595
Sum	Brutto driftsutgifter	10 523	11 533
	Driftsinntekter	-319	-331
	Netto driftsutgifter	10 204	11 201
	Netto driftsutgifter 2022-kr	10 496	11 201

Her ligg administrative fellestenester for avdelinga innanfor økonomi og innkjøp, HR, kommunikasjon, digitalisering av arbeidsprosessar og arkiv. Måla er å understøtte drifta i avdelinga, og med det leggje til rette for at fagseksjonane løyser oppgåva med implementering av den regionale planen best mogleg.

Økonomi- og controlleroppgåver er den største oppgåva til staben i avdelinga. Avdeling for innovasjon og næringsutvikling forvaltar mange ulike støtteordningar, og fleire av tilskota vert utbetalte over fleire år og etter rapportering. Ein del av

ordningane har ekstern finansiering med krav til rapportering og revisjon.

Hovudmåla for året er å styrke og effektivisere avdelinga sine arbeidsprosessar, kontrollfunksjonar og kommunikasjon gjennom auka bruk av digitale verktøy og prosessforenkling.

Til løyvingsnivået ligg løn og driftsutgifter til avdelingsdirektør og stab, samt felles driftsbudsjett.

Løyvingsnivå Grøn vekst, klima og energi

Tal i 1 000 kr

Grøn vekst, klima og energi		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon	Brutto driftsutgifter	11 048	8 413
	Driftsinntekter	-3 635	-1 000
	Netto driftsutgifter	7 413	7 413
Klimapartner	Brutto driftsutgifter	3 413	3 600
	Driftsinntekter	-2 813	-3 000
	Netto driftsutgifter	600	600
Miljø (sirkulære verdikjeder plast)	Brutto driftsutgifter	2 000	1 000
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	2 000	1 000

Tabellen held fram på neste side.

Grøn vekst, klima og energi		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Energi	Brutto driftsutgifter	1 668	650
	Driftsinntekter	-1 268	-250
	Netto driftsutgifter	400	400
Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	5 550	6 322
	Driftsinntekter	-350	-
	Netto driftsutgifter	5 200	6 322
Sum	Brutto driftsutgifter	23 679	19 985
	Driftsinntekter	-8 066	-4 250
	Netto driftsutgifter	15 613	15 735
	Netto driftsutgifter 2022-kr	16 084	15 735

Vestland fylkeskommune tek ei leiande rolle i å omstille næringslivet for å nå FN sine klimamål og å oppnå innovasjon i energitilbodet. Arbeidet skjer i tett samarbeid med næringslivet og forskings- og kunnskapsmiljøet, og gjennom å bygge ny kunnskap. Fylkeskommunen bidreg særleg med fagleg rettleiing, mobilisering til nye regionale satsingar, og tilskot til klimaretta tiltak i næringslivet.

Prioriterte område i åra framover er å leggje til rette for omstilling frå svart til grøn fornybar energi gjennom utvikling av nye verdikjeder og regional innovasjon, og å auke omstillinga til sirkulær økonomi i ulike bransjar. Dette er i tråd med Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, der det er fastsett eit mål om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030.

Budsjettposten grøn konkurransekraft og klimainnovasjon er fylkeskommunale og øyremerkte statlege utviklingsmidlar knytt til klimaretta tiltak i næringslivet som oppfølging av nullutsleppskrav, til dømes elektrifisering, hurtigladedetilbod for drosjar og utvikling av verdikjedar knytt til hydrogen som energikjelde.

Gjennom Klimapartner Vestland leier Vestland fylkeskommune eit nettverk av regionale partnarar for deling av kunnskap og erfaringar til å akselerere den grønne omstillinga. Posten finansierer mellom anna løn til tre stillingar, og har inntekter i form av medlemskontingentar.

Posten miljø er til utlysing av tilskot til prosjekt innanfor sirkulære verdikjeder knytt til plast. Posten vert redusert med 1 mill. kr etter ei overføring av ansvaret for tiltak vedrørende oppfølging av plaststrategien til SUD.

Energi er knytt til sekretariat for Vestlandsrådet sitt hydrogenarbeid og vert delvis finansiert av statlege klimasatsmidlar, men dei statlege inntektene i 2022 vert truleg mindre enn tidlegare år.

Til posten rådgjeving ligg fem faste stillingar og eit nytt engasjement til utvikling av ein regional energiplan og eit mindre driftsbudsjett til seksjonen Grøn vekst, klima og energi.

Løyningsnivå Forsking, kompetanse og internasjonalsiering

Tal i 1 000 kr

Forskning, kompetanse og internasjonalsiering		Budsjett 2021	Budsjett 2022
RFF	Brutto driftsutgifter	18 890	15 399
	Driftsinntekter	-18 890	-15 399
	Netto driftsutgifter	-	-
FORREGION	Brutto driftsutgifter	7 450	6 450
	Driftsinntekter	-7 000	-6 000
	Netto driftsutgifter	450	450
Rett kompetanse	Brutto driftsutgifter	3 200	3 100
	Driftsinntekter	-1 500	-1 400
	Netto driftsutgifter	1 700	1 700
Bedriftsintern opplæring (BIO)	Brutto driftsutgifter	5 500	5 500
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	5 500	5 500
Karriere Vestland	Brutto driftsutgifter	18 212	12 732
	Driftsinntekter	-4 480	-
	Netto driftsutgifter	13 732	12 732
Digital karriereveiledning	Brutto driftsutgifter	-	4 050
	Driftsinntekter	-	-4 200
	Netto driftsutgifter	-	-150
Internasjonale prosjekt	Brutto driftsutgifter	4 158	2 639
	Driftsinntekter	-4 158	-3 489
	Netto driftsutgifter	-	-850
Vitensenter	Brutto driftsutgifter	-	4 500
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	-	4 500
Etablerersenteret	Brutto driftsutgifter	2 709	-
	Driftsinntekter	-1 359	-
	Netto driftsutgifter	1 350	-
Teknoløftet	Brutto driftsutgifter	1 000	1 000
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	1 000	1 000

Tabellen held fram på neste side.

Forskning, kompetanse og internasjonalisering		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	10 538	11 923
	Driftsinntekter	-370	-
	Netto driftsutgifter	10 168	11 923
Sum	Brutto driftsutgifter	71 656	67 293
	Driftsinntekter	-37 757	-30 488
	Netto driftsutgifter	33 899	36 804
	Netto driftsutgifter 2022-kr	35 069	36 804

Vestland fylke skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon. Vestland har verdslaiande klynger og forskingsinstitutt, høgkompetent universitets- og høgskolesektor og arbeidsstyrke. Desse fortrinna må vidareutviklast og tilpassast nye internasjonale krav og skjerpa konkurranse der grøn omstilling er avgjerande for å lukkast. Fylkeskommunen mobiliserer til forskning, kompetanseutvikling og innovasjon gjennom auka bruk av regionale, nasjonale og internasjonale finansieringsordningar og gir økonomisk støtte til kompetanseheving. Under løyvingnivået ligg også eininga Karriere Vestland.

Regionalt forskingsfond Vestland (RFF) skal styrke forskning for regional innovasjon og utvikling ved å stø opp om dei prioriterte innsatsområda i regionen og mobilisere til auka FoU-innsats. Dette skal skje gjennom støtte til forskingsprosjekt som ligg tett på næringslivet og bedriftene sine behov. Posten er fullfinansiert med statlege midlar, og omfattar både tilskotsmidlar og administrasjon av ordninga. For 2022 ventast inntekta å bli redusert jf. regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2022. FORREGION er ei vidareføring av dei tidlegare satsingane Mobiforsk (Hordaland) og VRI4 (Sogn og Fjordane), og har til føremål å mobilisere til forskning og innovasjon i næringslivet. Prosjektet er primært finansiert av Forskingsrådet med ein eigendel på 0,450 mill. kr.

VLFK skal bidra til at fylket har fleire arbeidstakarar med rett kompetanse for framtida, både i privat og i offentleg sektor. Kompetansepilot er ei ordning finansiert av KMD og forvalta av Kompetanse Norge. Måla med ordninga er å identifisere og mobilisere bedrifters behov for kompetansehevande tiltak, samt kople og leggje til rette for eit tilpassa etter- og vidareutdanningstilbod i Distrikts-Noreg. Til posten Rett kompetanse ligg òg 0,3 mill. kr til regionale kompetanseforum og 1,4 mill. kr til prosjekt for å utarbeide ordningar for læreplassgarantiar i regionen. Bedriftsintern opplæring (BIO) er ei tilskotsordning for bedrifter med behov for omstilling

til å støtte til opplæringstiltak for tilsette. Til posten ligg tilskotsbeløp og mindre administrasjonskostnader.

Auka endringstakt i arbeidslivet gjer god karriererettleiing naudsynt gjennom heile karriereløpet. Karriere Vestland gir lovbestemt karriererettleiing basert på oppdatert kunnskap om arbeidslivets behov til innbyggjarar over 19 år og til nykomne flyktningar. Begge desse karriererettleiingstenestene er lovfesta frå 2021. I tillegg har alle som kvalifiserer til introduksjonsprogram for nykomne flyktningar i kommunane rett og plikt til karriererettleiing. Eininga har 13 stillingar. Tre e-rettlearar finansiert av Kompetanse Norge inngår i ei nasjonal satsing som skal dekkje heile landet. For 2022 er dette synleggjort på eigen post i budsjettet. Det er budsjettert med eit mindreforbruk på denne posten, då reglane for bruk av dei statlege midlane tillét kostnader som ikkje direkte kan koplatt til denne posten, til dømes husleige, forsikringar, administrasjon og leiing.

Gjennom internasjonalt samarbeid skal vi byggje kunnskap og kompetanse, utvikle nettverk og skaffe finansiering av samarbeidsprosjekt og investeringar. Internasjonale prosjekt er ei samla post for avdelinga sine heilt eller delvis eksternt finansierte internasjonale utviklingsprosjekt, til dømes P-IRIS, RIGHT, YESpecialists, Albatts og RRI2Scale. Fylkeskommunen mottar delvis lønskompensasjon for arbeid på prosjekta, og det vert difor budsjettert med ei nettoinntekt på denne posten.

Driftsstøtte til vitensenter er ført opp med årleg driftsstøtte til ViVite i Bergen på 3 mill. kr og ytterlegare 0,5 mill. kr kroner i ein bruksavtale for elevar i Vestland fylkeskommune. I tillegg er det sett av 1 mill. kr til årleg driftsstøtte til ViteMeir i Sogndal kommune jf. vedtak i hovudutvalet (PS 17/2021), finansiert med ein tilsvarande reduksjon i tilgjengelege søknadsmidlar knytt til handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling.

Etablerersenteret er flytta til løyvingsnivå Verdiskaping i byar og regionar

Til posten Teknoløftet ligg 1 mill. kr i støtte til eit prosjekt med Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning om å auke kapasitet og kompetanse innan digitalisering og automatisering.

Til posten rådgjeving ligg 12 årsverk, og eit mindre driftsbudsjett til seksjonen forskning, kompetanse og internasjonalisering. Til samanlikning med budsjettet for 2021 er ei stilling flytta frå eininga Karriere Vestland og inn i seksjonen til meir generelt og koordinerande arbeid med kompetansepolitikk.

Det er lagt til grunn at ein vil få søknader om støtte til arbeid med søknader frå Vestland til store nasjonale og internasjonale utlysingar av midlar. Dette gjeld t.d. Forskningsrådet si utlysing av kapasitetsløft innan forskning og høgare utdanning, SIVA, Forskningsrådet og Innovasjon Norge si utlysing av midlar til Grøn plattform, senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) og EU sitt forskings- og innovasjonsprogram Horisont Europa. Finansiering til slike tiltak ligg ikkje i budsjetttramma for 2022 og eventuell støtte og finansiering vil måtte vurderast etter kvart.

Løyvingsnivå Naturressursar, landbruk og reiseliv

Tal i 1 000 kr

Naturressursar, landbruk og reiseliv		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Marine næringar	Brutto driftsutgifter	200	1 800
	Driftsinntekter	-	-1 500
	Netto driftsutgifter	200	300
Mineralressursar	Brutto driftsutgifter	500	400
	Driftsinntekter	-100	-100
	Netto driftsutgifter	400	300
Landbruk	Brutto driftsutgifter	11 500	11 675
	Driftsinntekter	-11 100	-11 275
	Netto driftsutgifter	400	400
Reiseliv	Brutto driftsutgifter	13 300	9 300
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	13 300	9 300
Distrikt- og lokalsamfunnsutvikling	Brutto driftsutgifter	7 081	7 081
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	7 081	7 081
Viltforvaltning	Brutto driftsutgifter	1 050	1 100
	Driftsinntekter	-950	-1 000
	Netto driftsutgifter	100	100
Vassforvaltning	Brutto driftsutgifter	6 805	6 317
	Driftsinntekter	-6 488	-6 000
	Netto driftsutgifter	317	317

Tabellen held fram på neste side.

Naturressursar, landbruk og reiseliv		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	16 117	15 642
	Driftsinntekter	-424	-434
	Netto driftsutgifter	15 693	15 208
Sum	Brutto driftsutgifter	56 553	53 315
	Driftsinntekter	-19 062	-20 309
	Netto driftsutgifter	37 491	33 006
	Netto driftsutgifter 2022-kr	38 504	33 006

Vestland fylkeskommune skal gjennom sine aktivitetar utvikle gode lokalsamfunn som skapar grunnlag for verdiskaping med balansert og god utnytting av naturressursane. Arbeidsområda knytt til dette løyingsnivået er særleg utvikling av jordbruk og skogbruk som næring, arbeid for verdiskaping i reiselivet i tråd med berekraftig naturforvaltning, tilrettelegging for auka verdiskaping innan fiskeri og havbruk, samt ei god forvaltning av marine ressursar, vassressursar, vilt, jordressursar og mineral.

Til løyingsnivået Naturressursar, landbruk og reiseliv ligg forvaltning innan vilt, mineral, akvakultur og vassforvaltning, der vi samarbeider tett med både kommunar og statlege etatar. Innsatsen innan vassforvaltning og vilt er for det meste statleg finansiert. Innan akvakulturforvaltning arbeider vi tett saman med andre offentlege etatar, og vi har eit tett samarbeid med andre fylkeskommunar gjennom FAKS (fylkeskommunane sitt akvakultursamarbeid). Fylkeskommunen har ansvar for å klarere dei lokalitetane der oppdrettsverksemda kan skje. Dersom ein skal styrke verdiskapinga ytterlegare må sentrale miljø- og arealutfordringar løysast. Fylkeskommunen tek difor initiativ til ein forsterka innsats innan berekraftig havbruk.

Landbruket i Vestland er ei viktig næring også med tanke på ringverknadane for andre næringar og utvikling av lokalsamfunn. Saman med samarbeidspartnarar som Statsforvalteren, Innovasjon Norge, kommunane og næringane legg vi til rette for utvikling av jordbruk og skogbruk i Vestland, på sikt styrt av temaplan for landbruk og jordvern som tek form i løpet av 2022. Posten landbruk består av statlege midlar til regionale tilretteleggingstiltak og kompetanseheving i landbruket, og 0,4 mill. kr i fylkeskommunale midlar som støtte til

SFI Climate Futures. Vi har elles ein innsats innan kystskog og kompetansenettverk for lokalmat, finansiert med statlege midlar som ikkje går fram av tabellen framfor.

Arbeidet med reiseliv er basert på visjonen "attraktivitet gjennom berekraft", og saman med samarbeidspartnarane våre legg vi til rette for berekraftige løysingar. Det er mellom anna sett i gong eit arbeid innan besøksforvaltning, som inneber at vi skal bli betre til å ta imot gjestane våre samstundes som vi ikkje forringar natur og miljø. Til denne posten ligg også støtte til destinasjonsselskapa og Fjord Norge. Det vert utarbeidd ein temaplan for reiseliv i løpet av 2022.

Posten distrikts- og lokalsamfunnsutvikling er knytt til nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn, som også femnar om omstilling i utsette kommunar. Lokalsamfunnsprogrammet LivOGLyst er ein sentral del av denne innsatsen og vert finansiert med om lag 2 mill. kr i 2022. Det vert også arbeidd med nærings- og samfunnsutvikling i samarbeid med sju industrikommunar med sams utfordringsbilete. Det vert forma ein samordnande overbyggnad innan nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn. Ein kjem attende til dette i ei politisk sak om innretning og bruk av midlar i 2022.

Til posten rådgjeving ligg 16 stillingar og eit mindre driftsbudsjett til seksjonen naturressursar, landbruk og reiseliv.

Det vert lagt til grunn at avdelingsdirektøren kan disponere midlar til vassforvaltning, kystskogbruket, jordbruk, matnettverk og vilt. Dette gjeld hovudsakleg statlege midlar som er avsett til sine område.

Løyvingsnivå Verdiskaping i byar og regionar

Tal i 1 000 kr

Verdiskaping i byar og regionar		Budsjett 2021	Budsjett 2022
KMD 553.61 overføring til IN og SIVA	Brutto driftsutgifter	105 100	105 000
	Driftsinntekter	-105 100	-105 100
	Netto driftsutgifter	-	-100
Vitensenter	Brutto driftsutgifter	3 500	-
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	3 500	-
Entreprenørskapsstøtte	Brutto driftsutgifter	1 449	1 449
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	1 449	1 449
Digital struktur og breiband	Brutto driftsutgifter	21 700	17 000
	Driftsinntekter	-20 700	-16 000
	Netto driftsutgifter	1 000	1 000
Invest in Bergen	Brutto driftsutgifter	3 414	3 400
	Driftsinntekter	-1 714	-1 700
	Netto driftsutgifter	1 700	1 700
Etablerersenteret	Brutto driftsutgifter	-	2 700
	Driftsinntekter	-	-1 350
	Netto driftsutgifter	-	1 350
Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	10 973	11 371
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	10 973	11 371
Sum	Brutto driftsutgifter	146 136	140 920
	Driftsinntekter	-127 514	-124 150
	Netto driftsutgifter	18 622	16 770
	Netto driftsutgifter 2022-kr	19 253	16 770

Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive senter, og fungere som ei drivkraft for heile fylket. Blant oppgåvene som ligg til løyvingsnivået er samordning av felles-satsingar knytt til innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune, og tilrettelegging for samarbeid mellom ulike fagområde og med eksterne partnerar.

Fylkeskommunen har ansvar som oppdragsgjevar for SIVA sitt næringshageprogram og for Innovasjon Norge sine program for distriktretta tiltak, bedriftsnettverk, marknadsavklaringstiltak og mentorordninga. Ordningane vert finansierte gjennom øyremerka midlar frå KMD over post 553.61 i statsbudsjettet. Oppgåva inneber å utarbeide eit oppdrag til SIVA og Innovasjon Norge, og følgje opp i tett kontakt slik at dette

finansielle verktøyet vert nytta til beste for ønska utvikling for næringslivet i Vestland fylke. Fylkeskommunen prioriterer mellom dei ulike programma, og følger opp at midlane vert nytta i tråd med regionale behov og politisk vedtekne mål og strategiar i næringsplanen. I samsvar med retningslinene frå KMD vert 0,1 mill. kr halde igjen til å dekkje administrasjonskostnader knytt til ordninga.

Posten entreprenørskapsstøtte finansierer avdelinga si satsing med utvikling av eit nytt heilskapleg system for støtte til entreprenørar. Innanfor den eksisterande økonomiske ramma er det gjort ei mellombels tilsetjing, men neste fase av prosjektet vil krevje auka finansiering på anslagsvis 1 mill. kr som ikkje ligg inne i ramma. Det vert arbeid for å sikre medfinansiering frå strategiske samarbeidspartnarar for prosjektperioden 2022–2023.

Næringsutvikling og verdiskaping er avhengig av god digital infrastruktur, og vi må ha tilstrekkeleg kapasitet på breiband i heile fylket. Posten breiband er primært finansiert med statlege overføringar øyremerkte til føremåla, med ei eigenfinansiering på 1 mill. kr frå fylkeskommunen. Inntektene frå staten ventast å bli redusert med om lag 20 prosent jf. regjeringa sitt forslag til statsbudsjett 2022. Tal søknader om støtte til breibandutbygging syner at det er reell trong for minst det dobbelte av det VLFK fekk i statlege overføringar i 2021.

Programmet Invest in Bergen arbeidar for å fremje og marknadsføre nyetableringar og investeringar i Bergensområdet. Halvparten av bruttobudsjettet vert finansiert av VLFK, anna finansiering kjem frå kommunane som tek del i ordninga. Invest in Bergen arbeider nært med eigarkommunane med oppgåver som arealutvikling og kartlegging av naudsynt kompetanse og marknadsføring. Programmet jobbar målretta for å leggje til rette for utvikling av nye verdikjeder i grøne næringar som til dømes havvind, hydrogen, batteriproduksjon og andre næringar som utnyttar Vestlandets konkurransefortrinn.

Etablerersenteret tilbyr kurs og rådgjeving i å etablere eigen bedrift. Finansieringsordninga er lik Invest in Bergen med halvparten av bruttobudsjettet finansiert av VLFK og den andre halvparten av kommunane som deltek i ordninga.

Til posten rådgjeving ligg 12 stillingar og eit mindre driftsbudsjett til seksjonen Verdiskaping i byar og regionar.

Driftsstøtte til fylket sine to vitensenter er flytta til Løyvingsnivå Forsking, kompetanse og internasjonalisering

Løyvingsnivå Utviklingsmidlar

Tal i 1 000 kr

Avdeling for innovasjon og næringsutvikling		Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utviklingsmidlar	Brutto driftsutgifter	23 591	25 814
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	23 591	25 814
Partnerskapsmidlar	Brutto driftsutgifter	14 220	15 497
	Driftsinntekter	-4 029	-4 029
	Netto driftsutgifter	10 191	11 468
Sum	Brutto driftsutgifter	37 811	41 311
	Driftsinntekter	-4 029	-4 029
	Netto driftsutgifter	33 782	37 282
	Netto driftsutgifter 2022-kr	34 694	37 282

Inngåtte samarbeidsavtalar med partnerar bind opp ca. 15 mill. kr på dette løyvingnivået, der om lag 4 mill. kr er finansiert av fondsbruk. Avtalene er inngått for ein toårig periode, 2021–2022 (jf. vedtak i HU NÆRNA PS 11/2021 og PS 29/2021). Samarbeidsavtalene er inngått med aktørar som er strategisk viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsutviklingsarbeid i Vestland fylke. Til avtalane følgjer det med eit økonomisk bidrag, men også eit fagleg samarbeid og nettverk for å nå Vestland fylkeskommune sine mål og strategiar.

Økonomisk støtte til utviklingsprosjekt er eit av fylkeskommunen sine viktigaste verktøy for å gjennomføre vedteken innovasjons- og næringspolitikk. 0,9 mill. kr er avsett til støtte til KABIS (jf. HU NÆRNA PS 8/2021).

Dei resterande midlane (posten utviklingsmidlar) skal finansiere tiltak knytt til regional plan for innovasjon og næringsutvikling, inkludert utlysing av tilskot, eigeninitierte tiltak, ei eventuell programsatsing og andre aktivitetar. Desse midlane utgjer eit viktig handlingsrom for oppfølging av regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Fylkesdirektøren kjem tilbake til sak til hovudutval for næring, med oppfølging av handlingsprogrammet som vert handsama i fylkestinget i desember 2021.

Klimavurdering sektorbudsjett 2022

Avdeling for Innovasjon og næringsutvikling si daglege drift er ikkje opphav til vesentlege klimagassutslepp. Avdelinga har likevel aktivitet som er viktig for å kutte klimagassutslepp. Grøn næringsutvikling med mål om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030 er ei av fire satsingar i regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Verke-midlar som avdelinga disponerer i form av tilskot, vedtak og rettleiing er viktig for å for å redusere klimagassutslepp.

Eit viktig program er tilskotsordninga for Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling (HNV). I 2021 vart det løyvd 44,8 mill. kr til 49 prosjekt. I 2021 har ordninga dei fire satsingsområda energi, sirkulære forretningsmodellar, grøn konkurransekraft og verdikjeder knytt til plast og berekraft. Prosjekta gjeld både forprosjekt og til investering i infrastruktur. I tillegg til HNV, vart det lyst ut stønad til tidlegfaseinitiativ for grøn omstilling i Vestland. Her vart det tilbydd prosesshjelp og løyvd til saman 0,6 mill. kr til fire prosjekt som alle har eit forretnings- og innovasjonspotensiale, har ein tydeleg samfunnseffekt og som bidrar til dei overordna målsettingane i Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Effektmåla til prosjekta er innan rammene av dei fire satsingsområda energi, sirkulære forretningsmodellar, grøn konkurransekraft og verdikjeder knytt til plast og berekraft. Alle desse er knytt til klimaomstilling og berekraft. Prosjekta vil ha potensial til å bidra til monaleg reduksjon i klimagassutslepp i framtida.

Fylkeskommunen sitt tilskot til hurtiglading er ein viktig grunn til at Vestland er regionen i verda med høgast tal for

elbilar av nybilkjøp og del av bilparken. Tildelingane frå posten for Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon sikrar eit ladetilbod i heile fylket. Elektrifiseringa av bilparken er årsaka til at salet av drivstoff i Vestland gjekk ned med 18,1 % dei siste 4 åra, mens nedgangen for Noreg var 10,9 %. Avdelinga har vidare sekretariatet for hydrogensatsing, regional plan for fornybar energi og sekretariatet for Klimapartnare Vestland.

Kvart år vert det arrangert miljøseminar for akvakulturnæringa og klimakonferanse for landbruket. Ein deltek i internasjonale prosjekt og i EU-program som skal levere under målsetjingar for EU sin grønne giv.

Avdelinga arbeider for rett kompetanse for grøn omstilling. FORREGION Vestland har som hovudmål at det skal gjerast meir forskning i næringslivet som bidrar til innovasjon, berekraftig verdiskaping, grøn konkurransekraft og klimaomstilling. Satsinga tilbyr bedrifter kompetansemekling og har stønadsordningar. Ein vesentleg del av støtta frå Regionalt forskingsfond Vestlandet går til forskning på klimaomstilling.

Avdelinga nyttar store ressursar på å følgje opp og finansiere klynger og eksterne partnerskap. Døme på partnerar med klar berekraft- og klimaprofil er dei nasjonale og internasjonale næringsklyngene innan rein skipsfart, akvakultur og marin teknologi.

Avdelinga arbeider med klimatiltak i landbruket. Handlingsplan for landbruk i Vestland har som eit av hovudmåla å legge til rette for at næringa i fylket kan drive på ein meir miljø- og klimavenleg måte og å tilpasse seg framtidige klimautfordringar. Det vart sett av midlar frå avdelinga sine overskotsmidlar frå 2020 til delfinansiering av prosjektet Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket, leia av Vestland bondelag. Målet med satsinga er betre rammetilhøva for klimaomstilling i landbruket ved å etablere og drifte ein klimaportal for vestlandsbonden med rådgevingstilbod og informasjon om klimatilpassing og å betre klimatiltak.

3 Kostnadsgrupper 2022

Finansutvalet har gjort prosessvedtak om reduksjonar i budsjettet for administrative kostnader med 40 mill. kr i 2022 samanlikna med budsjettet for 2021, fordelt med 25 mill. kr i reisekostnader og 15 mill. kr i administrative effektiviseringar.

For Innovasjon og næringsutvikling utgjer budsjettreduksjonen 2,0 mill. kr. Tabellen nedanfor viser reduksjonen på 2,0 mill. kr for Innovasjon og næringsutvikling fordelt mellom reiser og administrativ effektivisering.

Tal i 1000 kr

Reiser	Adm.	Tot
-1 000	-1 000	-2 000

heilt eller delvis finansiert med statlege midlar. Kostnadsgruppa ordinære driftsutgifter skal difor sjåast i samanheng med gruppa ordinære inntekter. Andre ordinære inntekter inkluderer spleiselag med kommunar om vassforvaltning, Etablerersenteret og Invest in Bergen.

Tal i 1000 kr

Budsjett delt opp i kostnadsgrupper:	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Reise og kurs	3 100	3 950
Konsulenttenester	2 300	4 891
Administrasjonsutgifter	3 129	2 864
Ordinære driftsutgifter	265 379	242 610
Lønsutgifter- og refusjonar	72 451	80 042
Ordinære inntekter	-190 719	-178 595
Andre utgifter og inntekter	-6 029	-4 963
Kostnader	149 612	150 800

Den andre store artsgruppa er lønsutgifter og -refusjonar til avdelingas 88 budsjetterte stillingar. 22 av desse stillingane er heilt eller delvis eksternt finansierte i tillegg til innhenta lønsskompensasjon ved deltaking i internasjonale prosjekt. Tal stillingar er litt høgare enn i 2021. Dette skuldast nye pålagte oppgåver, til dømes karriererettleiing av nykomne flyktningar.

I tråd med føringane frå finansutvalet vert det lagt vekt på å minimere reiseutgifter gjennom digitale møte, men noko reiseaktivitet må ventast i samband med internasjonale (og eksternt finansierte) utviklingsprosjekt, ivaretaking av oppgåvene rundt karriererettleiing, representasjon i utval, arrangementer der fylkeskommunen er vertskap mv. Tabellen syner ei mindre auke i kostnadsgruppa reise og kurs. Budsjetterte utgifter til denne artsgruppa har vore kunstig låge føregående år, slik at tiltaka ikkje i tilstrekkeleg grad let seg synleggjere gjennom ei samanlikning med fjoråret. Auken er relatert til kompetansehevingstiltak som eit oppfølgingstiltak av medarbeidarundersøkinga.

Kort omtale av dei ulike artsgruppene

Når det gjeld reise og kurs så er det i tala som er sett opp ein auke. Det er å poengtere at auken er innanfor kurs, og ikkje reiser. Den delen av reiser som er fylkeskommunalt finansierte er redusert frå 2021 til 2022.

Den primære utgiftsposten for sektoren er ordinære driftsutgifter. Dette er i hovudsak utgifter til ulike tilskotsordningar for næringslivet i Vestland. Dei fleste tilskotsordningane er

Administrasjonsutgifter og konsulenttenester er også minimert på tvers av avdelinga. Konsulenttenester vert nytta ved vidareutvikling av tekniske løysingar, vassprøveanalyser, tekniske undersøkingar og andre mindre oppdrag. Dei fleste utgifter til konsulenttenester er i samband med heilt eller delvis eksternt finansierte oppdrag og prosjekt. Slike utgifter var ikkje i tilstrekkeleg grad budsjettert på artsnivå i 2021 – difor er dei to åra ikkje direkte samanliknbare. Andre utgifter og inntekter er bruk av fondsmidlar, primært til finansiering av ordninga for partnerskapsmidlar.

4 Ytterlegare spesifikasjon av sektorbudsjettet

Tabellen under syner venta eksterne inntekter som er bundne til gitt føremål:

Tal i 1 000 kr

Løyvingsnivå	Budsjettpost	Bruttobeløp
Verdiskaping i byar og regionar	KMD 553.61 overføring IN og SIVA	-105 100
Verdiskaping i byar og regionar	Digital infrastruktur og breiband	-16 000
Verdiskaping i byar og regionar	Invest in Bergen	-1 700
Verdiskaping i byar og regionar	Etablerersenteret	-1 350

Løyvingsnivå	Budsjettpost	Bruttobeløp
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Vilforvaltning	-1 000
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Vassforvaltning	-6 000
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Landbruk	-11 275
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Marine grunnkart	-1 000
Forsking, komp. og internasjonalisering	RFF	-15 399
Forsking, komp. og internasjonalisering	FORREGION	-6 000
Forsking, komp. og internasjonalisering	Internasjonale prosjekt	-3 489
Forsking, komp. og internasjonalisering	Kompetansepilot	-1 400
Forsking, komp. og internasjonalisering	Digital karriereveiledning	-4 200
Grøn vekst, klima og energi	Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon	-1 000
Grøn vekst, klima og energi	Klimapartner	-3 000
Grøn vekst, klima og energi	Energi	-250

5 Bindande føresetnader

Mesterparten av dei ordinære inntektene til avdelinga er bundne til spesifikke føremål, til dømes tilskotsordningar, ressursforvaltning og karriererettleiingstiltak.

I tillegg er ein del av ramma til sektoren bunden til konkrete føremål gjennom fleirårige avtalar og eigarskapsforpliktingar. Under er sett opp ei oversikt over dette:

Tal i 1 000 kr

Løyvingsnivå	Moment	Nettobeløp	Bruttobeløp
Verdiskaping i byar og regionar	Invest in Bergen	1 700	3 400
Verdiskaping i byar og regionar	Etablerersenteret	1 350	2 700
Forsking, komp. og internasjonalisering	Teknoloftet	1 000	1 000
Forsking, komp. og internasjonalisering	Vitensenter	4 500	4 500
Utviklingsmidlar	KABIS*	900	900
Utviklingsmidlar	Partnerskapsmidlar**	15 497	15 497
Utviklingsmidlar	Blått kompetansesenter Vest***	500	500

*Syner til vedtak i HU NÆRNA PS 8/2021

**Syner til vedtak i HU NÆRNA PS 11/2021 og PS 29/2021.

***Syner til vedtak i HU NÆRNA 72/2020.

4

Økonomiplan 2022–2025



Parselhage på Firda vidaregåande skule. Foto: Birthe Johanne Fredheim Finstad/Vestland fylkeskommune.

Økonomiplan 2022–2025

Utgangspunkt for økonomiplanen

Finansutvalet gjorde i juni 2021 prosessvedtak om budsjett-rammene for 2022 og åra i økonomiplanperioden både for drifts- og investeringsbudsjettet. Prosessvedtaket har vore styrande for budsjettarbeidet i hausthalvåret fram mot utarbeiding av eit samla budsjettokument.

Vestland fylkeskommune hadde frå starten i 2020 økonomiske utfordringar i drifta. Fylkestinget vedtok å løyse utfordringa over tid med fordeling av tiltak i perioden fram til 2024. Det vart vedteke å gjennomføre årlege innsparingstiltak i perioden på 100 mill. kr for å tilpasse drifta til tilgjengeleg budsjettamme. Dette vedtaket har vore bakteppet for budsjettarbeidet i Vestland fylkeskommune frå starten.

Kort tid etter oppstart av den nye fylkeskommunen kom koronapandemien og førde til endringar frå mars 2020 for dei fleste område. Pandemien fekk også innverknad på den økonomiske utviklinga for fylkeskommunen frå fyrste dag. Kollektivtransporten vart påverka straks med store tap av billettinntekter som resultat. Etter kvart i 2020 kom staten med kompenserte tiltak for inntektstapet, ei ordning som har halde fram ut 2021.

Den fyrste rekneskapen for Vestland fylkeskommune for 2020 vart gjort opp med mindreforbruk på 216 mill. kr. Bakgrunnen for det gode resultatet var i stor grad statlege kompensasjonstiltak, men endra arbeidsmåtar og lågare reiseverksemd som følgje av pandemien medverka også.

Situasjonen i 2021

I tertialrapportane til fylkestinget – handsama i juni og september – er det orientert om den økonomiske stoda inneverande år. Etter 2. tertial er prognosen eit mindreforbruk på knapt 200 mill. kr,

Den gode prognosen skuldast i hovudsak tre faktorar; auke i skatteinntektene, statleg koronakompensasjon og positiv

utvikling i kontraktskostnadene i kollektivtrafikken. Utover dette gjev lågare reiseverksemd og endra arbeidsmåtar og arbeidsprosessar positive budsjettutslag i alle sektorane.

Fylkesdirektøren har hatt gjennomgang av den økonomiske stoda pr. 3. kvartal med kvar einskild avdeling. Gjennomgangen tyder på at prognosen kan betrast ytterlegare, og fylkesdirektøren ser difor ikkje bort frå at det kan gå mot eit mindreforbruk i drifta for 2021 som er minst like godt som resultatet for 2020.

Regjeringa har i statsbudsjettet for 2022 ein gjennomgang av utviklinga for skatteinntektene inneverande år. Skatteoverslaget for kommunesektoren i statsbudsjettet viser auke. Dette samanlikna med det som er lagt til grunn tidlegare i statsbudsjettet for 2021 og i revidert nasjonalbudsjett 2021 som Stortinget handsama i juni.

Fylkesdirektøren har merka seg at den positive budsjettprognosen i stor grad kjem som følgje av utanforliggjande faktorar som skatteinntekter og statlege kompensasjonstiltak. Den fylkeskommunale drifta har på den andre sida stort sett prognose om samsvar mellom budsjett og rekneskap. Regjeringa Solberg sitt statsbudsjett legg til grunn at 2022 vert eit normalår på linje med åra før pandemien. Dette er ein viktig faktor å ha med i økonomiarbeidet framover.

Budsjett 2022 og økonomiplanperioden

Føreliggjande budsjettokument er utarbeidd i samsvar med prosessvedtak finansutvalet har gjort i budsjettarbeidet gjennom året.

Tabellen nedanfor viser oppdaterte tal for 2022 i samsvar med dette. Tala for perioden 2023–2025 er i samsvar med prosessvedtaket i finansutvalet i juni. Det er no teke utgangspunkt i tal i 2022-kr, men dei årlege endringane er i samsvar med prosessvedtaket (tal for 2021 i 2021-kr).

	2021	2022	2023	2024	2025
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamn	-10 279 928	-10 854 768	-10 909 768	-10 964 768	-11 019 768
Andre generelle statstilskot	-27 529	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Konsesjonskraftinntekter	-152 000	-282 000	-200 000	-200 000	-200 000
Kapitalinntekter/utgifter, utbytte	852 400	980 200	1 137 400	1 284 500	1 341 700
Lønsavsetjing, premieavvik	14 900	9 800	9 800	9 800	9 800
Bruk/avsetning til disposisjonsfond	51 948	246 267	132 067	89 967	87 767
Overføring til investering	552 500	615 000	615 000	615 000	615 000
Sum felles inntekter og utgifter	-8 987 709	-9 315 500	-9 245 500	-9 195 500	-9 195 500
Politisk styring, kontrollorgan	68 270	63 400	63 400	63 400	63 400
Organisasjon og økonomi	713 303	729 900	719 800	708 900	708 900
Strategisk utvikling og digitalisering	190 145	197 400	195 400	194 400	194 400
Tannhelse	270 106	281 600	278 600	277 600	277 600
Kultur, idrett og inkludering	321 950	323 800	320 800	318 800	318 800
Infrastruktur og veg	1 230 380	1 261 100	1 253 100	1 247 100	1 247 100
Mobilitet og kollektiv	2 553 872	2 690 100	2 672 100	2 660 100	2 660 100
Innovasjon og næringsutvikling	149 611	150 800	148 800	147 800	147 800
Opplæring og kompetanse	3 490 072	3 617 400	3 593 400	3 577 400	3 577 400
Sum sektornivå	8 987 709	9 315 500	9 245 500	9 195 500	9 195 500

Kommentarar til tabellen

For felles inntekter og utgifter er det gjort justeringar som følgje av forslaget til investeringsbudsjett. Vidare er summen for lønsavsetjingar og premieavvik avstemt med overslag om lønsutvikling i statsbudsjettet og opplysningar frå pensjonsleverandørane.

Finansutvalet har i arbeidsdokument 2/21 i juni slutta seg til eit justert opplegg for driftsreduksjonar i komande økonomiplanperiode. Det vert no lagt opp til redusert driftsramme med 70 mill. kr frå 2022 til 2023, og ytterlegare reduksjon på 50 mill. kr frå 2023 til 2024. Deretter held ein 2024-nivået uendra til 2025. Finansutvalet sitt prosessvedtak er lagt til grunn for driftsrammene i økonomiplanperioden.

Bakgrunnen for forslaget om lågare driftsreduksjon enn den opphavlege summen på årlege 100 mill. kr framover, er dei samla økonomiske utsiktene. Opplegget for økonomiplanperioden må likevel vurderast fram til neste rullering av budsjetttrammene våren 2022. Ein viktig faktor i vurderinga vil vere kor fort samfunnet kjem attende til normal drift.

Dette gjeld ikkje minst innanfor kollektivtrafikken i og med at det ikkje er varsla vidare statleg kompensasjon utover 2021. Den økonomiske situasjonen i samfunnet spelar også inn på skatteinntektene for fylkeskommunen.


Økonomiske utfordringar i perioden

Fylkesdirektøren peikar under på økonomiske utfordringar innanfor dei største sektorane i komande økonomiplanperiode.

Opplæring og kompetanse

Generelt om opplæringssektoren

Budsjetta for opplæringssektoren skil seg frå andre avdelingsbudsjett ved at skuleåret går over to budsjettår. Dette medfører at ein stor del av budsjettet for opplæringssektoren er bunde opp gjennom budsjettvedtak året før, i og med at vårhalvåret i stor grad er ei oppfølging av tilboda som er sette i gang om hausten. Denne bindinga er spesiell for opplæringssektoren og viktig å ha med både når det er snakk om å auke tilbodet og om det skal setjast i verk reduserande tiltak.

Årleg vekst i tal 16-18 åringar i Vestland**Vekst i elevtal og fleire elevar vel yrkesfag**

Statistikk frå SSB syner årleg vekst i tal 16-18 åringar i økonomiplanperioden. I 2025 er det venta at det vert om lag 576 fleire ungdommar i målgruppa i Vestland fylkeskommune. Tabellen nedanfor viser at det er størst vekst i årgangstallet mot slutten av økonomiplanperioden og inn i neste periode.

Det er to kjelder for å hente prognosar for elevtal; SSB og GSI (grunnskulens informasjonssystem). Erfaring syner at SSB-tala ikkje er presise nok til dimensjonering av vg1-kapasiteten frå år til år. GSI-tala er basert på innmelde elevar frå grunnskulane, og er rimeleg presise for komande skuleår.

I tillegg til avgangselevane frå grunnskulen må dimensjoneringa ta omsyn til;

- Elevar i kombinasjonsklassar (grunnskule for minoritetsspråklege)/innføringsklassar for minoritetsspråklege
- Elevar som gjer omval til eit nytt utdanningsprogram på vg1-nivå
- Elevar som søker til private skular
- Elevar som har hatt avbrot i opplæringa
- Elevar som får innvilga rett til vg1 over to år
- Elevar med rett til spesialundervisning som går i vg1-klassar over fleire år

Som følgje av den nasjonale satsinga på rekruttering til yrkesfaga og kompetansebehovet i nærings- og arbeidsliv, har det over fleire år vore arbeidd målretta for å få fleire til å

velje yrkesfag. I 2021 auka del søkarar til yrkesfag frå 53 % til 54,4 %. Endringa frå studieførebuande til yrkesfaglege utdanningsprogram utfordrar tilbudsstrukturen og dei økonomiske rammene, då yrkesfaglege tilbod har færre elevar pr klasse enn dei studieførebuande tilboda.

Veksten i elevtal og dreininga mot yrkesfag har også konsekvensar for tal lærekontraktar og tal fagprøvar.

Det er sett i gang arbeid for å analysere elevtalsutviklinga og dreininga frå studieførebuande til yrkesfaglege utdanningsprogram og konsekvensar av dette. Overslag tyder på mindre økonomiske verknader dei første åra i økonomiplanperioden, medan ein mot slutten av perioden vil få auka kostnader som følgje av denne utviklinga.

Samanslåing og samlokalisering av vidaregåande skular

Vestland fylkeskommune har ved inngangen til 2022 44 vidaregåande skular. Det er planlagt følgjande samanslåing og samlokalisering av skular i økonomiplanperioden:

- Frå hausten 2022: Bømlo og Rubbestadnes vidaregåande skular vert slått saman til nye Bømlo vidaregåande skule.
- Frå hausten 2024: Mo og Øyrane og Hafstad vidaregåande skular (Førde vidaregåande skule) vert fysisk samlokalisert. Fysisk samlokalisering gjeld ikkje avdeling Mo.

Dei driftsmessige konsekvensane av samanslåing og samlokalisering må innarbeidast i budsjetta.

Mobilitet og kollektiv

Innanfor sektoren er det fleire vesentlege moment som vil kunne ha stor økonomisk effekt dei kommande åra:

Kontraktskostnader

Den største drivaren innanfor kollektivsektoren er dei kontraktsfesta kostnadane. I kontraktane er det indeksar som varierer, og desse slår igjen ut i endra kostnadar for Skyss. Blant dei viktigaste indeksane er lønsutvikling, renter, valuta, oljepris og drivstoffprisar. Som ein årleg effekt er kostnadsutfordringa stipulert til 39 mill. kr.

Reduserte ferjetakstar og gratis ferje

Frå 2022 er det frå statleg hald varsla ein reduksjon i ferjetakstane. For nokre samband er det signalisert at det kan verte aktuelt med prinsipp om gratis ferjer. Det er noko usikkerheit om korleis dette vil slå ut økonomisk etter kva kriterium som vert lagt til grunn. Reduksjon i ferjetakstane på 25% 1. juli i 2021 utgjer eit inntektsbortfall på 70 mill. kr.

Avgifter

Det statlege avgiftsregimet er viktige rammevilkår for sektoren, og den varsla auken i Co₂-avgifta gjev ein årleg meirkostnad for kollektivsektoren på 20 mill. kr.

Bybane linje 2

I 2023 opnar bybanelinja til Fyllingsdalen. Drifta av den nye linja vil medføre eit kostnadspådrag for Skyss. Samstundes vil inntektssida også kunne verte påverka positivt av dette nye tilbodet.

Kontraktar hurtigbåt

For rutepakke 1 som gjeld Bergen–Nordfjord/ Sogn er det frå og med 2025 rekna inn ein auke på 75 mill. kr. Her er det laga eit spenn på 60 til 90 mill. kr, og endeleg kostnad avheng av val av teknologi.


For rutepakke 2 som inneheld lokale båtruter i tidlegare Sogn og Fjordane så reknar ein med ein meirkostnad på 10 mill. kr frå og med 2025.

Det er og vedteke at hurtigbåtsambandet mellom Bergen og Askøy skal elektrifiserast. Kontrakten på dette sambandet skal ut på anbod, og skal etter planen setjast i drift med elektriske hurtigbåtar frå og med 2023. Førebels stipulert kostnad for denne endringa er i storleiken 15-20 mill. kr.

Inntekter og tilbake til ein «ny» normalsituasjon

Når det gjeld kollektivinntektene for dei kommande åra, så er det framleis stor usikkerheit om kva som vert normalen etter pandemien. Dette er nærare omtala under inntekter i sektorbudsjett for mobilitet og kollektiv.

Passasjertrafikk på veg mot ny normal er illustrert i grafen under (denne er og brukt i sektorbudsjettet);



Infrastruktur og veg

Auke i kostnadsnivået på driftskontraktar i vegsektoren

I arbeidsdokument 2/21 vart det signalisert ein kostnadsauke i 2022 på om lag 50 mill. kr. Dette er i innspelet til budsjett 2022 handtert utan rammeauke.

Etter avviklinga av Sams vegadministrasjon er fylkeskommunen inne i ein fase der felles driftskontraktar med Statens vegvesen skal avløyast av eigne driftskontraktar som berre omfattar drift av fylkesveg. I 2021 er det inngått to nye driftskontraktar. Fram til 2024 skal det lysast ut åtte nye driftskontraktar etterkvart som eksisterande kontraktar går ut. Med kontraktsstart i september blir det full årleg kostnadseffekt av alle dei ti driftskontraktane først i 2025.

Dei to driftskontraktane som fylkeskommunen har inngått i 2021 er dyrare enn dei kontraktane som blir avløyast. Det er gjort endringar både i geografi og innhald på kontraktane, m.a. nye klimakrav, som gjer det utfordrande å samanlikne kostnaden på gamle kontraktar med nye. Ein ser likevel at driftskostnaden pr kilometer fylkesveg er auka, heilt opp mot 60 % mot gamle kontraktar i same område.

Andre fylkeskommunar og Statens vegvesen har også tilsvarende kostnadsauke i nye driftskontraktar. I statsbudsjettet for 2021 blir det opplyst om auke på 73 % på Statens vegvesen sine nye kontraktar. Ut over dette er det konkurransar som blir avløyast på grunn av høgt kostnadsnivå.

I arbeidet med utlysning av nye kontraktar blir kontraktsstrategi/-innretning kontinuerleg vurdert, og fylkesdirektøren viser i den samanheng til fylkesutvalssak om val av kontraktsform på driftskontrakt 4610 Nordfjord 2023–2028.

Om ein legg til grunn ein auke på 50 % vil ekstrasbehovet til driftskontraktar vere 260 mill. kr i 2025.

Auke i kostnader for byggevarer

Byggekostnadane har auka monaleg den siste tida og held utviklinga fram i økonomiplanperioden, vil dette gje seg merkbara utslag i investeringskostnadane.

Auka investeringskostnader vil igjen kunne gje utslag på driftsbudsjettet dersom lånefinansieringa må aukast ved

at utgiftene til renter og avdrag vil ta ein enno større del av driftsbudsjettet.

Fylkesdirektøren meiner at også denne utviklinga bør vere med i vurderinga av investeringsnivået og -tempoet.

Investeringsnivå og lånegjeld

Under er ein tabell som viser det samla investeringsnivået som Vestland fylkeskommune legg opp til i kommande planperiode (i 2022- kr);

Tal i 1000 kr

Vestland fylkeskommune	Sum 2022–2025	2022	2023	2024	2025
Sum investeringar	21 308 100	5 618 100	5 055 000	5 493 600	5 141 400

Vestland fylkeskommune legg opp til eit monaleg investeringsnivå. Samla vert det lagt opp til 21,3 mrd. kr i investeringar dei neste fire åra. Det gjev utslag i store låneopptak i økonomiplanperioden; som igjen verkar inn på kva som må setjast av i drifta til renter og avdrag.

Renter og avdrag

For å bremse litt på veksten i lånegjelda, er det forslag om å trappe opp avdraga. Avdraga som er foreslått i perioden, gjev ei nedbetalingstid for lån på under 20 år. Kommunelova

stiller krav om at nedbetaling av lån minimum skal skje i same takt som avskrivning av anleggsmidlar. For Vestland fylkeskommune tilseier dette ei maksimal nedbetalingstid på om lag 30 år.

Renteutgifter og -inntekter er basert på marknaden sine forventningar til utviklinga i pengemarknadsrenta (pr. oktober 2021).

Kr 1 000

	2022	2023	2024	2025
Renteprognose 3 mnd. Nibor	1,15 %	1,62 %	1,86 %	1,92 %
Sum renteutgifter	265 100	334 800	395 300	445 500
Renteinntekt-kompensasjon, utbytte	-84 900	-98 800	-106 000	-104 400
Netto renteutgift	180 200	236 000	289 300	341 100
Avdrag	800 000	930 000	1 060 000	1 150 000
Sum renter og avdrag	980 200	1 166 000	1 349 300	1 491 100

Stigande rente og kraftig auke i gjelda fører til at netto renteutgifter er venta å auke frå 180,2 mill. kr til 341,1 mill. kr i perioden.

Risikobilete renter

Ein har også sett på utslaget dersom renta skulle bli liggjande 1 prosentpoeng høgare enn i prognosen.

	2022	2023	2024	2025
Renteprognose + 1 prosentpoeng	2,15 %	2,62 %	2,86 %	2,92 %
Sum renteutgifter	341 200	437 900	533 400	612 300
Renteinnt. kompensasjon, utbytte	-142 400	-145 700	-150 700	-146 900
Netto renteutgift	198 800	292 200	382 700	465 400
Auke netto renteutgift	18 600	56 200	93 400	124 300

Dersom rentenivået skulle bli liggjande 1 prosentpoeng høgare, vil dette gje utslag på 18,6 mill. kr i 2022, stigande til 124,3 mill. kr i 2025.

Lånegjeld og gjeldsgrad

Lånegjelda er venta å utvikle seg slik (tal i mill. kr):

	2022	2023	2024	2025
Saldo 1/1	14 473	16 063	17 492	18 774
Nye lån	2 390	2 358	2 342	2 432
Avdrag	-800	-930	-1 060	-1 150
Saldo 31/12	16 063	17 492	18 774	20 106
Netto gjeldsgrad	100 %	106 %	111 %	115 %

Tabellen viser at gjelda aukar relativt jamt for kvart år. I 2025 kan gjelda kome opp i 20 mrd. kr, eller 115 % av driftsinntektene. Fylkestinget har vedteke mål om at netto gjeldsgrad ikkje skal overstige 115 %, og til og med 2025 ser dette ut til å halde.

Gjeldsgrad

Fylkestinget har vedteke handlingsregelen om at lånegjelda ikkje skal overstige 115 % av driftsinntektene. Finansutvalet sitt arbeid med investeringsbudsjettet for 2022 og perioden til og med 2025 medfører at lånegjelda i 2025 er rett i underkant av 115%. Det er såleis ikkje rom for ytterlegare vekst i lånegjelda. Ein viktig del av økonomiplanarbeidet vil difor vere å bremse veksten i lånegjelda, slik at ikkje ein større og større del av dei samla driftsmidlane går til å dekke

kapitalutgifter. Ein vil med vedteken økonomiplan, og investeringsnivået som ligg i denne, auke delen av driftsbudsjettet som går til betaling av renter og avdrag. Det vil i tillegg vere eit stort gap alle åra mellom det ein tek opp i lån og det ein betaler i avdrag.

Fylkesdirektøren meiner at ein i løpet av 2022 må vurdere å stramme inn på handlingsregelen slik at ein kjem ned mot ein handlingsregel som nærmar seg eit tilrådd nivå for lånegjeld. Riksrevisjon har uttalt at tilrådd nivå for gjeldsgrad er 75 %. For å klare dette må ein gå gjennom investeringsnivået. Moment i denne gjennomgangen vil vere å vurdere utsetjing av prosjekt, mogleg nedskalering av prosjekt, auke av avdragsnivået, storleiken på driftsmidlar som finansierer investeringar og eventuelle salsmoglegheiter.

Oppsummering økonomiske utfordringar

Tabellen under oppsummerer dei økonomiske utfordrande momenta innanfor sektorane i kommande planperiode.

Utfordringane må løysast og innarbeidast budsjettmessig dei neste fire åra. Det framgår av tabellen at utfordringsbilete slik det er no er i storleiken 600 mill. kr. Summane for dei ulike momenta er anslag basert på den informasjonen

som er kjend, og behova kan endre seg. Auken i renteutgifter som er lagt inn tilsvarer ein 1/2- prosent auke i høve til det som er lagt inn i opplegget til økonomiplan. Konklusjonen er at ei innarbeiding av alle desse behova vil krevje særskilt økonomisk styring og prioriteringar på både drifts- og investeringssida.

mill. kr

Sektor/ moment	2022	2023	2024	2025	2022–2025
Opplæring / Fleire elevar			20	20	40
Mobilitet og kollektiv / Bybanen BT4		33			33
Mobilitet og kollektiv / Auke kontraktskostnadar	39				39
Mobilitet og kollektiv / Nye kontraktar hurtigbåt				85	85
Infrastruktur og veg / Nye driftskontraktar				260	260
Fellesmoment / Auke renteutgifter	9	28	47	62	146
Sum	48	61	67	427	603

5

Investerings- budsjett 2022–2025



Ei-busser på Mannsverk, Norges første heilelektriske depot. Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.

Budsjettoplegget som vert presentert for Vestland fylkeskommune sine investeringar er i samsvar med handlingsregelen som tilseier ein maksimal gjeldsgrad på 115 % dei neste 4 åra.

Tidleg i budsjettprosessen for 2021 vart det vist til at dei gjeldande investeringsplanane hadde eit særst høgt investeringsnivå og ein gjeldsgrad langt over vedteken grense. For å hindre gjeldsoppbygging, og gjeldsgrad som ikkje var i samsvar med vedteken handlingsregel var det naudsynt med reduksjonar. Vestland fylkeskommune har på fleire område framleis eit investeringsbudsjett som i stor grad er ei vidareføring av dei vedtaka som vart gjort i dei to tidlegare fylkeskommunane. Oplegget frå 2021 er i stor grad vidareført i budsjettprosessen for 2022.

Fylkesdirektøren vil alt no peike på at det truleg er tid for å revurdere handlingsregelen om gjeldsgrad på 115 %, opp mot kva fylkeskommunen toler av gjeld. I tillegg bør det vurderast om det er føremålstenleg med ein supplerande handlingsregel.

Nedanfor vert detaljert budsjett med prosjektoptalar presentert. Forutan at alle årlege løyvingar er omrekna til 2022-nivå, er det ingen vesentlege endringar i høve til det som vart presentert i arbeidsdokument 3 og arbeidsdokument 4 som har vore handsama i finansutvalet.

Det som er nytt er at det no for kvart av investeringsprogramma er sett opp ei vurdering av programmet utifrå eit klimaperspektiv. For investeringsprogram for fylkesveg er det for planperioden sett av ufordelte midlar som vert del av handsaminga av handlingsprogrammet til Regional transportplan våren 2022.

5.1 Oversyn investeringar 2022–2025

Under er eit oversyn over investeringane i Vestland fordelt på sektorar. Tabellen syner at Vestland har eit monaleg investeringsprogram dei neste åra (i 2022-kr).

Tal i 1000 kr

Sektorar	Sum 2022–2025	2022	2023	2024	2025
Fylkesveg	12 601 600	2 771 100	3 072 100	3 352 000	3 406 400
Kollektiv	3 311 900	1 248 300	578 100	926 700	558 800
Opplæring	4 106 200	1 004 100	1 091 500	998 200	1 012 400
Fellesfunksjonar	908 900	528 700	210 800	112 700	56 700
Tannhelse	128 500	31 600	28 600	48 000	20 300
Regional utvikling	157 600	10 600	10 600	52 800	83 600
Kultur	93 400	23 700	63 300	3 200	3 200
SUM	21 308 100	5 618 100	5 055 000	5 493 600	5 141 400

Samla syner tabellen at Vestland har investeringsplanar på 21,3 mrd. kr dei neste fire åra. Over halvparten, 12,6 mrd. kr vert investert i vegsektoren. Innanfor kollektiv vert det sett av 3,3 mrd. kr, og 85 % av denne summen går til bybaneutbygging og bybanevogner. Innanfor skulesektoren vert det og lagt opp til store investeringar på 4,1 mrd. kr dei neste 4 åra. Det er sett av 909 mill. kr til fellesfunksjonar i

fylkeskommunen, og om lag halvparten av dette er planlagt brukt på bygginga av nytt fylkeshus i Bergen. Tannhelse, regional utvikling og kultur har eit relativt lågt investeringsnivå samanlikna med opplæring og samferdsel, men også på desse områda skal det gjerast mange viktige investeringar i planperioden.

5.2 Investeringsprogram bygg og eiendom 2022–2025

Investeringsprogrammet for bygg vert presentert i tabellen under. Omtalar av kvart enkelt prosjekt følgjer etter tabellen. Dei årlege løyvingane, og totalsummar for prosjekta, er justert opp til 2022-kr.

Tal i 1000 kr

Investeringar	Sum 2022–2025	2022	2023	2024	2025
Fellesfunksjonar	908 900	528 700	210 800	112 700	56 700
Fylkeshuset Bergen	544 900	457 000	87 900	0	0
Fylkeshuset Leikanger – rehabilitering	200 400	30 800	82 000	71 800	15 800
Tiltak gang- og sykkeltiltak, fylk.kom bygg	28 000	7 000	7 000	7 000	7 000
IT-investeringar	135 600	33 900	33 900	33 900	33 900
Opplæring	4 106 200	1 004 100	1 091 500	998 200	1 012 400
Ombygging/ rehabilitering/ mindre tilbygg	409 600	102 400	102 400	102 400	102 400
Større undervisningsutstyr	153 600	38 400	38 400	38 400	38 400
Askøy vgs	485 700	251 900	189 600	44 200	0
Austrheim vgs	6 400	0	0	0	6 400
Bømlo vgs	18 000	18 000	0	0	0
Dale vgs – rehab. / omb. verkstadbygg	31 800	0	10 600	14 800	6 400
Eid vgs – nytt undervisningsareal	35 400	10 600	10 600	14 200	0
Firda vgs – rehab. fløy D Aulabygg	26 500	0	8 500	10 600	7 400
Førde vgs/campus Førde	667 400	338 300	307 700	21 400	0
Knarvik vgs	6 400	0	0	0	6 400
Kvam nybygg fase 1	110 800	18 500	41 000	51 300	0
Kvam nybygg fase 2	184 500	0	0	82 000	102 500
Laksevåg MBS vgs og Fagskule	348 900	0	15 800	105 300	227 800
Langhaugen vgs	188 600	15 400	51 300	71 800	50 100
Mo og Øyrane vgs – internat mm.	57 500	5 300	16 900	35 300	0
Mo og Øyrane vgs – nytt verkstadbygg	72 500	72 500	0	0	0
Måløy vgs – blokk A og D / Akvahall	79 100	44 200	34 900	0	0
Måløy vgs, nytt opplæringsfartøy	104 000	51 300	52 700	0	0
Skulebruksplan – planmidlar	14 800	3 700	3 700	3 700	3 700
Slåtthaug vgs	200 300	6 400	21 100	84 300	88 500
Sogn jord- og hagebr. – rehab. fjøs- og verkstad	14 900	0	0	4 300	10 600

Tabellen held fram på neste side

Investeringar	Sum 2022–2025	2022	2023	2024	2025
Sogndal vgs – rehab. badebasseng	28 600	0	2 200	5 300	21 100
Sotra vgs	352 500	16 900	16 900	105 300	213 400
Stord vgs	427 100	10 300	164 000	184 500	68 300
Årdal vgs – rehabilitering	47 500	0	3 200	16 900	27 400
Årstad vgs	33 800	0	0	2 200	31 600
Tannhelse	128 500	31 600	28 600	48 000	20 300
Tannklinikk Sogndal	28 800	0	1 100	27 700	0
Tannklinikkar	48 600	13 700	13 700	10 600	10 600
Utstyr tannhelsetenesta	51 100	17 900	13 800	9 700	9 700
Kultur	93 400	23 700	63 300	3 200	3 200
Gulatinget	21 100	0	21 100	0	0
Arkivdepot	59 500	20 500	39 000	0	0
Restaurering av verneverdige f.k. bygg	12 800	3 200	3 200	3 200	3 200
Regional utvikling	157 600	10 600	10 600	52 800	83 600
Oppgradering fiskerihamner	42 400	10 600	10 600	10 600	10 600
Kalvåg fiskerihamn	30 800	0	0	0	30 800
Bømlo fiskerihamn	84 400	0	0	42 200	42 200
Sum investering bygg og eigedom	5 394 600	1 598 700	1 404 800	1 214 900	1 176 200

Prosjektomtalar investeringsprogram bygg og eigedom

Fylkeshuset Bergen

Byggeprosjektet har ei totalramme på 1 200,7 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 12/2018 bygging av nytt fylkeshus. Ein gjorde vidare vedtak i sak 40/2018 om finansiering og mellombels lokalisering på Sandsli fram til nybygget står klart i 2023.

I sak 90/2019 vart det gjort vedtak om bygging i eigen regi, og kostnader til AV-utstyr og møblering av fellesareala vart teke inn i prosjektet. Prosjektet er under utføring med planlagt ferdigstilling i starten av 2023. Det er sett av 457 mill. kr i 2022 og 87,9 mill. kr i 2023 til prosjektet.

Fylkeshuset Leikanger – rehabilitering

Prosjektet har ei totalramme på 205 mill. kr. Fylkeshuset på Leikanger var i utgangspunktet planlagt som eit rehabiliteringsprosjekt med tiltak som til dømes skifte av tak, ny utvendig solskjerming og naudsynte tekniske oppgraderingar.

Samstundes har behovet for kontorplassar endra seg som fylgje av regionreforma. Kartlegging av behov er gjennomført og det vert no arbeidd med vurdering av ulike kontorløysingar/-konsept. Det er planlagt at sjølve ombyggingsarbeidet skal pågå i perioden 2022–2024. Det er sett av 30,8 mill. kr i 2022, 82 mill. kr i 2023, 71,8 mill. kr i 2024 og 15,8 mill. kr i 2025 til prosjektet.

Tiltak for gåande og syklande

Prosjektet gjeld ulike tiltak for å betre tilhøva for gåande og syklande i tilknytning til fylkeskommunale eigedommar. Tiltaka gjeld mellom anna betre sykkelparkering, utbetring av fortau/ tilkomst, betre av- og påstigingsløysingar for skulebussar, betre markering og lystilhøve for gåande og syklande. Det er sett av 7 mill. kr kvart år i planperioden til slike tiltak.

IT-investeringar

Det er samla sett av 135,6 mill. kr i planperioden til felles IT-investeringar i fylkeskommunen. Bruken av IT-løysingar m.a. innan kollektivtransport, på dei vidaregåande skulane,

innan tannhelse og i fylkesadministrasjonen er avgjerande for at fylkeskommunen får utført oppgåvene og levert tenestene sine. Dette er nært knytt opp til satsinga på digitalisering og e-forvaltning, som er viktig for å kunne effektivisere og forenkle drifta. Det som legg føringar for disponeringa av desse IT-midlane er den overordna IT-strategien i fylkeskommunen. Det vert sett av 33,9 mill. kr årleg i planperioden til dette føremålet.

Ombygging/ rehabilitering / mindre tilbygg

Denne løyvinga gjeld planlagde ombyggingar, rehabiliteringar og mindre tilbygg. Avgjerande faktor for kva arbeid som vert sett i gang, er tilstanden på bygg og tekniske anlegg. I tillegg vert det gjort oppgradering av fylkeskommunale eigedommar, med særskilt fokus på tiltak som gjeld brann og universell utforming. Ombyggingane kan også skuldast endringar i læreplanar, endringar i klassesaka eller elevar med spesielle behov. Det vert utarbeidd årlege planar for disponeringa av midlane. Større tiltak med prosjekt vert lagt fram som eigne saker til fylkesutvalet. Det er sett av 102,4 mill. kr kvart år i planperioden.

Større undervisningsutstyr opplæring

Det er sett av 38,4 mill. kr årleg til dette føremålet. Midlane skal nyttast til større undervisningsutstyr, it-investeringar og inventar ved skulane. Midlane skal mellom anna nyttast til naudsynt oppgradering av maskiner og utstyr innan yrkesfaga, og komplettering av undervisningsutstyr i samband med læreplanane. Midlane vert fordelt til skulane gjennom ein vekta tildelingsmodell som tek omsyn til at behova varierer mellom utdanningsprogramma. Skulane kan overføre unyttta midlar til neste år og på denne måten spare opp midlar til større investeringar.

Askøy vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 735,8 mill. kr. Rehabilitering og tilbygg på Askøy vgs starta opp i 2018. Fylkestinget godkjente i sak 47/2018 rom- og funksjonsprogrammet for prosjektet. I sak 118/2020 vart forprosjekt og byggstart for den nye skulen godkjent. I same sak godkjende fylkestinget også avtalen med Askøy kommune om sambruk, makebyte av tomt og leige av areal. Prosjektet er i produksjonsfase og det er sett av 251,9 mill. kr i 2022, 189,6 mill. kr i 2023 og 44,2 mill. kr i 2024 til prosjektet.

Austrheim vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 292,9 mill. kr, og prosjektet er del av skulebruksplanen som vart vedteken i fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,4 mill. kr i 2025 for å starte planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samheng med prosjektet ved Knarvik vidaregåande skule.

Bømlo vidaregåande skule

Totalkostnaden for dette prosjektet er kalkulert til 24,1 mill. kr. Føremålet er å gjennomføre den vedtekte samlokaliseringa av Bømlo vgs og Rubbestadnes vgs. Samlokaliseringa skal løysast med nokre mindre ombyggingar på Bømlo vgs og etablering av verkstadsareal for TIP, EL og naturbruk i eit nytt leigebygg på Rubbestadneset. Prosjektet omfattar kostnader både til ombyggingar på Bømlo vgs og verkstadutstyr/

møblering i leigebygg. Prosjektet er under utføring med planlagt ferdigstilling i løpet av 2022. Det er sett av 18 mill. kr i 2022 til prosjektet.

Dale vidaregåande skule

– rehabilitering/ ombygging verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er 38,1 mill. kr. Verkstadbygget frå 1982 er det eldste bygget ved skulen, og er ikkje i god stand. Mange bygningsselement og tekniske anlegg må skiftast ut. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 10,6 mill. kr i 2023, 14,8 mill. kr i 2024 og 6,4 mill. kr i 2025 til prosjektet.

Eid vidaregåande skule – nytt undervisningsareal

Totalramma for prosjektet er på 44,2 mill. kr. Eid vgs har i dag knapt med areal. Som følge av dette er satsingane knytt til velferdsteknologi og energi delvis flytta til ueigna lokale. Det er i tillegg behov for nye og oppgraderte realfagsrom.

Anlegget på Eid er i sambruk med Stad kommune. Dei har og eit auka arealbehov knytt til drifta av kulturdelen/ Operahuset Nordfjord og har vedtak om å framforhandle ny leigeavtale for dette.

Eit samla arbeid med behov og mogleighetsstudie er sett i gang og sjølv byggearbeidet vil venteleg starte medio 2022. Det er sett av 10,6 mill. kr i 2022 og 2023 og 14,2 mill. kr i 2024 til prosjektet.

Firda vidaregåande skule – rehabilitering fløy D Aulabygg

Totalramma for prosjektet er på 41,3 mill. kr. Det er gjennomført fleire oppgraderingar på Firda vgs, men i den eine delen av bygningsmassen – aulabygget/ fellesareal, står nokre tiltak att. Bygget er frå 1974, og treng oppgradering og rehabilitering. Det må gjennomførast tilstandsvurdering med framlegg til løysingar. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 8,5 mill. kr i 2023, 10,6 mill. kr 2024 og 7,4 mill. kr i 2025 til prosjektet.

Førde vidaregåande skule/campus Førde

Prosjektet har ei totalramme på 862,8 mill. kr. Etablering av eit nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde er eit prosjekt som legg opp til samlokalisering av Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs til ein felles ny vidaregåande skule i Førde (fysisk samanslåing gjeld ikkje avd. Mo). Prosjektet omfattar vidare ny tannhelseklinikk i Førde og bygging av ny idretts-hall. I april 2021 gjorde fylkestinget vedtak om byggstart jf. ft sak 8/2021. Prosjektet er under bygging med planlagt ferdigstilling i 2024. Det er inngått ein utbyggingsavtale for infrastruktur med tidlegare Førde kommune.

Det er lagt til grunn auke i totalramma på 30 mill. kr. Av dette utgjer, om lag 20 mill. kr, auka løns- og prisstiging inneverande år. Resten er knytt til prisauke for arbeid med infrastruktur/utbyggingsavtalen. Det er sett av 338,3 mill. kr i 2022, 307,7 mill. kr i 2023 og 21,4 mill. kr i 2024 til prosjektet

Knarvik vidaregåande skule

Prosjektet har eit samla kostnadsoverslag på 379,1 mill. kr. Prosjektet er del av skulebruksplanen som er vedteken i

fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,4 mill. kr i 2025 til prosjektet som start på planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjektet ved Austrheim vgs.

Kvam vidaregåande skule – nybygg fase 1 og 2

Prosjektet har ei samla totalramme på 336,9 mill. I samsvar med skulebruksplanen skal dei tidlegare vidaregåande skulane i Øystese og Norheimsund samlokalisert i eit nybygg sentralt i Norheimsund. I juni 2019 (FU-sak 149/2019) vart det vedteke ein intensjonsavtale med Kvam herad om å nytte tomte for den gamle ungdomsskulen til nytt skulebygg og at skulen skulle realiserast i to fasar. Første fase gjeld verkstadslokale for EL og TIP og andre fase areal til resten av tilboda som i dag er i Øystese.

Fylkesdirektøren tilrår å legge fasane tett i presentert opplegg til investeringsplanen slik at oppdraget kan planleggast saman og leggast i ein byggekontrakt og på den måten spare noko kostnader.

Kvam herad og fylkeskommunen har arbeidd med samlokalisering og sambruk mellom den vidaregåande skulen og areal/funksjonar for kommunen sidan 2018. Det er utarbeidd eit rom- og funksjonsprogram for prosjektet både på kommunal og fylkeskommunal side. Romprogrammet er fremma som sak til fylkestinget i september inneverande år. Samla nettoareal i programmet er 5160 m², fordelt med omlag 1100 m² på Kvam herad og 4060 m² på den vidaregåande skulen.

Vidare framdrift er planlagt med utlysning, anbuds konkurranse og kontrahering i 2022 og bygging i perioden 2023 til 2026. Det er sett av 18,5 mill. kr i 2022, 41 mill. kr i 2023 og 51,3 mill. kr i 2024 til fase 1. Det er vidare sett av 82 mill. kr i 2024 og 102,5 mill. kr i 2025 til fase 2 i prosjektet.

Laksevåg vidaregåande skule og fagskule

Skulebruksplanen for Hordaland legg opp til ein ny kombinert fagskule og vidaregåande skule på Laksevåg. Rom- og funksjonsprogrammet for skulen vart vedteke i ft-sak 28/2019. Programmet har teke omsyn til tidlegare vedtak i Hordaland fylkeskommune om vesentleg auka kapasitet for dei to skulane. Prosjektet har ei samla løyving på 807,1 mill. kr.

Grunna det samla høge investeringsvolumet, er dette prosjektet, saman med fleire andre prosjekt, utsett noko i tid og arbeidet i prosjektet vil verte vidareført frå 2023 med plan om ferdigstilling i 2026/ 2027. Det er sett av 15,8 mill. kr i 2023, 105,3 mill. kr i 2024 og 227,8 mill. kr i 2025.

Langhaugen vidaregåande skule

Samla kostnadsramme for prosjektet er 194,6 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i samsvar med skulebruksplanen. Prosjektet inkluderer kostnader til etablering av eit bygg som gjev ein ekstra parallellklasse i musikk, jf. ft-sak 40/2020. Etablering av den ekstra klassen i musikk er tidlegare drøfta i fylkestinget, jf ft-sak 46/18.

Prosjektet er i planleggingsfase og samspelsfasen vert gjennomført i første halvdel av 2022. Byggestart vil vere

avhengig av godkjent reguleringsplan. Kravet om regulering var ikkje føresett, noko som gjer at sjølve bygginga vert utsett med om lag 1 år.

Det er sett av 15,4 mill. kr i 2022, 51,3 mill. kr i 2023, 71,8 mill. kr i 2024 og 50,1 mill. kr. i 2025 til prosjektet.

Mo og Øyrane vidaregåande skule – internat og fellesbygg

Totalramma for prosjektet er på 59,5 mill. kr. I prosjektet er internat og fellesbygga på Mo planlagt rehabilitert. Bygga er frå 1969 og er nedslitne. Vidare må betra universell utforming vurderast, i tillegg til generell oppussing. Prosjektet er i utgreiingsfasen, og prosjektet har planlagt oppstart i løpet av 2022. Det er sett av 5,3 mill. kr i 2022, 16,9 mill. kr i 2023 og 35,3 mill. kr i 2024 til prosjektet.

Mo og Øyrane vidaregåande skule – nytt felles verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er på 93,4 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt felles verkstadbygg for gardsdrifta og for anleggslinja ved Mo og Øyrane vgs. Det er henta inn totalentreprisetilbod på arbeidet som viser etter måten stor kostnadsauke. Truleg er dette m.a. knytt til den sterke prisveksten på byggevarer inneverande år. I tillegg er det meirkostnader knytt til pålegg om regulering og tekniske undersøkingar knytt til flaum og kvikkleire. Byggearbeidet er kontrahert og ferdigstilling er planlagt i løpet av 2022. Det er sett av 72,5 mill. kr i 2022 til prosjektet.

Måløy vidaregåande skule – bygg A og D/ny aquahall

Totalramma for prosjektet er på 91 mill. kr. Prosjektet er i utgreiings- og programfase og gjeld bygg D, den maritime avdelinga, samt naudsynt rehabilitering/ombygging av fellesfunksjonar/ administrativ del i bygg A.

I sist vedteken investeringsplan låg det og eit eige prosjekt knytt til ny aquahall ved skulen. Måløy vgs har eit fylkesdekkande studietilbod innan marine og maritime utdanningsområda og skulen har ingen fasilitetar for praktisk opplæring innan akvakultur. I eit førebels og svært grovt overslag er prosjektkostnaden for aquadelen rekna til om lag 20,5 mill. kr. Dette inkluderer ikkje tomt, infrastruktur for vatn og avløp og marinteknisk undervisningsutstyr.

Då prosjekta heng tett saman både når det gjeld behov og lokalisering meiner fylkesdirektøren det er hensiktsmessig å sjå prosjekta i samanheng for å få til ei god areal- og ressursutnytting. Det vert og vurdert behov for å auke sjønære areal for den vidaregåande skulen, og å legge til rette for ei tyngre satsing på den maritime delen av skulen.

Prosjektet sitt mål er å samle behova og sjå på moglege løysingar for effektiv arealutnytting og eventuelle moglege tilbygg eller ombyggingar for ei framtidssretta drift av skuleanlegget. Det er sett av 44,2 mill. kr i 2022 og 34,9 mill. kr i 2023 til prosjektet.

Måløy vidaregåande skule – nytt opplæringsfartøy

Totalramma på prosjektet er 139,1 mill. kr. Prosjektet gjeld bygging av nytt opplæringsfartøy for å kunne gje

praksisopplæring på båt. Første anbudsrunde vart avlyst av økonomiske grunnar. Prosjektet vart endra til ein mindre båt med reduserte krav, og mellom anna dispensasjon for å ha lugarar under hovuddekk. Det ligg føre vedtak om bygging i ft-sak 141/2021. Det er halde anbuds konkurranse og avtale om bygging er signert. Opplæringsfartøyet er planlagt ferdigstilt medio 2023. Det er sett av 51,3 mill. kr i 2022 og 52,7 mill. kr i 2023 til prosjektet.

Skulebruksplan – planmidlar

Midlane er knytt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen og endringane som er vedtekne der. Midlane vert primært nytta i tidleg fase av prosjekta; til dømes til planlegging, koordinering og utgreiingar. Det er sett av ei årleg løyving på 3,7 mill. kr i planperioden.

Slåtthaug vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 200,3 mill. kr. Dette er i samsvar med vedteken skulebruksplan. Prosjektet omfattar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse som er planlagt å gjennomføre i denne planperioden. Det er sett av 6,4 mill. kr i 2022, 21,1 mill. kr i 2023, 84,3 mill. kr i 2024 og 88,5 mill. kr i 2025.

Sogn jord- og hagebruksskule – rehabilitering fjøs og verkstad

Totalramma for prosjektet er 44,5 mill. kr. Fjøs og verkstad ved Sogn jord- og hagebruksskule er på mange område utdatert. Det gjev utfordringar knytt til både bygningane og i høve til drifta. Det er planlagt ei nærare tilstandsvurdering og behovsanalyse som kan endre omfanget av prosjektet. Det er sett av 4,3 mill. kr i 2024 og 10,6 mill. kr i 2025.

Sogndal vidaregåande skule – rehabilitering basseng

Totalramma for prosjektet er 33,9 mill. kr. Den delen av Sogndal Idrettshall som omfattar bassenget har behov for rehabilitering og oppgradering. Det er føreteke kartleggingar som har avdekkja bygningsmessige og tekniske utfordringar ved deler av bassenget og noko bassengteknisk utstyr. Garderobedel og ventilasjonsanlegg er skifta ut og rehabilitert i 2017. Det er sett av 2,2 mill. kr i 2023, 5,3 mill. kr i 2024 og 21,1 mill. kr i 2025 til prosjektet.

Sotra vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 782,4 mill. kr. I prosjektet er det lagt opp til samlokalisering av den vidaregåande skulen som i dag har to lokasjonar i Øygarden kommune. Fylkestinget vedtok hausten 2018 tomt og plassering for den nye skulen. Den vedtekne tomte er på ferdig utfylte Storevatn sentralt på Straume og rett ved ny planlagt bussterminal. Tilgang til tomte er avhengig av framdrifta til veganlegget Sotrasambandet, så den planlagde ferdigstillinga av prosjektet i 2026 er noko usikker. Det har vore gjennomført samarbeidsmøte med Øygarden kommune som ledd i reguleringsarbeidet for den nye skuletomta. Det er sett av 16,9 mill. kr kvart av åra 2022 og 2023, 105,3 mill. kr i 2024 og 213,4 mill. kr i 2025.

Stord vidaregåande skule – Vabakken

Samla ramme for prosjektet er 462,5 mill. kr. Prosjektet vert

gjennomført i samsvar med vedtaket i skulebruksplanen. Prosjektet gjeld sanering av eksisterande bygningsmasse og nybygg for Stord vgs, avd Vabakken. Prosjektet skal utformast og gjennomførast slik at det legg til rette for eit byggesteg 2 som kan samle heile Stord vgs i eit bygg i framtida. Prosjektet er i planleggingsfasen med konkurranse og samspel. Sjølv bygginga er planlagt i tidsrommet 2023 til 2025. Det er sett av 10,3 mill. kr i 2022, 164 mill. kr i 2023, 184,5 mill. kr i 2024 og 68,3 mill. kr i 2025 til prosjektet.

Årdal vidaregåande skule – rehabilitering

Totalramma for prosjektet er på 85,5 mill. kr. Det er trong for rehabilitering av Årdal vgs då bygningsmassen ved skulen er frå 1981. Sjølv om bygga ved skulen er godt vedlikehaldne er det behov for oppgradering og rehabilitering av bygningar og tekniske anlegg. I tillegg vert energiløysingane ved skulen vurdert. Det er sett av 3,2 mill. kr i 2023, 16,9 mill. kr i 2024 og 27,4 mill. kr i 2025 til prosjektet.

Årstad vidaregåande skule – C bygget

Prosjektet har ei samla løyving på 78 mill. kr. Prosjektet er ein del av vedteken skulebruksplan. Årstad vgs har hatt omfattande rehabilitering tidlegare, men C-bygget frå 1977 på om lag 7000m² har ikkje vore omfatta av desse arbeida. Dette bygget er i dårleg stand, og både tak og fasade har bruk for verdibevarande rehabilitering. Bruken av areala i C-bygget er ikkje avklart og omfanget av prosjektet kan difor verte endra. Det er sett av 2,2 mill. kr i 2024 og 31,6 mill. kr i 2025 til prosjektet.

Tannklinikk Sogndal

Totalramma for dette prosjektet er på 29,7 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 23/19 å setje i gang arbeidet med planlegging og bygging av ny tannklinikk i Sogndal. I dag leiger fylkeskommunen areal til tannklinikk i Sogndal, men desse lokala dekkjer ikkje behovet tannklinikken har. Leigeavtalen er forlenga slik at det er tenkt oppstart planlegging i 2023 og realisering i 2024. Det er sett av 1,1 mill. kr i 2023 og 27,7 mill. kr i 2024 til prosjektet.

Tannklinikkar – Innreiing/opprusting m.m.

Totalramma for løyvingar på dette området er 48,6 mill. kr i planperioden. I gjeldande klinikkstrukturplanar for tannhelsetenesta er det lagt til grunn ei samling av einskilde klinikkar i større einingar. Vidare har nokre av dei eksisterande klinikane behov for anten nye lokale eller monaleg opprusting. Fokus først i planperioden vil vere tannklinikane i Odda og Florø. Det er sett av 13,7 mill. kr i 2022 og 2023 og 10,6 mill. kr i 2024 og 2025 til føremålet.

Utstyr tannhelsetenesta

Det vert årleg sett av om lag 9 mill. kr til investeringsmidlar som skal gå til utstyr i tannhelsetenesta. Midlane vert og delvis nytta til utstyr ved nye eller ombygde klinikkar.

I 2022 og 2023 er det forslag om ein større sum for å dekkja utskifting av røntgensystem i tidlegare Hordaland. Samla må løyvinga aukast med vel 12 mill. kr desse to åra for å gjere denne naudsynte investeringa. Røntgensystemet i tidlegare Hordaland brukar er ikkje lengre i produksjon. Dette vil kunne

sette tannhelse i ein situasjon der ein klinikk sitt utstyr vert defekt, noko som igjen vil kunne medføre økonomisk tap for fylkeskommunen. Det er sett av 17,9 mill. kr i 2022, 13,8 mill. kr i 2023 og 9,7 mill. kr kvart av åra 2024 og 2025.

Gulatinget – nytt formidlingsbygg

Totalramma for dette prosjektet er på 75 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt visningscenter for Gulatinget på Flolid i Gulen. Prosjektet har i perioden 2011–2013 vore gjennom ein arkitektkonkurranse og eit skisseprosjekt. Arbeidet la grunnlag for finansiering og søknad om statleg delfinansiering av prosjektet. Det er føresett at Gulen kommune og staten skal finansiere kvar sin tredjedel. I tillegg er det rekna at fylkeskommunen får mva. refusjon knytt til sin del av investeringa. Det er sett av 21,1 mill. kr i 2023.

Nytt arkivdepot

Vestland fylkeskommune har i dag for liten arkivkapasitet til eige bruk. Det er sett i gang arbeid med å utgreie ulike alternativ for å auka kapasiteten inkludert å tilby kapasitet til kommunearkivordninga. Parallelt med budsjettprosessen vert det fremma eiga politisk sak for nytt arkivbygg på Leikanger. Prosjektet har ei totalramme på 60,5 mill. kr., og det er tidlegare brukt 1 mill. kr på prosjektet. Det er sett av 20,5 mill. kr i 2022 og 39 mill. kr i 2023 til prosjektet.

Restaurering av verneverdige bygg

Fylkeskommunen eig fleire verneverdige bygg som det er naudsynt å utføre større vedlikehald eller restaurering av i løpet av planperioden. Det er sett av 3,2 mill. kr kvart av åra i planperioden.

Oppgradering fiskerihamner

I sak 45/19 i Fellesnemda vart det vedteke å signere avtalen om overføring av 99 fiskerihamner frå staten til Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020. I den same saka, vart det framlagt ei førebels oversikt over vedlikehaldsetterslepet – estimert til omlag 50 mill. kr. Eit revidert overslag kalkulerer vedlikehaldsutsleppet til 52 mill. kr. I planperioden er det sett av ei årleg rammeløyving på 10,6 mill. kr til føremålet.

Kalvåg Fiskerihamn

Bremanger kommune starta prosjektet med å byggje ut fiskerihamna i Kalvåg i 2010. Det føreligg godkjent reguleringsplan og Bremanger kommune har kome langt i opparbeiding av tilkomst og næringsareal. Det var utarbeidd ein avtale mellom Bremanger kommune og Kystverket om gjennomføring av prosjektet, og det var sett av midlar i NTP for perioden 2024–2029. I ft-sak 160/2020 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skulle gå inn som avtalepart for Kystverket og at fylkeskommunen hadde som intensjon å gjennomføre prosjektet i tidsrommet 2025 til 2027. Ramma for prosjektet er på 73,9 mill. kr (2020-kr). Det er sett av 30,8 mill. kr i 2025.

Bømlo fiskerihamn

Det har over dei siste 10 åra vore utgreidd og prosjektert utviding av fiskerihamna i Langevåg på Bømlo. Arbeidet har vore gjennomført i samarbeid mellom lokale investor organisert i Bømlo fiskerihamn AS, Bømlo kommune og

Kystverket. Det var signert ein avtale mellom Bømlo kommune og Kystverket om gjennomføring av prosjektet, og det vart sett av midlar i NTP for perioden 2024–2029. I FT-sak 42/2020 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skulle gå inn som avtalepart for Kystverket og at fylkeskommunen garanterte for forskottering avgrensa til 165 mill. kr eks mva (2020-kr) med tilbakebetaling i perioden 2024–2028. Det er sett av 42,2 mill. kr i 2024 og i 2025.

Klimaomtale investeringsprogram for bygg og eigedom

For utbygging i eigdomsavdelinga er det definert tre område som er førande for berekraftige prosjekt, CO₂-reduksjon for nybygg, utsleppsfrie byggeplassar og berekraftig materialbruk. I tillegg er det stort fokus på energibruk og gjenbruk av eksisterande bygningsmasse både for ombyggingsprosjekt og for nye byggeprosjekt.

Nye bygg skal realiserast med 50% reduserte CO₂-utslepp samanlikna med eit definert referansebygg som vert oppført i samsvar med gjeldande bygningsteknisk forskrift. Investeringsprosjekt skal BREEAM-sertifiserast på nivået Excellent, i konkurransegrunnlaget er i tillegg overordna miljøkrav beskrive og desse er førande for korleis prosjektet kan innfri krava til BREEAM Excellent. Sertifiseringa skal i tillegg halddast vidare i drift av bygget og gjeld følgeleg ikkje berre for å få ei sertifisering for eit nyleg oppført bygg.

Utbygging har gode erfaringar i seinare tid med å beskrive krav til bruk av tre i nybygg, krava er vidareutvikla og vidareført. Hovudbæresystemet for nybygg skal utførast i tre og 90% av bygningskonstruksjonen over bakkenivå skal byggast i tre. Tilsvarande krav var til stades ved utlysing av konkurranse for utbygging i Askøy, Førde og Kaupanger.

Som byggherre og samfunnsutviklar skal Vestland fylkeskommune gå føre med å bidra til berekraftige bygge- og anleggsplassar. Eit nytt krav til nye investeringsprosjekt er difor implementert for prosjekt som skal realiserast etter 2021, 10% av alle anleggsmaskiner skal vere utsleppsfrie og følgeleg drivast av elektrisitet.

Det er oppretta del av ein stilling som fagansvarleg energi og klima for å ivareta utviklinga mot berekraftig utbygging i eigdomsavdelinga.

Utbygging sitt bidrag til CO₂-utslepp er størst ved reine nybygg, og difor er det på vegen mot berekraftig fylkeskommunal bygningsmasse naudsynt å nytte eksisterande bygg i størst mogleg grad. I tillegg er det viktig å gjenbruka material, komponentar og møblar der det er mogleg utan å redusere ynskja nivå av funksjon og kvalitet. Ein føresetnad for eksisterande bygningsmasse er at det er mogleg å bygge om og tilpassa ynskja bruk, fleksibilitet i utforming og konstruksjon er difor vektlagt og for nye utbyggingsprosjekt. Tidlegare gode erfaringar gjeldande energiforsyning i gamle Hordaland og Sogn og Fjordane vert vidareført for Vestland

fylkeskommune. Oljefyring anna enn som reserveløysing er fasa ut og fleire plassar er energieffektiviteten auka monaleg som følgje av installasjon av til dømes varmpumpeanlegg. Som døme på gode løysingar kan nemnast:

- Lokal fjernvarme frå nærliggjande kjøpesenter i Åsane, energioverskotet er gjort nyttig ved oppvarming av vidaregåande skule.
- Fjernvarme med spillvarme frå aluminiumsverket i

Høyanger, i staden for å nytte fjorden til kjøling av smelteomnar er varmen gjort nyttig for kommunale anlegg og for oppvarming av vidaregåande skule.

- Gamle Sogn og Fjordane si godt utnyttta og vidareførte rammeavtale for varmpumpeinstallasjonar med lokal produsent i Nordfjordeid. Energieffektivisering for eigen bygningsmasse og lokal næringsutvikling som positiv sideeffekt.

5.3 Investeringsprogram fylkesveg 2022–2025

Investeringsprogrammet for fylkesvegvar inkludert tunnelar og rassikring vert presentert i tabellen under. Omtalar av kvart enkelt prosjekt følgjer etter tabellen. Dei årlege løyvingane er justert opp til 2022-kr. Fyrst er det ein del som går inn på innhaldet i fylkesvegdelene av Miljøløftet. Deretter er resterande fylkesvegprosjekt i budsjettet sett opp med

omtalar og løyvingar pr. år. I investeringsprogrammet er det for planperioden sett av to samlesumar som det er lagt opp til skal fordelast i samband med rullering av handlingsprogrammet til RTP; Ufordelte midlar til strekningsvise utbetringar (RTP) på 2,07 mrd. kr og Ufordelte rassikringsmidlar (RTP) på 375,6 mill. kr.

Tal i 1000 kr

Investeringar	Sum 2022–2025	2022	2023	2024	2025
Bompengepakkar	4 294 200	989 200	983 600	1 152 000	1 169 400
Byvekstavtalen (Miljøløftet) – fylkesveg	1 406 500	441 300	342 800	325 400	297 000
Askøypakken	895 100	181 300	198 800	257 500	257 500
Nordhordlandspakken	951 900	172 100	264 800	257 500	257 500
Førdepakken	965 700	129 800	166 900	311 600	357 400
Haugalandspakken	17 300	17 300	-	-	-
Framtidige bompengepakkar	57 700	47 400	10 300	-	-
Store investeringsprosjekt	863 300	148 000	309 000	309 000	97 300
Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	818 300	103 000	309 000	309 000	97 300
Austevollpakken	45 000	45 000	-	-	-
Tunellrehabilitering	1 316 100	393 000	380 300	400 600	142 200
Fv. 303 Seimsdalstunnelen	152 400	140 300	11 000	1 100	-
Fv. 566 Tiråstunnelen	93 200	72 600	20 600	-	-
Fv. 53 Tunnelar i Årdal	205 900	-	37 600	153 200	15 100
Fv. 53 Steiggjetunnelen	85 800	77 100	8 700	-	-

Tabellen held fram på neste side

Investeringar	Sum 2022–2025	2022	2023	2024	2025
Fv. 614 Magnhildskartunnelen	259 100	66 400	85 600	85 600	21 500
Fv. 540 Løvestakktunnelen	285 900	5 700	90 000	90 000	100 200
Fv. 550 Eitrheimtunnelen	185 300	23 600	85 600	70 700	5 400
Div. eltilt. (VTS og el fv. 50 Aurland–Hol)	48 500	7 300	41 200	-	-
Bruer og kaiar	347 300	84 900	118 600	70 600	73 200
Bruer og kaiar	206 000	81 800	105 200	19 000	-
Fv. 570 Risnes bru	61 900	3 100	10 300	48 500	-
Fv. 583 Osøyro	79 400	-	3 100	3 100	73 200
Mindre utbetringar	682 900	395 100	215 500	72 300	-
Fv. 161 Åsen–Helleskaret	131 200	49 800	51 500	29 900	-
Fv. 79 Øystese–Ålvik–Granvin	98 700	24 400	31 900	42 400	-
Fv. 611 Sæle–Engebø	126 500	61 700	64 800	-	-
Fv. 57 Dale–Storehaug	92 700	41 200	51 500	-	-
Fv. 500/5048/5050 Div. tiltak – Halsnøysamb.	25 300	25 300	-	-	-
Mindre utbetringar	208 500	192 700	15 800	-	-
Gang- og sykkelveg	171 600	128 300	27 100	16 200	-
Gang og sykkel	105 300	74 900	15 500	14 900	-
Fv. 548 Brandsøyvegen (refusjon)	3 900	1 300	1 300	1 300	-
Fv. 614 Breivika–Svelgen	32 600	32 600	-	-	-
Fv. 548 Brandsøy–Solheim	29 800	19 500	10 300	-	-
Trafikktryggingstiltak	60 800	60 800	-	-	-
Trafikktryggingstiltak	60 800	60 800	-	-	-
Kollektivtrafikktiltak	26 400	21 200	5 200	-	-
Kollektivtiltak	26 400	21 200	5 200	-	-
Miljø og servicetiltak	6 300	3 700	2 600	-	-
Miljø og service	6 300	3 700	2 600	-	-
Planlegging	44 000	35 500	8 500	-	-
Planprogram	44 000	35 500	8 500	-	-
Øvrig, inkl. ufordelte midlar RTP	2 329 300	74 900	328 900	623 500	1 302 000
Refusjonar	147 200	46 500	37 500	30 200	33 000
Grunnerverv/avslutning av prosjekt	96 900	23 400	24 500	24 500	24 500
Justerings mva. (refusjon)	6 000	1 500	1 500	1 500	1 500
Utstyrsjøp INV (Div prosjekt)	8 000	3 500	1 500	1 500	1 500

Investeringar	Sum 2022–2025	2022	2023	2024	2025
Ufordelte midlar RTP	2 071 200	-	263 900	565 800	1 241 500
Rassikring, inkl. ufordelte midlar RTP	2 459 400	436 500	692 800	707 800	622 300
Mindre rassikringstiltak	210 200	110 400	99 800	-	-
Fv 500 Folgefonntn–Årsnes, byggtr	332 400	215 800	84 000	32 600	-
Fv. 722 Flovegen	52 100	15 000	37 100	-	-
Fv. 53 Ljoteli	4 600	4 600	-	-	-
Fv. 55 Bru over Esefjorden	787 000	64 900	315 200	314 200	92 700
Fv. 79 Steinstøberget	237 000	5 200	25 800	51 500	154 500
Fv. 609 Heilevang	460 500	20 600	48 500	185 400	206 000
Ufordelte midlar rassikring RTP	375 600	-	82 400	124 100	169 100
Sum investering fylkesveg	12 601 600	2 771 100	3 072 100	3 352 000	3 406 400

Prosjektomtalar investeringsprogram fylkesveg

Miljøløftet – fylkesveg

Tal i 1000 kr

Investering	Sum 2022–2025	2022	2023	2024	2025
Miljøløftet					
Infrastruktur og veg	1 406 500	441 300	342 800	325 400	297 000

Miljøløftet 2022–2025

Prosjekt og tiltak i byvekstavtalen skal bidra til å nå nullvekst-målet, og samstundes bidra til eit miljøvennleg, effektivt og trygt transportsystem. Dette skal sikre god mobilitet for innbyggjarar og næringsliv. Prosjekta i byvekstavtalen vert prioritert gjennom porteføljestyling. Dette inneber at prosjekta vert prioritert på grunnlag av ei heilskapleg vurdering basert på bidrag til å oppnå mål, disponible midlar, samfunnsøkonomisk lønnsemd, planstatus og kapasitet på planlegging og gjennomføring.

Fylkestinget vedtok i sak 35/2021 handlingsprogrammet for Miljøløftet for perioden 2022–2025. Frå og med handlingsprogram for 2022–2025 vil det fylkeskommunale bidraget i byvekstavtalen vere eit årleg gjennomsnitt. Her vil år 1 i handlingsprogrammet nødvendigvis ikkje samsvare med det årlege bidraget i byvekstavtalen; slik det tidlegare har vore.

Det fylkeskommunale bidraget til Miljøløftet i 2022 er planlagt nytta til mellom anna;

Gang og sykkel fylkesveg langs Bybanen BT4

Det skal i samband med Bybanens byggetrinn 4 byggjast fleire gang- og sykkelveggar. Gjennom Løvstakken kjem ein 3 km lang sykkel tunnel. I tillegg vert det bygd omlag 5 km øvrig sykkelveg, og omlag 11 km gangveggar og tilkomst til Bybanen i tilknytning til den nye strekninga til Fyllingsdalen.

Fv. 582 Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle

Etablere sykkelveg med oppgraderte fortau og haldeplassar på strekninga fv. 582 Hagerups vei–Wergeland.

Fv. 5216 Håkonshellavegen, Alvøen–Myraskjenet, gang- og sykkelveg.

Strekninga frå Alvøen til Myraskjenet omhandlar etablering av gang- og sykkelveg, busshaldeplassar, samt mindre oppgradering av køyrevegen for å få betre framkome for kollektivtrafikken.

Fv. 5348 Haugeveien, Nordnesbakken–Margarethastredet (Nordnes II)

Etablere tilbod for syklende på ei strekning som er ein del av sykkelnettverket der det ikkje har vore eige tilbod til syklende før. Tiltaket skal etablere eit samanhengande sykkel felt på strekninga Haugeveien, Nordnesbakken–Margretastredet til Klosteret (Nordnes II).

Fv. 5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien, oppgradering av sykkel felt/ fartspu ter

Etablering av oppgradert sykkel felt i Hagerups vei.

Fv. 540 Allestadvegen–Skarphaugen sykkel

På strekninga frå Allestadveien til Skarphaugen i Fyllingsdalen vart det etablert nytt kollektiv felt, og samanhengande sykkelveg med fortau i 2017. Kollektiv feltet er vidareført i retning Oasen. Det var i planen føresett ny gang- og sykkelveg parallelt med kollektiv feltet. Sykkel felt og utbetring av rundkøyring vart sett på vent i påvente av endeleg trase for Bybane i Fyllingsdalen. Tiltaka kan no gjennomførast og vil gje auka attraktivitet for gåande og syklende i området.

Fv. 585 Straksløysing for sykkel på strekninga Christies gate–Bradbenken

Mellombels løysning basert på enkel tilrettelegging og oppmerking av gjennomgåande sykkelveg på strekninga Christies gate–Bradbenken. Arealbeslag til sykkelveg over Torget vert avgrensa til eit minimum, og vert løyst delvis ved innsnevring av køyrebane. Sidan sykkeltilbodet vil vere mellombels må omfang og kostnader avgrensast. Det vert difor lagt opp til delstrekingar utan tiltak (sykkel i blanda trafikk). Alle tiltak er innanfor regulert trafikkareal.

Fv. 5322 Haldeplasser ved Sletten senter bybanestopp

Dei siste åra har Bybanen AS fleire gangar meldt inn at passasjerar som skal på eller av bussen ved Sletten senter, i retning nord, har for smalt haldeplassareal. Ei utviding av på- og avstigingsarealet vil sikre betre tryggleik for bussreisande. Samstundes er det ønskjeleg å flytte den andre haldeplassen, som er i motsett retning, slik at den kjem nærare bybana.

Oppgradering signalanlegg og ASP

Aktiv signalprioritering av buss gjev kollektivtrafikken auka prioritet gjennom lyskryss. Prioriteringa skjer ved at sann tidssystemet i bussane kommuniserer med signalanlegga på strekninga, og det er lagt inn ei oppgradering av dette systemet.

Gangveier til kollektivtrasear

Bergen kommune arbeider med å kartlegge og gjennomføre tiltak som gjer det enklare, tryggare og raskare å gå til kollektivnettverket. Det inneber at gangveggar vert opparbeidd eller utbetra.

Handlingsprogrammet

Det vert nytta ein del fylkeskommunale midlar til posten Planlegging fylkesveg i Bergen og til hjertesone og trafikktryggleikstiltak. Midlane til trafikktryggleik skal også nyttast i høve til mål oppnåing innanfor TS-området.

I lokalpolitisk vedteke handlingsprogram 2022–2025, som er godteke av partane i Miljøløftet, er det lagt til grunn statleg tilskot til tiltak på fylkesveg. Dette gjeld fv. 5476 Kvamsbrekko, utbetring av fv. 5308 Sagstadvegen, fv. 5254 Kleppevegen ved Myrane og fv. 5200 Infrastruktur Paradis.

For ytterlegare omtale av løyvingane/prosjekta vert der vist til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2022–2025 som vart vedteke av fylkestinget i sak 35/21, og informasjon om dette er lagt ut på nettsida Miljøløftet.no.

Fylkesveg investeringsprosjekt

Bompengepakkar

Askøypakken (Askøy kommune)

Askøypakken vart vedteken i 2013 i Prop. 197 S (2012–2013) med delvis bompengefinansiering. Finansieringsplanen har eit kostnadsoverslag på 1 540 mill. 2013-kr der fylkeskommunen dekkjer 420 mill. 2013-kr og bompengar utgjer 1 120 mill. 2013-kr.

Innkrevjinga av bompengar starta november 2014, og er rekna å vare til 2028. Først er det meldt om inntektssvikt frå bompengeselskapet slik at rammene pr. i dag er lågare enn det som fyrst låg til grunn.

Askøypakken har til saman ti delprosjekt:

1. Fv. 563 Strømsnes–Hop.
2. Fv. 563 Florvåg–Erdal. Strekning er bygd ut over fleire etappar, der siste etappe forbi Bakarvågen vart opna i 2014.
3. Fv. 562 Lavik–Haugland
4. Fv. 562 Fromreide–Kjerrgarden x fv.222
5. Fv. 562 Fauskanger sør

6. Fv. 212 Lindhaugen–Slettebrekka. Opna oktober 2018
7. Fv. 212 Slettebrekka–Hetlevik
8. Fv. 213 Skiftesvik–Marikoven
9. Fv. 216 Skansen (Kleppe). Opna i 2015.
10. Fv. 562 Strusshamnkruset. Ferdigstilt.

Det er i tillegg sett av midlar til kollektivtrafikktiltak i Askøypakken. til kollektivtrafikktiltak i Askøypakken.

Prosjekt fv. 563 Strømsnes–Hop er under slutføring. Prosjekt fv. 213 Skiftesvik–Marikoven er også under bygging. For prosjekt fv. 212 Slettebrekka–Hetlevik er det under gjennomføring mindre utbetringstiltak, då det ikkje er nok midlar til å byggje Hetleviktunnelen i bompengepakken. Prosjekt fv. 562 Lavik–Haugland har venta oppstart bygging i 2022.

Følgjande prosjekt i pakken står att:

- Fv. 562 Fromreide–Kjerrgarden
- Fv. 562 Fauskanger sør

Det er sett av 181,3 mill. kr i 2022, 198,8 mill. kr i 2023, 257,5 mill. kr i 2024 og 257,5 mill. kr i 2025.

Nordhordlandspakken (Alver, Austrheim, Fedje, Modalen og Masfjorden kommunar)

Nordhordlandspakken vart vedteken i 2017 i Prop. 164 S (2016–2017) med delvis bompengefinansiering. Finansieringsplanen har kostnadsoverslag på 1 500 mill. 2017-kr der fylkeskommunen dekkjer 280 mill. 2017-kr, staten dekkjer 60 mill. 2017-kr og bompengar utgjer 1 160 mill. 2017-kr. Porteføljen av prosjekt må tilpassast den økonomiske ramma i pakken. Med utgangspunkt i oppdaterte kostnadsoverslag klarar ein ikkje å gjennomføre alle prosjekta innanfor vedteken kostnadsramme på 1 500 mill. 2017-kr. porteføljestyre tiltaka i pakken, etter rasjonell framdrift, planstatus og tilgjengelege midlar.

Frå og med 2020 har pakken vorte styrt med to byggherreorganisasjonar; ein for dei statlege prosjekta og ein for dei fylkeskommunale prosjekta.

Følgjande prosjekt er med på prioritert liste i vedteken stortingsproposisjon:

1. Fv. 565 Marås–Soltveit, Radøy
2. Fv. 57 Knarvik Isdalstø, Lindås
3. Fv. 245 Fosse–Moldekleiv, Meland
- 4A. Fv. 564 Fløksand–Vikebø, Meland
- 4B. Fv. 565 Undergang Holme (TS), Meland
5. Fv. 564 Frekhaug-krysset, inkl. utbetring fv. 244, Meland
6. E39 Knarvik sentrum, Lindås

7. Kollektivtrafikktiltak og Innfartsparkering E39 og fv.7, Lindås og Meland
8. Fv. 565 Vegutbetring/Ts, Austrheim
9. Fv. 570 Vegutbetring/Ts, Masfjorden
10. Fv. 423 Vegutbetring/Ts, Fedje
11. Fv. 569 Vegutbetring/Ts, Modalen
12. Fv. 564 TS, Fosse-krysset, Meland
13. Fv. 409 Kollektivtiltak i Manger sentrum, Radøy
14. Fv. 57 Vatnekrysset (TS), Lindås
15. E39 Molvik-krysset, Lindås
16. Fv. 565 Grense Radøy/Lindås–Sæbø skule, Radøy
17. E39 Vikane–Eikangervåg, Lindås
18. Fv. 564 Sandskaret–Holme, Meland
19. Fv. 565 Hilland-grense Radøy, Lindås

I tillegg er det sett opp ei ufordelt ramme til prosjekt i tidlegare Lindås og Meland kommunar.

Det pågår planarbeid på fleire prosjekt i pakken. Rammetiltak i Fedje, rammetiltak i Modalen, rammetiltak i Masfjorden, fv. 565 Undergang Holme (TS) og kollektivtiltak fv. 57 Lindås er ferdig. Rammetiltak i Austrheim er under bygging og er venta ferdig i 2022. Tiltaket fv. 565 Marås–Soltveit vart lyst ut i 2019 som totalentreprise med forhandling, og er under bygging.

Det er sett av 172,1 mill. kr i 2022, 264,8 mill. kr i 2023, 257,5 mill. kr i 2024 og 257,5 mill. kr i 2025.

Førdepakken (Sunnfjord kommune)

Førdepakken er ein bompengepakke med ei samla investeringsramme på 1,5 mrd. 2012-kr. Målsetjinga med Førdepakken er å sikre ein meir miljøvennleg og stabil trafikksituasjon i Førde sentrum. Fleire av prosjekta har som mål å leggje betre til rette for gåande og syklistar. Dette gjeld mellom anna strekninga mellom Angedalsvegen og Hafstadvegen.

Førdepakken vil bidra til å løyse kapasitetsproblem i Førde sentrum, gjere det sikrare for mjuke trafikantar, samt gjere det enklare og smidigare for bilar å ta seg fram. Innanfor kostnadsramma er det planlagt å realisere 20 prosjekt gjennom Førdepakken.

Førdepakken vil utløyse investeringar på 600–650 mill. 2012-kr til naudsynte tiltak på fylkesvegnettet i Førde. Fylkeskommunen si delfinansiering i prosjektet er 30,6 mill. 2021-kr årleg i perioden 2018–2023. Resten skal finansierast med bompengar og meirverdiavgiftskompensasjon.

Innkrevjing av bompengar starta i oktober 2016, og vil halde fram i ca. 12 år. Utbygging av tiltaka starta i 2017, og vil truleg vere avslutta i 2025.

Fylkeskommunale tiltak i pakken:

- Fv. 484 Vievegen inkludert gang- og sykkelveg
- Fv. Angedalsvegen–Hafstadvegen. Ny veg og bru (fylkesveg) med gang- og sykkelveg
- Fv. 609 Steinavegen – fortau
- Fv. 481 Naustdalsvegen–Angedalsvegen til Førdehuset (Storhagen)
- Fv. 481 Angedalsvegen til frå Førdehuset til Prestfoss bru
- Fv. 481 Angedalsvegen frå Prestfossbrua til Skora
- Ny veg Fv. 609 Halbrendøyra–Øyrane

Løyvingane til Førdepakken er oppdatert ut frå venta framdrift. Det er sett av 129,8 mill. kr i 2022, 166,9 mill. kr i 2023, 311,6 mill. kr i 2024 og 357,4 mill. kr i 2025.

Haugalandspakken

Bompengepakken vart vedteke i 2007 (St.prp. nr. 57 (2006–2007)) med prosjekt og tiltak på Haugalandet i Rogaland og Hordaland. Det er ikkje nok midlar i pakken til å gjennomføre heile tiltaket som gjeld fv. 47 Fagerne–Ekrene. Det er vert lagt opp til å gjere nokre tiltak på fv. 47 Rophusvegen–Ekrene i Sveio kommune. Tiltaket vert finansiert med rest av bompengemidlar i pakken. Det som er planlagt bygt er to busshaldeplassar med trafikksikker kryssløysing.

Det er sett av 17,3 mill. kr i 2022.

Framtidige veg- og bompengepakkar

Det er sett av midlar knytt til framtidige bompengepakkar i Vestland fylkeskommune.

Moglege framtidige veg- og bompengepakkar:

Bømlopakken (revidert bompengepakke) jf. fylkestinget PS 90/2021. Den reviderte pakken skal finansiere følgjande tre prosjekt i prioritert rekkjefølgje:

- a) Fv. 541 Sakseid–Hestaneset
- b) Fv. 542 Notland–Mosterhamn
- c) Fv. 541 Sakseid–Ekornsæter

Om det står att midlar i pakken, vert det sett av ei ramme til mindre utbetringar av fylkesvegnettet på Bømlo. Følgjande tre prosjekt skal prioriterast i denne rekkjefølgjen:

- a) Totlandsvegen–Grindheimsvegen
- b) Laurhammerkjosen–Olakjosen
- c) Grønnevik–Sakseid

Om det er står att midlar i pakken, kan desse nyttast til andre prosjekt. Det vert lagt til grunn at utbygging av den reviderte pakken skal skje i perioden 2022–2027.

Revidert bompengesøknad er sendt til departementet for handsaming.

Kvinnheradspakken (Kvinnherad kommune) jf.

Pakken inneheld fleire prosjekt og tiltak på fylkesvegnettet i Kvinnherad kommune og omfattar i alt seks utbyggingsprosjekt og ei ramme til mindre tiltak på fleire fylkesvegstreknin- gar. Dei fleste prosjekta tek sikte på å utbetre standarden på eksisterande veg. Det vert mellom anna lagt opp til bygging av gang- og sykkelvegar i tettbygd område. Bompengesøk- nad er sendt til departementet for handsaming.

Det er sett av 47,4 mill. kr i 2022 og 10,3 mill. kr i 2023.

Store investeringsprosjekt

Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru (Solund kommune)

Målet med dette prosjektet er å bygge ei bru til Ytre Sula i Solund kommune. Dette vil erstatte dagens ferje mellom Daløy og Haldorsneset. I prosjektet inngår det ei ny bru på 835 meter og 4365 meter ny veg.

Prosjektet har ein investeringskostnad på 812 mill. 2021-kr. Det er sett av 103 mill. kr i 2022, 309 mill. kr i 2023, 309 mill. kr i 2024 og 97,3 mill. kr i 2025.

Austevollpakken

Fylkestinget vedtok i sak 44/21 å gå i forhandlingar med Austevoll kommune om eit mogleg spleiselag med ei øko- nomisk ramme på 70 mill. kr frå fylkeskommunen. Austevoll kommune har i eit kommunestyrevedtak forplikta seg på å bidra med 70 mill. kr. Aktuelle prosjekt som er lista opp i fylkestingssaka er:

- Storebø terminal
- Ny Mjåsund bru
- Utbetringar Storebø–Eidsbøen
- Utbetringar Bjelland–Haukanes
- Utbetringar Selbjørn bru–“Aisen”
- Breiddeutviding Eido

Det er sett av ei samla løyving på 45 mill. kr i 2022. I tillegg til denne løyvinga har ein andre prosjekt som ligg i dei andre prosjektgruppene som vil verta sett i samanheng med ei eventuell Austevollpakke.

Tunnelrehabilitering

Tunneltryggleiksforskrifta stiller minstekrav til tryggleiks- nivået i fylkesveg tunnelane. Forskrifta gjeld berre tunnelar som har meir enn 300 i ÅDT og lengde over 500 m. Prosjekta som vert finansiert på denne posten skal sikre at tunnelane oppfyller krava i tunneltryggleiksforskrifta. I tillegg vert tunnelane oppgradert ut frå faglege tilrådingar knytt til tiltak som drenering, tunnelportalar, sikringsarbeid i fjell, strossing for å betre geometriske tilhøve som til dømes køyrehøgde og -breidde, og tiltak for å betre levetida til tekniske installasjo- nar som vatn og frostsikring med meir. Omfanget av desse tiltaka vil variere frå tunnel til tunnel. Dette vert prioritert for

å unngå fordyrde dobbeltarbeid. Dette kan dreie seg om nye installasjonar i oppgraderte tunnelar som må takast ned igjen og flyttast for gjennomføring av andre utbetringar seinare – samstundes som tunnelane må stengast på nytt. Det er stor uvisse knytt til kostnadsoverslaga.

Det er sett av 393 mill. kr i 2022, 380,3 mill. kr i 2023, 400,6 mill. kr i 2024 og 142,2 mill. kr i 2025.

Fv. 5633 Seimsdalstunnelen (Årdal kommune)

Totalkostnad for prosjektet er 326,2 mill. 2020-kr. Dagens tunnel skal strossast til profil T10,5 med gang- og sykkelveg. Tunnelen er cirka 1500 meter lang. Det er sett av 140,3 mill. kr i 2022, 11 mill. kr i 2023 og 1,1 mill. kr i 2024.

Fv. 566 Tiråstunnelen (Osterøy kommune)

Totalkostnad for prosjektet er 90,4 mill. 2021-kr. Det er sett av 72,6 mill. kr i 2022 og 20,6 mill. kr i 2023.

Fv. 53 Tunnelar i Årdal

Prosjektet omfattar utbetring av Timreskred-, Finnås-, Kolnostunnelen. Totalkostnad for prosjektet er 199,8 mill. 2021-kr. Det er sett av 37,6 mill. kr i 2023, 153,2 mill. kr i 2024 og 15,1 mill. kr i 2025.

Fv. 53 Steiggjetunnelen (Årdal kommune)

Totalkostnad for prosjektet er 83,2 mill. 2021-kr. Det er sett av 77,1 mill. kr i 2022 og 8,7 mill. kr i 2023.

Fv. 614 Magnhildskartunnelen (Bremanger kommune)

Totalkostnad for prosjektet er 251,4 mill. 2021-kr. Det er sett av 66,4 mill. kr i 2022, 85,6 mill. kr i 2023, 85,6 mill. kr i 2024 og 21,5 mill. kr i 2025.

Fv. 540 Løvestakktunnelen (Bergen kommune)

Totalkostnad for prosjektet er 277,3 mill. 2021-kr. Det er sett av 5,7 mill. kr i 2022, 90 mill. kr i 2023, 90 mill. kr i 2024 og 100,2 mill. kr i 2025.

Fv. 550 Eitrheimtunnelen (Ullensvang kommune)

Totalkostnad for prosjektet er 179,8 mill. 2021-kr. Det er sett av 23,6 mill. kr i 2022, 85,6 mill. kr i 2023, 70,7 mill. kr i 2024 og 5,4 mill. kr i 2025.

Diverse elektrotiltak (VTS og elektro fv. 50 Aurland–Hol)

Det vert sett av 4,6 mill. kr i 2022 til utbygging av DAB system i ei rekkje tunnelar for innsnakk frå Vegtrafikksentralane. Det vert vidare sett av 2,7 mill. kr i 2022 og 41,2 mill. kr i 2023 til ei oppgradering av el-anlegg med styring, kommunikasjon og nødlys/lyd på tunnelane på fv. 50 Aurland–Hol.

Bruer og kaiar

I Vestland fylke er det totalt 2 071 bruer og berande konstruksjonar som det går trafikk over. Av desse er 1615 vegbruer, 104 gang- og sykkelvegbruer og 352 bruer i fylling. 72 vegbruer er over 100 meter; der 24 er stålbruer og 48 er betongbruer.

Det er sett av 347,3 mill. kr totalt til opprusting og utskifting på dette området i økonomiplanperioden 2022–2025. Årlege løyvingar fordeler seg slik; 84,8 mill. kr i 2022, 118,6 mill. kr i 2023, 70,6 mill. kr i 2024 og 73,2 mill. kr i 2025. Det er stor risiko knytt til kostnadsoverslaga.

Bruer og kaiar

Innanfor samleløyvinga bruer og kaiar er pågåande prosjekt justert i høve til venta framdrift. Dette gjeld fv. 5266 Herdlesundet bru, fv. 543 Fjelbergøy ferjekai, fv. 5150 Lepsøysundet, fv. 500 Ranavik hurtigbåtkai, fv. 611 Hovland I Indre, fv. 60 Storeelva bru, fv. 615 Hjortset I og Solheim I, fv. 5733 Nes, fv. 5724 Gytri og Briksdal I, fv. 5600 Frettheim. Det er sett av 69,4 mill. kr til desse prosjekta i 2022.

Det er i 2022 prioritert oppstart av tiltak på følgjande bruer og kaiar:

- Fv. 5098 Bakgården, 12,4 mill. kr fordelt på 3,1 mill. kr i 2022 og 9,3 mill. kr i 2023
- Losna ferjekai, 4,2 mill. kr i 2022
- Barmen ferjekai, 6,2 mill. kr fordelt på 1 mill. kr i 2022 og 5,2 mill. kr i 2023
- Fv. 121 Sandal bru, 11,3 mill. kr fordelt på 2 mill. kr i 2022 og 9,3 mill. kr i 2023
- Fv. 575 Husa bru, 10 mill. kr fordelt på 2 mill. kr i 2022 og 8 mill. kr i 2023

Fv. 570 Risnes bru (Masfjorden kommune)

Innan 2022 vert det gjennomført ein spesialinspeksjon av brua. Resultat av denne inspeksjonen vil vere avgjerande for kva tiltak ein fell ned på. Anten må brua skiftast ut eller det kan utførast ei forsterking. Det er sett av 3,1 mill. kr i 2022, 10,3 mill. kr i 2023 og 48,5 mill. kr i 2024 til tiltaket.

Fv. 583 Osøyro (Bjørnafjorden kommune)

Tiltaket er knytt til eit kulvertsystem som er i dårleg forfatning. Det vil kunne kollapse og med stor sannsyn føre til utfordringar med flaum i Os sentrum. Tiltaket går på utbetring av kulvertsystemet. Det er sett av 3,1 mill. kr i 2023, 3,1 mill. kr i 2024 og 73,1 mill. kr i 2025.

Mindre utbetringar

Fv. 5156 Åsen–Helleskaret (Bjørnafjorden kommune)

Åsen–Helleskaret er eit fylkesvegprosjekt i Bjørnafjorden kommune. Reguleringsplanen for tiltaket inkluderer 1 300 meter ny to-felts vegstrekning som vert tilkomstveg frå Søvik/Helleskaret til den nye E39 Svegatjørn–Rådal. Vegen vil òg kunne binde saman bustadområda ved Lysefjorden og industriområdet i Endelausmarka. Planen inneheld separat gang- og sykkelveg, kryss og tilkomstveg med fortau til bustadområdet Hellebakkane. Vegen vil avlaste noverande fv. 161 og fv. 163.

Fylkestinget i Hordaland godkjente oppstart av ny fylkesveg mellom Åsen og Helleskaret i sak 60/2016, der det vart vedteke at kommunen bidreg med 2/3 av prosjektramma som tilskot inn i prosjektet, og fylkeskommunen bidreg med 1/3 av prosjektramma, på inntil 29,8 mill. 2019-kr.

Fylkestinget i Vestland vedtok nytt kostnadsoverslag på 138,8 mill. kr i 2021-kr, jf. sak PS 12/2021, og la til grunn kostnadsdelinga 1/3 på fylkeskommunen og 2/3 på Bjørnafjorden kommune. Fylkestinget vedtok også deling av risiko i prosjektet på følgjande vilkår:

- Det vert sett i gang skoghogst og ytterlegare grunnundersøkingar. Etter at dette er gjennomført skal fylkesdirektøren vurdere kostnadsoverslaget på nytt. Viss prosjektkostnaden framleis er innafør 138,8 mill. kr +/- 10 % vil prosjektet fortsette. Viss det er overskridingar må fylkesdirektøren diskutere vidare framdrift med Bjørnafjorden kommune, og kome attende til fylkestinget med ny sak.
- Bjørnafjorden kommunen får ikkje refundert påløpte kostnader dei har hatt så langt i samband med planlegginga av prosjektet.

Det er sett av 49,8 mill. kr i 2022, 51,5 mill. kr i 2023 og 29,9 mill. kr i 2024.

Fv. 49 Øystese–Ålvik–Granvin (Kvam herad og Voss herad)

Fylkesveg 49 er ein sentral fylkesveg, og eit av aust-vest sambanda. Vegen er omkøyingsveg for E16, når denne er stengt mellom Voss og Trengereid. Mellom Øystese og Granvin er det mange smale parti, og vegen er ikkje dimensjonert for den ekstra trafikken ei stenging medfører. Det er store behov for å fjerne flaskehalsane på denne strekninga, og det er sett av 24,4 mill. kr i 2022, 31,9 mill. kr i 2023, og 42,4 mill. kr i 2024.

Fv. 611 Sæle–Engebø (Sunnfjord kommune)

Det skal utførast utbetringstiltak innanfor ei ramme på 126,5 mill. kr. Det dreier seg om utbetringstiltak på fv. 611 Sæle–Engebø i Sunnfjord kommune som følgje av avtale om anleggsbidrag mellom Nordic Mining ASA og tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune. Løyvinga er finansiert med 40 mill. kr i anleggsbidrag frå Nordic Mining ASA, mva- kompensasjon og fylkeskommunale midlar. Det er sett av 61,7 mill. kr i 2022 og 64,8 mill. kr i 2023. Det er ein føresetnad at det vert inngått finansieringsavtale mellom partane.

Fv. 57 Dale–Storehaug (Fjaler og Sunnfjord kommunar)

Totalkostnad for prosjektet er auka til 100 mill. 2021-kr. Dette for å kunne gjennomføre planlagde tiltak på strekninga. Ein av kostnadsdrivarane er at det i prosjekteringa er avdekket kvikkleire i grunnen. Det er sett av 41,2 mill. kr i 2022 og 51,5 mill. kr i 2023.

Fv. 500/5048/5050 Diverse tiltak – Halsnøysambandet

Tiltaka vert finansiert med overskytande bompengar etter avslutta innkrevjing av bompengar på Halsnøysambandet.

Det er sett av 25,3 mill. kr i 2022 til følgjande prosjekt:

- Prosjekt 1 – Mogelegheitsstudie fv. 500 Tofte–Ranavik
- Prosjekt 2 – Fv. 500 Busslomme med avkøyrsløp til Heio
- Prosjekt 3 – Fv. 5052 Busslommer «Landamarka»
- Prosjekt 4 – Fv. 5048 Busslomme/snuplass «Postbrekko» Høylandsbygdvegen
- Prosjekt 5 – Fv. 500 Tofte–Ranavik–punktutbetring; vegbreidde og kurvatur

Mindre utbetringar

Innan potten mindre utbetringar inngår mellom anna mindre tiltak, punktutbetringstiltak, forsterkingstiltak, mindre samarbeidsprosjekt med kommunar og prosjektering av framtidige tiltak. Det er i stor grad lagt vekt på om tiltaket er i tilknytning til regionsenter eller kommunesenter, mjuke trafikantar, skuleveg og vegtiltak retta mot næringslivet, inkludert reiseliv.

Der er lagt opp til ei løyving på 192,7 mill. kr i 2022. Av dette er 157 mill. kr bunde opp i pågåande prosjekt:

- Fv. 5384 Istadmyrane
- Lekvemokrysset i Voss sentrum
- Fv. 55 Fortun
- Fv. 5476 Kvamsbrekko
- Prosjekt med statleg tilskot i høve viktig næringstransport med 135,7 mill. kr i 2022 og 7 mill. kr i 2023
 - o Fv. 549 Flatråker–Våge
 - o Fv. 546 Rådal x 580 Krokeide–Hufthamar–Bekkjærvi x fv. 150
 - o Fv. 560 Beinastaden–Skogsvåg
 - o Fv. 570 Andås x E39 Masfjordnes
 - o Fv. 5582 Sløvåg–Byrknes
 - o Fv. 616 Kalvåg–Oldeide

Det er vidare sett av løyvingar i 2022 knytt til:

- Tiltak etter omklassifiseringsvedtak – 5,3 mill. kr
- Nye skilt – 4,2 mill. kr
- Strekningsvise punktutbetringar – 8 mill. kr
- Prosjektering – 3,2 mill. kr
- Spleiselag – 15 mill. kr

Det er sett av 15,8 mill. kr til dette området i 2023.

Gang- og sykkelveg

Strategi for mjuke trafikantar er eit grunnlagsdokument for RTP 2022–2033, og er fylkeskommunen sitt strategiske dokument for korleis fylkeskommunen skal jobbe for å nå målet om auka tal gåande og syklende i fylket.

Strategien har fire delstrategiar, med kvar sine delmål:

- Sykkelbruk på fylkesveggar med særleg merksemd på Bergen og andre byar / større tettstader
- Gange
- Barnas transportplan
- Mikromobilitet

Hovudmål: Fleire skal gå eller sykle i staden for å nytte bil

- Delmål 1: Sykkel skal vere føretrekt reisemåte i byar og større tettstader
- Delmål 2: Gåande skal kjenne seg trygge og få tilrettelagde snarveggar
- Delmål 3: 80 % av elevar utan ordinær skuleskyss skal gå eller sykle til skulen. Avstandsulempene for å bu i distriktet skal reduserast.
- Delmål 4: Energieffektive framkomstmiddel til dagleg bruk og erstatning for bil.

Gang og sykkel

For perioden er det sett av 105,3 mill. kr, og for 2022 er det ført opp 74,9 mill. kr. Hovudtyngda av tiltaka i 2022 er vidareføring av prosjekt som allereie er starta opp; 63 mill. kr.

Desse prosjekta er:

- Fv. 552 Hatvikvegen–Vallabrua
- Fv. 5240 Arefjordvegen
- Fv. 5240 Sartorvegen
- Fv. 500 Herøysundet
- Fv. 60 Loen–Solvik – det er føreset at Stryn kommune dekkjer halvparten av samla prosjektkostnad
- Fv. 49 Kvamskogen.

Det vert prioritert å starte opp følgjande nye prosjekt i 2022 med samla 11,9 mill. kr:

- Fv. 5062 Tysevegen Stord
- Fv. 5613 Dalavegen (Sogndal kommune)
- Fv. 5641 Sykkelknapp Langanestunnelen (Luster kommune)

Fv. 5704 (tidlegare fv. 548) Brandsøyvegen (refusjon) (Kinn kommune)

Det vert sett av løyving til refusjon til SFE-nett for prosjekt på

fv. 548 Brandsøyvegen i Florø. Prosjektet har ei årleg løyving på 1,3 mill. kr fram til 2024.

Fv. 614 Brevika–Svelgen (Bremanger kommune)

Prosjektet på denne strekninga knyter fleire område saman; eit stort bustadområde på Langeneshaugen og Brevika, Svelgen oppvekst (barne- og ungdomskule med om lag 200 elevar) og Svelgen sentrum. Totalkostnad for prosjektet er auka til 80 mill. 2021-kr, jf. FT-sak 89/21. Det er sett av 32,6 mill. kr i 2022.

Fv. 5704 Brandsøy–Solheim – delprosjekt (Kinn kommune)

Prosjektet omfattar strekninga frå Dragselva til Haugaskjæret (Instetunet), og knyter nokre bustadområde saman med sentrum av Florø. Florø er eit område der det er eit stort potensiale for å auke talet på gåande og syklende. Det vert sett av 19,5 mill. kr i 2022 og 10,3 mill. kr i 2023.

Trafikktryggingstiltak

Trafikktryggingstiltak

Målsetting i trafikksikringsarbeidet bygger på nullvisjonen. Fylkesvegnettet i Vestland har utfordringar, og det er skilnad på det ein vil omtale som eit sikkert vegnett og dagens vegnett. I tillegg kjem det lokale risikobiletet på fylkesvegnettet, som i særleg grad omfattar møte- og utforkøyringsulukker, og ulukker med mjuke trafikantar.

Ut frå dette vil Vestland fylkeskommune i kommande planperiode ha følgjande tre satsingsområde:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkøyringsulukker utanfor tettbygde stork
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

Tiltak innafør kategorien trafikktryggingstiltak er mellom anna knytt til fartsregulering og sikring av kryssingspunkt, fortau/ gang- og sykkelveg, veglys, rekkverk og sideterreng, hjartesoner. Det er sett av 60,8 mill. kr i 2022.

Løyvingane til pågåande prosjekt er justert i høve forventa framdrift. Av nye prosjekt er følgjande prioritert i 2022:

Fortau/ gang- og sykkelveg:

- løyving på 3,7 mill. kr fordelt på fv. 609 Steinavegen, fv. 572 Omsorgstun–Ulvik sentrum, fv. 5226 Selstø

Fartsregulering og sikring kryssingspunkt:

- løyving på 2,3 mill. kr fordelt på fv. 5627 Aurland skule–sentrum, fv. 5422 Lonevåg, fv. 560 Fjellavegen, fv. 5314 Holme

Rekkverk og sideterreng:

- Løyving på 6 mill. kr fordelt på fv. 5006 Rolvnesevegen, fv. 579 Solbjørgveien, fv. 60 Utvik, fv. 60 Strand, 564 Dalstø–Holme, fv. 49 Fonnaland, fv. 5394 Vikjavegen

Veglys:

- Løyving på 7,8 mill. kr fordelt på fv. 57 Isdal nord, fv. 47 Tittelsnesvegen og fv. 5631 Timmersletti, fv. 5044 Vestlivegen

Andre TS-tiltak:

- Løyving på 4,1 mill. kr fordelt på fv. 5715 Måløy–Oppedal, ufordelte løyvingar til strakstiltak etter ulykker og kommunale TS-planar

Trygg skuleveg:

- Løyving på 5,5 mill. kr fordelt på fv. 5262 Davangervegen, fv. 579 Borgafjell barneskule, fv. 548 Valen, fv. 548 Skarveland skule, fv. 5046 Verftsvegen, fv. 5386 Raundalsvegen, fv. 620 Leikanger

Kollektivtrafikktiltak

Kollektiv og innfartsparkering

Behovet for tiltak innan kollektivområdet utanom Bergen er stort. I økonomiplanperioden er det sett av 26,4 mill. kr; 21,2 mill. kr i 2022 og 5,2 mill. kr i 2023.

Tiltaka som vert utført innanfor kollektivinfrastruktur vil oftast ha preg av ein kombinert effekt på kollektivtrafikken, slik som:

- Betre fasilitetar for dei reisande
- Fleire bytemoglegheiter
- Styrka trafikktryggleik

Mindre tiltak vil typisk vere prosjekt som gjev skuleborn og andre trygge venteforhold på haldeplassen, i tillegg tiltak som gjev betre informasjon om rutetilbodet. Større tiltak kan ofte vere prosjekt som handlar om utvikling av tilbodet, og det å gje nye reisemoglegheiter for passasjerane. Det bør her visast til at dagens infrastruktur ved fleire høve legg avgrensingar på høve til å tilby eit heilskapleg linjenett, og dette igjen avgrensar høve til effektive reiser med ulike transportmidlar.

For å vidare styrke kollektivnettet er det behov for utvikling og nyetablering av knute- og bytepunkt i Vestland. Behovet varierer frå å gje høve til å forlenge og opprette nye busslinjer gjennom å opprette snumplassar for buss – til å utbetre og opprette bytepunkt som gjev reisande høve til å byte mellom ulike transportmidlar, i tillegg til informasjonstilgang som gjev fleire høve til å nytte kollektivtransporttilbodet.

Knutepunktutviklinga vil variere frå større terminalar til mindre bytepunkt.

Løyvingane til pågåande prosjekt er justert i høve venta framdrift. Av nye prosjekt er følgjande prioritert i 2022:

- fv. 5452 Leknes aust, knutepunkt buss – Etne senter, Haldeplass Skeie og Mo aust, Matre skule, fv. 567 Helldalstølen, fv. 561 Vindenes kryss, knutepunkt buss – Dale Sentrum (Vaksdal).

Miljø og servicetiltak

Miljø og servicetiltak

Det er sett av 3,7 mill. kr i 2022 og 2,6 mill. kr i 2023. Løyvinga skal nyttast til ulike lovpålagde tiltak i høve støy og vassforvaltning, samt rasteplassar og toalett langs fylkesvegnettet.

Planlegging

Planprogram

Det er sett av 35,5 mill. kr i 2022 og 8,5 mill. kr i 2023 til planprogram på fylkesvegnettet.

Øvrig

Refusjonar

Det er på posten ført opp refusjon av tidlegare forskotering. For heile perioden er det samla lagt opp til refusjonar på 147,2 mill. kr. Det er sett av 46,5 mill. kr i 2022, 37,5 mill. kr i 2023, 30,2 mill. kr i 2024 og 33 mill. kr i 2025.

Grunnerverv/avslutting av prosjekt

I planperioden er det ført opp 96,9 mill. kr på posten for grunnerverv og avslutting av prosjekt. Innløyving av bustader i framtidige fylkesvegtrasear inngår i denne posten. Dette er ei ordning der eigarar av bustaden kan krevje innløyving av eigedommen til marknadsverdi etter fastsette reglar. Kostnadane som vert ført her er før det er oppretta eige tiltak for prosjektet der bustaden ligg.

Ei rekke prosjekt som er ferdig bygd kvart år vert ikkje endeleg lukka/ avslutta. Dette er grunna i at det kan kome mindre ekstrakostnader etter gjennomføring; som til dømes endeleg oppgjør for grunnerverv. Ved å ha ein slik budsjettpost kan fleire prosjekt avsluttast. Det er sett av 23,4 mill. kr i 2022 og 24,5 mill. kr årleg for åra 2023–2025.

Justerings mva. (refusjon)

Det er sett av ei årleg løyving på 1,5 mill. kr knytt til refusjon av meirverdiavgift på inngåtte justeringsavtalar med eksterne partar.

Utstyrskjøp INV

Det er sett av 3,5 mill. kr i 2022 og 1,5 mill. kr årleg for åra 2023–2025. Løyvinga skal nyttast til kjøp av utstyr som er naudsynt som følgje av fylkeskommunen sitt ansvar for utbygging og drift av fylkesvegnettet. I tillegg til dette er det behov som går på nye vegskilt som følgje av regionreforma.

Strekningvisse utbetringar (RTP)

Det er lagt inn ei ufordelt løyving til RTP på 2,07 mrd. kr fordelt på 263,9 mill. kr i 2023, 565,8 mill. kr i 2024 og 1241,4 mill. kr i 2025. I RTP er det ei målsetting om å ta vare på eksisterande vegnett. For å nå denne målsettinga må tiltak innanfor mindre utbetringar prioriterast. Løyvingane er så langt ikkje fordelt ut på konkrete prosjekt. Dette vil verta fordelt i samband med rulleringane av handlingsprogrammet til RTP.

Rassikring

Det vert lagt opp til å nytte heile den statlege overføringa knytt til rassikring over tid. Dei årlege løyvingane vert tilpassa framdrift i prosjekta.

Mindre rassikringstiltak

Det er store behov for både mindre og større tiltak når det gjeld rassikring. Det å velje mange «små» tiltak enn få store prosjekt, kan totalt sett ha stor nytteverdi sjølv om desse tiltaka kjem lenger nede på prioriteringslista. For alle kostbare tiltak, særskilt på fylkesvegane med låg ÅDT, vil ein med Budsjett 2022/økonomiplan 2022–2025 vurdere enklare løysingar med føremål om å auke trafikkisikringa for trafikantane. Dette sjølv om ein ikkje løyser heile rasproblematikken. Enklare løysingar vil sikre trafikken på fleire raspunkt i planperioden. Vidare vil særskilt rasutsette skulevegar verte vurderte for å auke trafikktryggleiken.

Det er sett av 210,2 mill. kr til mindre rassikringstiltak i planperioden, 110,4 mill. kr i 2022 og 99,8 mill. kr i 2023.

I 2022 er 35 mill. kr bunde opp i pågåande prosjekt fv. 5600 Eiterneset/Valsvikhammaren, fv. 5724 Olden–Briksdalen og fv. 55 Systrona.

Det er prioritert 75,4 mill. kr til oppstart av følgjande nye prosjekt i 2022:

- Fv. 49 Storebekken, 24,8 mill. kr fordelt med 15,8 mill. kr i 2022 og 9 mill. kr i 2023
- Fv. 5300 Randen, 21,1 mill. kr fordelt med 1,3 mill. kr i 2022 og 19,8 mill. kr i 2023
- Fv. 5300 Salhus/ Klauvaneset, 26,4 mill. kr fordelt med 1,3 mill. kr i 2022 og 25,1 mill. kr i 2023
- Fv. 49 Frølandsuren, 14,5 mill. kr fordelt på med 7,9 mill. kr i 2022 og 6,6 mill. kr i 2023
- Fv. 550 Eitrheimtunnelen Sør, 7,9 mill. kr fordelt med 1,3 mill. kr i 2022 og 6,6 mill. kr i 2023
- Fv. 5653 Trangane, 23,7 mill. kr fordelt med 1,3 mill. kr i 2022 og 22,4 mill. kr i 2023
- Fv. 49 Roadcap Liarostunnelen, 46,4 mill. kr i 2022

Fv. 500 Folgefonntn–Årsnes, (tidlegare Krokalandet) (del av Kvinnheradpakken)

For fv. 500 Krokarsellen er det valt anbudsprosedyren konkurranseprega dialog, og totalentreprise med samspel som kontraktsform. I hovudsak betyr det å involvere entreprenør på eit tidlegare tidspunkt, allereie i reguleringsplanfasen, og nytta entreprenørane sine erfaringar og kunnskapar i planlegginga for å få eit betre sluttprodukt. Målet er å få betre løysingar, meir veg for pengane og betre kontroll på risiko og uvisse. Prosjektet omfattar om lag 1400 m tunnel, og vegutbetring på delar av strekninga mellom Folgefonntunnelen og Årsnes.

Kostnadsramma for prosjektet er 497 mill. 2021-kr, jf. fylkestingssak PS 44/2021.

Det er sett av 215,8 mill. kr i 2022, 84 mill. kr i 2023, og 32,6 mil. kr i 2024.

Fv. 5722 Flovegen (Stryn kommune)

Prosjektet har eit kostnadsoverslag på 673,7 mill. 2017-kr. Det er under bygging ein 3 860 meter lang tunnel og ca. 800 meter veg i dagen. Prosjektet er lyst ut som ei totalentreprise saman med prosjekt fv. 698 Blaksettunnelen. Det er sett av 15 mill. kr i 2022 og 37,1 mill. kr i 2023.

Fv. 53 Ljoteli (Årdal kommune)

Prosjektet omfattar rassikring (tunnel) langs fv. 53 ved Ljoteli forbi den mest rasutsette strekninga på denne vegen. Kostnadsoverslaget for prosjektet er 335 mill. 2021-kr.

Det er sett av 4,6 mill. kr i 2022.

Fv. 55 Bru over Esefjorden (Sogndal kommune)

Prosjektet er eit rassikringsprosjekt, og omfattar bygging av bru over Esefjorden i Sogndal kommune. Førebelse vurderingar syner ei kostnadsramme på 771 mill. 2021-kr. Det er sett av 64,9 mill. kr i 2022, 315,2 mill. kr i 2023, 314,2 mill. kr i 2024 og 92,7 mill. kr i 2025.

Fv. 79 Steinstøberget (Kvam herad)

Tiltaket ligg mellom Kvanndal og Fyksesund. Vegen i området er smal med høge skjeringar, bratte fjellsider og bratt ned til fjorden. Det er stein- og isnedfall på strekninga. Store steinblokker opptre høgt oppe i terrenget, og gjer at det ikkje er forsvarleg, og lite hensiktsmessig, med sikring i dagen. Ei tunnelloysing er det som er aktuelt. Kostnadsoverslag for prosjektet er 494,5 mill. 2022-kr. Det er sett av 5,2 mill. kr i 2022, 25,8 mill. kr i 2023, 51,5 mill. kr i 2024 og 154,5 mill. kr i 2025. For dette prosjektet vil det vere ei binding utover økonomiplanperioden på 257,6 mill. kr.

Fv. 609 Heilevang (Askvoll kommune)

Prosjektet skal gje rassikker og trygg framkomst på fv.609 gjennom ny tunnel mellom Hestvika og Heilevang. Kostnadsoverslag for prosjektet er 875,5 mill. 2022-kr. Det er sett av 20,6 mill. kr i 2022, 48,5 mill. kr i 2023, 185,4 mill. kr i 2024 og 206 mill. kr i 2025. Her vil det vere ei binding utover økonomiplanperioden med 415 mill. kr.

Ufordelt rassikring RTP

Det er lagt inn ei ufordelt løyving på 375,6 mill. kr til rassikring i perioden 2023–2025. Løyvingane er så langt ikkje fordelt ut på konkrete prosjekt. Dette vil verta fordelt i samband med rulleringane av handlingsprogrammet til RTP.

Oversikt bindingar etter økonomiplanperioden

Nokre av prosjekta som har løyving i økonomiplanperioden vil, dersom dei vert starta opp, gje bindingar etter 2025.

Fv. 55 Bru over Esefjorden; 7,2 mill. kr
Fv. 79 Steinstøberget; 257,6 mill. kr
Fv. 609 Heilevang; 415 mill. kr

Ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer

Eit ferjeavløysingsprosjekt inneber at det blir bygd eit nytt vegsamband, vanlegvis ei bru eller ein undersjøisk tunnel med tilhøyrande vegnett, som erstattar eller kortar inn på eit ferjesamband. Ordninga med alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesvegferjer legg til rette for at fylkeskommunane kan delfinansiere slike prosjekt med midlane dei får for ferjesambandet gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Retningslinjene for ordninga er fastsett av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 22. februar 2016. Sist revidert 7. oktober 2020.

Storleiken på ferjeavløysingsmidlane blir rekna ut på bakgrunn av reduksjon i tilskot gjennom inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av ei bru eller ein tunnel. Reduksjonen blir berekna som nettoeffekten av å endre kriteriedata i båt- og ferjenøkkelen og fylkesvegnoykkelen i inntektssystemet.

Søknad om ferjeavløysingsmidlar skal rettast til Statens vegvesen som gjev tilråding til Samferdsledepartementet. Samferdsledepartementet tek avgjerd om prosjektet skal inkludrast i ordninga ut frå vilkår i retningslinjene. Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastset endeleg storleik på ferjeavløysingsmidlane, og tal år med utbetaling.

Ferjeavløysingsprosjekt i Vestland er mellom anna:

- Ytre Steinsund bru
- Atløysambandet
- Masfjordsambandet
- Fjelbergsambandet
- Klokkekarvik-Lerøy-Bjelkarøy-Hjellestad
- Huglosambandet
- Sunnfast

Klimaomtale investeringsprogram for fylkesveg

Fylkeskommunen skal tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg vegsystem som dekkjer samfunnet sitt behov for transport, og som fremmer regional utvikling. Dette skal mellom anna gjerast ved å redusere klimagassutslipp på vegen til eit lågutsleppssamfunn, og tilpasse infrastrukturen til eit endra klima med mellom anna meir nedbør.

Det vert arbeidd med eit auka fokus på å stille gode klima og miljøkrav i kontraktar og anbod. Det er i kontraktar med entreprenørane at ein har høve til å sette krav til klima og miljø. Kvalifikasjonskrav som vert stilt er sertifisering etter ISO 14001 (2015), EMAS (EU EcoManagement and Audit Scheme for environmental management) eller Miljøfyrtårn. Vidare vert det stilt krav til at alle dieseldrivande køyretøy og maskiner som vert nytta i kontrakten, skal ha EURO 6 eller STEG 4 godkjenning og rapportere månadleg på energiforbruket.

I 2021 vart det starta eit forprosjekt for å kartlegge korleis klimafotavtrykket til fylkesvegane kan reduserast, og kartlegge moglege løysingar for å nå målet om lågutslepps-fylkesvegbygging. Dette forprosjektet skal vurdere potensialet for reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslipp i ulike fasar og typar vegprosjekt. Fylkeskommunen har fått innvilga 0,225 mill. kr i Klimasatstilskot frå Miljødirektoratet til denne utgreiinga. Ein rapport for forprosjektet er venta å vere klar innan 3. kvartal 2022.

Fylkeskommunen har også fått tildelt 1 mill. kr i Klimasatstilskot til ei 2-årig prosjektstilling som skal arbeide systematisk med klimakrav i anskaffingane. Utgangspunktet for dette arbeidet vil vere resultatane frå forprosjektet for lågutslepps-fylkesveg.

Det er stort overskot av massar i tunnelprosjekt, og klimaeffekten ved gjenbruk av stein kan vere betydeleg. Også i omarbeiding og transport av steinmassane kan det vere ein stor klima- og miljøvinst. Fylkeskommunen er i gang med eit forprosjekt og ein massehandteringsplan for fv. 49 Tokagjelet der ulike alternativ for massehandtering og gjenbruk i andre samferdsleprosjekt skal greiast ut. Resultatane vil verte offentlege gjennom ein sluttrapport. Til dette arbeidet har fylkeskommunen fått 0,35 mill. kr i Klimasatstilskot.

Med framtidige klimaendringar vil drift og vedlikehald av fylkesvegane i Vestland truleg verte meir krevjande. Med aukande mengd nedbør og meir ekstremvær vert vegane enno meir utsett for slitasje. Forsvarleg og berekraftig forvaltning av fylkesvegnettet krev at vi i større grad utbetrar og tek vare på det eksisterande vegnettet. Fylkeskommunen samarbeider med andre vegeigarar, planstyresmakter og forskingsinstitusjonar for å utveksle kunnskap og erfaringar om klimatilpassing av vegnettet.

5.4 Investeringsprogram mobilitet og kollektiv 2022–2025

Investeringsprogrammet for mobilitet og kollektiv er presentert i tabellen under. Omtalar av kvart enkelt prosjekt følger etter tabellen. Dei årlege løyvingane er i 2022-kr.

Tal i 1000 kr

Investeringar	Sum 2022–2025	2022	2023	2024	2025
Båtanbod tidl. Sogn og Fjordane	231 700	0	0	194 800	36 900
Ulike inv. tiltak kollektivområdet	205 200	51 300	51 300	51 300	51 300
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	109 700	109 700	0	0	0
Bybanen – Byggjesteg 4	1 364 700	944 700	210 000	210 000	0
Bybanen – Byggjesteg 5	1 363 400	133 300	307 500	461 300	461 300
Ulike byggtiltak innan kollektiv	37 200	9 300	9 300	9 300	9 300
Sum investering kollektiv	3 311 900	1 248 300	578 100	926 700	558 800

Prosjektomtalar investeringsprogram mobilitet og kollektiv

Snøggbåtkontraktar

I investeringsbudsjettet er det teke for høgde for dei nye snøggbåtkontraktane i tidlegare Sogn og Fjordane i 2024 og 2025. Det er lagt til grunn tilskot frå Enova med 40% slik at netto investeringssum for dei to åra er 226 mill. kr.

Vestland fylkeskommune har vore leiande i det grøne skiftet innanfor kollektivtransporten både på ferjesida og ved elektrifisering av bussparken. Mot slutten av økonomiplanperioden står nye snøggbåtkontraktar for tur.

Skyss har fleire pågåande anskaffingsprosessar av operatørar for drift av følgjande båtruter:

- Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm for perioden 2022–2024.
Kortsiktig kontrakt med vidareføring av dagens framdriftsteknologi.
- Rutepakke 1 Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm for perioden 2024–2036
Delvis nullutsleppsteknologi med fornybar energi og utsleppsfri motor.

Hybridløysingar vert vurdert som relevant for denne pakken.

- Rutepakke 2 Lokale båtruter i Sogn og Fjordane for perioden 2024–2036.
Er vedteke forventning om hybridløysingar.
- Kystvegekspresen for perioden 2024–2025 (i tillegg til opsjon på fleire år). Det er vedteke at drifta skal baserast på fornybar diesel.

Førebels tal på venta auka driftskostnad med dei nye kontraktane i komande økonomiplanperiode er rekna til å verte over 100 mill. kr.

Ulike investeringstiltak kollektivområdet

Det er lagt planar for investeringar innan områda digitale plattformer, integrasjon av Skyss/ Kringom og nye mobilitetstenester. Total er det sett av årlege summer på 51,3 mill. kr i planperioden.

Bybanen i Bergen – Vognmateriell

Den opphavelige avtalen har fått to endringsordrar på til saman 3,5 mill. kr. Den totale budsjettsummen for investeringa vil variere frå år til år ettersom avtalen er inngått i Euro. Prosjektet har ei sluttløyving for 2022 på 109,7 mill. kr. Samla kostnad for vognkjøpa kan etter dette reknast til 309 mill. kr.

Bybanen – Byggjesteg 4

For byggjesteg 4, Bergen Sentrum–Fyllingsdalen, er det samla sett av 1,37 mrd. kr i planperioden. Styringsramma for denne strekinga er 7 101 mill. i 2017-kr. I denne ramma inngår bybanetraseen, sykkelstamveg frå Mindemyren til sentrum, ny kanal på Mindemyren og sykkel tunnel gjennom

Løvsakken. Gjennom Miljøløftet dekker staten 50 % av kostnaden ved utbygginga av bybanetraseen og 100% av sykkelstamvegen. Det resterande er føresett finansiert med bompengar og andre lokale bidrag. Det er sett av 944,7 mill. kr i 2022, 210 mill. kr i 2023 og 210 mill. kr i 2024.

I 2022 vil stadig fleire delar av prosjektet verte ferdigstilt fram mot start av testing og prøvedrift i andre halvdel av året, og planlagt opning av traseen ved årsskiftet 2022/23.

Bybanen – Byggjesteg 5

For Byggjesteg 5 frå Bergen sentrum til Åsane vil reguleringsprosessen pågå gjennom året i regi av Bergen kommune med mål om godkjent reguleringsplan i første halvår 2023. For at det skal la seg gjere å oppfylle gjeldande plan om opning av traseen til Åsane i 2031, er det naudsynt med midlar til planlegging, prosjektering og grunnerværksarbeid før reguleringsplan og finansiering er endeleg vedteke. Det er difor foreløpig estimert eit behov for 133,3 mill. kr i 2022, 307,5 mill. kr i 2023 og 461,3 mill. kr i 2024 og 2025 til dette byggesteget.

Ulike byggetiltak innan kollektiv

Innanfor investeringsprogram for kollektiv har eigeomsavdelinga ein investeringspott som er nytta til opparbeiding og utbetring av mellom anna terminal-, sjåfør- og kollektivfasilitetar. I tillegg vert midlane nytta til andre kollektivanlegg som venterom og bussanlegg. Denne potten har tidlegare vore på om lag 7 mill. kr. På grunn av at ein har teke over ansvar for kollektivfasilitetane på fleire kaianlegg, er det behov for å auke potten til 9,3 mill. kr pr. år.

Klimaomtale investeringsprogram for kollektiv

Grønare bybaneutbygging

Som offentlig byggherre på vegne av Vestland Fylkeskommune og partane i Miljøløftet, jobbar Bybanen utbygging aktivt med å ta i bruk berekraftige løysingar i anleggsprosjekta.

Sidan oppstart av byggjesteg 4 mellom sentrum og Fyllingsdalen i 2018, har tiltaka for grønare bybane så langt spart rundt 72 000 tonn CO₂-ekvivalenter; tilsvarande årlege utslepp frå 27 000 fossilbilar. Elektrifiseringa av anleggsmaskinparken som bygger Bybanen er dermed i full gang, og entreprenørane har til no levert 96 prosent fossilfri anleggsplass.

I perioden frå august 2020 til mars 2021 vart verdas fyrste og einaste batteridrivne borerigg nytta i bybanetraseen som er under bygging til Fyllingsdalen. På anleggsområdet står også ein elektrisk massesorteringsmaskin som bidreg med dobbel miljøgevinst, samt eit asfaltknuseverk som gjer at asfalt kan nyttast om igjen ved omlegging av vegar.

Tydelege krav i anskaffingsfasen og god dialog med entreprenørar bidreg til å omsette høge miljøambisjonar til handling i utbygginga av bybanen. I hovudsak er følgjande krav sette:

- All persontransport skal utførast med nullutsleppsilar
- Entreprenør skal nytte køyretøy som tilfredsstillar EURO VI ved massetransport
- All produksjon i kontrakten skal utførast med minimum 80 % fornybar energi
- 90 % kjeldesortering

Det er god respons i marknaden frå entreprenørar og leverandørar på krava relatert til grønare bybane. Responsen er og god i forhold til forslag til elektrifisering av anleggsmaskinar.

Det er fleire entreprenørar og ein prosjekterande som har tatt i bruk CEEQUAL som eit verktøy for å forbetre sine miljøprestasjonar.

Vegen vidare

Bybanen Utbygging legg opp til endå breiare miljøatsing i byggjesteg 5, med fokus på å identifisere moglege tiltak relatert til ytre miljø og reduksjon av klimagassutslepp innanfor rammene som er sette i vedtatt reguleringsplan.

Det er utarbeidd klimagassbudsjett for byggetrinn 4. Budsjettet er basert på prosjekterte løysingar i dei ulike konkurransegrunnlag, og beskriv løysingar utan at det er lagt inn klimagassreducerande tiltak. Budsjettet tar ikkje inn endringar og omprosjektering; dette vert tatt med i klimagassrekneskapen. Klimagassbudsjettet og klimagassrekneskapen dannar saman basis for vidare utvikling av miljøkrav i komande byggetrinn.

I 2021 kom det ein heilelektrisk lastebil på anlegget som bidreg til teknologiutvikling, og redusert utslepp frå anleggsstrafikken.

I 2021 er det søkt om klimasatsmidlar hos Miljødirektoratet til å elektrifisere pumpe på betongbil. I tillegg er det søkt om og gjeve midlar til å utøve livsløpsanalyse (LCA) på gras i pukkspor vs. gras i betongspor (fastspor). Dette for både å evaluere CO₂-utslepp for dei to ulike alternativa, og for å kartlegge kostnadane for bygging og under drift i eit livsløpsperspektiv. Arbeidet skal danne grunnlag for å gje innstilling til kva løysing som skal nyttast i BT5.

5.5 Finansiering av investeringsbudsjettet 2022–2025

Tal i 1000 kr

Finansiering investeringar	Sum 2022–2025	2022	2023	2024	2025
Bompengar	3 544 100	952 324	739 498	949 254	903 024
Tilskot	1 765 109	783 024	383 728	367 732	230 625
Fond	182 550	35 550	47 000	100 000	
Driftsmidler til investering	2 460 000	615 000	615 000	615 000	615 000
Lån	9 522 839	2 390 380	2 358 441	2 342 188	2 431 831
Mva. kompensasjon	3 472 802	826 122	851 334	879 426	915 921
Salsinntekter	360 700	15 700	60 000	240 000	45 000
Sum Finansiering	21 308 100	5 618 100	5 055 000	5 493 600	5 141 400

Oversyn finansiering 2022–2025

Planlagde investeringar i 4-årsperioden er på 21,3 mrd. kr. 9,5 mrd. kr er planlagt finansiert med lån. Dette utgjør 44,7 % av totalen.

Bompengar og tilskot står for høvesvis 16,6 % og 8,3 % av finansieringa. Bruken av bompengar og tilskot er særleg stor i 2022, og dette heng saman med bygging av bybanen til Fyllingsdalen. Denne utbygginga vert finansiert fullt ut med bompengar og statstilskot.

Investeringsfond står no for ein liten del av budsjettert finansiering i kommande planperiode; under 1 %. Salsinntekter dreier seg om sal av skulebygg, og det står for knapt 2 % av

finansieringa. Driftsmidler til investering er på 2,46 mrd. kr, og det dekker 11,5 % av samla investeringsnivå.

Netto gjeldsgrad

Vestland fylkeskommune har vedteke at gjeldsgraden ikkje skal overstige 115 % av inntektene. Budsjetterte låneopptak er høge kvart år i planperioden, og det gjer at ein i 2025 vil liggje heilt oppunder grensa på 115 % gjeldsgrad.

Det er ikkje rom for å auke investeringsnivået fordi det skal små avvik til før ein kjem over 115 %. Det kan lett skje om til dømes inntektsutviklinga vert litt svakare enn det ein har teke høgde for, eller om ein aukar investeringskostnadane.

6

Klimaomstilling



Sjølvkøyrande buss i Førde. Bussen køyrer ei 2 kilometer lang sløyfe mellom Concord og HVL/Campus Verftet på Ytre Øyrane. Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.

Klimabudsjett for 2022

Klimabudsjettet er eit verktøy vi kan bruke for å vise kva som skal til og korleis vi ligg an for å nå målsettinga om netto nullutslepp av direkte klimagassar i Vestland innan 2030. Klimabudsjettet viser også tiltak og verkemiddel som legg til rette for indirekte utsleppskutt og klimaomstilling, og syner til fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar

Endringar frå 2021-2022

Vestland fylkeskommune har fleire regionale planprosessar gåande, mellom anna regional plan for klima 2022-2035. Planar og prosessar er viktige brikker for å utvikle klimabudsjett for Vestland til å bli eit effektivt styringsverktøy for klimagassreduksjon. Til dømes vart målet om netto nullutslepp vedteke i prosessen med Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Klimabudsjettarbeidet er nybrotsarbeid og ein

kontinuerleg utviklingsprosess. Målet er på sikt å konkretisere kor mykje Vestland må kutte dei neste åra, forbetre kunnskapsgrunnlaget om utsleppskjelder og aktuelle tiltak med klimaeffekt, samt vidareutvikle dialog og samarbeid om klimabudsjettet som verktøy:

- Tiltakstabellane er ikkje uttømmende, men tar sikte på å leggje klar ein struktur fram til regional klimaplan har fått arbeida fram ei prioritering av tiltak
- Effektberekning av tiltak er prioritert i det vidare arbeidet. Det er mellom anna bestilt ei utgreiing frå CICERO som vil bli eit viktig grunnlag for å kvantifisere utsleppsreduksjon og klimaeffekt av tiltak i større grad
- Prosjektet Grøn region Vestland arbeider saman med kommunar og lokale aktørar for å oppdage forretningsmoglegheiter i dei ulike regionane i fylket. Kunnskapsgrunnlag vert utarbeida hausten 2021.

1. Klimamål

2021-rapporten frå FN sitt klimapanel viser at det skjer raske, omfattande og stadig sterkare endringar i klimaet. Den viktigaste klimagassen er CO₂. Rapporten seier at det er viktig å komme i gang med store kutt av CO₂-utslepp raskt sidan denne gassen vert lagra lenge i atmosfæren. Metan er ein annan sterk klimagass, men har kortare levetid i atmosfæren enn CO₂. Utsleppa av lystgass (N₂O) er veldig mykje mindre enn CO₂-utsleppa.

Netto null CO₂-utslipp oppnås når menneskeskapt CO₂-utslipp balanseres mot menneskeskapt opptak av CO₂. Dette betyr at vi må fjerne like mye CO₂ fra atmosfæren som vi slipper ut.

Parisavtalen, EU og Noreg sitt mål om å være klimanøytrale innan 2050 gjeld for alle klimagassutsleppa og for alle sektorar. Noreg har under Parisavtalen forplikta seg til eit klimamål om å redusere klimagassutslepp med minst 50 og opp mot 55 prosent i 2030 samanlikna med 1990. I tillegg skal Noreg vere eit lågutsleppssamfunn i 2050, der utsleppa skal reduserast med 90 – 95 prosent. Både klimamålet for 2030 og 2050 er lovfesta i klimalova.

Noreg sin avtale med EU har tre kategoriar av klimagassutslepp: 1) utslepp omfatta av det europeiske kvotesystemet, 2) ikkje-kvotepliktige utslepp – det vil seie utslepp frå transport, jordbruk, bygg og avfall, og utslepp frå

energiproduksjon, luftfart, industri og petroleumsverksemd som ikkje er kvotepliktige, 3) utslepp frå skog og annan arealbruk som ikkje skal overskride opptaket innanfor denne sektoren i sum for perioden 2021–2030.

Utviklingsplan for Vestland har mål om at vestlandssamfunnet skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling konkretiserer «netto nullutslepp» som følgjer:

- Visjonen om netto nullutslepp inneber ein utsleppsreduksjon av direkte utslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030
- Utsleppa vert rekna som CO₂-ekvivalentar, dette inkluderer sterke klimagassar som metan og lystgass, i tillegg til CO₂
- Alle fossile utslepp skal fjernast
- Naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel vil førekomme, men skal reduserast så mykje som råd
- Utslepp som ikkje er moglege å redusere, kan aktørane sette ut ved kvotekjøp i medhald av GHG-protokollen (The Greenhouse Gas Protocol). GHG-protokollen er eit internasjonalt anerkjent verktøy som vert brukt til å berekne og rapportere klimagassutslepp.

Planprogrammet til klimaplanen for Vestland seier at klimaplanen skal ha fokus både på direkte og indirekte klimagassutslepp som vestlandssamfunnet er ansvarlege for. Dette betyr at alle aktørane i vestlandssamfunnet bør redusere klimagassutsleppa ein er ansvarlege for både innanfor og utanfor dei geografiske grensene i tråd med måla som vert vedtekne i klimaplanen hausten 2022.

Konkretisering av klimamåla for Vestland

I samband med utarbeiding av klimaplanen er det bestilt ei detaljert utgreiing om referansebaner og planlagde tiltak som er naudsynte for at vestlandssamfunnet kan nå

klimamåla for direkte utslepp av alle klimagassar i Vestland. Dette vil vere tilgjengeleg for budsjett 2023 slik at mål og tiltak då kan bli konkretiserte.


Sidan det allereie er vedtatt at målet om «netto null» skal konkretiserast til å bety at «alle fossile utslepp skal fjernast», kan ein likevel sjå på tiltak for å nå dette målet i klimabudsjett for 2022. Måloppnåinga skal vere mogeleg å dokumentere gjennom Miljødirektoratet sin utsleppsstatistikk, oversyn over nytta klimakvotar og evt. karbonlagring. For utslepp frå Vestland fylkeskommune sin eigen aktivitet, kan eigen miljørekneskap og Klimakost nyttast.

2. Klimagassutslepp i Vestland

Kva veit vi om klimagassutsleppa i vestlandssamfunnet?

Offisiell klimastatistikk frå Miljødirektoratet (kjelde: SSB) gir eit bilete av direkte utslepp av klimagassar som skjer innanfor fylket sine geografiske grenser. Siste tilgjengelege tal viser at direkte klimagassutslepp i Vestland tilsvara 6.625.884 tonn CO₂-ekvivalenter i 2019.

Figur 1 og 2 syner korleis dei direkte klimagassutsleppa fordeler seg på sektorane i Vestland. Industri, olje og gass stod for 41,9 % av klimagassutsleppa i 2019. Når vi tar med utsleppa frå sjøfart på 20,6 %, vegtrafikk på 13,2 % og annan mobil forburning (anleggstrafikk) på 4,5 % er 80,2 % av klimagassutsleppa i Vestland plasserte.



Figur 1: Utvikling i klimagassutslepp i Vestland 2009 – 2019 (Miljødirektoratet.no)




Figur 2: Fordeling av utsleppa på sektor i Vestland. Tilnull.no (kjelde)

CO₂ er den dominerande klimagassen

90 % av dei direkte klimagassutsleppa i Vestland er CO₂ (5.926.838 tonn CO₂) og kjem frå stasjonær og mobil forbrenning av fossil energi og prosessutslepp frå produksjon av olje og gass og frå metall (figur 3). Målet om netto

null inneber at CO₂-utsleppa i 2030 skal vere så små som mogeleg og evt. restutslepp skal nøytraliserast gjennom karbonfangst eller andre metodar som permanent fjernar CO₂ frå atmosfæren.

Utslepp av ulike klimagassar pr sektor i Vestland, tonn CO₂-ekvivalentar, 2019



Figur 3: Kjelde: Miljødirektoratet.no

Utslepp frå transport, energiforsyning og industri

Miljødirektoratet har berekna utslepp frå sjøfart innanfor fylkesgrensene til Vestland frå og med 2015. Det er tatt utgangspunkt i ei ytre avgrensing på 12 nautiske mil, territorialgrense. Data for åra frå 2009–2015 er berre estimat grunna manglande datatilgang. Det er også usikkerheit knytt til mellom anna berekning av utslepp i hamn. I følgje Miljødirektoratet sin statistikk hadde sjøfart samla sett eit klimagassutslepp på 1 367 150,8 tonn CO₂-ekvivalentar i 2019.

Innanfor vegtrafikken vart det i 2020 selt 358 mill. liter bensin og autodiesel i Vestland. Totalt har det vore 18,1 % nedgang siste 4-årsperiode i sal av drivstoff i Vestland, størst nedgang av alle fylke. Det er difor naturleg å tru at nedgangen kan ha samband med at fylket også ligg på topp i nybilsal for elektriske bilar. Dette er data vi kan følgje framover.

Transportøkonomisk institutt (TØI) har sett på utsiktene til klimagasskutt i vegtransport med sin framskrivingsmodell for køyretøyparken i rapporten TØI 1846-2021. Konklusjonen der er at dagens verkemiddelbruk neppe vil vere tilstrekkeleg for å nå målet om 50 % klimagasskutt i vegsektoren i Noreg innan 2030 samanlikna med 2005. Generell teknologiutvikling, særleg innan transport og anleggstrafikk er venta å

bidra til å redusere klimagassutsleppa i nokon grad fram mot 2030, men på langt nær kutte nok til å nå klimamåla.

For kvotepliktige verksemdar vil det vere naturleg å styre klimagassutsleppa gjennom kvotemekanismen, men den nye regjeringa opnar for å nytte nasjonale mål for desse også. I tillegg til industrien kjem dei kvotepliktige utsleppa frå energiforsyning som kraftvarmeverket på Mongstad og energianlegget i Rådalen.

Utslepp frå avfall og deponi

Klimagassutsleppa frå avfallssektoren kjem både frå forbrenning, deponi og biologisk handsaming av avfall (som kompostering og biogassanlegg). Avfallsforbrenning vert av Miljødirektoratet kategorisert under energiforsyning. I Vestland er det registrert utslepp av deponigass i 25 kommunar, der 42 % av dette klimagassutsleppet skjer i Bergen kommune og utgjorde 55.000 tonn CO₂-ekvivalentar i 2019. Deponigass består i hovudsak av metan (CH₄).

Utslepp frå jordbruk

Jordbruket er registrert med 6,4 % av dei direkte klimagassutsleppa i Miljøverndirektoratet sin statistikk for Vestland. Her er ikkje registrert noko utslepp av CO₂ sidan fossile

utslepp frå maskinbruken kjem i kategorien «annen mobil forbrenning». På nasjonalt nivå kjem om lag halvparten av utsleppa frå fordøyinga til dyr (tarmgass), ein tredel frå gjødselhandtering og resten frå dyrka myr med meir. Med referanse til målsetting om netto-nullutslepp innan 2030; vil naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel også førekomme i framtida.

Skog og annan arealbruk

Utslepp og opptak frå skog og arealbruk er eit separat klimarekneskap som ser på kva areal som tar opp klimagassar og kva tiltak og omdisponeringar av areal som fører til utslepp. Desse tala vert publisert kvart femte år av Miljødirektoratet og Nibio. I følgje denne rekneskapen hadde Vestland i 2010 et netto opptak av klimagassar på 3 156 107 tonn CO₂-ekvivalentar, i 2015 var netto opptak på 2 286 454 tonn CO₂-ekvivalentar.

Kva veit vi om klimagassutslepp frå Vestland fylkeskommune


Klimafotavtrykket

Det samla klimafotavtrykket til Vestland fylkeskommune vart rekna til om lag 461 777 tonn CO₂-ekvivalentar i 2019 og 383 899 tonn CO₂-ekvivalentar i 2020. Analysen baserer seg på KOSTRA-tala for fylkeskommunen si verksemd og brukar generelle utsleppsverdiar for å estimere klimagassutsleppa frå dei fylkeskommunale utgiftene som er rapporterte i KOSTRA.

Klimafotavtrykket dekker direkte utslepp frå fylkeskommunal drift (køyretøy, maskiner og oppvarming) og indirekte utslepp frå innkjøpt energi (varme/kjøling og elektrisitet) og frå innkjøpte varer og tenester (transport, bygg og infrastruktur, forbruksmateriell og utstyr).


Reduksjonen i fylkeskommunen sitt klimafotavtrykk frå 2019 til 2020 skuldast i hovudsak nye utsleppskrav i kontraktane for bussar (730 Bilruter) og for ferjerutene (731 Fylkesveiferjer), i figur 4 og 5. Dette bidreg til å redusere dei direkte klimagassutsleppa i Vestland, samstundes som det er indirekte utslepp i fylkeskommunen sin aktørspesifikke klimarekneskap.

Klimafotavtrykk for Vestland fylkeskommune for 2020 i tonn CO₂-ekvivalentar.



Figur 4: Samla klimafotavtrykk for Vestland fylkeskommune 2020. Kjelde: Asplan Viak

Endring i Vestland fylkeskommune sitt klimafotavtrykk frå 2019 til 2020 tonn CO₂-ekvivalentar



Figur 5: Endring i klimafotavtrykket for Vestland fylkeskommune 2019-2020. kjelde: Asplan Viak

Utslepp frå Bybaneutbygging kjem i kategori (734 Sporveier og forstadsbaner) og har auka frå 2019 til 2020 på grunn av byggetrinn 4 til Fyllingsdalen. På same tid har tiltaka for grønare bybane så langt spart rundt 72 000 tonn CO₂-ekvivalentar, tilsvarande årlege utslepp frå 27 000 fossilbilar. Elektrifiseringa av anleggsmaskinparken som bygger Bybanen er dermed i full gang, og entreprenørane har til no levert 96 prosent fossilfri anleggsplass.

Utslepp frå kollektivtransporten

Langsiktig satsing på å byggje opp kollektivtilbodet i fylket gir eit reelt alternativ til bilen og bidreg til meir berekraftig mobilitet og nullvekstmålet. Strategi for berekraftig mobilitet legg mellom anna til grunn i delmål om klima «at ei auke i felles og utsleppsfrie transportløyningar, meir deling av køyretøy og meir sykkel og gange bidrar til mindre privatbilisme og lågare klimagassutslepp».

Fylkeskommunen har fått mykje merksemd for omlegginga til utsleppsfrie kollektivløyningar. Det er eit viktig bidrag inn i den samla klimarekneskapan for Vestland.


Det er mogleg å lage prognose på CO₂-utsleppet frå kollektivtransporten i Vestland basert på vedtekte tiltak og kjende endringar. Følgjande endringar frå 2020 vert lagt til grunn:

- Elektrisk drift og biogass vart introdusert i kontraktane Bergen sentrum og Bergen nord hausten 2020. For året 2021 får dette heilårseffekt.

- Biodrivstoff vert også introdusert i mindre delar av dei nemnde kontraktane. Det vert samstundes vedteke å forhandle ut biodrivstoff frå alle busskontraktar i oktober 2021. Med omsyn til forsyningsavtalar og lagra drivstoff er det noko usikkert når effekten av dette vedtaket vert synleg i statistikken.
- Ladeanlegga for ferje vart i stor grad ferdigstilt i løpet av 2020. Det er her lagt til grunn ei stegvis oppnåing av miljømåla i kontraktane.

CO₂-kuttet frå 2019 til 2020 var 23 prosent. Vi forventar ein ytterlegare nedgang på 14 prosent frå 2020 til 2021.

CO₂-utslepp frå kollektivtransporten



Oppsummert vil prognosen for CO₂-utsleppet frå kollektivtrafikken i Vestland vere avhengig av teknologiutviklinga på sjø, bruk av biodrivstoff og eventuelle elektrifiseringstiltak i staden for biodrivstoff. Fyrst er biodrivstoff og elektrifisering av ferje forventa å gje vidare CO₂kutt på 7 000 tonn i 2021. av biodrivstoff frå busskontraktane vil gjere at dette talet truleg vil stige med om lag 10 000 tonn CO₂ frå 2021 til 2022. Elektrifiseringa i båtkontraktane kan deretter gje 5 500 tonn CO₂-kutt frå 2025. Eventuelle ytterlegare CO₂-kutt krev elektrifisering i buss- og båtdrifta.

Utslepp frå bygg- og anleggaktivitet

Åsane vidaregåande skule er første vidaregåande skule som har miljøsertifiseringa Breeam Excellent. Sogndal vidaregåande skule, avd. Kaupanger saman med ViteMeir er bygt med fokus på livsløpet til bygget, Future Built Zero. Utslepp i byggefasen skal her oppvegast av fornybar energiproduksjon i levetida til bygget. Framtidige fylkeskommunale byggeprosjekt, som Fylkeshuset i Bergen, skal ha Breeam Excellent standard og utsleppsfri byggeplass og vurdere ombruk av materiale.

I 2021 starta eit forprosjekt for å kartlegge korleis klimafotavtrykket til fylkesvegane kan reduserast og kartlegge moglege løysingar for å nå målet om

lågutslepps-fylkesvegbygging. Dette forprosjektet skal vurdere potensialet for reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslepp i ulike fasar og typar vegprosjekt. Først kan det ikkje seiast noko om dei direkte klimagassutsleppa frå aktivitetane knytt til fylkesvegane.

Direkte utslepp frå fylkeskommunal drift

I klimarekneskapet for fylkeskommunen som verksemd er det for 2020 rapportert om direkte utslepp av 122 943 tonn CO₂-ekvivalentar frå kollektivtrafikken og fylkeskommunal drift. I motsetnad til klimafotavtrykket, er utslepp frå bygg og anlegg ikkje enno inkluderte her. Den mangelfulle rekneskapen gjer at ein ikkje kan gå i detalj om dei direkte klimagassutsleppa som følgjer av aktivitet innan bygg og eigedom, fylkesvegar og bybaneutbygging, på same måte som ein kan for kollektivsektoren.

Dei resterande fossile utsleppa frå den fylkeskommunale drifta inkluderer køyring med tenestebil, køyring med eigen bil i teneste, flyreiser og energibruk i bygg. Desse utsleppa vart redusert med om lag 40 prosent frå 2019 til 2020. Reduksjonen er i stor grad knytt til digitale arbeidsmåtar og redusert reiseaktivitet grunna pandemien.

Tabell 1: CO₂ utslepp frå eiga drift

	2019 (tonn CO ₂)	2020 (tonn CO ₂)	Endring	Kommentar
VLFK Køyretøy	581	887	53 %	Auke grunna betre datagrunnlag frå fleire vgs
Km-godtgjersle	523	326	-38 %	
Flyreiser	1161	145	-88 %	
Fjernvarme	342	286	-16 %	
Brensel til oppvarming	277	99	-64 %	Bruk av oljefyr forbode frå januar 2020
Totalsum	2884	1741	-40 %	

3. Samarbeid for å nå klimamåla

Klimamåla for Vestland krev store utsleppskutt og kan berre nåast gjennom eit breitt spekter av tiltak. Dette krev innsats frå innbyggjarar og næringsliv i Vestland, eit aktivt og godt samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege styresmakter, og på tvers av fylkeskommunen sin eigen organisasjon.

Kommunar og fylkeskommunar påverkar klimagassutsleppa gjennom ulike roller, både som samfunnsutviklar, myndigheitsutøver, tenesteytar, innkjøpar, eigar og driftar. Kommunal og fylkeskommunal sektor kan legge til rette for og vere pådrivar for klimatiltak, og hindre gjennomføring av tiltak med negativ verknad. Fylkeskommunen har også eit rettleiaransvar ovanfor kommunar i deira planlegging etter

plan- og bygningslova, og for å sikre at kommunale planar er i tråd med overordna regionale planar og mål for ei berekraftig utvikling.

Klimaomstilling handlar om heile samfunnet, og Regional plan for klima 2022–2035 vil ha ein brei medverknadsprosess i 2021/2022. Born og unge og kommunane vert spesielt prioriterte i medverknadsprosessen. Vestland er mellom anna ein av fleire utviklingsregionar for å vidareutvikle tenesta «Folkets Fotavtrykk», eit verktøy som skal gi kommunar og fylkeskommunar innsikt i og moglegheit til å redusere forbruksbaserte utslipp.

Offentlege verksemder har ei viktig rolle i å bidra til klimaomstilling gjennom innkjøp. Det påverkar omstilling i privat næringsliv når kommunar og Vestland fylkeskommune går føre og stiller klima- og miljøkrav i sine innkjøp av varer og tenester.

Det kan bli utfordringar knytt til naudsynt infrastruktur for å forsyne anleggsmaskiner og utstyr med elektrisitet. BKK byggjer no opp ei ny satsing på mobile energiløysingar. Mobile batteri skal sikre nok straum der det er avgrensa eller ingen tilgjengeleg kapasitet i straumnettet og mobile ladestasjonar skal gi trygg og effektiv lading av gravemaskiner, lastebilar og andre køyretøy. Fylkeskommunale bygg- og anleggsprosjekt vert også stadig meir berekraftige og det er inngått ein avtale med Vestland idrettskrets om berekraftig anleggsutvikling 2021–2024.

Utbygging av infrastruktur for el-lading skjer i samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunar og private aktørar, slik at reduksjon i fossile drivstoffutslipp kan skje i heile fylket.

Næringslivet har ei sentral rolle i klimaomstillinga. Målet for Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er «Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grønt næringsutvikling og innovasjon». Næringsplanen vert m.a. følgd opp gjennom satsinga «Grøn region Vestland» der næringslivet og samfunnsaktørar no er i gang i fire regionar for å avdekke potensielle grønne prosjekt og forretningsmogelegheiter.

Vestland fylkeskommune har sekretariatet for nettverket «Klimapartnere Vestland» der 64 verksemder i Vestland (over 300 nasjonalt) samarbeider om å realisere visjonen «Norge lykkes med omstilling for å nå 1,5 graders-målet» Klimapartnerane vert utfordra til å slutte seg til målsettinga «Nullutslipp 2030» og 10 av partnerane i Vestland er allereie fossilfrie.

Stundom vert også idear om korleis dei store, energikrevjande, kvotepliktige verksemdene i fylket kan redusere sine klimagassutslipp kjente. I Sørfjorden i Ullensvang er det skissert korleis hydrogenproduksjon frå vasskraft med lager på sjøbotn kan vere med å løyse klimautfordringa for TiZir Titanium & Iron AS i Tyssedal. Elkem har lansert sitt eige

globale klimavegkart som inneber at selskapet tar sikte på å redusere dei fossile CO₂-utslappa med 28 % frå 2020 til 2031. Hydro aluminium har fleire anlegg i fylket og tilbyr lågkarbonprodukt i aluminium.

Førebels veit vi ikkje noko konkret om planlagde utslippskutt i industrien, heller ikkje for det aller største utslippspunktet i Vestland (og Noreg); raffineriet og kraftvarmeverket på Mongstad. Equinor samarbeider med fleire verksemder om karbonfangst, -transport og -lagring i eit anlegg som vil bli drive frå Stureterminalan i Øygarden og skal setjast i drift i 2024.

I avfallsbransjen arbeider BIR med fangst, bruk og lagring av CO₂ for å redusere utslipp frå forbrenningsanlegget i Bergen. SIMAS har tett samarbeid med landbruksnæringa og arbeider med kompostering og karbonlagring i jord. Landbruket har fått sin eigen klimaplan med føresetnad om at klimautslappa skal reduserast utan at matproduksjonen vert redusert. Proptech Innovation, ei satsing av Bergen Næringsråd med fylkeskommunal støtte, skal få opp den digitale materialflyten til ombrukte byggevarer.

I Bergen samarbeider Bergen Havn og BKK om landstraumsutbygging gjennom selskapet Plug Bergen. På grunn av corona har det vært svært få anløp i 2021 og ingen på landstraum i Bergen havn. Det er venta stor auke i elektrisitetsbruken når ein kjem i gang med cruiseleveransar i 2022. Førebels er det reservasjonar for 71 anløp av landstraumskip, noko som utgjør 23 % av planlagte anløp for 2022. Frå 2019 til 2020 sparte Bergen Havn 8 500 tonn CO₂-ekvivalenstar og hadde samstundes 150 % auke i levert energi og 100 % auke i talet på skip.

Det er fleire initiativ i Vestland for å legge til rette for elektriske fritidsbåtar. Mellom anna samarbeider Klimapartner Vestland med bgreen, BKK, Bjørnafjorden og Bergen kommune om prosjektet "Den Grønne Led". Vestland fylkeskommune tar ikkje del i konkrete prosjekt for fritidsbåt, men støtter sambruk bil/båt via tilskotsordning for hurtiglading. I mai 2021 opna verdas fyrste kombinasjonslader for elbåt og elbil i Florø. Den historiske ladaren er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane Energi (SFE) og BKK. Evoy, Kinn kommune og Florø Hamn er med som partnerar.

Stortinget opprettheld vedtaket om nullutslipp i verdsarvfjordane frå 2026. Vestland fylkeskommune vil gå i dialog med staten om etablering av landstraum i Flåm og be dei følgje opp Stortinget sitt nullutslppsvedtak.

Hydrogensamarbeidet på Vestlandet er eit samarbeid mellom dei tre fylka Møre og Romsdal, Rogaland og Vestland der ein arbeider for å stimulere utviklinga av hydrogenmarknaden langs Vestlandet. Vestland fylkeskommune har sekretariatet for hydrogensatsinga.

4. Klimabudsjett 2022

Klimabudsjettet for 2022 i økonomiplanperioden 2022–2025 er Vestland fylkeskommune sitt andre klimabudsjett etter fylkessamanslåinga. Klimabudsjettet arbeider etter same rutiner for rapportering som det ordinære budsjettet.

Klimabudsjett har potensial til å bli eit effektivt verktøy i klimaarbeidet og har som mål å kunne berekne kor mykje klimagassar som vert kutta gjennom vedtekne tiltak, samt kostnaden for å gjennomføre tiltaka. Framleis er både datagrunnlag og effektberekningar usikre, og arbeidet må difor sjåast på som eit utviklingsarbeid. Klimabudsjettet skal synleggjera og legge grunnlag for prioriteringar, styring og oppfølging av tiltak, og gjere det lettare å sjå kvar det er behov for å skape større samsvar mellom vedtak i økonomiplan og vedtak i klimaplan og andre regionale planar.

Strategiske val i klimabudsjett for 2022

Klimabudsjettet omtaler tiltak for å redusere klimagassutslepp for å nå målsettinga om netto nullutslepp av direkte klimagassar i Vestland innan 2030. Klimabudsjettet viser også tiltak og verkemiddel som legg til rette for indirekte utsleppskutt og klimaomstilling, og syner til fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar.

Som oppfølging av nullutsleppsmålet, er det valt å fokusere på tre innsatsområde i klimabudsjett for 2022;

1) Fjerning av direkte, fossile utslepp innan 2030

Målet om netto nullutslepp for direkte, fossile klimagassutslepp betyr heilt konkret at innbyggjarar og aktørar i Vestland må avgrense og etter kvart fase ut bruk av fossil energi i stasjonær og mobil forbrenning. For Vestland fylkeskommune som verksemd betyr dette null fossile utslepp frå oppvarming og tenestereiser og liknande krav til leverandørar som har direkte utslepp i Vestland.

2) Energieffektivisering

Det er behov for ny fornybar energi, samstundes som ein effektiviserer bruken av energi. Det kan spare utslepp i andre sektorar som industri og transport, dersom effektivisering av energibruk til oppvarming eller kjøling av heimar, kontor og andre bygg vert gjennomført. Dette vil bli eit tema i den komande regionale klimaplanen. Vestland fylkeskommune har lenge hatt mål for energieffektivisering i eiga drift. Avdelingsstrategien til Eigedom har sett mål om 3 % årleg redusert tilført energi.

3) Redusere indirekte utslepp av alle klimagassar

Aktørane i vestlandssamfunnet har også indirekte klimagassutslepp frå innkjøp som oppstår utanfor fylket og

utanfor landet. Indirekte utslepp er lettare å handtere på aktørnivå enn på fylkesnivå. Det er ikkje sett mål for indirekte klimagassutslepp i Vestland.

Klimatiltak i økonomiplanperioden 2022–2025

Klimabudsjettet viser konkrete tiltak som er planlagt i økonomiplanperioden 2022–2025. Det er venta at klimatiltak i størst mogleg grad vert løyst innanfor eksisterande budsjetttrammer. Tiltaka i tabellane vil kunne bidra til å redusere klimagassutslepp i Vestland, men det er berre nokre av tiltaka ein så langt kan berekne klimaeffekten av. For fleire av tiltaka er tala for usikre til at potensiell utsleppsreduksjon per i dag kan reknast. Dette vert arbeidd med vidare i klimaplan-samanheng og fram mot neste års klimabudsjett. For tiltaka det er vanskeleg å finne gode berekningsmetodar for, vil utvikling og rapportering på indikatorar kunne sikre vidare oppfølging.

Klimabudsjettet fordeler ansvar for gjennomføring av klimatiltak i den fylkeskommunale organisasjonen. Når handlingsplanar for dei regionale planane for t.d. berekraftig næringsliv, klima og samferdsel vert vedtekne det neste året, kan konkrete tiltak innan næringsliv og kommunar i Vestland bli synleggjort.

Klimabudsjettet er delt inn i tre tiltakstabellar og skil mellom tiltak som skal kutte direkte klimagassutslepp, kopla til Miljødirektoratet sitt fylkesfordelte klimarekneskap og mål om netto-nullutslepp innan 2030 i Vestland, og tiltak som bidreg til å kutte indirekte klimagassutslepp og legg til rette for vidare utsleppsreduksjonar:

- Tabell 1: Tiltak som reduserer direkte klimagassutslepp i Vestland
- Tabell 2: Tiltak som bidreg til indirekte utsleppskutt
- Tabell 3: Andre aktiviteter og verktøy som legg til rette for vidare klimaomstilling

Tabell 1:

Tiltak som reduserer direkte klimagassutslepp i Vestland

Tabell 1 inneheld tiltak som kan talfestast og tiltak som er forventa å redusere direkte klimagassutslepp i Vestland, men som ikkje så enkelt lar seg kvantifisera. Berekning av klimaeffekt av fleire tiltak i tabell 1 vert ei særleg prioritet i vidare utviklingsarbeid med klimabudsjettet.

Utsleppssektor og -kjelde	ID	Tiltak og verkemidlar	Ansvarleg	Reduksjonspotensiale	
Annan mobil forbrenning					
Dieseldrevne motoreiskaper	1	Utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggsplassar på oppdrag for Vestland fylkeskommune (kravstilling i anbud)	EIG, INV, MOK/BU	Manglar talgrunnlag for EIG, INV. Tiltaka for grønare bybane har så langt spart rundt 72.000 tonn CO ₂ -e.	
	2	Utsleppsfrie motorreiskapar i den fylkeskommunale maskinparken	OPK, SUD	Manglar talgrunnlag	
Vegtrafikk					
Personbil	3	Miljøkrav til drosjenæringa i Vestland	MOK	Reduksjonspotensialet på 2 230 tonn CO ₂ -e årleg i SFJ/10 010 CO ₂ -e årleg i HFK	
	4	Tilskotsordning for ladeinfrastruktur drosjer	INN	Ikkje berekna	
	5	Tilskotsordning til bygging av offentleg tilgjengelege hurtigladeplassar i Vestland	INN	Ikkje berekna	
	6	Innfasing av nullutslepps lette køyretøy i fylkeskommunal verksemd	Alle	Utslepp frå drivstoff frå alle køyretøy resulterte i 1000 tonn CO ₂ i 2020 og dette er det mogeleg å bli kvitt.	
	7	Oppfølging av Strategi for mjuke trafikantar (RTP 2022–2033)	MOK	Ikkje berekna	
	Varebil	8	Nullutsleppstransport i leveransar til fylkeskommunen	Alle	Manglar talgrunnlag
		9	Innfasing av elektrisk varebil i fylkeskommunal verksemd	INV, EIG, OPK, BU, SUD	Utslepp frå drivstoff frå alle køyretøy resulterte i om lag 1000 tonn CO ₂ i 2020 og dette er det mogeleg å bli kvitt.
Buss	10	Nullutsleppsteknologi buss	MOK/Skyss	Ikkje planlagd nye teknologitiltak i 2022	
Tyngre køyretøy	11	Utfasing av fossile drivstoff i fylkeskommunal verksemd – tyngre køyretøy	OPK, SUD	Manglar talgrunnlag	
	12	Klimavenleg massetransport- og handtering frå bygg- og anleggsverksemd på oppdrag for fylkeskommunen	BU, INV, EIG	Manglar talgrunnlag	
Sjøfart					
Hurtigbåt	13	Elektrifisering og biodrivstoff lokale båtruter Sogn og Fjordane	MOK/Skyss	3300 tonn CO ₂ årleg/oppstart	
	14	Elektrifisering og biodrivstoff Bergen–Nordfjord–Sogn/Flåm	MOK/Skyss		
	15	Elektrifisering Askøysambandet	MOK/Skyss	2200 tonn CO ₂ årleg	
	16	Pilotfartøy nullutslepp	Fylkeskommunalt samarbeid/MOK/Skyss		
Ferje	17	Elektrifisering av ferjesamband	MOK/Skyss	Ikkje planlagd nye teknologitiltak i 2022	
Luftfart					
	18	Utsleppsfri luftfart – ambisjon om få etablere pilot for utprøving av el-fly på kortbanenettet	Stat/VLFK		
Avfall					
	19	Auka materialgjenvinning og redusert mengde plastavfall til forbrenning	Alle	Manglar talgrunnlag	

Avdelingar med ansvar for tiltak i klimabudsjettet (tabell 1-3):

- INN: Avd. for Innovasjon og næringsutvikling
- MOK/Skyss: Avd. for Mobilitet og kollektivtransport. Skyss er mobilitetseininga i MOK.
- INV: Avd. for Infrastruktur og veg
- MOK/BU: Bybane utbygging (BU) planlegg og byggjer ut Bybanen i Bergen
- SUD: Avd. for Strategisk utvikling og digitalisering
- OPK: Avd. for Opplæring og kompetanse
- KII: Avd. for kultur, idrett og inkludering
- EIG: Eigedom er organisert som eiga eining i ORO.
- ORO: Avd. for Organisasjon og økonomi

Nærare om tiltak og verkemidla

Tiltak 1: Utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggsplassar på oppdrag for Vestland fylkeskommune (kravstilling i anbod)

Offentlege byggherrar i Vestland har kome med erklæring om bruk av utsleppsfrie teknologiar, prosessar og løysingar knytt til drift av bygge- og anleggsplassar etterkvart som utsleppsfri teknologi og kunnskap vert tilgjengeleg i marknaden.

I nye investeringsprosjekt over 100 mill. kr krev eigedomsavdelinga fossilfri byggeplass, både for anleggsmaskiner og byggtørk. Bruken av anleggsmaskiner skal vere 10 % utsleppsfri. Nytt energi i byggeprosessen skal rapporterast kvar månad, for å dokumentere energikjelde og gjere det mogleg å innføre evt. naudsynte tiltak for å klare mål om utsleppsfri byggeplass.

Bybanen utbygging er i gang med elektrifisering av anleggsplassen og entreprenørane har til no levert 96 % fossilfri anleggsplass i byggjesteg 4 mellom Fyllingsdalen og Bergen sentrum. Bybanen utbygging stiller krav om at all produksjon i kontrakten skal utførast med minimum 80 % fornybar energi og at all persontransport skal utførast med nullutsleppsbilar.

Avdeling for infrastruktur og veg krev informasjon frå sine leverandørar om kva drivstoff som er brukt, men stiller p.t. ikkje utsleppskrav.

Avdeling for infrastruktur og veg har følgjande standardkrav for miljø i kontraktar:

- Krav til el-drift i tunnel (ventilasjon, salveboring, betongsprøyting, injeksjon)
- Månadleg rapportering av energiforbruk (elektrisitet og diesel som minimum)

Tiltak 2: Utsleppsfrie motorreiskapar i den fylkeskommunale maskinparken

Vestland fylkeskommune har ein variert maskinpark med 128 arbeidsmaskiner der 13 av desse er elektriske truckar. Størsteparten av maskinane er i vidaregåande skular, spesielt ved jordbrukskular og dei som tilbyr studieretning Bygg- og anleggsteknikk. Marknaden for elektriske versjonar av denne typen maskiner er framleis umoden og det er ekstra kostnader ved å velge elektrisk.

Det er førebels ikkje råd å skilje ut drivstoffbruken til desse maskinane frå annan drivstoffbruk i fylkeskommunen. Framover kan utskifting skje både etter storleiken på utsleppa, alderen på maskinane, tilgjengeleg teknologi og mogelegheiter for statleg tilskott.

Tiltak 3: Miljøkrav til drosjenæringa i Vestland

Tiltaket byggjer på lokal forskrift om miljøkrav til drosjenæringa i kommunane i tidlegare Hordaland, som vart vedteken på fylkestinget i mars 2020. Det er også greidd ut om det er mogleg å innføre tilsvarende krav til drosjenæringa i alle kommunar i Vestland fylke (fylkestinget 29.10.2021). På grunn av den lovpålagte overgangsperioden på fire år, inneber forslaget at kravet til drosjenæringa trer i kraft i kommunane i tidlegare Hordaland 1.4.2024, mens kravet er foreslått til å tre i kraft i kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane 1. oktober 2025. Endeleg avgjerd i saka er førebels utsett.

Basert på tidlegare utgreiing for Hordaland, og innrapportert drivstoffbruk for 2017, var det samla utsleppet frå drosjedrift i tidl. Hordaland fylke rekna til 10 100 tonn CO₂-ekvivalentar (CO₂-e). Om ein reknar drosjar i Sogn og Fjordane som vil kunne omfattast av eit miljøkrav, vil innføring av eit nullutsleppskrav kunne gi eit reduksjonspotensiale på 2 230 tonn CO₂-e årleg i direkte utslepp av klimagassar i nordre del av fylket.

Tiltak 4: Tilskotsordning for ladeinfrastruktur drosjer

Vestland fylkeskommune legg til rette for overgangen til nullutsleppsdroser ved tilskot til kjøp og montering av ladar heime hos drosjesjåførar som eig eller er i ferd med å kjøpe elektrisk drosje.

Tiltak 5: Tilskotsordning til bygging av offentleg tilgjengelege hurtigladeplassar i Vestland

Vestland fylkeskommune støtter etablering av offentleg tilgjengelege ladeplassar med to delutlysingar. Målet med utlysingane er å utvide ladetilbodet i Vestland. Dette skal bidra til å gjere det praktisk å bruke elbil i heile fylket. Fylkeskommunen støttar også sambruk bil/båt via tilskotsordninga. Ved å tilby investeringsstønad til aktørar som vil etablere offentleg tilgjengelege ladeplassar, skal ordninga gjere det mogleg å bygge ut hurtigladeplassar på stader der kundepotensialet i dag ikkje er venta å gje lønnsam drift.

Tiltak 6: Innfasing av nullutslepps lette køyretøy i fylkeskommunal verksemd (personbil)

Administrasjonen i Vestland fylkeskommune utarbeider no ei rutine for innkjøp av køyretøy med stor vekt på klima- og miljøkrav. Dersom forslaget til ny statleg forskrift om energi- og

miljøkrav ved anskaffing av køyretøy til vegtransport vert vedteken og det vert nullutslepps krav til personbilar og lette varebilar frå 01.01.2022 kan ein lage prognose for kva reduksjon fylkeskommunen kan vente fram mot 2030. For fylkeskommunale personbilar skal nullutslepp vere eit krav i innkjøpsavtalane, anten det er leigebil, leasing eller kjøp.

Tiltak 7: Oppfølging av Strategi for mjuke trafikantar (RTP 2022–2033)

Strategi for mjuke trafikantar er ein del av Regional transportplan for Vestland 2022–2033, og er fylkeskommunen sitt strategiske dokument for korleis fylkeskommunen skal jobbe for å nå målet om auka tal gåande og syklande i fylket. Strategi for mjuke trafikantar skal avklare korleis fylkeskommunen skal prioritere bygging og drift- og vedlikehald av gang- og sykkelvegar, samt plan for haldningsskapande arbeid.

Tiltak 8: Nullutsleppstransport i leveransar til fylkeskommunen

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) ga i september 2021 ut Handlingsplan for økt andel klima- og miljøvennlige offentlige anskaffelser og grønn innovasjon. DFØ har publisert ein drivstoffmatrise som tilrår prioritering av nullutsleppsteknologi og biogass i offentlege anskaffingar der transport inngår. Dette bør bli standard krav i fylkeskommunale anskaffingar. Enova har gjennom Nullutslippsfondet ei tilskotsordning for kjøp av elvarebil og tilhøyrande normallading.

Direkte klimagassutslepp frå anskaffingar til eigedom, fylkesvegar og bybaneutbygging skal rapporterast årleg, eller oftare.

Tiltak 9: Innfasing av elektrisk varebil i fylkeskommunal køyretøypark

Vestland fylkeskommune har p.t. 86 varebilar i køyretøyparken. 43 varebilar er registrert på vidaregåande skular, medan 42 varebilar er registrert på sentraladministrasjonen (avd. Infrastruktur og veg, Eigedomsseksjonen), Bybanen utbygging og Skyss. Litt under halvparten av varebilane (39/86) er eldre enn 10 år (årsmodell frå 1990–2011). Enova har støtteordning for innkjøp av elektrisk varebil med inntil kr 50 000. Fylkeskommunen har også avsett midlar til å finansiere meirkostnader ved innfasing av elektriske bilar i køyretøyparken.

Det vil i 2022 bli jobba med å kartlegge og konkretisere ein plan for at fleire av dei eldste varebilane med utskiftingsbehov, kan få støtte til nullutsleppsalternativ ved nykjøp. Fylkesdirektøren vil kome attende til dette i løpet av 2022 når planen ligg føre.

Tiltak 10: Nullutsleppsteknologi buss

Det er ikkje planlagt nye teknologitiltak for buss, ferje eller båt i 2022.

Ved hjelp av biodrivstoff og elektrifisering vart utsleppa frå bussdrifta redusert monaleg mellom 2019 og 2021. Om lag ti prosent av bussane er no elektriske. Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland legg opp til innfasing av

biodrivstoff innan 2025. Det finst ingen tilsvarende vedtak for Sogn og Fjordane. Dei neste kontraktfornyngane for buss i Nordfjord, Sunnfjord, Sogn, Hardanger og Voss, og Modalen og Vaksdal finn stad i 2024 og 2025.

Fylkesutvalet har vedteke å forhandle ut kravet om biodrivstoff i busskontraktene i Vestland. Miljødirektoratet har vurdert at å stille krav til 100 prosent biodrivstoff ikkje har noko klimanytte utover omsetningskravet. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) rår difor innkjøparar til å jamstille biodrivstoff med fossilt drivstoff (jf. tiltak 4). For å kutte CO₂-utslepp frå kollektivtransporten, vil ein framover satse på vidare elektrifisering av buss (ref. PS 202/2021 Bruk av biodrivstoff i transportkontraktar i Vestland).

Tiltak 11: Utfasing av fossile drivstoff – tyngre køyretøy

EU sine reduksjonsmål for CO₂-utslepp frå tunge køyretøy (EU) 2019/1242 vart sette i verk 6. juni 2021. Det er grunn til å vente at utsleppskrava vert stramma inn også i Noreg. Men marknaden er framleis umoden.

Klimapartnerar i Vestland er i gang med omstillinga og kan fortelje om:

- Asko Vest – Utsleppsfri tungtransport og varelevering
- BIR – Utsleppsfri avfallsinnsamling i Bergen
- Firda Billag – Grøn transport i distriktkommunen Førde
- NorEngros K:J. Brusdal – heilelektrisk distribusjonslastebilen EliNor

Vestland fylkeskommune bør også komme i gang med utsleppsfri/nullutslepps tyngre køyretøy. Dersom det er klart kva teknologi som vil kome for dei tyngre køyretøya, kan ein også prøve å vere i forkant med å planlegge ladeinfrastruktur for elektrisitet, hydrogen eller biogass. Enova tilbyr støtte til kjøp av tunge elektriske køyretøy som elektrisk lastebil eller turbuss.

I 2021 kjem det ein heil-elektrisk lastebil på anlegget til Bybanen utbygging som skal bidra til teknologiutvikling og redusert utslepp frå anleggstrafikken.

Tiltak 12: Klimavenleg massetransport- og handtering frå bygg- og anleggsverksemd på oppdrag for fylkeskommunen

Massehandtering kan vere ei utfordring på anlegg. Å få låge utslepp på massetransport er viktig og bør leggast vekt på i fylkeskommunale konkurransar. Bybanen utbygging viste eit anna smart grep då dei fekk inn ein elektrisk masse-sorteringsmaskin på anleggsområdet. Maskinen gir dobbel miljøgevinst og redusert transport.

Det er overskot av massar i tunnelprosjekt, og klimaeffekten ved gjenbruk av stein kan vere betydeleg. Avdeling for Infrastruktur og veg er i gang med eit forprosjekt og ein massehandteringsplan for fv. 49 Tokagjelet der ulike alternativ for massehandtering og gjenbruk i andre samferdsleprosjekt skal greiast ut. Resultata vil bli offentlege gjennom ein slutt-rapport. Til dette arbeidet har fylkeskommunen fått 0,35 mill. kr i Klimasatstilskot.

Å få låge utslepp på massetransport er viktig og skal leggjast vekt på i fylkeskommunale konkurransar.

Tiltak 13: Elektrifisering og biodrivstoff – lokale båtruter Sogn og Fjordane

Norled er tildelt kontrakt, oppstart 1. mai 2024 (opning for oppstart 1. november 2023). Minimumskrav om 52 % utsleppskutt. Skyss har estimert utsleppskutt til 3 300 tonn CO₂/år frå oppstart.

Tiltak 14: Elektrifisering og biodrivstoff – Bergen–Nordfjord–Sogn/Flåm

For båtsambanda mellom Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm vert det arbeidd med å etterspørje nullutsleppsteknologi, men finansieringssituasjonen er p.t. uavklart.

Tiltak 15: Elektrifisering Askøysambandet

Det er vedteke å elektrifisere båtsambandet mellom Bergen og Askøy. Endeleg vedtak om konkurranseutsettinga vil ikkje kome før neste år. Skyss har estimert utsleppskutt til 2 200 tonn CO₂/år frå oppstart.

Tiltak 16: Pilotfartøy nullutslepp

Vestland fylkeskommune samarbeider med andre fylkeskommunar i eit pilotprosjekt for utvikling av nullutsleppsferjetøy. Det vert arbeidd for eit pilotfartøy frå 2024.

Tiltak 17: Elektrifisering av ferjesamband

For ferje vart elektrifiseringa på 17 samband gjennomført i 2020 og 2021. 22 av 28 ferjer er hybridelektriske. Dei neste kontraktfornyingane for ferje i Sogn og Fjordane finn stad mellom 2023 og 2027.

Tiltak 18: Utsleppsfri luftfart – ambisjon om få etablere pilot for utprøving av el-fly på kortbanenettet

Avinor og partnarar i luftfartsbransjen jobbar for at Noreg skal ta ei leiande rolle i arbeidet med utsleppsfri luftfart. Målet er at Noreg skal bli det fyrste marknaden der elektriske fly tar ein betydeleg marknadsdel, og at den norske innanriksluftfarten skal vere elektrifisert innan 2040.

På mellomlang sikt (ca. 2030) kan denne flytypen bli aktuell for kortbanenettet. Truleg vil det bli naudsynt med egne prosjekt for å teste ut denne teknologien og gjere den tilgjengeleg for ordinær drift. Det er ikkje mogleg å seie noko om kva ei eventuell elektrifisering av flytrafikken vil koste per no. Visjonen til fylkeskommunen er at elfly på kortbanenettet på Vestlandet skal bli eit intercity-flysamband.

Tiltak 19: Auka materialgjenvinning og redusert mengde plastavfall til forbrenning

Både EU og den norske stat innskjerpar sine direktiv og forskrifter om avfall og sirkulær økonomi. Den norske produsentansvarsordninga krev gjennom Avfallsforskriften at produsentar og importørar er medlem i eit returselskap for ein del spesifikke produkt, som EE, batteri og bildekk, og generelt for emballasje. Dette er ein måte å sørge for at materiala vert kjeldesorterte og går til gjenvinning i størst mogeleg grad.

Vestland fylkesting vedtok Plaststrategien i 2020 og den vert no følgt opp av alle avdelingar. Det vert rapportert kjeldesorteringsgrad av avfall for alle einingar og ein har dialog med avfallsselskapa.

Tabell 2: Tiltak som bidreg til indirekte utsléppskutt

Tabell 2 omtaler tiltak som bidreg til reduksjon i indirekte klimagassutslépp. Dette for å synleggjere arbeid for meir berekraftig forbruk og investeringar, og følgjer såleis opp strategi 2.3 i utviklingsplanen om at «Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp».

Tiltak	ID	Skildring av tiltak	Ansvar avd./eining i VLFK
Lågare klimafotavtrykk i fylkeskommunale bygg- og anleggsprosjekt			
Grønare bybaneutbygging	2a	<p>Tydelege krav i anskaffingsfasen og god dialog med entreprenørar bidreg til å omsette høge miljøambisjonar til handling i utbygginga av bybanen. I hovudsak er følgjande krav sett:</p> <ul style="list-style-type: none"> • All persontransport skal utførast med nullutsléppsbilar • Entreprenør skal nytte køyretøy som tilfredsstillar EURO VI ved massetransport • All produksjon i kontrakten skal utførast med minimum 80 % fornybar energi • 90 % kjeldesortering <p>Det er fleire entreprenørar og ein prosjekterande som har tatt i bruk CEEQUAL som eit verktøy for å forbetre sine miljøprestasjonar. Det er utarbeida klimagassbudsjett for byggetrinn 4. I 2021 kjem det ein heil-elektrisk lastebil på anlegget som skal bidra til teknologitviking og redusert utslépp frå anleggstrafikken. I 2021 er det søkt om klimasatsmidlar hos Miljødirektoratet til å elektrifisere pumpe på betongbil. I tillegg er det søkt om og gitt midlar til å utøve livsløpsanalyse (LCA) på gras i pukkspor vs gras i betongspor (fastspor).</p>	Bybanen utbygging (BU)
Miljø- og klimavennlege bygg	2b	<ul style="list-style-type: none"> • Vestland fylkeskommune skal oppnå Breeam Excellent. • Vestland fylkeskommune skal tilstrebe livsløpsnøytrale nybygg 	Eigedom (EIG)
Miljø- og klimavennleg veganleggsprosjekt	2c	<p>Forprosjekt for å kartlegge korleis klimafotavtrykket til fylkesvegane kan reduserast og kartlegge moglege løysingar for å nå målet om lågutslepps-fylkesvegbygging. Dette forprosjektet skal vurdere potensialet for reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslépp i ulike fasar og typar vegprosjekt.</p> <p>Miljøkrav:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Leverandør skal vere sertifisert eller i prosess for å bli sertifisert etter ISO14001, EMAS, miljøfyrtårn eller liknande • Krav til EURO6 og STEG4 for køyretøy og maskiner • Det skal leverast EPD for asfalt, konstruksjonsbetong og armeringsstål. 	INV
Lågutslepp drift av fylkesvegar	2d	INV har fått 1 mill. kr frå Klimasats til ei 2-årig prosjektstilling som skal arbeide systematisk med klimakrav i anskaffingane. Utgangspunktet for dette arbeidet vil vere resultatata frå forprosjektet for lågutsleppsfylkesvegar.	INV
Energieffektivisering			
Gjennomføre energiøkonomiserande tiltak i eksisterande tenestebbygg	2e	Vestland fylkeskommune har lenge hatt mål for energieffektivisering. I avdelingsstrategien til Eigedom er det sett mål om 3 % årleg redusert tilført energi.	Eigedom (EIG)
Miljøsertifisering			
Fullføre og oppretthalde miljøsertifiseringa av fylkeskommunale einingar	2f	Det er p.t. 20 vidaregåande skular som er miljøsertifiserte. Det er eit mål å få sertifisert 10 nye skular og tannklinikkar i 2022.	SUD, OPK

Tiltak	ID	Skildring av tiltak	Ansvar avd./eining i VLFK
Stille krav om miljøsertifisering og andre relevante miljøkrav ved val av leverandørar til fylkeskommunale innkjøp	2g	Det vert stilt krav om at leverandøren skal vere sertifisert etter miljøfyrtårn, EMAS, ISO 14001 eller tilsvarande sertifisering/miljøleingsssystem innan kontraksperioden.	ORO-innkjøp
Berekraftige kantiner	2h	Miljøfyrtårn set krav til heilskapleg tilnærming til berekraftig matsservering. Voss og Stryn vgs er pilotskular i perioden 2020–2021 for å innføre tiltak i skulekantina. Fylkeskommunen set også miljøkrav i innkjøpte kantineleveransar.	SUD, ORO-Innkjøp

Klimakrav i fylkeskommunale anskaffingar

Tilrettelegging for auka ombruk av varer – møbelprosjektet	2i	Fylkeskommunen har spesielt fokus på sirkularitet for møblar og ei prosjektsatsing i høve til dette fekk tilskot frå Klimasats i 2021.	ORO-innkjøp
--	----	--	-------------

Tabell 3: Andre verktøy og verkemiddel som legg til rette for vidare klimaomstilling

Tiltak og verkemiddel	
Utgreiingar	
3a	Scenarioanalyse for utvikling i klimagassutslepp i Vestland (haust 2021, CICERO)
3b	Vestlandsscenarioene (rapport 2020, EY)
Klimakommunikasjon og arrangement	
3c	Klimamagasin og årsrapport er dømer på kommunikasjon av klimahandling i VLFK.
3d	Kvart år arrangerer avd. for Innovasjon og næringsutvikling (INN) miljøseminar for akvakulturnæringa og klimakonferanse for landbruket
3e	Nasjonale klimaomstillingskonferanse er eit samarbeid mellom Statsforvaltaren i Vestland, Vestlandsforskning og Vestland fylkeskommune
3f	Årleg Plan, klima og folkehelsekonferanse
Regionale planar og strategiar	
3g	Regional plan for klima i Vestland (2022–2035)
3h	Regional plan for berekraftig verdiskaping i Vestland (2021–2033)
3i	Regional plan for fornybar energi (planlagd)
3j	Regional transportplan (2022–2033)
3k	Strategi for berekraftig mobilitet i Vestland
3l	Miljøløftet og Byvekstavtalen
3m	Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv (2023–2035)

Tiltak og verkemiddel	
Samarbeid og kunnskapsbygging om auka grøn konkurransekraft	
3n	Hydrogensamarbeidet på Vestlandet. Vestland fylkeskommune har sekretariatet for hydrogensatsinga
3o	Sekretariat for Klimapartner Vestland
3p	Grøn region Vestland
3q	Tilskotsordning for Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling (HNV)
3r	FORREGION Vestland
3s	Handlingsplan for landbruk i Vestland
3t	Prosjektet Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket, leia av Vestland bondelag
3u	Tilrettelegging for elektriske fritidsbåtar (Klimapartner)
Forskning og utvikling	
3v	Regionalt forskingsfond Vestlandet; ein vesentleg del av støtta går til forskning på klimaomstilling, t.d. "Klimabudsjett 2.0".
Klima i samfunnsplanlegging	
3w	Tilskotsordning for klimatiltak i kommunar i Vestland
3x	Klimanettverk for kommunar
3y	Mentor-ordning for planleggjarar i kommunane i Vestland

5. Vidare arbeid

Å leggje til rette for tidleg dialog og prosess mellom administrasjon og finansutval om klimatiltak og prioriteringar i klimabudsjettet vert viktig i det vidare arbeidet.

I samband med regional plan for klima 2022–2035 vert det laga utsleppsanalyse som vil vise fleire scenario for utvikling i klimagassutsleppa i Vestland avhengig av forventa utvikling, verkemiddel og tiltak som kan gjennomførast. Utsleppsramme for klimabudsjettet 2023 vil dermed kome frå regional plan for klima som vert vedteken hausten 2022. Det vert etablert ei eiga arbeidsgruppe som vil arbeide med denne vidareutviklinga og kopling mellom vedteken klimaplan, handlingsprogram og klimabudsjett/rekneskap.

Det vil også framover vere slik at fylkeskommunen har meir informasjon om, og styring med, klimatiltak innan eigne tenesteområde og verkemiddelbruk. Likevel er ambisjonen å vise tiltak som gir monalege kutt i klimagassutsleppa også frå andre aktørar.

Klimaplanen sitt handlingsprogram er også venta å ha tiltak som ikkje rettar seg mot å redusere klimagassutslepp og dei vil difor ikkje bli inkluderte i klimabudsjettet (eks. sikre naturmangfald og klimatilpassing).

7

Økonomi og planlegging – koplingspunkt




Fylkesordfører Jon Askeland som birøktar. Foto: Martin Håndlykken/Vestland fylkeskommune.

Styrka kopling mellom planlegging og økonomi

Planlegging er ein sentral reiskap for å oppnå berekraftig samfunnsutvikling. Utviklingsplanen for Vestland set den strategiske retninga for utviklinga i vår region. Dei regionale planane følgjer opp utviklingsplanen. Gjennomføring av tiltak skjer gjennom handlingsprogram. For at planlegging skal ha effekt, må det vere god samanheng mellom vedtekne visjonar, mål og strategiar, og gjennomføring av tiltak. I Vestland fylkeskommune utviklar ein system og rutinar som koplar plansystem og økonomistyringa for å sikre dette. Både plan- og bygningslova og kommunelova føreset ei slik kopling.

Det er krav om at regional plan skal ha handlingsprogram, som igjen gjer greie for kva tiltak som trengst for å nå måla i planen. Handlingsprogrammet er difor bindeleddet mellom planen og økonomistyringa. Figuren under viser korleis handlingsprogramma til regionale planar har ei viktig koplingsrolle både i fylkeskommunen sitt årlege og 4-årlege styringshjul. Aktiv bruk av handlingsprogram som verktøy for prioriteringar, er den beste måten å sikre at ein når måla om berekraftig samfunnsutvikling.




1. Plansystemet i Vestland 2020–2024

Plansystemet i Vestland vart vedteke gjennom Utviklingsplanen for 2020–2024, men er under kontinuerleg vurdering og vidareutvikling. Det er eit overordna mål at plansystemet skal verte mest mogleg effektivt og rasjonelt gjennom forenkling og heilskapstenking. I den første utviklingsplanen for Vestland opererer ein med følgjande plantypar:

- Regional planstrategi etter plan og bygningslova (Utviklingsplanen)
- Regionale planar etter plan og bygningslova
- Temaplanar
- Strategiar

Figuren nedanfor viser samanhengen mellom dei ulike plantypane.



a. Utviklingsplan for Vestland, regionale planstrategi

Utviklingsplan for Vestland er regional planstrategi, og set den overordna politiske retninga for samfunnsutviklinga i Vestland. Plan og bygningslova stiller krav om at fylkestinget skal vedta ein planstrategi innan eit år etter at det er konstituert. Vedteken utviklingsplan er tufta på FN sine berekraftsmål. Den summerer opp regionale utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter for samfunnsutviklinga, og formulerer regionale mål og strategiar.

Utviklingsplanen vert lagt til grunn for stat, fylkeskommune og kommunar sine planar i regionen. Planen skal mobilisere heile vestlandssamfunnet til å arbeide i same retning. Utviklingsplanen vert utarbeidd i samarbeid med kommunar, statlege organ og andre som vert påverka av planarbeidet.

b. Regional plan

Regional plan er heimla i plan og bygningslova, og vert nytta for område der det er behov for samordning mellom fleire sektorar og forvaltningsnivå. I Vestland vert det arbeid for å styrke samanhengen mellom regionale planar. Ein regional plan skal ha lang og overordna utviklingshorisont på minst 12 år. Utarbeiding av regionale planar skjer i samarbeid

mellom stat og kommunar, og vert lagt til grunn for statleg og kommunal planlegging og aktivitet. Det er krav om eit integrert handlingsprogram, som skal utarbeidast og vedtakast første gong samstundes med utviklingsplanen. Handlingsprogrammet er meint å vere eit dynamisk gjennomføringsverktøy, og lova stiller krav om at fylkestinget skal vurdere behovet for rullering av programmet årleg.

c. Temaplan

Temaplan er ikkje heimla i plan og bygningslova. Plantypen kan ha heimel i anna lovverk, eller kome som resultat av utviklingsplan eller regional plan. Plantypen vert brukt der fylkeskommunen har stor påverknad, og bidreg til at den fylkeskommunale politikken vert føreseieleg. Temaplanar kan bidra til å mobilisere også andre samfunnsaktørar til å dra i felles retning. Temaplanar har handlingsprogram som gjer greie for ansvar, ressursbehov og tidspunkt for gjennomføring. Handlingsprogrammet bør koplant til økonomistyringa på same måte som for regional plan. Temaplan kan forankrast og arbeidast med etter same modell som for regionale planar, men desse er meir fleksible både i prosess, utforming og innhald.

d. Strategi

Strategiar vert brukt til å gje overordna retning for fagfelt, og vert brukt til å peike ut vegval, satsingsområde og mål. Strategiar inneheld ikkje eigne handlingsprogram eller tiltak, men bør vise korleis dei skal gjennomførast for å ha verknad.

2. Handlingsprogram i regional plan

Planar får best verknad når tilhøyrande handlingsprogram vert brukt offensivt til prioritering av ressursar. I Vestland fylkeskommune arbeider ein med å styrke handlingsprogramma si rolle som operativt og politisk verktøy. Handlingsprogramma må gje heilskapleg oversikt over korleis planen skal gjennomførast, der det går tydeleg fram kven som har ansvar med oversyn over behov for tid og ressursar. Dette som grunnlag for verksemdstyring, budsjettvedtak og økonomiplanlegging.

I Vestland fylkeskommune vert det prøvd ut ein modell med todelt handlingsprogram. Desse består av ein overordna, langsiktig og strategisk del, som legg føringar for ein operativ tiltaksdel, som vert rullert årleg. Første års handlingsprogram vert utarbeidd som ein del av den regionale planen, og vert sendt på høyring/ ettersyn og vedteke samstundes med denne. Handlingsprogram kan innehalde tiltak som rettar seg mot fylkeskommunen og verkemiddel og ressursar til andre aktørar, særleg stat og kommune.

3. Rutinar for oppfølging av handlingsprogram i regional plan

For at handlingsprogram skal verte eit effektivt utviklingsverktøy, er det sentralt å tydeleggjere ansvar for oppfølging, og utarbeide system og rutinar for rapportering. For sektorspissa planar er det naturleg at ansvarleg sektor tek eit særleg koordineringsansvar i oppfølginga. For tverrsektorielle planar er det viktig at det koordinerande ansvaret vert gjort tydeleg i handlingsprogrammet.

Oppfølging av planen inneber å gjere planen kjent i og utanfor eigen organisasjon. I dette ligg å informere og rettleie om planen, og å fremje måla. Ei viktig oppgåve for den som har koordineringsansvaret er å prioritere ressursar gjennom økonomi-, budsjett- og verksemdstyring. Forplikande avtalar og partnerskap kan verte nytta for å mobilisere stat og kommune. Det er ønskjeleg å nytte eksisterande samarbeidsorgan og møteplassar, eventuelt kan det etablerast nye nettverks- eller avtalebaserte samarbeid. I tillegg til stat og kommune kan andre samfunnsaktørar som ikkje er forplikta av regional plan, som næringsliv og frivilligheit, også legge inn ressursar i planoppfølginga.

4. Rapportering om gjennomføring av handlingsprogram i regional plan

Plankoordinator har overordna koordineringsansvar for å rapportere om gjennomføring av handlingsprogram. Avdelingane har sjølvstendig ansvar for å implementere alle vedtekne regionale planar i eigne arbeidsområde. I tillegg har avdelingane ansvar for å måle resultat og rapportere om oppfølging av handlingsprogram i regionale planar. Dette gjeld både planane som rettar seg mot eigen sektor og gjennomgåande og tverrsektorielle planar; som til dømes klimaplan og folkehelseplan.

Resultatmåling og rapportering vert samla til ein heilskapleg, årleg statusrapport for plangjennomføring. Rapporten synleggjer resultatoppnåing, kva tiltak som står att, gjev signal om kva som bør prioriterast neste år og kvar det er behov for rullering av handlingsprogram. Denne planrapporten bør utarbeidast i hausthalvåret, slik at den kan inngå som ein del av grunnlaget for utarbeiding av årsmeldinga og økonomiplan- og budsjettarbeidet. I handlingsprogram som føreset at stat, kommune og andre aktørar bidreg med ressursar og verkemiddel, må det sikrast at desse aktørane får høve til å delta i arbeidet med statusrapporten

5. Handlingsprogram som utgangspunkt for årleg budsjett- og økonomistyring

Regional planlegging skal etter plan og bygningslova § 3-1 bygge på ressursmessige føresetnader. Økonomiplanen skal etter kommunelova § 14-4 vise korleis regionale planar vert følgd opp. Handlingsprogrammet skal gje ein heilskapleg oversikt over det totale behovet for ressursar og tiltak for å nå målsetjingane i planane. Budsjettet fastset på si side det økonomiske handlingsrommet for prioritering og gjennomføring av tiltaka. I Vestland arbeider ein for at vedtekne handlingsprogram skal verte ein meir integrert del av finansutvalet sitt arbeid med økonomiplan og budsjett, og i verksemdstyringa.


6. Vidare arbeid med å styrke koplinga mellom planlegging og økonomistyring

Det vert arbeidd vidare med å utvikle eit effektivt og framtidretta plansystem for Vestland. Det vert i denne samanheng arbeidd med systemstøtte. Målet om kopling mellom planlegging, verksemdstyring og økonomistyring for å få til berekraftig samfunnsutvikling ligg til grunn for dette

arbeidet. Det må etablerast strukturar og arenaer for sam- skaping og samarbeid, og utvikla system og rutinar som koplør planlegging og økonomistyring. Det er og behov for ulike typar verktøy og hjelpemiddel i arbeidet. Til dømes vert det utvikla ein heilskapleg portal for planlegging i Vestland på intranett.


Det overordna målet er å arbeide for å styrke fylkeskommu- nen si samfunnsutviklarrolle; gjennom å sikre at plan- og styringssystem vert eit godt reiskap for berekraftig sam- funnsutvikling.

Figuren nedanfor viser samanhengen mellom utviklingsplan, handlingsprogram knytt til regionale planar og rapportering av oppnådde resultat i årsmeldinga.



8

Finansielle måltal



Illustrasjon av oppgangen fra Haukeland Universitetssjukehus underjordiske haldeplass på Bybanen Linje 2 til mellom Sentrum og Fyllingsdalen.
Foto: Sweco/3RW/Bybanen Utbygging.

Kommuneloven § 14-2, som omtalar fylkestinget sine plikter i økonomiforvaltninga, har slik ordlyd:

§ 14-2 Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta:

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet
- b) årsregnskapene og årsberetningene
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)
- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement)

Som det går fram av §14-2 punkt c er det lovfesta at fylkestinget «selv plikter å vedta finansielle måltall for utviklingen av kommunen eller fylkeskommunens økonomi».

Dei finansielle måltala skal brukast i budsjett- og økonomiplanprosessen.

I budsjettet for 2020 vedtok fylkestinget finansielle måltal for Vestland fylkeskommune for desse områda::

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Rente- og avdragsbelastning
- Disposisjonsfond

Dei tilrådde måltala kan kort omtalast slik.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat: Det som er att av driftsinntektene når alle driftsutgifter og finansutgifter (renter og avdrag) er dekkja.

Teknisk berekningsutval for kommunesektoren og KMD reknar netto driftsresultat som hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, og tilrår at netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene over tid bør vera minimum 4%.

Det er heilt avgjerande for handlingsrommet i ein fylkeskommune over tid å ha eit positivt netto driftsresultat. Netto driftsresultat er dermed ein sentral storleik for å vurdere fylkeskommunen sin økonomiske handlefridom. Netto driftsresultat må minst vere stort nok til å dekke nødvendige nettoavsetjingar til fond i tillegg til å kunne overføre driftsmidlar til eigenfinansiering av investeringane. Målsetjinga for Vestland fylkeskommune er å ha eit netto driftsresultat lik tilrådd nivå på 4%.

I 2022 er det budsjettert med netto driftsresultat på nær 5,5 %. Netto driftsresultat kan bli noko svakare utover i økonomiplanperioden, men det er lagt opp til at dette nøkkeltalet skal halde seg over 4 %.

Gjeldsgrad

Netto lånegjeld = Innlån – utlån

Gjeldsgrad: Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter
Tilrådd nivå: Riksrevisjonen tilrår grense på netto lånegjeld til 75 % av årlege driftsinntekter.

Slik den økonomiske realiteten for Vestland fylkeskommune er pr. dato, og med det investeringsbehovet ein ser i investeringsbudsjettet, må det leggjast til grunn at ein dei nærmaste åra vil ha ei netto lånegjeld som langt overstig tilrådd nivå på 75%.

Grensa fylkestinget har lagt til grunn for utarbeiding av investeringsbudsjettet er 115%. Siste året i økonomiplanperioden ligg ein heilt opp mot denne grensa. Målsetjinga må vere å stoppe veksten i lånegjeld slik at ikkje større del av handlingsrommet vert brukt til å dekke kapitalutgifter.

Auken i nye låneopptak er relativt stor i planperioden. Ei sannsynleg utvikling i gjeldsgrad kan bli om lag slik:

2021	2022	2023	2024	2025
93 %	100 %	106 %	111 %	115 %

Rente- og avdragsbelastning

Rente og avdragsbelastning: Renter og avdrag i % av sum driftsinntekter.

I økonomiplanperioden er det foreslått å trappe opp avdragsbetalinga. Dette er eit tiltak for å bremse gjeldsveksten. Som følgje av dette vil rente og avdragsbelastninga gå frå ca. 6,3 % i 2022 til 8,5 % i 2025.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond: Midlar som gjennom åra er avsett til reservar

Tilrådd nivå: Det er ikkje noko klar norm for kor stort disposisjonsfond bør vere, men Telemarkforskning har i ein rapport om økonomiske nøkkeltal tilrådd at disposisjonsfond bør utgjere mellom 5 og 10 prosent av fylkeskommunen sine inntekter.

Ved utgangen av 2020 utgjorde disposisjonsfond 8,4 % av årets driftsinntekter. I budsjett og økonomiplan for dei nærmaste åra vert det avsett eller brukt av disposisjonsfond for å saldere budsjettet. Men det er ikkje lagt opp til noko systematisk oppbygging eller nedbygging av disposisjonsfond. Det som kan gje størst utslag på disposisjonsfond er mindreforbruk eller meirforbruk ved rekneskapsavslutninga. Det kan sjå ut til å gå mot eit relativt stort mindreforbruk (overskot) i 2021. Dette vil i første omgang bli avsett til disposisjonsfond, men ein vesentleg del vil truleg bli brukt dei nærmaste åra.

Det er sannsynleg at disposisjonsfond blir liggjande i området 8 % - 9 % i økonomiplanperioden. Dermed held ein seg innafor det langsiktige målet om å ha disposisjonsfond i storleiken 5 -10%. Disposisjonsfond i denne storleiken er nyttig for å ha ein tilstrekkeleg «buffer» i økonomien.

9

Budsjett- reglement



Elektrisk fritidsbåt. Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.

1 Innleiing

Utgangspunktet for budsjettreglementet er Reglement for økonomiforvaltninga, Reglement for dei 4 hovudutvala og Reglement for delegering til fylkesdirektøren.

Reglementet fastset fylkestinget sitt mynde, delegering av mynde til andre folkevalde organ og til fylkesdirektøren. Fylkestinget vedtek sjølv endringar i reglementet.

2 Struktur og spesifikasjonsgrad

Budsjettet og økonomiplanen er utforma med ein kapitaldel – investeringar (kontoklasse 0) spesifisert på prosjekt og ein driftsdel (kontoklasse 1) spesifisert på løyvingnivå.

2.1 Driftsbudsjettet

Budsjettet og økonomiplanen sorterer alle inntekter og utgifter på følgjande sektorar og spesifiserer kvar sektor på løyvingnivå slik:

Fellesinntekter og -utgifter

- Skatt, rammetilskot og inntektsutjamning
- Andre generelle statstilskot
- Konsesjonskraftinntekter
- Kapitalinntekter/-utgifter og utbytte, rentekompensasjon
- Pensjonsutgifter, fellesutgifter, løns- og prisvekst
- Bruk/avsetjing til fond
- Overføring til investering

Politisk styring, kontrollutval

- Politisk styring
- Kontrollutval

Organisasjon og økonomi

- Eigedom – drift og vedlikehald
- Administrasjon av organisasjon og økonomi

Strategisk utvikling og digitalisering

- Plan, analyse, klima og folkehelse
- IKT og digitalisering
- Administrasjon av strategi og digitalisering

Tannhelse

- Pasientbehandling
- Administrasjon av tannhelse

Kultur, idrett og inkludering

- Arkiv
- Bibliotek
- Kulturformidling
- Kulturarv
- Inkludering, strategi og analyse
- Kunst- og kulturutvikling
- Idrett og friluftsliv
- Administrasjon av kultur, idrett og inkludering

Infrastruktur og veg

- Veg – drift og vedlikehald
- FTU-midlar
- Andre tiltak – infrastruktur og veg
- Administrasjon av infrastruktur og veg

Mobilitet og kollektiv

- Buss
- Bane
- Båt
- Ferje
- TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss
- Administrasjon av mobilitet og kollektiv

Innovasjon og næringsutvikling

- Verdiskaping byar/regionar
- Naturressursar, landbruk og reiseliv
- Forsking, kompetanse og internasjonalisering
- Grøn vekst, klima og energi
- Utviklingsmidlar
- Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling

Opplæring og kompetanse

- Vidaregåande skular
- Vaksenopplæring
- Fagskule
- Andre føremål opplæring
- Opplæring i bedrift
- Administrasjon av opplæring og kompetanse

2.2 Investeringsbudsjettet

Budsjettet og økonomiplanen sorterer alle investeringane inn i tre ulike program slik:

- Investeringsprogram bygg
- Investeringsprogram fylkesvegar inkl. rassikring
- Investeringsprogram kollektiv

Investeringsprogramma er delt inn i grupper. Gruppene gang- og sykkelveg, trafikktryggingstiltak, kollektivtrafikktiltak og miljø- og servicetiltak i investeringsprogram fylkesvegar inkl. rassikring vert også definert som programområde, jf. pkt.3.7.9.

Investeringsprogramma syner ein spesifikasjon av det enkelte investeringsprosjekt.

3 Budsjettoppfølgning og budsjettdringar

3.1 Budsjettoppfølgning

Fylkestinget vedtek årsbudsjett og økonomiplan for fylkeskommunen og endringar i desse, i medhald av kapittel 14 i kommunelova.

Løyvingane i driftsbudsjettet vert vedtekne som netto driftsrammer pr løyvingsnivå.

Løyvingane i investeringsbudsjettet vert vedtekne brutto for ulike prosjekt/sekkepostar.

Alle fylkeskommunen sine politiske organ skal gjennomføre fylkestinget sitt budsjett innafor egne ansvarsområde. Eventuelle budsjettdringar i løpet av året skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringar og prioriteringar gitt i årsbudsjettet, og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løyvingar for seinare år.

Mål, prioriteringar og føresetnader for løyvingane frå fylkestinget går fram av tekstdelen av årsbudsjett- og økonomiplandokumentet.

Dersom løyvingane ikkje vil halde, pliktar fylkesdirektøren å reise spørsmål om budsjettdring. Budsjettdring kan berre påreknast dersom behovet ikkje var råd å forutsjå på budsjetteringstidspunktet eller meirutgiftene ikkje kan vente.

Med unntak av dei fullmakter som vert gjeve i dette reglementet, er det berre fylkestinget som kan endre budsjettet.

3.2 Fylkestinget

3.2.1 Fylkestinget vedtek budsjettdringar mellom ansvarsområda til hovudutvala.

3.2.2 Fylkestinget kan elles delegere mynde til andre politiske organ og til fylkesdirektøren.

3.2.3 Fylkestinget behandlar driftsrapportar to gonger i året, etter innstilling frå fylkesutvalet. Driftsrapportene skal vise utviklinga i inntekter og utgifter i høve til vedteke årsbudsjett, med nødvendige framlegg til justeringar.

3.3 Fylkesutvalet

3.3.1 Fylkesutvalet kan vedta dei same endringane i budsjettet som fylkestinget dersom vilkåra i reglementet for hastesaker etter kommunelova § 11-8 er til stades.

3.3.2 Fylkesutvalet har mynde til å gjere budsjettdringar i og mellom løyvingsnivåa, med unntak av løyvingsnivået Kontrollutval, i driftsbudsjettet gjennom året for sektorane:

- politisk styring

- organisasjon og økonomi
- strategi og digitalisering
- tannhelse

Slike endringar skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringar og prioriteringar gitt i årsbudsjettet, og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løyvingar for seinare år.

Fylkesutvalet skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar for desse sektorane to gonger i året, etter 1. og 2. tertial.

3.3.3 Fylkesutvalet har mynde til å fordele tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor områda folkehelse, klima, senter- og stadutvikling og plan og utviklingsarbeid innanfor sektoren strategisk utvikling og digitalisering.

3.4 Kontrollutvalet

3.4.1 Kontrollutvalet skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar på eige løyvingsnivå to gonger i året, etter 1. og 2. tertial.

3.4.2 Kontrollutvalet har mynde til å fordele løyvingsnivået i tre kategoriar slik:

- kontrollutvalet
- sekretariat for kontrollutvalet
- kjøp av revisjonstenester

3.5 Hovudutvala

3.5.1 Hovudutvala skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar for eigne sektorar to gonger i året, etter 1. og 2. tertial.

3.5.2 Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa for kvar sektor i driftsbudsjettet.

Slike endringar skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringar og prioriteringar gitt i årsbudsjettet og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løyvingar for seinare år.

3.5.3 Budsjetreglementet pkt. 3.7.4 omhandlar fylkesdirektøren sine fullmakter i høve administrasjonsutgifter i sentraladministrasjonen. Løyvingar for sektoren knytt til administrasjon er såleis ikkje ein del av hovudutvala sine fullmakter.

3.5.4 Hovudutvala har mynde til å fordele statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.

3.5.5 Hovudutvala har mynde til å fordele fylkeskommunale tilskot- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde.

3.5.6 Hovudutvala har mynde til å disponere ufordelte løyvingar innanfor sitt arbeidsområde. Dette gjeld både drifts- og investeringsløyvingar.

3.6 Trafikktryggingsutvalet

3.6.1 Trafikktryggingsutvalet har mynde til å fordele løyvinga på løyvingsnivå FTU-midlar på ulike tilskotsordningar samt mynde til å tildele tilskot innafor sitt ansvarsområde.

3.7 Fylkesdirektøren

3.7.1 Etter at fylkestinget har vedteke årsbudsjettet på løyvingsnivå, fordele fylkesdirektøren driftsbudsjettet vidare til tenleg detaljeringsnivå for å sikre god økonomistyring. Dette myndet kan delegerast vidare til andre leiarar.

3.7.2 Fylkesdirektøren disponerer løyvingane i årsbudsjettet, og har tilvisingsrett. Fylkesdirektøren kan delegere dette myndet til andre leiarar.

3.7.3 Fylkesdirektøren har mynde til å justere budsjettet gjennom året med endringar av teknisk karakter, t.d. avskrivningar, og fordele samleløyvingar, t.d. personalmidlar, lønsavsetjing o.l. på tvers av løyvingsnivåa som fylkestinget har vedteke. Dette myndet kan delegerast vidare til andre leiarar.

3.7.4 Fylkesdirektøren får fullmakt til å sjå følgjande løyvingsnivå i samanheng:

- Administrasjon av organisasjon og økonomi
- Administrasjon av strategisk utvikling og digitalisering

- Administrasjon av kultur, idrett og inkludering
- Administrasjon av infrastruktur og veg
- Administrasjon av mobilitet og kollektiv
- Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling
- Administrasjon av opplæring og kompetanse

Fullmakta gjeld også andre administrative løyvingar som er fordelt på andre løyvingsnivå.

3.7.5 Fylkesdirektøren har mynde til å gjennomføre låneopp- tak i samsvar med vedtak i fylkestinget.

3.7.6 Fylkesdirektøren har mynde til å tilpasse drifts- og investeringsbudsjettet i samband med fellesfinansiering av digitaliseringsprosjekt, og der forskriftene krev at prosjekt, utstyr og inventar skal først i kapitalrekneskapen.

3.7.7 Fylkesdirektøren har mynde til å setje i verk naudsynte strakstiltak ved ras, flaumar og liknande uventa hendingar.

3.7.8 Fylkesdirektøren har mynde til å handtera ein krisesituasjon. Etter at krisa er over, vert det lagt fram sak til politiske organ der det vert gjort greie for tiltaka som vart sette i verk og dei økonomiske følgjene av krisehandteringa.

3.7.9 Fylkesdirektøren har mynde til å omdisponere mellom prosjekt innanfor dei enkelte programområda slik dei går fram av fylkesvegbudsjettet.

3.7.10 Fylkesdirektøren har mynde til å nytte avsette midlar på disposisjonsfond. Ein føresetnad for dette myndet er at fylkestinget tidlegare år har vedteke fondsavsettinga til eit konkret føremål, og at dette føremålet no er i posisjon til å få løyvinga utbetalt.

4. Årsavslutting

4.1 Driftsbudsjettet

4.1.1 Fylkesdirektøren har mynde til å setje av midlar til disposisjonsfond for bruk seinare år innanfor drifta av skular og tannklinikkar.

4.1.2 Driftsresultatet for prosjektet Sogn og Fjordane kunstmuseum (overskot eller underskot) skal avsettast mot/dekast av eit eige drift- og vedlikehaldsfond. Fondet vert disponert av Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune.

4.1.3 Fylkesdirektøren har mynde til å gjennomføre naudsynte strykningar ved rekneskapsavsluttinga i samsvar med

kap. 4 i Budsjett- og rekneskapsforskrifta. Fylkesdirektøren skal leggje til grunn følgjande rekkjefølgje ved gjennomføringa av strykingane:

1. Overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
2. Andre avsetjingar til disposisjonsfond, men unntak av fondsavsetting som nemnt i pkt. 4.1.2
3. Avsetjing av evt. overskot i vidaregåande skular og i tannhelsetenesta
4. Avsetjing til disposisjonsfond nemnt i pkt. 4.1.2

4.2 Investeringsbudsjettet

4.2.1 Kapitalrekneskapen er eittårig. Eventuelle unyttta løyvingar i kapitalrekneskapen må budsjetterast opp att seinare år dersom føremålet ikkje er avslutta.

4.2.2. Dei uutnytta løyvingane vert budsjetterte opp att som del av det vidare budsjettbehovet som er naudsynt for å avslutte prosjektet.

vestlandfylke.no

3.7

Kultur, idrett og inkludering



Moster Amfi- og kyrkjehistoriske museum, Bømlo. Foto: Åge Avedal/Vestland fylkeskommune.

1 Kultur, idrett og inkludering – løyvingnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Løyvingsnivå		Budsjett 2021 (revidert)	Budsjett 2022
Arkiv	Brutto driftsutgifter	11 782	9 563
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	11 782	9 563
Bibliotek	Brutto driftsutgifter	13 957	14 414
	Driftsinntekter	-2 262	-2 262
	Netto driftsutgifter	11 695	12 152
Kulturformidling	Brutto driftsutgifter	53 701	56 969
	Driftsinntekter	-33 239	-35 607
	Netto driftsutgifter	20 462	21 363
Kulturarv	Brutto driftsutgifter	153 319	192 713
	Driftsinntekter	-48 951	-84 698
	Netto driftsutgifter	104 368	108 014
Idrett og friluftsliv	Brutto driftsutgifter	236 463	250 595
	Driftsinntekter	-200 293	-215 743
	Netto driftsutgifter	36 170	34 852
Inkludering, strategi og analyse	Brutto driftsutgifter	21 584	20 381
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	21 584	20 381
Kunst og kulturutvikling	Brutto driftsutgifter	114 172	115 833
	Driftsinntekter	-5 953	-6 085
	Netto driftsutgifter	108 219	109 748
Administrasjon av kultur og idrett	Brutto driftsutgifter	7 670	7 728
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	7 670	7 728
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	612 648	668 063
	Driftsinntekter	-290 698	-344 263
	Netto driftsutgifter	321 950	323 800
	Netto driftsutgifter i 2022-kr	330 299	323 800

Endring frå 2021 til 2022

Løyvingsnivå	Beløp
Arkiv	-2 735
Bibliotek	63
Kulturformidling	456
Kulturarv	933
Idrett og friluftsliv	-2 172
Inkludering, strategi og analyse	-1 756
Kunst og kulturutvikling	-1 068
Administrasjon av kultur og idrett	-220
Sum	-6 497

Arkiv har gjort ei teknisk og varig overføring av husleige (-2,5 mill. kr) til eigedomsavdelinga frå 2022, og resten utgjør redusert administrative utgifter (-0,2 mill. kr).

Kulturformidling har auka tilskot Distriktsmusikarordninga (0,5 mill. kr).

Kulturarv har reduserte administrative kostnader, men grunna omfordeling av administrativt tilsette i budsjett 2021, vert det ei auke totalt sett på løyvingsnivået i 2022 (0,9 mill. kr).

Idrett og friluftsliv har tatt bort eingongstilskot til EM U23 (-2 mill. kr), og redusert administrative kostnader (-0,2 mill. kr).

Inkludering, strategi og analyse har redusert stillingsbudsjettet (-1,4 mill. kr) og redusert administrative kostnader (-0,3 mill. kr).

Kunst- og kulturutvikling har reduksjon (-1,1 mill. kr), der (-0,7 mill. kr) gjeld tekniske endringar og (-0,4 mill. kr) gjeld reduserte administrative kostnader.

Administrasjon og Bibliotekutvikling har reduserte administrative kostnader (-0,2 mill. kr).

2 Omtale av løyvingsnivåa

2.1 Kort omtale av dei ulike løyvingsnivåa

Løyvingsnivå Arkiv

Arkiv	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Adm. arkiv	11 487	8 952
Digital formidling	295	611
Netto driftsutgifter	11 782	9 563
Sum driftsinntekter	-	0
Netto driftsutgifter	11 782	9 563
Netto driftsutgifter 2022-kr	12 298	9 563

Tekniske justeringar på 2,78 mill. kr med overføring av husleigemidlar til eigedomsavdelinga. Redusert reise og kurs med 0,07 mill. kr.

Oppgåver og tenesteproduksjon

Arkivfunksjonen har ansvar for at arkiva i Vestland vert tekne vare på og formidla som ein del av den samla

samfunnsdokumentasjonen i regionen. Dette omfattar private- og offentlege arkiv, foto, tradisjonsmusikk, stadnamn og audiovisuelt kjeldemateriale. I tillegg kjem munnlege og skriftlege tekstar.

Oppgåvene i 2022 vil i stor grad bestå i kartlegging, nettverksbygging, innføring av nye databaseløysingar for lagring og formidling og sikre gode oppbevaringstilhøve for samfunnsdokumentasjonen til regionen Vestland. Ein vil styrke og bygge ut samarbeidet med frivillig sektor, kommunar, bevaringsinstitusjonar og andre lokale aktørar. Det vil i 2022 vere ei viktig oppgåve å marknadsføre våre tenester til beste for innbygarane i Vestland fylkeskommune.

Meirbehov:

IT og musikkarkiv. Oppfølging av vedtak i KULII, jf PS 130/2020 inneber etablering av samarbeid mellom det profesjonelle og frivillige musikkfeltet, og arkiv og museum med folkemusikk og immateriell kulturarv som arbeidsområde. Satsinga vil vere ein viktig ressurs for folkemusikkmiljøet i Vestland og skal løysast på tvers av seksjonar i KII. Stillingsressursen er lagt på den eksisterande 50%-stillinga til musikkarkivaren og har ikkje andre budsjettkonsekvensar.

Løyvingsnivå Bibliotekutvikling

Adm. bibliotekutvikling	8 784	9 064
Bibliotekprosjekt	1 350	1 350
Tenester til bibliotek	3 823	4 000
Sum brutto driftsutgifter	13 957	14 414
Sum brutto driftsinntekter	-2 262	-2 262
Netto driftsutgifter	11 695	12 152
Netto driftsutgifter 2022-kr	12 089	12 152

Oppgaver og tenesteproduksjon

Etter Folkebiblioteklova §6 skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgaver og regional bibliotekutvikling, medrekna å gi råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Seksjonen initierer, leier og støttar utviklingsarbeid i biblioteka i tråd med Nasjonal bibliotekstrategi 2020 – 2023. Utviklingsarbeidet blir i stor grad utført som prosjekt knytt til kompetanseutvikling og utvikling av bibliotektenester, i eit samarbeid mellom fylket og kommunane.

Fylkeskommunen utjamnar skilnader mellom dei kommunale folkebiblioteka m.a. ved å organisere og delfinansiere ei transportordning mellom biblioteka i fylket og eit konsortium for innkjøp og utlån av e-bøker og andre elektroniske ressursar. Andre bibliotektenester til kommunane er m.a. utvikling av biblioteknettstader, organisering av arrangementsturnear, utlån av klassesett og ulike tiltak for å stimulere lesing og leseglede. Fylkeskommunen yter også praktisk hjelp til å aktualisere samlingane og utforme biblioteklokale.

Endring i tilskotsordningar:

I 2021 blei det etablert tre tilskotsordningar til interkommunale og kommunale tiltak innan bibliotekfeltet, j.f. vedtak i fylkestinget (PS 50/2020). På bakgrunnen av søknadsmassen for 2021 er det forslag om at to av tilskotsordningane, utvikling av biblioteklokale og mobile bibliotektilbod, blir slått saman til ordninga arenavikling. Det er eit stort meirbehov i ordninga for utvikling av biblioteklokale. Ved å slå saman ordningane vil ein få større handlingsrom i bruken av midlane ut frå behova i sektoren.

Meirbehov:

Fylkeskommunen bidrar med 1/3 av det totale budsjettet til innkjøpskonsortiet for digitale ressursar (PS 45/2020). I budsjettet for 2022 er det funne rom for å styrke dei fylkeskommunale ressursane nytta til digitale ressursar, m.a. ved å flytte midlar frå administrasjon til tenester til bibliotek.

Løyvingsnivå Kulturformidling

Kulturformidling	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Adm. kulturformidling	10 780	11 181
Den kult. Spaserstokken	3 980	3 980
Distriktsmusikarordninga	3 962	4 462
DKS – spelemidlar	33 239	35 607
Ung Kultur Møtast (UKM)	1 740	1 740
Sum brutto driftsutgifter	53 701	56 969
Sum brutto driftsinntekter	-33 239	-35 607
Netto driftsutgifter	20 462	21 363
Netto driftsutgifter 2022-kr	20 906	21 363

Oppgaver og tenesteproduksjon

Utvikling og formidling av kunst- og kulturtilbod til ulike målgrupper i samsvar med nasjonale føringar og regionale planar. Seksjonen har verkemiddel knytte m.a. til Den kulturelle skulesekken, Ung kultur møtast (UKM), Den kulturelle spaserstokken, musikarordningane og fagområdet kultur og helse.

Gjennom Den kulturelle skulesekken skal fylkeskommunen gje elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring eit profesjonelt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod. DKS – ordninga er finansiert av spelemidlar, og Vestland fylkeskommune får overført delar av overskotet til Norsk Tipping til ordninga. I Vestland fylke vil elevar i om lag 300 grunnskular og rundt 60 vidaregåande skular få tilbod gjennom Den kulturelle skulesekken.

Midlar til Den kulturelle spaserstokken skal nyttast til kulturtilbod for eldre. Kommunane får tildelt støtte etter søknad til fylkeskommunen.

Ung kultur møtast (UKM) representerer ein arena der ungdom skal få uttrykkje seg på eigne premisser, lære av kvarandre og få inspirasjon til vidareutvikling. Fylkeskommunen har ansvar for arbeidet på regionalt nivå.

Fylkesmusikarane i Vestland fylkeskommune har oppgaver knytte til undervisning og arkiv i tillegg til utøvande verksemd. Fylkeskommunen har samarbeidsavtale med vertskommunar om distriktsmusikarordninga. Kommunane har arbeidsgjevaransvar for distriktsmusikarane. Dei fylkeskommunale midlane vert dels nytta til samlingar, reiser og kostnader med prøvespel, og dels overførte til kommunane som lønsrefusjon etter retningslinjer i samarbeidsavtalen. Som motyting har fylkeskommunen rett til å nytte ein fastsett ressurs av muskarstillingane til prosjekt og oppsetjingar ein ynskjer å støtte.

Meirbehov:

Jf. vedtak i PS 179/21 i fylkesutvalet skal fylkeskommunen gå i dialog med kommunane som har signalisert interesse for å opprette nye distriktsmusikarstillingar. I saka ligg eit mål om å opprette tre stillingar frå hausten 2022. Samstundes skal inntektsbortfall etter ny organisering av DKS-arbeidet kompenseres for dei eksisterande vertskommunane. Utviding og styrking vil medføre kostnader for fylkeskommunen på inntil kr 500 000 i 2022 og kr 800 000 årleg frå 2023. Auke på kr 500 000 kr er lagt inn i budsjettframlegget.

Løyvingsnivå Kulturarv

Kulturarv	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Adm. kulturarv	26 138	28 322
Arkeologisk registrering	6 985	7 056
Vern av kulturminne	44 300	78 600
Almenne kulturvernføre mål	4 552	5 392
Museum	104 367	108 014
Sum brutto driftsutgifter	153 318	192 712
Sum brutto driftsinntekter	-48 951	-84 698
Netto driftsutgifter nominelt	104 368	108 014
Netto driftsutgifter 2022-kr	107 082	108 014

Kommentarer til tabellen:

Oppgåver og tenesteproduksjon

Vestland fylkeskommune er forvaltingsstyresmakt med mynde heimla i kulturminnelova, og skal ta i vare ei rekkje statlege og regionale oppgåver innanfor kulturminnevernet. Oppgåver elles er m.a. kulturminne i arealplansaker i fylket, forvaltning av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar, rettleiing og råd til kommunar, organisasjonar og andre. Fylkeskommunen har hovudansvar for å forme museums politikken i fylket og utvikle dei konsoliderte musea i Vestland som sterke kunnskapssentera og organisasjonar, og profilerte samfunnsaktørar.

Arkeologiske registreringar vert gjennomført av fylkeskommunane med heimel i kulturminnelova for å avklåre om eit tiltak eller ein reguleringsplan vil ha innverknad på automatisk freda kulturminne. Offentlege og større private tiltaks-havarar vert, med heimel i kulturminnelova, pålagt å dekke kostnadene med desse registreringane.

Innsparing:

Reduksjon på 0,3 mill. kr i reise og kurs grunna meir bruk av digitale møteplattformer. Det er knytt uvisse til dei varige effektane av det digitale samhandlingsløftet vi har gjennomgått i koronatida og administrasjonen vil gjere ei ny vurdering av omfang i samband med neste års budsjettprosess.

Vern av kulturminne	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Tilskot til verdsarven	16 000 000	21 000 000
Tilskot til drift av verna fartøy (Savos)	2 000 000	3 000 000
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	1 600 000	14 200 000
Tilskot til profane mellomalderbygg		1 500 000
Tilskot til brannsikring av verneverdige trehusmiljø		600 000
Tilskot til mellomalderruinar		3 800 000
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	23 000 000	22 750 000
Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne		10 050 000
Tilskot til verna kulturminne i Vestland	1 700 000	1 700 000
Sum brutto driftsutgifter	44 300 000	78 600 000
Tilskot til verdsarven	-16 000 000	-21 000 000
Tilskot til drift av verna fartøy (Savos)	-1 000 000	-1 500 000
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	-800 000	-14 200 000

Tabellen held fram på neste side

Vern av kulturminne	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Tilskot til profane mellomalderbygg		-1 500 000
Tilskot til brannsikring av verneverdige trehusmiljø		-600 000
Tilskot til mellomalderruinar		-3 800 000
Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne		-10 050 000
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	-23 000 000	-22 750 000
Sum refusjonar	-40 800 000	-75 400 000
Sum netto driftsutgifter	3 500 000	3 200 000

Kommentarar til tabellen:

I samband med regionreforma vart ei rekke tilskotsordningar overført frå Riksantikvaren til fylkeskommunane i 2021.

Samla er summen på statlege refusjonar auka med kring 35 mill. kr frå budsjett 2021 til 2022.

Almenne kulturvernforemål	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne	1 076 068	1 376 068
Stiftinga Oselvarverkstaden	1 624 000	1 624 000
Gulatinget	1 141 875	1 141 875
Utviklingsstipend i tradisjonshandverk	50 000	50 000
Verdiskaping på kulturminneområdet	60 000	300 000
Regionalparkar i Vestland		300 000
Selje pilegrimsenter	300 000	300 000
Bergen pilegrimsenter	300 000	300 000
Sum netto driftsutgifter	4 551 943	5 391 943

Kommentarar til tabellen:

Frivillig kulturvern

Driftstilskotsordninga til regionale og nasjonale kulturminne har eit høgt tal søknader og låg dekkingsgrad (1/5). Fylkesdirektøren gjer framlegg om styrking av ordninga med kr 300 000.

Verdiskaping på kulturminneområdet

Vestland og Rogaland fylkeskommunar har motteke tilskot frå Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram til hovudprosjekt «Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske

kraftlandskap». Tilskotet føresett 25% medfinansiering frå Vestland og posten vert styrka med kr 240 000.

Regionalparkar i Vestland

Vestland fylkeskommune har vedteke retningslinjer til tverrsektorielle tilskotsordningar knytt til tilskot til drift og utvikling av dei fire regionalparkane i Vestland. Meirbehovet knytt til driftstilskot er rekna til 2 mill. kr og 1 mill. kr til utviklingstiltak. Innafor budsjetttramma finn fylkesdirektøren rom for å setje av kr 200 000 til drift og kr 100 000 til utviklingstiltak.

Museum	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Sum brutto driftsutgifter museum	71 343	73 343
Sum driftsinntekter museum	0	-780
Sum netto driftsutgifter nominell	71 343	72 563

Kommentarer til tabellen:

Dei ti konsoliderte musea i Vestland forvaltar store verdier på vegner av fellesskapet og har utfordringar knytt til investering og drift. Både stat, vertskommunar og kommunar

mottek tenester frå musea i Vestland og medverkar til å styrke institusjonane.

Museum	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Museumsløft 2022	1 403 864	1 423 864
Bygningsverntenesta ved musea	1 895 005	2 095 005
Fartøyvern ved musea i Vestland (Savos)		1 560 000
Stiftelsen Baroniet Rosendal	1 629 075	1 629 075
Stiftelsen Bymuseet i Bergen	8 058 175	8 358 175
Stiftelsen KODE – kunstmuseer og komponisthjem	4 296 100	4 296 100
Stiftelsen Museum Vest	9 382 660	9 382 660
Stiftinga Hardanger og Voss museum	12 200 300	12 250 300
Stiftinga Kraftmuseet – Norsk Vasskraft- og industristadmuseum	1 466 190	1 436 190
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	15 681 750	15 581 750
Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	11 020 910	11 020 910
Stiftinga Nynorsk kultursentrum – Olav H. Haugesenteret	1 112 045	1 112 045
Stiftinga Sunnhordland museum	3 197 250	3 197 250
Sum brutto driftsutgifter	71 343 324	73 343 324
Sum driftsinntekter museum (Savos)	0	-780 000
Netto driftsutgifter nominelt	71 343 324	72 563 324
Netto driftsutgifter 2022-kr	73 198 250	72 563 324

Kommentarar til tabellen:

Driftstilskot museum

Det er ikkje lagt inn kompensasjon for prisvekst i forslaga til museumsbudsjett for 2022.

Vestland fylkeskommune administrerer i dag NTNU si ordning knytt til regionale læringsarenaer for

tradisjonshandverk. For å drifte og vidareutvikle lærings arena Vestland er budsjettet på same nivå som i 2021

For å betre forvaltninga av Bymuseet i Bergen sine 95 kulturhistoriske bygningar er det behov for styrking av drifta med kr 300 000.

Bygningsverntenesta ved musea

Bygningsvernkonsulentstillinga ved Bymuseet knytt til arbeidsområde Bergen vert trekt (kr 300 000), då Bergen kommune har etterlyst ei rolleavklaring i høve Byantikvaren si rådgjevingsteneste til private bygningseigarar.

Fylkesdirektøren gjer framlegg om styrking av bygningsverntenesta med kr 200 000 til medfinansiering av ny stilling knytt til Hardanger og Voss Museum med arbeidsområde Voss herad.

Fartøyvern ved musea

For å løyse ut statlege tilskotsmidlar til fartøyvern (Savos) vil fylkesdirektøren (etter dialog med sektoren) gjere framlegg om øyremerking av tilskot til fartøyvern ved musea i Vestland. Hardanger og Voss Museum kr 650 000 til dei verna fartøya «Mathilde», «Vikingen», «Faun», «Folgefonn», Kraftmuseet kr 30 000 til «Tysso» og Musea i Sogn og Fjordane kr 100 000 til «Haugefisk».

Løvingsnivå idrett og friluftsliv

Idrett og friluftsliv	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Administrasjon idrett og friluftsliv	6 728	6 727
Tilskot til idrettsarbeid	16 534	15 084
Tilskot til idrettsprosjekt	2 260	2 160
Tilskot spelemidlar	191 793	209 243
Tilskot til friluftsliv (statlege ordningar)	8 500	6 500
Tilskot til friluftsliv	10 648	10 880
Sum brutto driftsutgifter	236 463	250 595
Sum brutto driftsinntekter	-200 293	-215 743
Sum netto driftsutgifter	36 170	34 852
Netto driftsutgifter 2022-kr	37 024	34 852

Oppgåver og tenesteproduksjon

Oppgåvene innanfor fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er heimla i Regional plan for kultur 2019–2027 for Sogn og Fjordane, Regional kulturplan 2015 – 2025 for Hordaland og Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020–2024.

Gjennom forpliktande samarbeid mellom offentlege, frivillige og private aktørar skal fylkeskommunen arbeide for at innbygarane skal kunne ha ein fysisk aktiv kvar dag. Som samfunnsutviklar vil fylkeskommunen m.a. ta ei tydeleg rolle i kompetanse-/utviklingsarbeid og i kommunal planlegging for å få betre kunnskapsgrunnlag, tverrfagleg involvering, god behovsvurdering og medverknad. Friluftsløva definerer fylkeskommunane sine oppgåver i høve til å fremje allmenne friluftslivinteresser.

Fylkeskommunane fordeler spelemidlane for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Spelemidlar til bygging

og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet er eit sentralt verkemiddel for å innfri statlege og fylkeskommunale mål for fagområde.

Kulturdepartementet krev at fylka og kommunane har ein planforankra anleggs- og aktivitetspolitik. Fellesnemnda vedtok i 2019 Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020–2024. I 2021 vart det fordelt vel 209 mill.kr. i spelemidlar til ordinære og nærmiljøanlegg i Vestland fylke, og det vert budsjettert med tilsvarande sum i 2022.

I 2021 var det 676 søknadar frå 42 kommunar i Vestland. Samla godkjent søknadssum var vel 950 mill. kr. 96 av 439 søknadar om spelemidlar til ordinære anlegg og 109 av 237 søknadar om spelemidlar til nærmiljøanlegg vart innvilga. I følge rapport "Spillemidlar til idrettsanlegg 2020" utgitt av Kulturdepartementet og Norges Idrettsforbund, er det

Vestland fylke som har lengst ventetid på utbetaling av spelemidler i heile landet. I gjennomsnitt må søkarar søkje i 4,7 år før dei får tildeling til ordinære anlegg. For nærmiljøanlegg er ventetida i gjennomsnitt 2,3 år.

Tenesteproduksjon:

- Forvaltning av 11 statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar
- Driftstilskot til regionale samarbeidspartnarar
- Bidra til nasjonalt utviklingsarbeid innan fleire fagområde
- Kompetanseutvikling (m.a. konferansar, kurs, rettleiing og synfaringar i kommunane)
- Legge til rette for aktivitetar for personar med særskilde behov i partnerskap med frivillige organisasjonar, kommunar og Helse Bergen.
- Bidra til å utvikle toppidretten gjennom m.a. støtte til større meisterskap, investeringstilskot til idrettsanlegg og utviklingsstipend.

Idrettsarbeid	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Berekraftig anleggsutvikling	400 000	400 000
E-sportstrategi		205 000
Heider til OL/VM medaljørar	50 000	100 000
Fylkeskommunalt investerings-tilskot		
–Anlegg for større meisterskap		
–Medfinansiering fleirbrukshallar/symjehallar	3 000 000	3 000 000
Idrettsklynge Vest	1 300 000	1 326 000
Lokal mobilisering mot doping	464 000	477 400
Nyskapande aktivitetsarena	2 250 000	2 250 000
Olympiatoppen Vest	800 000	816 000
Stiftinga Ekstreme Voss	100 000	102 000
Stiftinga Solhovden	150 000	153 000
Store meisterskap	2 450 000	500 000
Utviklingsstipend	320 000	400 000
Vestland idrettskrets	5 250 000	5 355 000
Sum brutto driftsutgifter	16 534 000	15 084 400

Kommentarar til tabellen:

Berekraftig anleggsutvikling

Vestland fylkeskommune har ei viktig rolle for å mobilisere og støtte kommunar og organisasjonar til berekraftig anleggsutvikling (bygging og drift). VLFK har inngått avtale med Vestland idrettskrets om berekraftig anleggsutvikling 2021–2024. Eit tiltak er å utarbeide ei sertifiseringsordning for «grønne idrettsarrangement», basert på erfaringane frå arbeidet med «grønne festivalar» som BRAK har utvikla innan kulturlivet. Når denne ordninga er på plass, vil VLFK stille krav om at søkar har denne sertifiseringa for å få tildelt arrangementstøtte.

Oppfølging av e-sport strategi

Vestland fylkeskommune har teke ei nasjonal rolle i utviklinga av e-sport og gaming. Fylkestinget vedtok i september ein e-sportsstrategi. Dette inneber at VLFK skal ta ei rolle i organisasjonsbygging, kompetanseutvikling, nettverksbygging og aktivitetsutvikling innan e-sport og gaming. Arbeidet er forankra i mange ulike avdelingar og seksjonar, og det er ein prioritert “møteplass” i Idrettsklynge Vest.

Vestland e-sport søker om kr 500 000 i driftsstøtte for 2022. Fylkesdirektør foreslår å omdisponere kr 100 000 frå post psykiatri/rus til dette føremålet, og funne rom for tilskot på kr 105 000 innafor budsjetttramma slik at tilskotssummen til oppfølging av Esportstrategien er kr 205 000.

Idrettsklynge Vest

Saman med sju andre store aktørar samhandlar Vestland fylkeskommune i Idrettsklynge Vest med å finne løysingar på samfunnsutfordringar innan fagområda folkehelse, fysisk aktivitet og idrett. Idrettsklynge Vest søker om auke på kr 400 000 i driftstilskotet. Fylkesdirektøren har ikkje funne rom for dette innanfor budsjetttramma.

Store meisterskap 2022

Idrettslag og særforbund kan søkje fylkeskommunen om tilskot til store nasjonale og internasjonale meisterskap som skapar engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknadar for næringslivet. Det er stor underdekning på denne tilskotsordninga som i budsjetta for 2020 og 2021 har hatt kr 450 000 til fordeling. I 2020 var søknadssummen nesten 3 mill. kr og i 2021 vel 2 mill. kr (mengda prega av koronapandemien). Fleire aktørar i Vestland er tildelt nasjonale og internasjonale meisterskap i 2022. M.a. skal Vestland idrettskrets arrangere NM-veka i samarbeid med 14 særforbund, og Bergen Triathlon Club og Åsane Cykleklubb arrangere World Triathlon Cup i Bergen.

Det er behov for å utvikle ein regional arrangementspolitikk m.a. for å tydeleggjere kva arrangement fylkeskommunen skal bidra til og på kva nivå. Fylkesdirektøren har funne rom for å auke denne posten med kr 50 000 til kr 500 000. I budsjettet for 2021 var det sett av 2 mill. kr til å arrangere Ungdoms EM i friidrett.

Utviklingsstipend idrett

Det var 99 søkarar til sju utviklingsstipend for unge idrettsutøvarar i 2020. Nivået på søkarane var særst høgt og avdekkja behov for å auke tal utviklingsstipend. Kvart stipend er på kr 40 000 og er viktig for at unge lovande idrettsutøvarar skal

kunne utvikle seg vidare i Vestland fylke. Fylkesdirektøren foreslår å auke tal stipend til ni ved å omprioritere midlar frå friluftsliv. I 2021 vert det for første gong også delt ut eitt stipend til ein ung lovande e-sportsutøvar. Fylkesdirektøren foreslår å vidareføre dette stipendet i 2022.

Idrettsprosjekt	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Konferansar/kompetanse	160 000	160 000
Psykatri/rus	100 000	0
Tilskot lågterskel fysisk aktivitet barn og ungdom	2 000 000	2 000 000
Sum brutto driftsutgifter	2 260 000	2 160 000

Friluftsliv	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Arboretet på Milde	215 000	220 000
Bergen og Hordaland turlag	910 000	930 000
Bergen og Omland Friluftsråd	2 180 000	2 225 000
Dagsturhytter, padleled Vestland og stisykling	1 600 000	1 600 000
Fjordane friluftsråd	500 000	510 000
Fleire kommunar med i eit friluftsråd	450 000	450 000
Forum for natur og friluftsliv Hordaland	160 000	160 000
Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane	205 000	210 000
Friluftslivet sitt hus i Hordaland	150 000	155 000
Friluftsrådet Vest	708 000	725 000
Haugesund turistforening	40 000	45 000
Norges Jeger- og Fiskeforbund Hordaland	150 000	150 000
Norges Jeger- og Fiskeforbund Sogn og Fjordane	150 000	150 000
Sogn og Fjordane turlag	400 000	400 000
Tilskot friluftslivets ferdselsårer	1 100 000	1 000 000
Tilskot friluftslivsaktivitet (statleg ordning)	3 100 000	2 500 000
Tilskot til tilrettelegging av statleg sikra friluftsområde (statleg ordning)	5 400 000	4 000 000
Turløyper på Kvamskogen	80 000	50 000
Vestkystparken	1 650 000	1 900 000
Sum brutto driftsutgifter	19 148 000	17 380 000
Sum brutto driftsinntekter	-8 500 000	-6 500 000
Netto driftsutgifter nominelt	10 648 000	10 880 000

Kommentarar til tabellen:

Dagsturhytter, padleled Vestland og stisykling

Dagsturhytteprosjektet i Vestland vert ferdigstilt i løpet av 2022 med behov for løyving til tre hytter.

Fleire kommunar og regionale friluftslivsorganisasjonar ønskjer å tilrettelegge for padling i Vestland. Fylkesdirektøren foreslår at Vestland fylkeskommune skal ta ei koordinerande rolle i dette arbeidet etter modell frå Padleled Vestfold og Telemark, og at det vert sett av midlar til dette arbeidet i 2022. Stisykling er ein annan aktivitet i vekst som fleire kommunar ønskjer å tilrettelegge for der fylkeskommunen kan bidra med nettverksbygging og kompetanseheving.

Friluftslivets ferdselsårer

Midlane på denne posten vert nytta som eigendel for å søke om midlar til arbeid med plan for friluftslivets ferdselsårer i kommunane frå Miljødirektoratet, og til kartlegging av universell utforming av turveggar/friluftsområder frå Kartverket.

Vestkystparken

Vestkystparken er eit regionalt partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om viktige friluftslivsområde langs kysten i Rogaland og Vestland, m.a. om utfordringar knytt til maritim forsøpling. Fjordane friluftsråd fekk i 2021 etablert skjergardsteneste. Frå 2022 skal midlane til denne skjergardstenesta fordelast via Vestkystparken jfr. føringar frå Miljødirektoratet. Dette gir eit meirbehov på kr 350 000 til Vestkystparken i 2022. Fylkesdirektøren har funne rom for auke på kr 250 000 til tilskot på 1,9 mill. kr.

Løyvingsnivå: Inkludering, strategi og analyse

Inkludering, strategi og analyse	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Administrasjon inkludering, strategi og analyse	6 222	4 842
Statistikk, planarbeid, nettverksmøte/kurs/samarbeid	300	300
Tilskot til Etablereropplæring for innvandrarak	630	630
Tilskot til Inkludering og mangfald	3 612	3 789
Tilskot Mentor- og traineeordning for innvandrarak	1 020	1 020
Tilskot til Jobbsjansen del B	9 800	9 800
Sum brutto driftsutgifter	21 584	20 381
Sum driftsinntekter	0	0
Netto driftsutgifter nominelt	21 584	20 381
Netto driftsutgifter 2022-kr	22 137	20 381

Oppgåver og tenesteproduksjon

Seksjon for Inkludering, strategi og analyse har eit særleg ansvar for oppfølging av fylkeskommunens overordna mål, ansvar og oppgåver innan inkludering og integrering. Medan inkludering handlar breitt om å bygge ned tersklar for deltaking, er integrering avgrensa til innvandring.

Seksjonen koordinerer fleire avdelingsoppgåver m.a. å gje uttale til kommunale planstrategiar og samfunnsdelen i kommunale planer, og deltek på vegner av avdelinga i interne

planprosessar. Ei viktig oppgåve i 2022 vil vere knytt til arbeidet med å utarbeide ny regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.

Seksjonen arbeider også med kunnskapsinnsamling, statistikk og analyse på kultur- og idrettsområdet, og legg til rette for, og formidlar relevant styringsinformasjon. Gjennom arbeid med planprogram og utarbeiding av plan er det lagt til rette for å mobilisere kommunar og kulturaktørar i heile fylket til dei ulike fasane i planarbeidet.

Seksjonen koordinerer oppfølging av vedtaket i fylkestinget om Vestland som antirasistisk sone.

Administrasjon

Som effektiviseringstiltak er administrasjonsbudsjettet redusert med ei stilling

Inkludering og integrering

Fylkeskommunen har ansvar for å utvikle den regionale integreringspolitikken. I dette ligg både egne tenester og samhandling med regionale aktørar, kommunar og sivilsamfunnet. Sentralt i arbeidet står:

- oppfølging av kommunane med rettleiing i deira kvalifiseringsarbeid
- arbeid mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting
- regional oppfølging av frivillig arbeid og samfunnsdeltaking /integrering via frivillig sektor
- innspel til oppmoding om busetjing i kommunane

Tilskot

Tilskotsordninga etablerer opplæring for innvandrarak skal styrke og utvikle det ordinære tilbudet om kva som skal til

for at innvandrarak kan etablere si eiga verksemd, slik at det betre kan leggst til rette for gründerverksemd blant innvandrarak, som igjen bidrar til sysselsetjing og vekst. Kommunar og fylkeskommunar kan søkje her. Det same kan verksemdar og organisasjonar i privat og offentleg sektor, og frivillige organisasjonar. Målgruppa for prosjekta er innvandrarak som ønsker å etablere seg som sjølvstendig næringsdrivande. Kvinner med innvandrarakbakgrunn er ei prioritert målgruppe og. 0,6 mill. kr er sett av til denne ordninga.

Tilskotsordninga til mentor- og traineeordning skal bidra til å betre inkludering av fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarak i arbeidslivet, slik at dei kan bruke kvalifikasjonane sine. Verksemdar i privat eller offentleg sektor kan nytte tilskotsordninga til å etablere og gjennomføre eit mentor- og traineeprogram som styrker mangfaldet i bedrifta, slik at dei får ny kompetanse og nye erfaringar. 1 mill. kr er sett av til denne ordninga.

Tilskot til Jobbsjansen – del B skal sikre meir grunnskoleopplæring for ungdom i aldersgruppa 16–24 år, slik at dei betre kan fullføre vidaregåande opplæring. Tiltaket høyrer til fylkeskommunen sine nye integreringsoppgåver, og ordninga har gått frå å vere frivillig til å bli ein obligatorisk del av fylkeskommunen sine tiltak. Midlane vert forvalta av avdeling for opplæring og kompetanse som utarbeider plan for tiltaket og gjennomfører denne i samarbeid med aktuelle kommunar. 9,3 mill. kr er sett av til dette arbeidet.

Tilskot til inkludering og mangfald	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Bergen Døvesenter	300 000	300 000
FN-sambandet i Norge	100 000	100 000
FRI Bergen og Hordaland	300 000	300 000
Kirkens SOS	250 000	300 000
Raftostiftelsen	450 000	459 000
Stiftelsen Kirkens Bymisjon (helsesenter for papirlause)	300 000	350 000
Stiftelsen Robin Hood-huset	200 000	200 000
Minnemarkering etter tankens dag	50 000	50 000
Vestland innvandrerråd	780 000	850 000
Inkludering og mangfald – utlysing av prosjektstøtte	881 691	880 000
Sum brutto driftsutgifter	3 611 691	3 789 000

Kommentarar til tabellen:

Denne posten inneheld støtte til organisasjonar/verksemdar som på ulikt vis støttar opp under inkludering og mangfald. Demokrati, mangfald, menneskerettar og -verd er sentralt

for alle desse verksemdene. Det er eit ekstra behov for støttetiltak knytt til psykisk helse etter pandemien, og det er såleis foreslått å løfte nokre organisasjonar som har hatt ekstra utfordringar med pågang av brukarar og stort behov. Kirkens SOS og Stiftelsen Kirkens Bymisjon (helsesenter for

papirlause) er verksemdar som står sentralt i arbeidet med psykisk helse til utsette grupper.

Vestland innvandrerråd er viktig for integrerings- og inkluderingsarbeidet i heile fylket. Rådet har fått eit større verkeområde etter regionreforma og treng å få stillinga som dagleg leiar opp i 100%.

Målet med tilskotsordninga til inkludering og mangfald er å stimulere til brei samfunnsdeltaking og å bygge ned hinder som stengjer for dette. Ordninga skal bidra til å motverke

utanforskap, og stimulere til variasjon og mangfald i tilbod og aktivitetar. Gjennom ordninga skal vi også fremme kunnskap om og respekt for ulike kulturar, demokrati og menneskerettar. Tilskotsordninga skal bidra til å bygge opp under fylkeskommunen sine mål og arbeid på området inkludering og mangfald. Frivillige organisasjonar med demokratisk oppbygging og institusjonar som arbeider innan inkludering og mangfald på regionalt nivå, og som har heile eller store deler av Vestland fylke som sitt arbeidsområde, kan søkje om tilskot til sitt arbeid.

Løyvingsnivå: Kunst- og kulturutvikling

Kunst og kulturutvikling	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Adm. Kulturutvikling	6 695	6 760
Kulturelt utviklingsprogram (KUP)	7 200	7 200
Kunstinstitusjonar	49 026	50 409
Stønad etter vedtak	4 210	4 210
Tilskot kulturhus	12 289	12 421
Tilskot til frivillige organisasjonar	16 799	17 152
Vaksenopplæring	634	0
Ymse B/U tilskot	2 172	2 536
Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling	13 647	13 645
Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringer	1 500	1 500
Sum brutto driftsutgifter	114 172	115 833
Driftsinntekter	-5 953	-6 085
Sum netto driftsutgifter	108 219	109 748
Netto driftsutgifter 2022-kr	110 816	109 748

Oppgåver og tenesteproduksjon

Seksjonen ivaretek oppgåver innan kunst- og kulturutvikling heimla i delegasjon av statlege forvaltingsoppgåver, og støttar utviklinga av Vestland fylkeskommune sin regionale politikk for eit sterkt og mangfaldig kunst- og kulturliv i heile fylket, både innan frivillig sektor og profesjonell kunst. Seksjonen forvaltar økonomiske tilskot, m.a. faste driftstilskot til organisasjonar og institusjonar, investeringstilskot og prosjektbasert støtte til arrangement, produksjon og

infrastruktur. Mottakarane skal vere regionale verksemdar som medverkar til kulturelt og kunstnarleg mangfald og kulturell utvikling i fylket.

Seksjonen arbeidar med utviklingsorientert tilrettelegging av fylkeskommunale verkemiddel på kunst- og kulturområdet, og grunnlaget for utviklinga av kunst- og kulturpolitikken i fylket. I tillegg til bruk av økonomiske verkemiddel som driftsstønad, prosjekttilskot og utviklingsmidlar, arbeidar seksjonen med strategi, kompetanse, koordinering og

mobilisering på kunst- og kulturområdet, retta mot institusjonar, det frie feltet og frivillig sektor.

Vestland fylkeskommune har motteke søknader om driftsstøtte på til saman om lag 110 mill. kr for 2022 på dette området. Dette inneber ei auke på om lag kr 30 mill. kr frå 2021. Det er ikkje mogeleg å imøtekoma søknadsnivået og prioriteringa har vore streng. Det er føreslått nokre mindre satsingar der behova er særleg kritiske og der det er i gong utviklingstiltak med stor kulturverdi. Det er lite rom for nye satsingar, og nye mottakarar av driftsstøtte over budsjett har motteke stønad til prosjekt og tiltak over fleire år, i tillegg til å ha søkt driftsstøtte over budsjett utan at det tidlegare har vore funne rom til dette.

Kulturelt utviklingsprogram (KUP) er eit viktig verkemiddel for større satsingar i kulturlivet i Vestland. Programmet støttar nyskapande og målretta utviklingsprosjekt, som er

initierte av kulturlivet sjølv. Det er sett av 7 200 000 kroner til ordninga i 2022.

Stønad etter vedtak

I denne posten ligg midlar til ulike tilskotsordningar innan kunst- og kulturutvikling. Tilskotsmidlane vert fordelte gjennom året innanfor ulike ordningar, og er viktige verkemiddel for å støtte opp om kunst og kultur i fylket og for å nå dei kulturpolitiske målsettingane på feltet. Det vert i hovudsak motteke søknader om langt meir enn dei midlane ein har til rådvelde.

For vaksenopplæring er midlane overført til tabell/posten Tilskot til frivillige organisasjonar - Andre kulturaktivitetar og er delt opp i Vaksenopplæringsføremål – tilskotsordning for studieforbund med kr 400 000 og Vaksenopplæringsforbundet VOFO med kr 300 000.

Tilskot til drift av kulturhus

Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Cinematket	105 000	105 000
Det Akademiske kvarter	100 000	0
Kulturhuset Østre	106 000	106 000
Litteraturhuset i Bergen	872 000	889 400
Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS	1 056 000	1 077 120
Bergens kunsthall/Bergen kunstforening	430 000	438 600
Kraft Bergen AS	100 000	100 000
Kunstgarasjen	100 000	100 000
Stiftelsen kulturhuset USF	120 000	120 000
Visningsrommet USF	52 000	52 000
Kunstformidling		
Den Weis-Rosenkronske Stiftelse/Baroniet i Rosendal – kulturtilskipingar	100 000	100 000
Stiftelsen Musikkelskapet Harmonien, turnétilskot Sogn og Fjordane	110 000	100 000
Jakob Sande-selskapet	450 000	459 000
Rom for ord	200 000	300 000
Vestlandsutstillinga	300 000	306 000
Vevringsutstillinga	100 000	0

FESTIVALAR

Festival, musikk	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Balejazz	150 000	0
Bergen Kirkeautunnale	90 000	92 000

Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Bergen Music Fest	100 000	100 000
Borealis-festivalen	222 000	226 000
Ekko-festivalen (Foreningen Ekko)	100 000	100 000
Fartein Valen-arbeidet / Fartein Valen – festivalen (Sveio kommune)	300 000	306 000
Førde internasjonale folkemusikkfestival – Førdefestivalen	3 413 000	3 481 000
Gloppen musikkfest	300 000	306 000
Hardanger Musikkfest	360 000	367 000
Hardingtonar	90 000	90 000
Nattjazz	220 000	225 000
Norsk Countrytreff	748 000	748 000
Malakoff rockfestival	100 000	100 000
Grieg in Bergen (Musica Nord)	160 000	162 000
Osafestivalen	75 000	150 000
Rosendal kammermusikkfestival (Den Weis-Rosenkronske Stiftelse/Baroniet i Rosendal)	300 000	300 000
Vill Vill Vest	90 000	90 000
Vossa jazz	400 000	400 000
Festival, Scenekunst, Litteratur, visuell kunst og film		
Barneteaterfestivalen på Stord/Falturiltu (Stord kommune)	400 000	400 000
Bergen Assembly/Bergenstriennalen AS	300 000	300 000
Bergen Fringe Festival(NO Fringe Festival AS)	100 000	100 000
Bergen internasjonale litteraturfestival	200 000	204 000
Bergen internasjonale filmfestival	352 000	359 000
Litteratursymposiet i Odda (Ullensvang kommune)	220 000	220 000
Nynorske litteraturdagar	75 000	75 000
Teaterfestivalen i Fjaler	400 000	410 000
Ulvik Poesifestival (Nynorsk kultursentrum/Olav H. Haugesenteret)	81 000	81 000
Brutto driftsutgifter Kunstformidling	13 647 000	13 645 120

Det er ikkje rom for særlege satsingar innanfor tilgjengeleg budsjetttramme. Det er lagt inn auke til Rom for ord som har vakse fram som eit viktig og vellukka tiltak for litteraturformidling i distrikta. Dette tiltaket er og støtta av Sunnfjord kommune.

Det er ikkje foreslått støtte til Det Akademiske kvarter. Studentkultur er ikkje eit regionalt kulturturansvar og det er fleire stader i Vestland med liknande verksemd.

Vevringutstillinga og Balejazz er viktige regionale kulturaktørar som ikkje har hatt aktivitet i koronaperioden. Dei har difor meldt at dei ikkje treng ytterlegare midlar for 2022, men vil kome tilbake med ny søknad for 2023.

Kunstinstitusjonar

Musikk og scenekunst	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Bergen Nasjonale Opera	4 782 000	4 861 071
Carte Blanche	6 363 000	6 519 643
Det Vestnorske Teateret	8 067 000	8 067 000
Edvard Grieg Kor	540 000	550 000
Festspillene i Bergen (inkl. Festspelsatelittar)	5 250 000	5 250 000
Opera Nordfjord	1 795 000	1 795 000
Teater Vestland	7 090 000	7 373 571
Bergen internasjonale teater (inkl Oktoberdans / Meteor)	812 000	828 000
Samtidsmusikkensemblet BIT 20	827 000	844 000

Fem av desse verksemdene er omfatta av det såkalla romertalsvedtaket i handsaminga av statsbudsjettet. Dette inneber at det er Stortinget som i sitt budsjettedtak fastslår storleiken på det samla driftstilskotet og fordelinga mellom tilskotsytarane. Fylkeskommunen si driftsstøtte vert med andre ord vedteken av Stortinget.

Dette gjeld (fylkeskommunal del i parentes) Bergen Nasjonale Opera (15%), Carte Blanche (15%), Det Vestnorske Teateret (30%), Opera Nordfjord (22,5%) og Teater Vestland (22,5%). For nokre institusjonar ligg fylkeskommunal del noko over framlegget i statsbudsjettet (Det Vestnorske Teateret og Opera Nordfjord). Det er likevel ikkje gjort framlegg om reduksjon for desse.

Drift av lokale til kunstproduksjon	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Teaterdrift Bergen AS – Cornerteateret	900 000	900 000
Aldea AS	80 000	120 000
Ambrosiahuset gjesteatelier (Bymuseet i Bergen)	62 000	62 000
Bergen senter for elektronisk kunst	150 000	150 000
History Disposal Unit – Kunsthuset Wrap	100 000	100 000
Hordaland kunstsenter	4 013 000	4 247 000
Hordaland kunstsenter – Internasjonalt Gjesteatelier	239 000	240 000
Kunsthall 3,14 (Stiftelsen 3,14)	1 676 000	1 710 000
Kunstnarhuset Messen	200 000	200 000
Kunstnerverksteder CS55	52 000	52 000
Preform	250 000	255 000
S12 Galleri og verksted AS	100 000	100 000
Trykkeriet		120 000
Lydgalleriet		100 000

Nettverksorganisasjonar og kompetansesentra for prof. kunst	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Brak	500 000	510 000
Bergen dansesenter	350 000	410 000
Hardingpuls	100 000	100 000
Norsk Forfattersentrum Vestlandet	80 000	80 000
Proscen	250 000	255 000
Vestnorsk filmsenter	1 574 000	1 605 000
Vestnorsk jazzsenter	1 536 000	1 567 000
VISP – Produsentenhet for visuell kunst	200 000	200 000
Tekstalliansen		150 000
Stipend og prisar		
Vossa jazz-prisen	50 000	50 000
Stipend	1 038 000	1 038 000
	49 026 000	50 409 285

På dette feltet er det søkt om omlag 60 mill. kr i auka støtte. Den samla budsjetttramma gjer at ein ikkje kan foreslå stor auke tilskottsummen, men det er likevel funne rom for noko auke til nokre søkjarar.

Aldea tilbyr verkstadsressursar på prosjektbasis til kunstnarar innan det visuelle feltet frå heile Vestlandet og Norge. Desse ressursane er unike i omfang og kvalitet i denne regionen. Aldea har små personalressursar, og det vert difor lagt inn noko auke for å styrke dette.

Hordaland Kunstsenter er fylkeskommunen si hovudsatsing på det visuelle kunstfeltet og er eigd av kunstnarorganisasjonane. Fylkeskommunen er den viktigaste finansieringskjelda for kunstsenteret. Det er naudsynt å prioritere styrking av løn og personalressursar ved senteret.

I eit lokale på 800m² som inneheld eit breidt spekter av grafisk utstyr arbeider Foreningen Trykkeriet med å styrke samtidsgrafikken og gje vegleiing for kunstnarar og designarar i heile fylket

Lydgalleriet sitt hovudføre mål er å fremme norske og internasjonale lydbaserte kunstuttrykk gjennom kunstformidling,

stimulering til nyproduksjonar, konsertar, miljøbygging, samarbeidstiltak osv. Lydgalleriet er den einaste faste visningsplattform for ljoðkunst i Noreg og har driftsstønad frå Bergen kommune og Norsk kulturråd.

Bergen Dansesenter er eit regionalt kompetansesenter for dans for Vestland fylke som retter seg mot dansekunstnarar, dansepedagogar og publikum. Senteret arbeider med å vidareutvikle verksemda både geografisk i det nye fylket og elles med grunnlag i regjeringa si satsing på dansekunst gjennom m.a. Strategi for scenekunst. Den fylkeskommunale løyvinga skal gå til kompetansesenterdelen av verksemda.

Tekstallianse er ein kompetanse- og nettverksorganisasjon som arbeider for å fremje skriftkulturen på heile Vestlandet og har tidlegare fått prosjektstøtte frå Kulturelt utviklingsprogram. Dei arbeidar aktivt saman med relevante aktørar i heile regionen, t.d. med å utvikle litterære program og arrangement, og med å betre vilkåra for produksjon og formidling av litteratur gjennom styrking av profesjonelle bransjeaktørar. Tekstallianse er ei viktig reiskap for å få til og knyte saman eit godt litteraturnettverk i Vestland.

Tilskot til frivillige organisasjonar

Paraplyorganisasjonar, fylkesledd ol.	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Folkeakademiet i Hordaland	440 000	440 000
Folkeakademiet i Sogn og Fjordane	90 000	90 000
Hordaland folkemusikklag	70 000	70 000
Hordaland husflidslag	380 000	388 000
Hordaland ungdomslag	50 000	30 000
Norges husflidslag, husflidskonsulent (kompetanseorganisasjon)	170 000	173 000
Norges Korforbund Hordaland	200 000	200 000
Norges Korforbund Sogn og Fjordane	60 000	60 000
Norges Musikkorps forbund Hordaland	493 000	500 000
Norges Musikkorps forbund Nordvest	230 000	235 000
Sogn og Fjordane folkemusikklag	300 000	306 000
Sogn og Fjordane husflidslag	160 000	163 000
Sogn og Fjordane ungdomslag	220 000	224 000
Vestland musikkråd	530 000	591 000

Andre / ymse regionale kulturføremål

Bømlo Teater (inkl Mostraspelet)	363 000	370 000
Fyllingsdalen Teater	517 000	527 000
Fargespill	1 160 000	1 183 000
Grieg internasjonale Korfestival	100 000	100 000
Hardingfela.no	300 000	300 000
Kinnaspelet	100 000	100 000
Kystkultur No	1 050 000	1 050 000
Orkesteret Fossegrimen	220 000	220 000
Sogn og Fjordane symfoniorkester	100 000	102 000
Stiftelsen Musikkelskapet Harmonien, BFUng	154 000	161 000
Stiftinga Den Norske Bokbyen	340 000	340 000
Vestlandske teatersenter	500 000	510 000

Ymse internasjonalt samarbeid

Internasjonalt kultursamarbeid	250 000	250 000
Juleprosjekt Orknøyane, og Edinburgh	180 000	180 000

Paraplyorganisasjonar, fylkesledd ol.	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Opplæring/undervisning ol		
AKKS Bergen	50 000	51 000
Skrivekunstakademiet	3 300 000	3 366 000
Ole Bull akademiet	450 000	460 000
Stiftelsen prof. Jiri Hlinka klaverakademi	138 000	142 000
Stiftelsen Statsraad Lehmkuhl	3 100 000	3 162 000
Vestnorsk kulturakademi	400 000	408 000
Vaksenopplæringsføremål – tilskotsordning for studieforbund	400 000	400 000
Vaksenopplæringsforbundet VOFO	234 000	300 000
Sum driftsutgifter Andre kulturaktivitetar	16 799 000	17 152 000

På dette feltet er det søkt om omlag 20 mill. kr i auke for 2022. Det er ikkje rom innanfor budsjetttramma for særlege satsingar. I tråd med Frivillegstrategien er det foreslått å

styrke to paraplyorganisasjonar på frivilligfeltet, Vestland musikkråd og Vaksenopplæringsforbundet.

Ymse barne- og ungdomsføremål

Ymse barne- og ungdomsføremål	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Tilskot barne- og ungdomsorganisasjonar	2 002 000	2 050 000
Dans uten grenser	170 000	174 000
Frivillegåret 2022	0	311 605
Sum driftsutgifter	2 172 000	2 535 605

I tråd med Frivillegstrategien er det foreslått lagt inn vel 0,3 mill. kr til satsingar i frivillegåret 2022. Hovudutval for kultur,

idrett og integrering vil få sak om fordeling av desse midlane i 2022.

Tilskot til kulturhus

Tilskot til kulturhus	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Tilskot til kulturhus (spelemidlar)	3 953 000	4 084 631
Griegghallen	3 336 000	3 336 000
Sentralbadet scenekunsthushus	5 000 000	5 000 000
Sum driftsutgifter	12 289 000	12 420 631
Sum driftsinntekter	-5 953 000	-6 084 631
Netto driftsutgifter	6 336 000	6 336 000

Kommentarar til tabellen:

Kulturhus med regionale funksjonar

Fylkesutvalet vedtok i 2020 å opprette ein ny budsjettpost for tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar. Tilskot vert løyvd i samsvar med årlege budsjettvedtak i fylkestinget. Det vart ikkje tildelt midlar til nokon av dei åtte søkjarane for budsjettåret 2021. I 2021 var søknadsfristen 30. april, med budsjettverknad for 2022. Det kom inn 16 søknader om tilskot gjennom ordninga, med total søknadssum på lag 94,6 mill. kr.

Spelemidlar til kulturhus er auka med kr 131 631 lik samanlikna med tilskotssummen for 2021

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering gjorde vedtak om prioritering mellom søkjarane i sak 116/2021, i møte 13. oktober 2021. Ni av søknadane vart prioritert, fem vart ikkje prioritert og to vart ikkje godkjent, då dei ikkje stettar krava i tilskotsordninga. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering lyste ut ekstramidlar på 15 mill. kr i tilskotsordninga hausten 2021, basert på overskotsmidlar i fylkeskommunen i 2020. Vedtak om prioritering av midlane vert gjort i møte 17. november 2021.

Søknader tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, april 2021

Søklar / prosjekt	Total kostnad	Søknadssum	Prioritering	Tilrådd støtte
Stiftinga Hardanger og Voss museum / "Kulturnaustet", Hardanger fartøyvernssenter	58 834 311	9 300 000	1	0
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane / verne- og formidlingsbygg, Holvikejekta	33 816 800	10 000 000	2	0
Norsk vasskraft- og industristadmuseum / Lindehuset	93 512 028	10 700 000	3	0
Sunnhordland museum / Nye Sunnhordlandstunet	61 414 977	14 585 659	4	0
Stiftelsen Bymuseet i Bergen / publikumsbygg Gamle Bergen Museum	85 000 000	10 000 000	5	0
Moster Amfi -og kyrkjehistoriske senter / modernisering av anlegget	49 900 000	10 000 000	6	0
M12-gruppen / Kulturterminalen	6 149 381	1 600 000	7	0
Fjaler kommune / Samvirket	15 313 750	5 000 000	8	0
Moster Amfi -og kyrkjehistoriske senter / ventilasjons- og toalettanlegg	1 591 000	750 000	9	0
Fortidsminneforeningen / Verdsarvsenter Urnes	56 900 000	10 000 000	Ikkje prioritert	0
Kode kunstmuseer og komponisthjem / Formidlingsverksted på KODE 1	400 000	300 000	Ikkje prioritert	0
Kvam Herad / Kulturhus i Norheimsund	101 100 000	10 000 000	Ikkje prioritert	0
Stiftelsen Bergen kjøtt / modernisering	817 000	270 000	Ikkje prioritert	0
Stiftelsen sentralbadet litteraturhus / modernisering	6 400 000	600 000	Ikkje prioritert	0
Stiftelsen kulturhuset USF / Kulturkvartalet Verftet	1 650 000	500 000	Ikkje godkjent	0
Griegghallen AS, Bergen Nasjonale Opera, Musikkelskapet Harmonien / Prosjekt Griegkvartalet	16 125 000	1 000 000	Ikkje godkjent	0
	588 924 247	94 605 659		

Løyvingsnivå adm./ stab

Stab	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Adm. stab	6 609	6 985
Felles driftsutgifter	1 061	693
Konsulenttenester		50
Brutto driftsutgifter	7 670	7 728
Driftsinntekter	-	0
Sum netto driftsutgifter	7 670	7 728
Netto driftsutgifter 2022-kr	7 948	7 728

Kommentarar til tabellen:

Oppgåver og tenesteproduksjon

I hovudsak er staben sitt arbeid knytt til fellesoppgåver og oppgåver som elles ikkje fell inn under dei enkelte fagseksjonane sitt område.

Støttefunksjonane har som hovudmål å avlaste og forenkle drifta i linja. Dette gjeld oppgåver som felles økonomistyring av rekneskap og budsjett, post/arkivtenester, støtte linjeleiarane i rekrutteringsprosessar, sjå til at aktuelle rutinar og regelverk vert ivaretekne, syte for tilskotsoppfølging og støtte arbeidet med bruk av elektroniske verktøy, og at dette vert følgd opp i samsvar med gjeldande retningslinjer.

Klimavurdering sektorbudsjett 2022

FN sine berekraftmål ligg til grunn for alt arbeidet Vestland fylkeskommune gjer og målet er at Vestland skal bli eit nulltsleppssamfunn innan 2030. Fylket skal ta ei pådrivarrolle for det grønne skiftet.

På avdelinga vil klimagassutsleppa gjelde dei aktivitetane som krev vesentleg transport og i nokon grad tilskot der ein kan setje miljøkrav. Det kan vere mindre klimagassutslepp knytt til drift og til at ein del tilsette nyttar eigen bil til og frå arbeid. Seksjon for kunstformidling har ei utstrekkt turneverksemnd gjennom Den kulturelle skolesekken, og på seksjon for Kulturarv treng feltarkeologane transport til og frå felt. Indirekte kan seksjon for Idrett og friluftsliv påverke klimagassutslepp knytt til tilskot til idrettsanlegg.

Fokus på berekraftig anleggsutvikling både i høve til nybygg, rehabilitering og drift av anlegg skal styrkast. I tillegg skal det m.a. utviklast ei sertifiseringsordning for grønne idrettsarrangement, med basis i erfaringane frå grøn festival.

11. juni 2021 signerte Vestland fylkeskommune ein 4-årig samarbeidsavtale med Vestland idrettskrets om berekraftig anleggs- og arrangementsutvikling. Kunnskapsutvikling og -deling er sentrale element.

VLFK deltek og i eit nasjonalt utviklingsarbeid knytt til berekraftig utvikling av kunstgrasbaner, saman med fylkeskommunane Trøndelag og Viken, Norges Fotballforbund og NTNU. Det er behov for meir kunnskap om effekten av ulike tiltak her på Vestlandet. Regjeringa vedtok 8. april 2021 «forskrift om endring i forskrift om begrensning av forurensning (utforming og drift av idrettsbaner der det brukes plastholdig løst fyllmateriale)», gjeldande frå 1. juli 2021. Regjeringa innfører overgangsordningar for at det skal vere enklare for kommunar og idrettslaga å gjennomføre tiltaka. EU ser og på ulike tiltak for å redusere bruk av gummigranulat.

Vestland fylkeskommune har og meldt seg inn i International Association for Sport and Leisure Facilities Nordic (IAKS Nordic). IAKS Nordic er ei internasjonal ideell foreining for organisasjonar som arbeider med utvikling, etablering og drift av idrett- og fritidsanlegg. Foreininga har stort fokus på berekraftig utvikling. Gjennom erfaringsutveksling, nettverksbygging og kompetanseheving vil dette vere nyttig for vidare utviklingsarbeid i fylkeskommunen og for kommunar og organisasjonar fylkeskommunen samarbeider med.

Vestkystparken er eit regionalt partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om viktige friluftslivs-områder langs kysten i Rogaland og Vestland. Utfordringar knytt til maritim forsøpling har stort fokus i samarbeidet m.a. gjennom deltaking i strandryddeaksjonar i regi av Hald Norge Rent og engasjement i Rydd Norge Vestland.

Tabellen nedanfor viser aktuelle tiltak som avdelinga har vedtatt eller har under planlegging, som kan bidra til reduserte klimagassutslepp

Namn tiltak/prosjekt	Ansvarleg for gjennomføring (avd.-nivå)	Konkretisering av tiltak	Årleg kostnad i 2022–2025 (tall i 1000 kr)	Kryss av om tiltaket er:		
				Innanfor vedtatt kostnadsramme	Tilleggsforslag (behov for finansiering)	
1	Kutte bruk av fossile transportmiddel	Kultur, idrett og inkludering	Stille krav ved bruk av leigebilar	Ingen ekstra kostnad, mogleg innsparing	Ja	Nei

3 Kostnadsgrupper 2022

Finansutvalet har gjort prosessvedtak om reduksjonar i budsjettet for administrative kostnader med 40 mill. kr i 2022 samanlikna med budsjettet for 2021, fordelt med 25 mill. kr i reisekostnader og 15 mill. kr i administrative effektiviseringar. For Kultur, idrett og inkludering utgjer budsjettreduksjonen 2,0 mill. kr.

Tabellen nedanfor viser reduksjonen på 2,0 mill. kr for Kultur, idrett og inkludering fordelt mellom reiser og administrativ effektivisering.

I denne delen er sektorbudsjettet fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar er ein viktig del av fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane for sektor og løyvingsnivå er faste og vert vedtekne av fylkestinget, medan summane for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa si.

Tal i 1000 kr

Reiser	Adm.	Tot
-769	-1 231	-2 000

Tabell pr. sektor:

Tal i 1000 kr

Budsjett delt opp i kostnadsgrupper:	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Reise og kurs	2 258	1 489
Konsulenttenester	488	450
Administrasjonsutgifter	2 180	2 180
Ordinære driftsutgifter	6 197	6 197
Lønsutgifter og -refusjonar	84 684	87 225
Ordinære inntekter	-290 698	-344 263
Andre utgifter og inntekter	516 841	570 522
Netto driftskostnadar	321 950	323 800

Kort omtale av dei ulike artsgruppene

Artsgruppene Reise og kurs, Konsulenttenester og Administrasjonsutgifter har dei siste åra vorte redusert vesentleg. Då fylkeskommunen endå ikkje har vore gjennom eit normalår grunna koronapandemien, er det vanskeleg å seie om postane er tilstrekkelege og i tråd med aktiviteten som løyser ut desse kostnadene. Noko innsparing gjennom ny kommunikasjonsteknologi er lagt til grunn.

4 Bindande føresetnader

Det er ikkje bindande føresetnader for dette budsjettkapitlet. Ytterlegare spesifisering av løyvingnivå vert gjort i hovudutvalet.

